Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Kommunestyret

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Kommunestyret

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	22.06.2016
Tid:	18:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 12/16	Seljord Bilopphuggeri AS - søknad om etablerartilskot	
RS 13/16	Pilegrimsvegen til Røldal - søknad om økonomisk stønad	
RS 14/16	Søknad om støtte til Skateboarding across Norway - Evensen Pictures	
	Saker til handsaming	
PS 43/16	Kommunereforma	
PS 44/16	Årsmelding 2015 for Seljord kommune	
PS 45/16	Årsrekneskap 2015 for Seljord kommune	
PS 46/16	Investeringsbudsjettet - Rebudsjetteringar og tilleggsløyvingar	
PS 47/16	Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 31.05.2016 - Driftsbudsjettet	
PS 48/16	Rapportering arbeidsprogram 2.kvartal 2016	
PS 49/16	Kommunal planstartegi -Seljord kommune 2016 -2019	
PS 50/16	Heilskapeleg ROS-analyse 2016	
PS 51/16	IKA Kongsberg - endring i selskapsavtale	
PS 52/16	Plan for selskapskontroll 2016 - 2019	
PS 53/16	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020.	
PS 54/16	Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune - endring	
PS 55/16	Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli - Invitasjon til deltaking og økonomisk støtte	
PS 56/16	Høyringsfråsegn - nasjonal transportplan 2019 - 2029	
PS 57/16	Snuplass for bussar ved Ungdomsskulen.	
PS 58/16	Ekstraløyving til medisinsk utstyr	
PS 59/16	Eventyrøy - Seljord Idrettslag - Flaumvoll mot Vallaråi.	
PS 60/16	Vedtekter for næringsfond/ konsesjonskraftfond	
PS 61/16	Forliksråd - val av medlemer for perioden 2017 - 2020	
PS 62/16	Skjønnsmedlemmer - val for perioden 2017 - 2020	
PS 63/16	Jordskiftemeddomarar til jordskifteretten - val for perioden 2017 - 2010	
PS 64/16	Lagrettemedlemmer og meddomarar for Agder lagmannsrett - val for perioden 2017 - 2020	
PS 65/16	Meddomarar til tingretten - val for perioden 2017 - 2020	

Referatsaker

RS 12/16 Seljord Bilopphuggeri AS - søknad om etablerartilskot

RS 13/16 Pilegrimsvegen til Røldal - søknad om økonomisk stønad

RS 14/16 Søknad om støtte til Skateboarding across Norway - Evensen Pictures

Saker til handsaming

PS 43/16 Kommunereforma

Seljord kommune

Arkiv: 020
Saksnr.: 2016/1049-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 23.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	43/16	22.06.2016

Kommunereforma

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Rapport_Seljord kommune_innbyggerundersøkelse_mai2016

Saksutgreiing:

Før 1. juli skal kommunen fatte vedtak i høve til kommunereforma og sende dette til Fylkesmannen i Telemark. Kommunen har motteke brev frå Fylkesmannen der det vert stilt krav til innhaldet i vedtaket. Dette inneber at kommunen må forklare vedtaket i høve til dei fire hovudmåla som er satt opp for reforma.

Kommunen blir beden om å gjera greie for korleis fylgjande mål vert nådd i eit langsiktig perspektiv med bakgrunn i det vedtaket som blir fatta:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna utvikling av samfunnet
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Fylkesmannen ber vidare kommunen om å gjere greie for den prosessen kommunen har gjennomført i samband med kommunereforma.

Bakgrunnen for denne oppmodinga, er at Fylkesmannen vil nytte vedtaka i si sakshandsaming, som eit av fleire moment som vert lagt til grunn for Fylkesmannen si tilråding om framtidig kommunestruktur. Kommunal –og moderniseringsdepartementet vil nytte Fylkesmannen si tilråding i sitt arbeid med ein proposisjon om framtidig kommunestruktur som skal leggjast fram for Stortinget våren 2017.

Prosessen relatert til kommunereform:

Seljord kommune har vore med i fylgjande forstudie:

- Lifjell-rundt, eit forstudie som bestod av kommunane Seljord, Bø, Nome, Hjartdal, Sauherad og Notodden
- Vest-Telemark, eit forstudie som bestod av kommunen Seljord, Kviteseid, Nissedal, Tokke, Fyresdal og Vinje

Forstudie Lifjell-rundt vart vidareført i fylgjande forprosjekt:

- Bø, Nome, Sauherad og Seljord
- Hjartdal, Notodden, Sauherad og Seljord

Forhandlingane mellom Bø, Nome, Sauherad og Seljord førte ikkje fram til intensjonsavtale. Forhandlingane mellom Hjartdal, Notodden, Sauherad og Seljord førte fram til intensjonsavtale, men denne vart ikkje politisk handsama i Seljord. Årsaka til dette var at andre kommunar i samarbeidet vedtok å ikkje gå vidare med avtala, dette gjorde at det ikkje var grunnlag for politisk handsaming i Seljord.

Forstudie Vest-Telemark vart vidareført i fylgjande forprosjekt:

- Nissedal, Kviteseid og Seljord
- Kviteseid og Seljord

Det vart forhandla fram ei intensjonsavtale mellom Nissedal, Kviteseid og Seljord. Nissedal vedtok å ikkje legge denne avtala til grunn for innbyggjarhøyring. Kviteseid og Seljord starta då arbeidet med ei ny intensjonsavtale som vart lagt til grunn for innbyggjarhøyring og rådgjevande folkeavrøysting.

Før det var gjennomført innbyggjarhøyring og rådgjevande folkeavrøysting, vart det gjennomført to folkemøte og eit møte med elevane på Seljord ungdomsskule. Kommunen si heimeside var oppdatert med informasjon om kommunereforma og alle husstandar fekk informasjon per post om innbyggjarhøyring og rådgjevande folkeavrøysting.

Rådgjevande folkeavrøysting gav fylgjande resultat:

Seljord held fram som eigen kommune	77,9%
Seljord og Kviteseid slår seg saman til ein kommune	21,4%
Blanke røyster	0,7%
Valdeltaking	44,3%

Det var til saman 2412 røyseføre (inkl. dei som fylte 16 år i løpet av 2016 eller tidlegare).

Innbyggjarhøyring gjennomført av Opinion AS gav fylgjande resultat (fylgjer vedlagt):

Seljord held fram som eigen kommune	60%
Seljord og Kviteseid slår seg saman til ein ny kommune	20%
Ei anna gruppering, men ingen av dei som er foreslegne	17%
Veit ikkje	1%
Ingen av desse	1%
Vil ikkje svare	0,2%

Det var også eit spørsmål om kor ein opplever mest tilhørighet. Dette gav fylgjande resultat:

Vest-Telemark	75%

Midt-Telemark	17%
Aust-Telemark	5%
Veit ikkje	3%
Ingen av desse	1%

Rådmannen si innstilling byggjer på at både rådgjevande folkeavrøysting og innbyggjarhøyring syner at fleirtalet av innbyggjarane, som deltok i folkeavrøystinga eller blei spurt av Opinion, meiner at Seljord bør halde fram som eigen kommune. Politisk har det blitt uttalt at innbyggjarane vil bli høyrt, dette gjeld både i Seljord og Kviteseid, og intensjonsavtala mellom Seljord og Kviteseid er derfor i realiteten lagt bort.
At Seljord og Kviteseid held fram som sjølvstendige kommunar framfor å bli ein ny kommune vil truleg ikkje vera avgjerande sett opp i mot intensjonen med kommunereforma om å skape berekraftige og robuste kommunar som gjennom styrka lokaldemokrati, heilskapleg og samordna utvikling skal sikre gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Seljord og Kviteseid ville blitt liten også som *ein* kommune, sett i ljos av hovudintensjonane med kommunereforma.

Grunngjeving for vedtak :
I denne saksutgreiing blir det trekt fram nokre sentrale argument som peikar både for og i mot kommunesamanslåing, desse argumenta er ikkje uttømmande for saka. Sidan Seljord kommune ikkje lenger har eit reelt alternativ for kommunesamanslåing, vert argumenta reist på generelt grunnlag. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vil byggje på argumenta *mot* kommunesamanslåing, der interkommunalt samarbeid vert sett på som eit alternativ.

Telemarkforsking sin rapport om kommunesamanslåing i Vest-Telemark omfattar også drøfting av fordelar og ulemper ved ei vidareføring av dagens kommunestruktur med forplikting om meir interkommunalt samarbeid. Som bakgrunn for rapporten vart det gjennomført eit omfattande administrativt arbeid.

Vest-Telemarkrådet har, på bakgrunn av søknad, motteke kr. 1 mill. frå Fylkesmannen til å utgreie vidare interkommunalt samarbeid med fokus på å ivareta kommunane og innbyggarane sine interesser med tanke på tenestenivå, lokalstyring og sterke fagmiljø.

Rådmannen finn det derfor naturleg, i denne saka, å peike på interkommunalt samarbeid som eit alternativ til kommunesamanslåing.

<u>Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane</u>
Det har blitt argumentert *for* kommunesamanslåing som eit virkemiddel for å oppnå gode og likeverdige tenester. Dette argumentet har fokusert på at små kommunar har problem med å rekruttere fagmiljø og spesialistkompetanse, fordi fagmiljøa vert for små, medan større kommunar vil vera i stand til å levere spesialiserte tenester. Det har vore ei uttalt oppfatning at kommunale tenester skal leverast der innbyggjarane bur, også ved samanslåing av kommunar.

Det er mange tilhøve som spelar inn når det gjeld rekruttering og busetnad i mindre kommunar, mogeleg at fagmiljø er ein av desse.

Utvika interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark kan kompensere for små fagmiljø, barnevernssamarbeidet er eit døme på dette. Særleg innan område der det vert stilt krav om spesialistkompetanse, vil ein gjennom interkommunalt samarbeid kunne oppnå ein betre

ressursutnytting både fagleg og økonomisk, enn det ein oppnår ved at kvar kommune syter for seg.
Lokal kjennskap og nærleik mellom tenesteytar og tenestemottakar kan ha både positive og negative sider, men for den som er mottakar av tenester kan vissheten om at den som yter tenester er lokalkjent vera ein styrke, meir enn ein svakheit.

Heilskapleg og samordna utvikling av samfunnet

Det har blitt argumentert *for* kommunesamanslåing som grunnlag for langsiktig og heilskapleg utvikling når det gjeld befolkningsutvikling, næringsutvikling og sysselsetting. Det er lagt til grunn at større kommunar har betre føresetnader for å lykkast med dette enn mindre kommunar. Større kommunar vil kunne ha større variasjon i næringslivet og dermed kunne vera mindre utsett for svingingar i folketalet.

Det er omfattande bruk av interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark både gjennom Vest-Telemarkrådet, ulike interkommunale selskap og gjennom prosjekt som til dømes Byregionprogrammet fase 2, som har særleg fokus på næringsutvikling i regionen. Spørsmålet om lokalisering kan vera ei utfordring for å lykkast med interkommunalt samarbeid som grunnlag for utvikling og vekst i regionen.

Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

Omgrep som robust kommune har blitt relatert til storleiken på kommunane og har blitt lagt som ein viktig premiss for utvikling og vekst. Nye oppgåver til kommunane har også blitt sett i samanheng med utvikling og vekst dvs. større kommunar. I samband med kommunereforma vert lagt vekt på auka effektivitet i kommunal sektor, samanslåing av mindre kommunar (som Seljord og Kviteseid) ville på sikt kunne oppnådd ein effektivitet i høve til administrative kostnader.

I kor stor grad kommunane skal vera berekraftige og økonomisk robuste er langt på veg avhengig av dei rammevilkåra staten gjev kommunane. Seljord kommune har geografisk nærleik til andre kommunar, slik at geografien ikkje er til hinder for kommunesamanslåing. Kommunen vert derfor definert som frivillig liten og får av den grunn reduksjon i finansieringa frå staten. Inntektssystemet frå stat til kommune har, uavhengig av kommunereform, som overordna målsetjing å leggje til rette for likeverdige tenester over heile landet.

Styrka lokaldemokrati

Større kommunar skal gje grunnlag for mindre statleg detaljstyring og større rom for lokaldemokrati og utvida lokalt handlingsrom. Ein av intensjonane med kommunereforma er å redusere detaljstyringa over kommunane og gje kommunestyra auke innverknad på saker som vedkjem innbyggjarane. Dette vil også kunne føre til eit auka politisk engasjement. Auka omfang av interkommunalt samarbeid som eit alternativ til større kommunar vil ikkje ha denne effekten, men heller medverke til svekking av lokaldemokratiet.

Større kommunar vil kunne føre til at det er større sjanse for at dei fleste partia vert representert i lokal politikken, dette vil også kunne styrke kommunane sine posisjonar overfor fylke og stat. På lokalt nivå vil ein kommunesamanslåing redusere sjansane for at alle delar av kommunen blir representert i lokalpolitiske fora.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Seljord held fram som eigen kommune.

Interkommunalt samarbeid vil kunne medverke til ein heilskapleg og samordna utvikling regionalt. Ein forventar at rammeoverføringar frå staten framleis vil legge til rette for at Seljord vert ein berekraftig og økonomisk robuste kommune med gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Lokaldemokratiske prinsipp vil bli i varetatt gjennom innbyggjardialog og politiske organ.

Til grunn for vedtaket ligg resultat av rådgjevande folkeavrøysting og innbyggjarhøyring gjennom opinionsundersøking og folkemøte.

Utskrift til:
Fylkesmann i Telemark fmtepde@fylkesmannen.no

Innbyggerundersøkelse Kommunereformen

Undersøkelse gjennomført i

Seljord kommune

Opinion AS

Mai 2016

Oppdragsbeskrivelse

Oppdragsgiver	Seljord kommune
Kontaktperson	Kari Gro Espeland, rådmann
Formål	Innbyggerundersøkelse i forbindelse med kommunereformen basert på et representativt utvalg
Metode	Kvantitativ, telefonundersøkelse, sannsynlighetsutvelging
Utvalgsområde/univers	Innbyggere i Seljord kommune, 16 år og eldre
Vekting	Data er vektet på kjønn og alder for å gjenspeile sammensetningen i kommunen
Antall intervju (n=)	n=400
Feilmargin	Ved en base på 400 (n=400), der vi har en populasjonsstørrelse på ca. 2353, kan vi med 95% sannsynlighet si at det riktige resultatet ligger innenfor ± 1,9 og ± 4,5 prosentpoeng, avhengig av prosent-resultatets størrelse. Usikkerheten er størst ved et prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultater på 5%/95%. Se feilmargintabell på side 5.
Feltperiode	9. – 18. mai 2016
Ansv konsulent Opinion	Henrik Høidahl, hh@opinion.no, tlf. 992 61 015

Kommunereformen

Kommunesammenslåing er blitt satt på agendaen de siste årene. Det er 50 år siden forrige kommunereform og mye har skjedd når det gjelder oppgaver og ansvar siden den gang. Stortinget har gitt tilslutning til å gjennomføre en ny kommunereform som skal gi ny kommunestruktur og nye oppgaver til kommunene. Målet er større og mer robuste kommuner. Dette anses nødvendig for å møte morgendagens utfordringer og stadig økte forventninger blant innbyggerne.

En innbyggerhøring, som verktøy i kommunereformen, vil bidra til

1) å gi innspill og kunnskap, blant annet til de folkevalgte, om hva det er innbyggerne i kommunen er opptatt av og hvor de føler tilhørighet,
2) å identifisere innbyggernes syn på kommune-sammenslåing
3) at kommunereformen får økt oppmerksomhet og heve innbyggernes engasjement om reformen.

I denne rapporten er resultatene på hovedtallsnivå (totalbasen) lagt inn i grafene. Signifikante forskjeller mellom kvinner og menn og mellom aldersgrupper er også kommentert. For nedbrytninger på bakgrunnsspørsmål vises det til resultattabeller i Excel.

Kilde: https://snl.no/Seljord

Om undersøkelsen

Utvalgssammensetning og representativitet

- Målgruppen, 16 år og eldre, kan identifiseres i sentralt befolkningsregister
- I hvert område av kommunen trekkes det et tilfeldig utvalg, der alle har den samme muligheten til å bli valgt
- Utvalget tilrettelegges med andre ord ved sannsynlighetsutvelging
- Det trekkes utvalg på postnummer
- Det gir et godt og representativt utvalg i tettstedene, og dermed i kommunen totalt sett, der også spredt bebyggelse inngår
- Videre vektes det på kjønn og alder slik at utvalget i undersøkelsen gjenspeiler befolkningssammensetningen i kommunen

Kontrollrutiner

- Samarbeidspartner på datainnsamling, Norstat Norge AS, og Opinion AS har gode kvalitetsrutiner for å avdekke utvalgsskjevheter og eventuelle feil i forbindelse med datainnsamlingen. Disse rutinene inkluderer:
  1. Riktig rekruttering/opplæring av intervjuere
  2. Innlytting/veiledning gjennomført av spesialopplærte veiledere/intervjuledere på det enkelte produksjonssted
  3. Dialerstatistikk på den enkelte intervjuers arbeidstid, herunder gjennomsnittlig intervjutid, antall bortfall og pålogget tid
  4. Kontroll av svarmønstre på intervjuernivå, hvor det fokuseres på eventuelle avvik i svargivning
  5. Minst mulig grunnlag for at intervjuer skal kunne påvirke utvelgingen av respondenter
  6. Råmaterialet er nøye gjennomgått før vekting av data, videre bearbeiding og rapportering

Feilmargintabell

Alle undersøkelser er beheftet med feilmarginer. Feilmarginene knytter seg i hovedsak til statistisk usikkerhet. Dette er utvalgsskjevheter, som medfører at utvalget ikke er identisk med universet eller målgruppen. Ulikheter kan knytte seg til bestemte kjennetegn eller adferd.

Feilmarginene ved ulike utvalgsstørrelser og prosentresultat ved 95% signifikansnivå er vist i tabellen til høyre.

Ved en base på 400 (n=400), der vi har en populasjonsstørrelse på ca. 2353, kan vi med 95% sannsynlighet si at det riktige resultatet ligger innenfor ± 1,9 og ± 4,5 prosentpoeng, avhengig av prosent-resultatets størrelse. Usikkerheten er størst ved et prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultater på 5%/95%.

	Prosentresultat									
	5,0 %	**10,0 %**	**15,0 %**	**20,0 %**	**25,0 %**	**30,0 %**	**35,0 %**	**40,0 %**	**45,0 %**	**50,0 %**
Utvalgsstørrelse										
100	4,2 %	5,8 %	6,8 %	7,7 %	8,3 %	8,8 %	9,1 %	9,4 %	9,5 %	9,6 %
150	3,4 %	4,6 %	5,5 %	6,2 %	6,7 %	7,1 %	7,4 %	7,6 %	7,7 %	7,7 %
200	2,9 %	4,0 %	4,7 %	5,3 %	5,7 %	6,1 %	6,3 %	6,5 %	6,6 %	6,6 %
300	2,3 %	3,2 %	3,8 %	4,2 %	4,6 %	4,8 %	5,0 %	5,2 %	5,3 %	5,3 %
400	1,9 %	2,7 %	3,2 %	3,6 %	3,9 %	4,1 %	4,3 %	4,4 %	4,4 %	4,5 %

Utvalget: Innbyggere i Seljord kommune, 16 år+, n=400

Kjønn



Alder



51 % er svært eller ganske negative til at Seljord kommune slår seg sammen med én eller flere andre kommuner

2. Hvor negativ eller positiv er du til at Seljord kommune slår seg sammen med én eller flere andre kommuner?



n=400

- Et knapt flertall (51 %) er svært (26 %) eller ganske (25 %) negative til at Seljord kommune slår seg sammen med én eller flere andre kommuner. 27 % er svært eller ganske positive. Forskjellen mellom negativ og positiv er statistisk signifikant. 18 % velger midtpunktet, verken negativ eller positiv.
- Det er ingen signifikante forskjeller mellom kvinner og menn. De mellom 45-59 år synes å være noe mer positive enn de andre aldersgruppene.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	*199*	*201*	*76*	*88*	*94*	*142*
5	9%	13%	6%	12%	16%	10%
4	17%	16%	11%	20%	22%	13%
3	16%	19%	24%	16%	17%	17%
2	22%	27%	30%	25%	18%	26%
1	30%	23%	30%	19%	25%	30%
Snitt	**2,5**	**2,7**	**2,3**	**2,8**	**2,9**	**2,4**

Gjennomsnittsverdi: 1,0 om alle hadde svart svært negativ, 5,0 om alle hadde svart svært positiv.

Mot sammenslåing: Klart flertall for at Seljord kommune skal fortsette som egen kommune

2. Seljord kommune vurderer å slå seg sammen med én eller flere andre kommuner. Jeg ber deg rangere følgende alternativ. Jeg leser opp alternativene først:



n=400

- 6 av 10 innbyggere mener det er best at Seljord kommune fortsetter som egen kommune, det vil si, at Seljord ikke slår seg sammen med noen annen kommune. Det er altså 60 % som rangerer dette alternativet på topp. Deretter følger alternativet Seljord og Kviteseid (20 %) og en annen gruppering en den som er foreslått (17 %).
- Det er ingen signifikante forskjeller mellom kvinner og menn. Det er en tendens til at det er flere mellom 45-59 år som svarer Seljord og Kviteseid (27 %) og flere mellom 30-44 år som svarer en annen gruppering (28 %).

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	*199*	*201*	*76*	*88*	*94*	*142*
1	59%	61%	64%	58%	50%	65%
2	20%	21%	24%	13%	27%	19%
3	16%	17%	10%	28%	19%	12%

Mot sammenslåing: Klart flertall for at Seljord kommune skal fortsette som egen kommune

2. Seljord kommune vurderer å slå seg sammen med én eller flere andre kommuner. Jeg ber deg rangere følgende alternativ. Jeg leser opp alternativene først:

	1. nevnt	2. nevnt	3. nevnt
BASE (n=)	***400***	***398***	***309***
1. Seljord kommune held fram som eigen kommune, det vil si, slår seg ikke sammen med noen annen kommune	60%	18%	14%
2. Seljord slår seg sammen med Kviteseid	20%	41%	25%
3. En annen gruppering, men ingen av de som er foreslått	17%	21%	47%
Vet ikke	1%	4%	6%
Ingen av disse	1%	16%	9%
Vil ikke svare	0,2%	0,4%	-

Forklaring: Hver innbygger/respondent er bedt om å rangere de tre alternativene som leses opp (lest opp med nummer og tekst). 60 % av innbyggerne rangerte «held fram som eigen kommune» på førsteplass, 18 % på andreplass, 14 % på tredjeplass. Med andre ord: Det er et klart flertall for alternativet «ikke slå seg sammen med noen annen kommune».

3 av 4 opplever mest tilhørighet til Vest-Telemark

3. Så et spørsmål om tilhørighet: I hvilken retning opplever du mest tilhørighet? Er det til …



n=400

- 75 % av innbyggerne opplever mest tilhørighet til Vest-Telemark, 17 % til Midt-Telemark og 5 % til Aust-Telemark.
- Det er signifikant flere mellom 16-29 år (83 %) enn de i andre aldersgrupper som oppgir Vest-Telemark.
- Det er signifikant flere mellom 45-59 år (23 %) enn de i andre aldersgrupper som oppgir Midt-Telemark.
- Det er ingen signifikante forskjeller mellom kvinner og menn.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	*199*	*201*	*76*	*88*	*94*	*142*
1	74%	75%	83%	75%	71%	72%
2	18%	16%	10%	16%	23%	17%
3	6%	4%	4%	7%	3%	6%

Innsikt som bringer deg videre

opinion.no

Opinion AS
Maridalsveien 13E
0178 OSLO
T: 21 300 400
E: post@opinion.no

Seljord kommune

Arkiv: 210
Saksnr.: 2016/1097-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 31.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	62/16	09.06.2016
Kommunestyret	44/16	22.06.2016
Eldreråd	5/16	13.06.2016
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4/16	13.06.2016

Årsmelding 2015 for Seljord kommune

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Årsmelding 2015 for Seljord kommune
2 Saksutskrift - Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Seljord kommune - Uttale frå kontrollutvalet
3 Brev frå revisjonen
4 Rapport om revisjon av rekneskapen til Seljord kommune 2015 skannet versjon

Saksutgreiing:

Rådmannen legg fram årsmelding 2015 for Seljord kommune med tilhøyrande dokument frå Telemark kommunerevisjon IKS og brev frå revisjonen som er adressert til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet handsama årsmeldinga i møte 01.06.2016. Vedtak i kontrollutvalet er lagt fram i vedlegg 2.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtek fram for kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner Årsmelding 2015 for Seljord kommune.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Kommunestyret godkjenner Årsmelding 2015 for Seljord kommune.

Utskrift til:
Fylkesmannen i Telemark

Seljord kommune

Årsmelding 2015

Innhald

Innleiing 3
Ordføraren har ordet 3
Politisk organisasjon og leiing 3
Statistikk over politiske vedtak og saker 5
Rådmannen har ordet 6
Administrativ organisasjon og leiing 7
Medarbeidarar og personalpolitikk 7
Rekruttering og kompetanse 7
Heiltid/deltid 8
Bedriftshelseteneste 8
HMS – helsefremjande arbeid 9
Nærværsarbeid 9
Livsfase 9
Likestillings- og diskrimineringsarbeid 10
Revidering av retningsliner og etablering av rutinar 10
Etikk 10
Mål og resultat for Seljord kommune 11
Overordna mål 11
Hovudmål 1 11
Hovudmål 2 12
Hovudmål 3 12
Hovudmål 4 13
Hovudmål 5 15
Internkontroll 16
Samfunnstryggleik og beredskap 17
Kommunen si økonomiske stilling 17
Investeringar 19
Økonomi for programområda 20
Saker til handsaming i kommunestyret i 2015 26

Innleiing

Denne årsmeldinga skildrar tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat som ikkje går fram av årsrekneskapen, og andre tilhøve som er viktige for kommunen.

Ordføraren har ordet

2015 har vore eit spennande år med kommunereform og kommuneval. Tidlegare ordførar Jon Svartdal og hans mannskap i kommunestyret la til grunn ein kommuneøkonomi som skulle gjeva Seljord kommune eit større økonomisk handlerom og det har vi greidd på ein god måte og vi kan vera godt fornøgd med 2015. Rådmann Kari Gro Espeland og rådmannen sin administrasjon har fylgt dette godt opp og vi har i 2015 levera gode tenester til innbyggjarane våre. Kommunereforma har også prega 2015 då samtaler og forhandlingar med nabokommunar har hatt fokus i tråd med regjeringa og Stortinget sine ynskjer. Det er viktig å sjå fram i "glaskula" på korleis vi som kommune skal løyse dei oppgåvene vi er pålagt og på dei tenestene vi skal levere til innbyggjarane. Kommunereforma vil fortsetje i 2016 og planen er å koma fram til eit best mogleg resultat innan 1. juli 2016.

Kommuneval er alltid spennande, då skal veljarane seie sitt og ved alle val blir det utskiftingar av politisk mannskap. Etter kommunevalet i Seljord blei det ny politisk leiing og mange nye kommunestyrepolitikarar der vi har ei god blanding av ferske og røynde politikarar som vil jobbe for det beste for Seljord og innbyggjarane våre.

Det ei spennande oppgåve å vera ordførar i Seljord, det skjer mykje og vi har eit aktivt og framgangsrikt næringsliv og vi har eit høgt nivå på det frivillige arbeidet. Vi har klare målsetjingar for 2016 og åra frametter, så sjølv om vi greidde eit godt resultat i 2015 så må ein ikkje kvile på lauvbæra.

Ein stor takk til administrasjonen og alle tilsette i Seljord kommune for eit svært godt resultat i 2015.

Halfdan Haugan

Ordførar i Seljord kommune

Politisk organisasjon og leiing

Kommunestyret		
Ordførar		
Formannskap/økonomiutval	**Plan, miljø og teknisk utval**	**Kontrollutval**
Ungdomsråd	**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**	**Eldreråd**
	Klagenemnd	

Medlemmar i politiske organ fram til valet 2015

Kommunestyret
Ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen (H)
Varaordførar Jon Svartdal (KrF)
Aud Kristin Jonskås (A)
Trond Johnsen (A)
Hallgeir Ofte (A)
Arve Lia (A)5
Gunn Marit Sandsdalen (SV)[2]
Jorunn Andrea Hegni (Sp)
Jon Aarbakk (Sp)
Kjellaug Westbye Abrahamsen (KrF)
Dag Svartdal (KrF)
Borgny Slettemoen Tøfte (V)
Edvard Mæland (H)
Jan Torbjørn Sollid Tveit (H)
Ingunn Synnøve Haugland (H)
Guro Sundbø Storrusten (H)
Gunleif Oland (H)[4]
Frøydis Margaret Kivle (H)
Øyvind Oland (H)
Arvid Martin Vala (FrP)
Mogens Hougaard Iversen (FrP)6

Ungdomsråd 2014-2015
Håvard Ullebust Hagen
Helene Midtbøen
Mikael A. P. Lorne
Stian Ullebust Hagen
Øyunn Ralle Lognvik
Anne Nenseter Jensen
Fredrik Flatland
Guro S. Storrusten (Politisk observatør)

Formannskap/økonomiutval
Ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen (H)[1]
Varaordførar Jon Svartdal (KrF)
Trond Johnsen (A)
Jorunn Andrea Hegni (Sp)
Borgny Slettemoen Tøfte (V)
Jan Torbjørn Sollid Tveit (H)
Arvid Martin Vala (FrP)

Plan, miljø og teknisk utval
Edvard Mæland (H) - Leiar
Aud Kristin Jonskås (A)
Gunn Marit Sandsdalen (SV)[3]
Jon Aarbakk (Sp)
Dag Svartdal (KrF)
Frøydis Margaret Kivle (H)
Mogens Hougaard Iversen (FrP)7

Kontrollutval
Helge Kasland (Sp)
Anne Marie Smeland (A)
Gunleif Oland (H)

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Gunvor Hegni
Stein Baardseth
Kjell Hartberg
Heidi Skjerve
Åse K. Vestgården

Eldreråd
Kaare Tveiten
Ingrid Lauvstad [8]
Ingebjørg Valhovd

[1] Midlertidig fritak, vara Ingunn Haugland kallast inn
[2] Overtok etter Heidi Eiesland
[3] Overtok etter Heidi Eiesland
[4] Overtok etter Hilde Fjellheim
5 Overtok etter Anne Marie Smeland
6 Overtok etter Anne Gro Kleivi
7 Overtok etter Anne Gro Kleivi
8 Overtok etter Helga Slåtta

Medlemmar i politiske organ etter valet 2015

Kommunestyret
Ordførar Halfdan Haugan (A)
Varaordførar Jon Svartdal (H)
Trond Johnsen (A)
Eivind Skogheim (A)
Hallgeir Ofte (A)
Hanne Nordgaard (A)
Mona Helen Haugan (A)
Solveig Sundbø Abrahamsen (H)
Edvard Mæland (H)
Gunnar Eilefstjønn (H)
Pia Camilla Robertsen (H)
Kristian Espeland (KrF)
John Olav Haugetuft (Sp)
Marianne Vadder (Sp)
Henry Mæland (Sp)
Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Lars Bjaadal (Sp)
Liv Grethe Ekre (Sp)
Peter Fjågesund (MDG)
Margit E. Karlsen-Rinde (V)
Arvid Martin Vala (FrP)

Formannskap/økonomiutval
Ordførar Halfdan Haugan (A)
Varaordførar Jon Svartdal (H)
Hanne Nordgaard (A)
Gunnar Eilefstjønn (H)
Henry Mæland (Sp)
Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Margit E. Karlsen-Rinde (V)

Plan, miljø og teknisk utval
Edvard Mæland (H) - Leiar
Trond Johnsen (A)
Marianne Vadder (Sp)
Lars Bjaadal (Sp)
Peter Fjågesund (MDG)
Pia Camilla Robertsen (H)
Mona Helen Haugan (A)

Kontrollutval
Sigrun Dyrland Eidal (Sp)
Metta Anndraa (Sp)
John Olav Haugetuft (Sp)
Arve Lia(A)
Gunleif Oland (H)

Ungdomsråd
Ingebjørg Skogheim Skræi
Cassandra Bringsås
Øyunn Ralle Lognvik
Anna Nenseter Jensen
Malin Tengren person
Marie Bjålid
Fredrik Flatland
Pia Robertsen (Politisk valt)

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Gunvor Susanne Hegni
Rita Andersen
Ole Petter Østevik
Åge Ingar Moen
John Arthur Hagen

Eldreråd
Borgny Slettemoen Tøfte
Anne Våle Barstad
Margit Gudveig Gravir

Statistikk over politiske vedtak og saker

Utval	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kommunestyret	70	115	70	73	69	110
Formannskap/økonomiutval	80	72	116	75	91	98
Plan, miljø og teknisk utval	88	66	64	49	62	53
Kultur- og næringsutval	33	37	-	-	-	-
Administrasjonsutval	1	5	6	2	14	6
Eldrerådet	8	5	10	8	13	9
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	11	6	11	8	14	11

Tal på politiske møte i 2015	
Kommunestyre	8
Formannskap	14
Plan, miljø og teknisk utval	8
Administrasjonsutval	3
Elderåd	6
Råd for menneske med nedsett funkksjonsevne	6

Rådmannen har ordet

Årmeldinga for 2015 tek utgangspunkt i kommunen sine overordna målsetjingar og arbeidsprogrammet for 2015. Saman med rekneskapstal, omtale av kommunen si økonomiske stilling og anna relevant informasjon, gjev årsmeldinga eit utfyllande bilde av den mangfaldige aktiviteten og det omfattande ansvaret som kommunen har, og som har blitt i varetatt av dyktige medarbeidarar også i 2015.

Fyrste halvår 2015 vart det lagt ned mykje arbeid i å realisere kommunestyrevedtak 66/14 om å redusere driftsutgiftene med kr 2,5 mill. frå og med 2016. Administrajonen la fram ein plan for realisering av vedtaket for kommunestyret i juni 2015. Det vart vedteke å eventuelt å kom attende til saka i samband med budsjettet for 2016. Framlegget til innsparing vart ikkje realisert og kravet om innsparing vart ikkje vidareført i samband med budsjettarbeidet for 2016.

Kommunereform/kommunesamanslåing har vore eit viktig tema i 2015. Etter at Seljord kommune hadde vore med i to forstudier, vart desse vidareført i ulike forprosjekt. Det eine forstudien som omfatta *ein* kommune i Vest-Telemark, danna grunnlag for forstudiet mellom Nissedal, Kviteseid og Seljord og seinare Kviteseid og Seljord. Telemarkforsking har vore engasjert av Vest-Telemarkrådet for å skaffe faktagrunnlag og bistå kommunane i arbeidet.

Det andre forstudiet var Lifjell-rundt, som omfatta kommunane Notodden, Hjartdal, Sauherad, Nome, Bø og Seljord. Dette forstudiet vart for Seljord sitt vedkomande vidareført med eit forprosjekt mellom kommunane Nome, Bø, Sauherad og Seljord. Dette forprosjektet vart avslutta utan at det førte fram til intensjonsavtale. Kommunane Hjartdal, Notodden, Sauherad og Seljord starta på slutten av 2015 arbeidet med å få på plass ei intensjonsavtale mellom dei fire kommunane.

Forhandlingsutvalet som har forhandla med dei ulike kommunane for å få på plass intensjonsavtalar, har vore samansett av ordførar, varaordførar og oposisjonsleiar.

Etter valet 2015 utgjer Arbeidarpartiet, Høgre og Kristeleg folkeparti posisjosnpartia i kommunestyret, medan Framstegspartiet, Senterpartiet, Venstre og Miljøpartiet dei grøne utgjer mindretalet. Det er fyrste gongen Miljøpartiet dei grøne er representert i kommunestyret.

Kari Gro Espeland

Rådmann

Administrativ organisasjon og leiing

I 2015 vart leiargruppa supplert med kommunalsjef for programområda 4 og 5, plan, utvikling, tekniske tenester. Dette er ei realisering av tidlegare vedtatt organisasjonkart. På øvste administrative nivå ser organiseringa slik:



Medarbeidarar og personalpolitikk

Seljord kommune hadde i 2015 om lag 258 heile årsverk fordelt på omkring 350 tilsette. I tillegg kjem vikarar og andre timeløna. Kvar månad står rundt 440 personar på lønningslista. I 2015 vart det levert 727 løns- og trekkoppgåver.

Rekruttering og kompetanse

Kommunen har i det store fått kvalifiserte folk til nye stillingar og vikariat dette året. Det er ikkje alltid ein sjølvfylgje, men vi har klart å nå ut til kompetente og motiverte søkarar som har vorte våre nye medarbeidarar. I 2015 rekrutterte vi mellom anna rådgjevar innan miljø og landbruk, godt kvalifiserte lærarar, sjukepleiarar, pedagogiske leiarar, miljøterapeut og personar til flyktningtenesta.

Seljord kommune er oppteken av at dei tilsette skal få auke kompetansen sin, ved til dømes at dei studerer fag ved universitet og høgskular eller tek fagbrev. I 2010 vart det vedteke satsar for lønsmessig kompensasjon for auka kompetanse, og ein del av dei tilsette i kommunen har nytt godt av dette etter endt studium også i 2015:

Sektor	Yrke	Studiepoeng/Grad	Studie
Skule og oppvekst	Lærar	15	Algebra, tallteori og didaktikk
Skule og oppvekst	Lærar	45	Bibelen, religion og religionsped
Skule og oppvekst	Lærar	45	RLE semestereining og religionsped

Skule og oppvekst	Lærar	60	Tysk årsstudium
Skule og oppvekst	Lærar	30	Matematikk 1, 5. – 10. trinn
Skule og oppvekst	Lærar	30	Naturfag 1, modul 2
Skule og oppvekst	Barnehagelærar	30	Rettleiing
Helse og omsorg	3 fagarbeidarar	Fagbrev	Helsefag

I tillegg har vi fleire lærarar som held på med vidareutdanning innanfor ulike fag, som matematikk, engelsk og leserettleiing. Det er også to barnehagelærarar som er undervegs i vidareutdanning innan spesialpedagogikk og ein assistent som held på med desentralisert studium til barnehagelærar.

Legekontoret har stabil og god bemanning med i alt 3 legar som er i gang med å spesialisere seg i allmennmedisin.

Seljord kommune har tre lærlingeplassar fordelt på helsefag og barne –og ungdomsarbeiderfag:

Sektor	Fag	Årstal fyrste lærlingår
Helse og omsorg	Helsefagarbeidar	2014
Helse og omsorg	Helsefagarbeidar	2015
Skule og oppvekst	Barne- og ungdomsarbeiderfaget	2014

Det har blitt gjennomført ei kartlegging av tilsette som er innanfor ei aldersgruppe der pensjon og tidlegpensjon (AFP) er mogleg i løpet av dei nærmaste 15 åra, og sett på kva for mangel på kompetanse dei vil etterlate seg. Dette skal bli bruke som utgangspunkt for arbeid med ein kompetanseplan for dei komande 15 åra. Arbeidet starta opp i 2015 og vil halde fram i 2016.

Heiltid/deltid

Det er eit kontinuerleg fokus på å tilby så store stillingar som er mogeleg. Kommunen har framleis mange som arbeider deltid – både etter eige ynskje og uynskt. Særleg utfordrande er det innanfor helse- og omsorgssektoren der ein er avhengig av turnus- og helgearbeid. Tilsette som arbeider som vikarar får faste stillingar når dei etter lovverket har rett på det.

Bedriftshelseteneste

Seljord kommune er ein av fleire kommunar i Telemark som er tilknytt Senter for arbeidshelse og miljø i Telemark (SAMT). Etter årsmøtet i 2013 vart personalsjefen i Seljord vald inn som vara for arbeidsgjevarrepresentant i styret til SAMT. SAMT hjelper til med helsesamtalar og målretta helsekontroll, tek målingar på til dømes støy, deltek på møte i Arbeidsmiljøutvalet og dialogmøte i samband med sjukemelde arbeidstakarar når deira kompetanse er naudsynt, og bidreg elles der det er behov for deira kunnskap. Kvar einskild tilsett i Seljord kommune har moglegheit til å be om ein årleg konsultasjon hjå SAMT, i samband med helseproblematikk som er relatert til arbeidet eller

arbeidsplassen. Mot slutten av året vart det jobba med å få til ein ny avtale med SAMT som bedriftshelseteneste for det komande året.

HMS – helsefremjande arbeid

SAMT har arrangert lovpålagt kurs innan HMS for leiarar, verneombod og tillitsvalde, kurset gjev opplæring i HMS-arbeid og regelverk. I 2015 var det 5 verneombod som gjennomførte 40-timarskurset og to leiarar som tok kurs i HMS tilpassa denne målgruppa. SAMT held fram med kartlegging av arbeidsmiljø og systematisk helsekontroll på dei ulike arbeidsplassane, etter planen for arbeidet i Seljord kommune. I 2015 har bedriftshelsetenesta jobba med brannmannskapa, tilsette ved Nesbukti somatisk avdeling og utearbeidarane ved teknisk avdeling.

I tilfelle der tilrettelegging på arbeidsplassen kan gjere at tilsette får ein betre arbeidskvardag, og som fylgje av dette unngår sjukemelding, har bedriftshelsetenesta kartlagt arbeidsplassen til tilsette og kome med forslag til tiltak for å betre arbeidssituasjonen. Fleire tilsette har på denne måten fått tilpassa kontorpultar, stolar og ljos. Andre har i periodar fått råd til anna type tilrettelegging.

Nærværsarbeid

I 2015 har vi ikkje hatt tilgang på sjukefråværstala frå NAV som vi tradisjonelt har rapportert på i politiske møte og i årsmeldinga. Årsaka er tekniske utfordingar hos NAV og krav til sikkerheit hos SSB, som fylgje av A-meldinga som vart innført 1.1.2015. Vi jobbar med å få fram tal frå eige registreringssystem. Dette er eit møysommeleg arbeid som vi ikkje har gjort før, og det vil ta noko tid før vi har tal klare.

Avdelingsleiarar og medarbeidarar gjer ein god jobb saman for å skape trivsel på arbeidsplassen og fylgjer opp dei sjukemelde på ein god måte. Etter at ny rapporteringslov trådde i kraft 1. juli 2011, skal den sjukemelde bli fylgd opp enda tettare og hyppigare av leiaren sin, og etter revidering av IA-avtala i mars 2014 var dette regimet gjort noko enklare og mindre byråkratisk. Det er innført aktivitetsplikt etter 8 vekers sjukemelding, og blir mellom anna lagt opp til at den sjukemeldte i større grad skal prøve seg i jobb i gradert sjukemelding. Målsetjinga er at dette vil føre til at den sjukemelde kjem raskare tilbake i jobb.

I 2015 gjennomførte Seljord kommune i samarbeidd med NAV lokalt og IA-kontakten for Vest-Telemark møte på alle avdelingane i kommunen for å snakke om sjukefråvær, oppfylging av sjukemeldte og ulike moglegheiter for tilrettelegging på arbeidsplassen. Avdelingsleiarar vart invitert saman med lokalt verneombod og plasstillitsvalde – nettopp for å gje alle den same informasjonen, for å få til ein god diskusjon, og for å bevisstgjere desse gruppene om den einskilde tilsette sitt ansvar for medverknad i prosessen. Dette hadde ein positiv innverknad på haldninga til sjukefråværsarbeidet.

Seljord kommune held fram med å sponse årskort til Sterke-Nilssenteret for alle kommunalt tilsette i større enn 25 % stilling. Tilbodet er framleis populært og det var ved utgangen av 2015 registert 83 kommunalt tilsette som nyttar denne ordninga i større eller mindre grad.

Livsfase

Det har blitt jobba med å finne gode ordningar for seniorar og tilsette i alle livsfasar. Kommunen tilbyr ikkje lenger seniorkurs, men inviterer KLP (Kommunal Landspensjonskasse) annakvart år til informasjonsmøte og rettleiingssamtalar med alle tilsette frå 55 år og oppover. I 2015 vart det ikkje

gjennomført eit slikt møte, men vi har lagt planar for rettleiingsmøte med KLP sine kontaktpersonar i 2016.

Undervisningspersonell er tilknytt SPK (Statens Pensjonskasse) som pensjonsleverandør, og har ikkje tidlegare hatt tilsvarande rettleiingstilbod. I januar 2015 hadde vi eit samarbeid med Utdanningsforbundet lokalt og fekk gjennomført informasjons- og rettleiingsmøte for tilsette i undervisningssektoren.

Alle tilsette får eit lønstillegg på 5000 kr frå og med det året dei fyller 60 år. Elles forsøker kommunen å tilretteleggje for den einskilde i ulike livsfaser, så langt det er mogleg av omsyn til den daglege drifta av avdelingane. Til dømes er utvida omsorgspermisjon i samband med pass av små barn tildels mykje bruka.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid

Kommunen følgjer gjeldande lover, føresegner og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. I tilfella der vi ser at eit kjønn er sterkt underrepresentert og at det vil vere hensiktsmessig å ha inn fleire av det andre kjønnet, oppmodar vi spesielt til at desse skal søke når stillingar vert utlyst.

Løn til tilsette blir gjeve i samsvar med gjeldande tariffavtaler, der likebehandling mellom kjønna står sentralt, med lik løn for likt arbeid.

Kvinner utgjorde i 2015 omlag 85 % av kommunen sine tilsette. Kommunen har stor prosent av kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå, i rådmannsteamet, er fordelinga mellom kjønna 50/50; to kvinner og to menn. På mellomleiarnivå er det 23 % menn.

Seljord kommune har mange tilsette som ikkje har etnisk norsk bakgrunn. Desse er tilsett innanfor ulike einingar og med forskjellige arbeidsoppgåver, mellom anna reinhald, helsefag, badevakt og distribusjon av hjelpemiddel.

Revidering av retningsliner og etablering av rutinar

I 2015 har ei arbeidsgruppe jobba med *Reiseregulativet for Seljord kommune*. Dette var oppe til politisk handsaming og vart vedteke i juni 2015. I tillegg har vi jobba fram dokumentet *Livsfasepolitikk for tilsette i Seljord kommune*, som er ei samling av sentrale og lokale reglar og ordningar for tilsette i ulike livsfasar.

Etikk

I Seljord kommune er vi opptekne av at dei tilsette skal oppleve å bli møtt med respekt og toleranse i alle samanhengar. Vi har etiske retningsliner som forpliktar kvar einskild tilsett å vere medviten om at dei i arbeidet sitt er representantar for kommunen, og at ein er lojal mot dei lover, føresegner og reglement som gjeld til ei kvar tid. Samstundes har den einskilde arbeidstakaren plikt til å gjere sitt til å skape eit godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

Seljord kommune vedtok i 2014 nye etiske retningsliner for dei tilsette som er detaljerte og konrkete på kva for åteferd som er aksepert og ikkje. Desse er ein del av kommunen sine personalpolitiske retningsliner. I 2015 var dess utvida med eit eige kapittel som omhandlar reglar mot sosial dumping, som særleg er relevant i samband med innhenting av anbod i mellom anna byggesaker.

Mål og resultat for Seljord kommune

Overordna mål

Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.

Hovudmål 1

Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.

Seljord kommune har i 2015 fått vedteken ny reguleringslan for areal ved Nesbukti. Her er det regulera for nytt sentrumsområde for bustad, næring og rekreasjon. Det er fokusera på å leggje til rette for turveg og parkområde langs med Seljordvatnet.

Innbyggjarane i Seljord har god tilgang på kommunale tenester som har ein kvalitet vi kan vere stolte av. Seljord er ein av få distriktskommunar som har ein auke i folketalet, og dette skal kommunen arbeide aktivit for at held fram. Det blei i 2015 lagt fyrste stein for nytt vassverk, ei investering i godt drikkevatn for innbyggjarane i Seljord sentrum.

Det er busett 13 flyktningar i 2015, totalt er det 68 personar med bustadsadresse i Seljord som er komen inn som følgje av kommunen sitt busettings- og flyktningarbeid. I 2015 gjekk dei fleste over i utdanning etter fullført introduksjonsprogram.

Kommunen har låg arbeidsløyse og talet på langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp har hatt ein nedgang over tid, det same gjeld talet på uføre.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
1	**Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**	Programområde/ fag-ansvarleg	
1.1	Gjennomføre risikovurdering, Ferdigstille overordna ROS-analyse, lukking av avvik	PO1/ KAESP	Frist for lukking av avvik vart utsett og arbeidet er i rute.
1.2	Revidere bustadsosial handlingsplan	PO1/KAESP	Dette arbeidet er utsett til 2016.
1.3	Revidere politisk vedtekne alkoholpolitiske retningsliner	PO1/KAESP	Gjennomført
1.4	Ferdigstille Rullering/revidering av kommunedelplan Seljord sentrum	PO4/FRBER	Arbeidet utsatt etter varselbrev om fråsegn frå Statens vegvesen. Planutkast skal etter plan vere ferdig til sommaren 2016.
1.5	Ferdigstille Detaljregulering Lomodden -Nes	PO4/FRBER	Plan blei vedteken i kommunestyret 3.9.2015.
1.6	Ferdigstille Folkehelsemelding	PO4/FRBER	Arbeidet er utsatt til 2016,

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
1.7	Nytt vassverk i Seljord klar for testkøyring	PO5/FRBER	Testkøyring utsatt til månadskiftet mai-juni 2016
1.8	Rassikring Brekkegrendvegen	PO5/FRBER	Arbeidetet er ferdigstilt og godkjent hausten 2015

Hovudmål 2

Seljord kommune skal vere eit regionalt næringssenter og ein attraktiv stad for næringsetableringar.

Seljord kommune har ein høg konsentrasjon av næringsliv i høve til talet på innbyggarar. Næringsarbeidet er prioritert for å oppretthalde, utvikle og leggje til rette for nye og etablerte næringsverksemder. Arbeidsplassveksten i privat næringsliv er på linje med landet forøvrig i siste periode og kjem regionen til gode utover kommunen sine grenser.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
2	**Seljord kommune skal vere eit regionalt nærings- og servicesenter.**		
2.1	Fylgje opp prosjekt Nye Seljord næringshage, spesielt innan utvikling og drift av næringshagen	PO4/FRBER	Det er etablera eit eigedomselskap som har mål om å utvikle/ modernisere Telebygget for ein utvida næringshage.
2.2	Fylgje næringsetableringar på Århusmoen og sikre prosjektet "Tilretteleggje for oppstart av teknologipark"	PO4/FRBER	Vest-Telemark Teknologipark AS arbeider med å inngå nok leigeavtaler, for at bygging kan starte opp med mål om opning sommaren 2019.
2.3	Fylgje opp revisjon av konsesjonsvilkår Sundsbarm Kraftverk	PO4/FRBER	Bestilt uavhengig rapport; Nina rapport 1233 - Kunnskapsstatus og forslag til Ferskvanns- økologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark. Samt gjennomført fleire møter i 2015.
2.4	Prosjektere ny avkøyring industriområde Nordbygdi	PO5/FRBER	Arbeidetet er satt på vent i påventa av endeleg avklaring av tomtespørsmål.

Hovudmål 3

Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkjande.

Ein ynskjer å leggje til rette for at kommunen skal vere ein god vertskapskommune for alle som kjem til Seljord. Å synleggjere kommunens attraksjonar og aktivitetar har difor stort fokus. Dyrskuplassen har nær 200.000 besøkande kvart år, campingplassane har omlag 30.000 – 40.000

besøkande og kommunen har omlag 1.500 fritidshytter. Det er desse besøkjande som kommunen saman med Næringslaget og Dyrsku`n Arrangement As legg til rette for gjennom Møtestad Seljord. Seljord kommune har og blitt medlem av Telemarksvegen i 2015 og her er det eit potensiale til samarbeid og utvikling.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
3	**Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.**		
3.1	Vera budd på å yte gode helse- og omsorgstenester til dei som oppheld seg mellombels i kommunen.	PO3/ROJEN	Heimetenesta, legekontoret og legevakta har rutinemessig gjeve tilbod til ferierande i kommunen.
3.2	Sørgje for tilstrekkelig dimensjonering av tenesteapparatet ved store festivalar m.a. i høve til kommunens legevakt.	PO3/ROJEN	Legevakta har bemanna opp i samband med dei store festivalane. Heimetenesta har gjeve tilbod innanfor si faste stillingsramme.
3.3	Vere aktiv part i å følgje opp tiltak og sikre betre samhandling mellom aktørane i prosjekt Møtast i Seljord	PO4/FRBER	Hovudprosjekt i prosjekt Møtast i Seljord er førebels ikkje starta opp. Det er framleis stor trong for meir samhandling mellom aktørane i Seljord, men det verker som interessa for satsing ikkje er til stades for tida.
3.4	Vere aktiv part i samarbeidet og å sikre framdrift i Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim	PO4/FRBER	Forprosjektet i Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim er nå starta opp, i noko redusert form. Det er bra interesse i kommunane Hjartdal og Seljord, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Det verker som at mange ulike tiltak kan prosjekterast og planleggjast for realisering i hovudprosjektetfasen 2018 – 2020.

Hovudmål 4

Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.

Seljord kommune har eit kontinuerleg fokus på service og kvalitet. Kommunen har vedteke etiske retningsliner for dei tilsette, og har system for kvalitetssikring og for varsling av kritikkverdige forhold. Kommunen har organ som sikrar brukarmedverknad i saker som skal til politisk handsaming, og brukarar og pårørande er viktige informantar når det skal fattast enkeltvedtak om tenester.

Kommunen er organisera i programområder som står for den daglege leveransen av servicefunksjonar til innbyggarane.

Tenestekontoret er kommunen si koordinerande eining for tenester innan helse –og omsorg, og har saman med andre avdelingar innan helse og omsorg hatt eit særskilt fokus på bruk av kortidsplassar og kvardagsrehabilitering i 2015.

Alle skulane har inneverande skuleår gode resultat på Elevundersøkinga. Fagleg sett var 2015 eit høgdepunkt med 10. klasse sitt resultat etter endt grunnskule. Seljord ungdomsskule var ein dei beste skulane i landet målt i grunnskulepoeng (43,9 poeng). Begge barneskulane har innført ein felles modell for rettleia lesing og stasjonsarbeid.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
4	**Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.**		
4.1	Ny innbyggjarportal på kommunen si heimeside er tatt i bruk	PO1/KAESP	Ny heimeside vart utvikla i 2015
4.2	Kommunen si heimeside skal vere informativ, brukarvennleg og oppdatert. Sikre at Websida har gode grunnlagsdata.	PO1/INJEN	Kontinuerleg arbeid. Jobbar fram mot nye websider i 2016
4.3	Seljord kommune skal tilby så store stillingsbrøkar som råd	PO1/INJEN	Kontinuerleg arbeid
4.4	Grunnskulen skal arbeide for å stimulere elevane til samfunnsengasjement, gje dei kunnskap, gode arbeidsvanar og god framferd.	PO2/ROSCH	Tiltak gjennomført som planlagt, jf revidert handlingsplan for undervisningssektoren.
4.5	Sikre at skulefritidsordninga skal vere eit tilbod prega av leik og sosial læring for alle barn i den aktuelle aldersgruppa.	PO2/ROSCH	Tiltak gjennomført som planlagt, jf revidert handlingsplan for undervisningssektoren.
4.6	Innafor økonomisk ramme sikre at Barnehage- og SFO-tilbodet skal dekkje etterspørsel og i størst mogeleg grad vere tilpassa eit fleksibelt arbeidsliv	PO2/ROSCH	Seljord gjennomførte etteropptak i barnehage fram til og med november 2015, altså fleire månader utover lovbestemt minimum for bhg.
4.7	Forprosjektrapport m/planløysing og kostnadsoverslag ferdigstilt i prosjekt nye omsorgsbustader, samt dagsenter i Nesvegen 7.	PO3/ROJEN	Tiltak gjennomført som planlagt, jfr k-sak 140/15.
4.8	Auke kapasiteten på avdeling for demente med to plassar. Tas med som ein del av forprosjektrapporten i pkt. 4.7.	PO3/ROJEN	Tiltak gjennomført saman med tiltaket under pkt. 4.7, jfr. k-sak 140/15.
4.9	Vurdere andre modeller for organisering av legevaktsamarbeidet	PO3ROJEN	Tiltak utsett til 2016 og vil skje i regi av ei interkommunal arbeidsgruppe i Vest-Telemark.
4.10	Yte god bistand for å oppretthalde dagens nivå innafor landbruket	PO4/FRBER	Det er satt av eigne midlar til næringa innafor landbruket frå Næringsfond. Kontinuerleg arbeid for å bistå bønder med søkand om statlege midlar samt god veiledning og service er avgjerande for å få til eit bærekraftig og fremtidsretta landbruk.

4.11	Støtte og sikre største mogleg aktivitet på Granvin kulturhus	PO4/FRBER	Det er forhandla fram ny samarbeidsavtale, av mars 2016, mellom kulturhuset og kommunen, med utvida kommunalt engasjement innan kulturskulen og ungdomsklubb.

Hovudmål 5

Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør.

Kommunen si heimeside er under stadig utvikling og er i aukande grad kommunen sin informasjonskanal mot innbyggjarane. SvarUT, tradisjonell postgang, samt informasjon gjennom lokalavisa er viktige kommunikasjonskanalar til innbyggjarane.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
5	**Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør**		
5.1	Felles leiarskolering med fokus på leiarrolla og innovasjon	PO1/KAESP	Gjennomført i 2015
5.2	Ferdigstille kompetanseplan for å sikre rett kompetanse på rett plass til rett tid.	PO1/KAESP	Arbeidet er ikkje ferdig, held fram i 2016
5.3	Gjennom aktiv bruk av avtale med NAV og bedriftshelsetenesta, leggje til rette for størst mogeleg jobbaktivitet/ nærværsarbeid	PO1/KAESP	Gjennomført i 2015, held fram i 2016
5.4	Planlegge å effektuere politisk vedtak om å redusere driftsbudsjettet med kr. 2, 5 mill. f.o.m. 2016.	PO1/KAESP	Framlegg til innsparing lagt fram for kommunestyret i juni 2015, men vart ikkje vedtatt
5.6	Vedta reviderte Plan for livsfasetiltak i Seljord kommune	PO1/KAESP	Vedteke av kommunestyret mai 2015
5.7	Ny innbyggjarportal på heimesida	PO1/KAESP	Ny heimeside frå januar 2016
5.8	Utarbeide skriftlege rutinar og fristar knytt til sakshandsaming	PO1/KAESP	Arbeidet er utsett til 2016

Planarbeid – Temaplanar

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Rapportering Årsmelding
6	**Tema planar**		
6.1	Ferdigstille Arkivplan	PO1/INJEN	Starta på jobben, held fram i 2016
6.2	Ferdigstille Kompetanseplan	PO1/INJEN	Arbeidet er godt i gang og held fram i 2016

6.3	Ferdigstille Plan for Barnefattigdom	PO1/OAA	Ikkje fullført
6.4	Følgje opp Handlingsplan for undervisningssektoren, revidert 2013 for perioden 2013-17	PO2/ROSCH	Gjennomført
6.5	Kompetanseplan for grunnskulen/bhg, revidert 2015-16.	PO2/ROSCH	Gjennomført
6.6	Deltaking i prosjekt Betre læring for alle elevar i Vest-Telemark	PO2/ROSCH	Gjennomført
6.7	Ferdigstille Verksemdsplanar skulane og bhg 2015-16	PO2/ROSCH	Gjennomført
6.8	Ferdigstille Kultur i skulen	PO2/ROSCH	Ikkje gjennomført. Blir vurdert som del av ny plan oppvekst, jf arbeid med ny planstrategi
6.9	Ferdigstille plan for trivsel og oppvekst	PO2/ROSCH	Førebyggjande arbeid blir tatt inn i rusmiddelpolitisk handlingsplan som er under revidering.
6.10	Oppstart Planstrategi 2016-2020	PO4/FRBER	Planstrategi blei starta opp hausten 2015 med utarbeiding av utfordringsnotat for Midt-telemark + Seljord
6.11	Oppstart Vass og avlaupsplan for Seljord sentrum	PO5/FRBER	Det er jobba med å ferdigstille grunnlag for planarbeid, gjeld kartlegging av ledningsnett og kummar. Arbeidet med sjølve planen skal ferdigstillast i 2017

Internkontroll

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at verksemda planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld sin aktivitet i samsvar med gjeldande krav i regelverk. Krav om internkontroll finnast på ei rekkje område, til dømes etter HMS-lovgivinga, helselovgivinga, barnevernlova, matlova, sosialtenestelova og etter lovgiving om personvern og informasjonstryggleik.

Seljord kommune har fleire system for internkontroll i dei einskilde einingane. Desse systema er etablera for å tilfredstille særlovgiving som gjeld for tenesteproduksjon på desse områda. I tillegg er det etablera system for internkontroll i høve til HMS. Det øvste nivå for internkontroll er årsmelding og rekneskap som skal sikre rapportering på resultat i høve til kommuneplan og Gul bok.

Internkontrollsystem på kommunenivå er organisera som vist i figuren under med ein kommuneplan på strategisk nivå som ligg fast over lang tid. På det operasjonelle nivå er det fire hovudelement som rullerast kvart år.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som fortel korleis planen skal fylgjast opp i dei neste fire åra. I Seljord vert kravet ivareteke ved å utarbeide Gul bok; ein handlingsdel med handlingsprogram – budsjett og økonomiplan som rullerast årleg. Handlingsprogram har ein horisont på fire år som legg føringar for økonomiplan og budsjett, som igjen legg føringar for utvikling og arbeidsprogram. Årsmeldinga og rapportering frå arbeidsprogram legg føringar for neste revisjon av

handlingsprogrammet. Statsbudsjettet kjem utanfrå og legg sterke føringar i overgangen mellom handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.



Samfunnstryggleik og beredskap

Seljord kommune har ei kriseleiing som består av leiar, stabsjef og ni funksjonar fordela mellom fagområda personell, informasjon, operasjon, logistikk, planar, IKT, sanitet, økonomi og samband. Rolla som beredskapskoordinator er lagt til teknisk avdeling. Beredskapskoordinator dekker funksjonen operasjon i kriseleiinga. I 2015 blei arbeid med revidering av overordna ROS starta opp. Denne skal vere ferdig innan juni 2016. Seljord kommune må legge spesiell vekt på beredskapsarbeid grunna dei store arrangementa, samt flaumutfordringar i kommunen.

Kommunen si økonomiske stilling

Situasjon

Frå og med budsjettet for 2013 har kommunen stilt opp nokre måltal for økonomisk styring.

Indikator	Anbefalt nivå	Rekneskap 2015	Måltal/ Handlingsregel
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	1,75 %	2,2 %	1,75 %
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	5 % - 10 %	3,6 %	5 %
Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter	2 % - 3 %	3,2 %	3 %
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	50 % - 60 %	72,3 %	50 % - 60 %

"Anbefalt nivå" kjem frå ein rapport som Telemarksforskning utarbeidde på oppdrag frå kommunane i Telemark i 2012. "Måltal/Handlingsregel" er kommunestyrert sitt val om kvar dei vil ligge i høve til "anbefalt nivå". Eit netto driftsresultat på 1,75 % er tilrådd av "Det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi", eit utval oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Sum driftsinntekter (ekskl. renteinntekter og utbyte og mottekne avdrag på utlån) var i 2015 kr 264.309.000. Netto rente- og avdragsutgifter er renteutgifter og avdrag på lån, fråtrekt renteinntekter og utbyte og mottekne avdrag på utlån. Netto lånegjeld er langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktningar), fråtrekt utlån og unytta lånemidlar.

Indikator	Måltal/ Handlingsregel (i kr)	Rekneskap 2015 (i kr)	Avvik i kr frå Måltal/ Handlingsregel	Avvik i % frå Måltal/ Handlingsregel
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	4.625.000	5.811.000	+ 1.186.000	+ 25,6 %
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	13.215.000	9.521.000	÷ 3.694.000	÷ 28,0 %
Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter	7.929.000	8.386.000	÷ 457.000	÷ 5,8 %
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	145.370.000	191.214.000	÷ 45.844.000	÷ 31,5 %

Når det gjeld netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter er det lagt til grunn eit måltal på 55 % (midt mellom 50 % og 60 %).

At vi har etter måten låge netto rente- og avdragsutgifter skuldast både lågt rentenivå (bl.a. har vi mykje av lånegjelda på flytande rente) og låge avdragsutgifter (vi ligg på kommunelovas absolutte minimumsnivå). I tillegg har vi utbyte (kr 1,9 mill. frå Vest-Telemark kraftlag (VTK)) og renteinntekter (kr 729.000) frå VTK på eit ansvarleg lån på kr 28,5 mill. (som vi i 2007 tok ut av eigenkapitalen til VTK og lånte ut att til VTK).

Brutto lånegjeld er kr 254.721.000, men fråtrekt utlån på kr 37.145.000 og unytta lånemidlar på kr 26.362.000, vert netto lånegjeld kr 191.214.000. Det største utlånet er det ansvarlege lånet til VTK på kr 28,5 mill. Dei andre utlåna er Startlån kr 8.439.000, sosiallån kr 199.000 og eit obligasjonsinnskot i VTK på kr 3.000 og andre utlån på kr 4.000.

Nykjeltala for *netto driftsresultat* og *disposisjonsfond* betra seg monaleg i 2015 samanlikna med 2014. Nykjeltala for *netto rente- og avdragsutgifter* og *netto lånegjeld* utvikla seg negativt frå 2014 til 2015. Dette skuldast låneopptak til nytt vassverk (der kapitalkostnadane vert velta over på abonnentane).

Det er viktig å merke seg at kommunen har ei etter måten høg lånegjeld i høve til driftsinntektene (spesielt brutto lånegjeld). Investeringsbudsjettet bør difor ligge lågt i framtida med fokus på investeringar som er naudsynt for å gjennomføre lovpålagt tenesteproduksjon.

Eit anna problem som har vist seg å få betydeleg negativ verknad er pensjon og handsaming av pensjonskostnader. Ordninga har ført til at kommunen utgiftsfører lågare pensjonskostnader enn det som faktisk har blitt betala inn til pensjonskassene. Betalt, men enno ikkje utgiftsført pensjonspremie er no kome opp i om lag kr 13,6 mill. (inkl. arbeidsgjevaravgift), akkumulert i åra 2002-2015. Dette er ein reduksjon på kr 2,9 mill. frå 2014.

Oppdrag

I handlingsprogrammet har kommunestyret vedteke slik "handlingsregel": ***"Det er ei målsetjing at netto driftsresultat over tid skal vere om lag 1,75 %"*** .

Opphavleg budsjett 2015 vart sett opp med eit netto driftsresultat på ÷ 0,35. Resultatet vart + 2,2 %.

Etter "bruk av avsetjingar" og "avsetjingar", vart årets resultat eit mindreforbruk ("overskot") på kr 7.625.000. Opphavleg budsjett (og justert budsjett) er sett opp i balanse (kr 0). Etter tidlegere praksis vert dette mindreforbruket truleg sett av til disposisjonsfond (men det må kommunestyret ta stilling til i eit eige disponeringsvedtak).

Investeringar

Det har vore 21 ulike investeringsprosjekt i gang i 2015 med ein samla brutto kostnad på kr 25.645.000, jf. line 1 "Investeringar i anleggsmidlar" i Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen. Desse er:

Prosjekt	Prosjekt	2015	Total kostnad tom. 2015
111	Kommunestyresal	149 000	911 000
115	Telefonsentral kommunehuset	254 000	631 000
117	A-melding	128 000	219 000
118	Sak-/arkivsystem (oppgradering ePhorte)	154 000	154 000
119	Microsoft- lisensar	399 000	399 000
120	Nye PC ar	383 000	383 000
232	Flatdal skule, oppgradering av uteområde	13 000	13 000
233	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	13 000	13 000
315	Ombygging Heddelitunet inkl. omsorgsbustader	3 000	22 139 000
318	Nesbukti, alarm- og telefonsystem	684 000	684 000
319	Realisering av omsorgsplan	168 000	168 000
401	Lakshøl	64 000	137 000
419	Turveg og oppfylling ved Nesbukti, forprosjekt	198 000	198 000
525	Trafikktryggleikstiltak (inkl. prosjekt 504, 522 og 527)	966 000	8 026 000
571	Nytt vassverk i Seljord	21 188 000	25 983 000
584	Flatdal vassverk – utviding	1 000	3 661 000
585	Århus industriområde, vatn og avlaup	16 000	180 000
586	Oppgradering kommunale bruer	168 000	2 606 000
587	Bustadområde Tømmeråsen tomt 49-53	6 000	1 024 000
588	Bustadområde Runningen II	588 000	590 000
590	Bil teknisk avdeling	101 000	101 000

Økonomi for programområda

Økonomisk oversyn 2015, samanlikna med justert budsjett 2015 og rekneskap 2014

Programområde 1;

Etter fleire år med mellombels auke av stillingar ved merkantil avdeling og arkiv, vart to av stillingane auka til 100 % faste. Dette gjev ei styrking av arkivtenesta og andre oppgåver med krav til rapportering som har vorte pålagd kommunane dei siste åra.Formannskapet innvilga inntil 100 % auke ved personal- og økonomiavdelinga. Denne er det foreløpig nytta 70 % av, tilknytt arbeidsoppgåver innanfor faktura, rekneskap og løn.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
100 Folkevalde	1.819	1.950	2.192	12 %
101 Kontrollorgan mm.	707	744	706	-5 %
110 Rådmannskontor og fellestenester	7.191	16.352	14.436	-12 %
111 Økonomiavdeling	3.686	3.831	3.759	-2 %
112 IT	4.557	4.469	4.695	5 %
113 Telefon	780	782	682	-13 %
114 Forsikringar	1.127	1.199	1.182	-1 %
116 Personal- og merkantilavdeling	5.006	4.311	4.735	10 %
125 NAV kommune	6.503	5.934	5.652	-5 %
130 Kyrkjelege føremål	3.777	3.726	3.847	3 %
150 Tilleggsløyvingar	0	1.233	0	-
180 Skattar og rammetilskot mm.	2.001	2.275	2.005	-12 %
190 Renter og avdrag	12.654	12.949	11.957	-8 %
199 Avskrivingar	10.123	10.500	10.390	-1 %
999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk	9.309	4.304	11.929	177 %
Sum	**69.239**	**74.559**	**78.167**	**5 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
100 Folkevalde	10	4	29	625 %
101 Kontrollorgan mm.	17	15	14	-7 %
110 Rådmannskontor og fellestenester	1.676	693	1.002	45 %
111 Økonomiavdelinga	320	182	354	95 %
112 IT	1.445	1.355	1.374	1 %
113 Telefon	148	133	128	-4 %
114 Forsikringar	16	25	16	-36 %
116 Personal- og merkantilavdeling	835	385	597	55 %
125 NAV kommune	1.308	951	1.320	39 %
180 Skattar og rammetilskot mm.	194.677	194.277	196.722	1 %
190 Renter og avdrag	4.801	3.691	3.871	5 %
199 Avskrivingar	10.123	10.500	10.390	-1 %
999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk	2.742	4.304	4.304	0 %
Sum	**218.117**	**216.515**	**220.121**	**2 %**
Samandrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2014 (justert)**	**Rekneskap 2014**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	69.239	74.559	78.167	5 %
Drifts- og finansinntekter	218.117	216.515	220.121	2 %
Netto drifts- og finansinntekter	**148.878**	**141.956**	**141.954**	**0 %**

Kommentarar til rekneskap PO1

Overskridingane innanfor ansvarsområde 116 skriv seg frå meirarbeid og den omtala auka på merkantilt område, særleg arkivfeltet, samt utlysing av tilkallingvikarjobb, opplæring og vikarutgifter, inkludert arbeidsgjevaravgift og pensjonsutgifter. Posten bedriftshelseteneste er det også bruka langt meir enn budsjettert, mellom anna fordi det vart behov for å gjennomføre større helse- og arbeidsmiljøkartleggingar enn planlagt for året. Økonomisk sosialhjelp har blitt lågare enn budsjettert.

Flyktningtenesta fekk eit mindreforbruk på kr 1,4 mill. Mindreforbruket kjem som ein konsekvens av høgare integreringstilskot enn forventa, m.a. grunna familiegjenforening, samt mindre forbruk av introduksjonsstønad. Dette skuldast i hovudsak at personar har avslutta program før tida og trekk for ugyldig fråvær eller permisjonar utan stønad.
Ansvar 100 "Rådmannskontor og fellestenester" fekk eit stort netto mindreforbruk på om lag kr 2,25 mill. Av dette utgjer det såkalla premieavviket (jf. pensjon) kr 2 mill. På ansvar 180 "Skattar og rammetilskot mm." vart inntektene kr 1 mill. høgare enn budsjettert . Dette er ein "lokal" konsekvens av at dei samla skatteinntektene på landsbasis vart kr 1,8 mrd. høgare enn anslått i Revidert Nasjonalbudsjett.

Programområde 2;

Generelt er det auke i talet på framandspråklege barn i barnehagane og det har ført til ein meir pressa arbeidssituasjon for dei tilsette da desse barna har eit større behov for vaksne i tilvenningsperioden. Tussejuv barnehage har i 2015 hatt eit relativt høgt fråvær blant tilsette. Dette har ført til ein pressa arbeidssituasjon for barnehagen utover hausten.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar		**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
200	Fellestenester PO 2	6.613	5.876	6.296	7 %
210	Seljord barneskule	17.458	17.251	18.281	6 %
211	Seljord ungdomsskule	13.702	13.509	14.087	4 %
212	Flatdal skule	9.455	9.017	9.445	5 %
213	Åmotsdal skule	92	51	137	169 %
220	Heddeli barnehage	9.705	8.317	8.538	3 %
221	Tussejuv barnehage	11.101	9.166	10.265	12 %
222	Flatdal barnehage	3.120	3.107	3.244	4 %
223	Åmotsdal barnehage	3.293	3.174	3.626	14 %
230	Kulturskulen	3.930	3.921	4.053	3 %
Sum		**78.469**	**73.389**	**77.972**	**6 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar		**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
200	Fellestenester PO 2	3.041	1.460	2.597	78 %
210	Seljord barneskule	2.934	2.264	3.357	48 %
211	Seljord ungdomsskule	1.665	693	1.549	124 %
212	Flatdal skule	1.667	1.197	2.075	73 %
213	Åmotsdal barnehage	60	30	25	-17 %
220	Heddeli barnehage	1.666	1.596	1.701	7 %

221	Tussejuv barnehage	3.300	2.153	3.024	40 %
222	Flatdal barnehage	750	665	865	30 %
223	Åmotsdal barnehage	403	398	635	60 %
230	Kulturskulen	1.061	985	964	-2 %
Sum		**16.546**	**11.441**	**16.791**	**47 %**

Sammendrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	78.469	73.389	77.972	6 %
Drifts- og finansinntekter	16.546	11.441	16.791	47 %
Netto drifts- og finansutgifter	**61.923**	**61.948**	**61.181**	**-1 %**

Kommentarar til rekneskap PO2

PO2 hadde i 2015 eit positivt driftsresultat på om lag kr 750.000. I budsjettkontrollen oktober 2015 varsla ein om eit mogleg underskot på om lag kr 400.000. Det er slik sett eit relativt stort avvik mellom budsjettkontrollen i oktober og endeleg resultat. Det er fleire grunnar til dette:

Vesentleg meirinntekt på ansvar 200, skulekontoret, grunna fleire deltakarar ved Vaksenopplæringa utan at dimensjoneringa av undervisninga blei utvida tilsvarande. I tillegg blei fondsavsette midlar frå nabokommune (deling av basistilskot for deltakarar på norsk og samfunnsfag på kr 327.000) inntektsført i 2015 grunna ny praksis ift periodisering av inntekter.

Det er ved fleire avdelingar eit stort overforbruk på løn. Nokre av avdelingane har hatt stort sjukefråvær gjennom delar/heile året, men overforbruket på løn er kompensert av meirinntekt i form av sjukelønsrefusjon og svangeskapspengar. Det har vore krevjande å fylgje med på utgifter til vikar og inntekter i form av refusjon i 2015. Deltaking i den statlege vidareutdanningsstrategien med 6 deltakarar har og vore vanskeleg i høve til rett budsjettering av vikarkostnader og refusjon frå staten.

Rekneskap 2015 viser og meirinntekt for fosterplassert gjesteelevar i skulane. Denne meirinntekta kan variere mykje frå år til årog det er difor viktig at skulane ikkje aukar driftsnivået på lønssida tilsvarande. Generelt er det auka driftsnivå i skulane frå og med hausten 2015 som vil gi større utslag i 2016 enn i 2015, som til dømes klassedeling i 7. klasse som var finansiert av disposisjonsfond.

Elles kan sjå ut til at ein til dels har undervurdert inntektsgrunnlaget for refusjon i 2015. Dette skal vere korrigert i budsjett 2016.

Programområde 3 Helse og omsorg;

Som fylgje av samhandlingsreforma, med hyppigare utskrivning av pasientar frå sjukehus, merkast aukande press på pleie- og omsorgstenestene i alle ledd, både institusjon og heimetenesta, herunder Steinmoen og særleg Heddeli. Det auka presset har også vore merkbart på legekontoret. I siste halvår har det vore eit markert underskot på sjukeheimsplassar og trong for å kjøpe plassar i nabokommunar. Totalt vart det kjøpt 39 døgnplassar i nabokommunar i 2015. Sjølv om dette har ført til meirforbruk på enkeltpostar i 2015, har tenestene blitt levert innanfor den vedtekne budsjettramma.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2015 (justert)	Rekneskap 2015	Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)
300 Kommunalsjef – helse og omsorg	4.666	0	142	-
310 Legetenester	12.533	12.445	12.613	1 %
311 Fysioterapitenester	1.514	1.460	1.576	8 %
312 Helsestasjon	2.027	2.083	2.185	5 %
313 Drift helsesenter	634	586	658	12 %
321 Barnevern	4.421	5.188	4.891	-6 %
330 Pleie- og omsorgskontor	1.637	2.652	2.497	-6 %
331 Heimetenester	13.219	13.645	14.240	4 %
332 Habilitering og rehabilitering	6.161	4.536	4.664	3 %
333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter	30.196	29.470	29.481	0 %
334 Heddeli bu- og servicesenter	6.139	5.766	5.892	2 %
335 Steinmoen bu- og servicesenter	4.377	4.185	4.268	2 %
336 Omsorgsbustader	169	139	204	47 %
337 Butilbod og tiltak funksjonshemma	9.117	8.362	9.302	11 %
Sum	**96.811**	**90.517**	**92.614**	**2 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
300 Amb. audiograf/Medfinansiering	611	0	0	0 %
310 Legetenester	7.529	7.194	7.642	6 %
311 Fysioterapitenester	443	437	461	5 %
312 Helsestasjon	613	466	524	12 %
313 Drift helsesenter	136	148	176	19 %
321 Barnevern	1	28	0	-
330 Pleie- og omsorgskontor	310	88	167	90 %
331 Heimetenester	1.451	1.067	1.685	58 %
332 Habilitering og rehabilitering	1.342	766	1.123	47 %
333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter	6.934	7.046	7.741	10 %
334 Heddeli bu- og servicesenter	1.619	1.515	1.813	20 %
335 Steinmoen bu- og servicesenter	1.008	810	913	13 %
336 Omsorgsbustader	1.437	1.433	1.415	-1 %
337 Butilbod og tiltak funksjonshemma	2.112	2.015	2.024	0 %
Sum	**25.545**	**23.013**	**25.686**	**12 %**
Samandrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	96.811	90.517	92.614	2 %
Drifts- og finansinntekter	25.545	23.013	25.686	12 %
Netto drifts- og finansutgifter	**71.266**	**67.504**	**66.928**	**-1 %**

Kommentarar til rekneskap PO3

Helse -og omsorgstenesta er ein stor sektor som forvaltar ein betydelig del av kommunens samla driftsmidlar. Når samla drift for året gjeng ut med kr 576 000 i overskot i høve til revidert budsjett, er det eit bra resultat. Dei fleste avdelingar (ansvar) hadde eit netto mindreforbruk i høve til budsjett.

Sjukeheimen(ansvar 333) kom ut med nesten kr 700 000 under budsjettera netto ramme. Mens Heddelitunet (ansvar 337) hadde eit netto meirforbruk kr 431 000. Mindreforbruk og meirforbruk på desse to einingane ligg hovudsakleg på lønsbudsjettet. Det er likevel grunn til å anta at lønsbudsjettet på sjukeheimen ikkje er heilt samanliknbart med tilsvarande budsjett på Heddelitunet, da delar av underskotet ved Heddelitunet kan skyldast for låg budjettering i høve til den etablera drifta i avdelinga.

Ein viktig del av forklaringa på det positive netto resultatet er elles at tilskotet til særleg ressurskrevjande brukarar vart meir enn kr 450.000 høgare enn det som opprinneleg var budsjettera. I tillegg vart ikkje utgiftene til barnevern så høge som ein hadde rekna med i justert budsjett.

Programområde 4;

Revisjon av konsesjonsvilkåra for Sundsbarmreguleringa blei opna i 2015, kommunen beslutta difor å nytte midlar frå ramma til utarbeiding av ein rapport for å få best mogleg kunnskapsgrunnlag for forslag til ferskvannsøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi – (NINA rapport 1233)

Kommunalt næringsfond/ Kraftfond er konsesjonsavgift og renter. Den delen av fondet som ikkje er disponert i budsjett er fordela slik for 2015:

Generelle løyvingar kr 410.000,-

Tour of Norway – arrangør	30.000
Tour of Norway – lokal arr. gruppe	30.000
Forprosjekt Møtast i Seljord	50.000
Prosjekt Nye Seljord næringshage	150.000
Prosjekt opplevingsven om Nutheim	75.000
Seljord folkehøgskule Marknadsføringsstøtte	15.000
Møtestad Seljord samarbeidsprosjekt	10.000
Sanden camping – tilskot heving av areal	50.000

Etablerertilskot kr 157.000
Tilskotet er fordelt på etablering av til saman åtte verksemder.

Landbruksføremål kr 200.000
Tilskotet er fordelt på fire enkelt tiltak.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
410 Plan og utvikling	2.975	818	622	-24 %
411 Landbruk	1.468	1.566	1.435	-8 %
440 Kultur og næring	8.957	6.568	8.715	33 %
Sum	**13.399**	**8.952**	**10.772**	**20 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
410 Plan og utvikling	1.969	560	519	-7 %
411 Landbruk	245	341	351	3 %
440 Kultur og næring	4.803	2.530	4.742	87 %
Sum	**7.017**	**3.431**	**5.612**	**64 %**
Samandrag (kr 1.000)	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15 / B 15 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	13.399	8.952	10.772	20 %
Drifts- og finansinntekter	7.017	3.431	5.612	64 %
Netto drifts- og finansutgifter	**6.382**	**5.521**	**5.160**	**-7 %**

Kommentarar til rekneskap PO4

Programområde 4 gjekk med eit overskot på kr 361.000 i 2015. Overskotet kan ein stort sett finne i ansvar 410 plan og 411 landbruk og årsaka er:

410: Avvik gjeld opphald av planarbeid med revidering av Kommunedelplan for Seljord sentrum.
411: Avvik gjeld for det meste at det var vakanse i stillinga som natur og miljørådgjevar (vikar for Jørn Ingar Sanda) i nokre månader hausten 2015.
440: Bruk av næringsfond påverkar resultat for 440, då ein ikkje budsjetterar med utgifter eller inntekter frå næringsfond.

Programområde 5 tekniske tenester;

Det vart gjort to vedtak om bruk av disposisjonfond for tiltak i programområde 5.
F. sak 73/15: Tiltak for å betre vasskvaliteten i Gamleåi på Bjørge i samband med utbygging av nytt vassverk kr 160.000.
F. sak 75/15: Auke i tal på plassar til grunnutdanning for brannmannskap kr 200.000.
Vidare har det vore behov for meir vedlikehald på kommunale bygg/bustader enn det som har vore budsjettera.

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15/B 15 (justert)**
500 Avdelingskontor teknisk	1.348	1.204	1.516	26 %
510 Vedlikehaldsavdeling	7.155	6.374	7.330	15 %
520 Oppmåling og bygningskontroll	1.804	1.655	1.883	14 %
530 Vegar og grøntanlegg	3.776	4.024	3.756	-7 %
540 Brann og feiarvesen	3.703	3.838	3.669	-4 %
550 Vatn	1.004	946	1.367	45 %
551 Avløp	3.126	2.636	3.309	26 %
552 Renovasjon	3.941	3.984	4.108	3 %
560 Utleigebustader	1.283	1.108	1.595	44 %
Sum	**27.139**	**25.769**	**28.533**	**11 %**
Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15/B 15 (justert)**
500 Avdelingskontor teknisk	54	30	69	130 %
510 Vedlikehaldsavdeling	734	486	971	100 %
520 Oppmåling og bygningskontroll	1.396	1.283	1.202	-6 %
530 Vegar og grøntanlegg	902	1.377	1.103	-20 %
540 Brann og feiarvesen	1.449	1.785	1.917	7 %
550 Vatn	2.466	3.036	3.362	11 %
551 Avløp	4.486	4.727	4.833	2 %
552 Renovasjon	4.220	4.116	4.379	6 %
560 Utleigebustader	2.124	1.946	2.011	3 %
Sum	**17.832**	**18.786**	**19.848**	**6 %**
Samandrag	**Rekneskap 2014**	**Budsjett 2015 (justert)**	**Rekneskap 2015**	**Avvik (%) R 15/B 15 (justert)**
Drifts- og finansutgifter	27.139	25.769	28.533	11 %
Drifts- og finansinntekter	17.832	18.786	19.848	6 %
Netto drifts- og finansutgifter	**9.308**	**6.983**	**8.685**	**24 %**

Kommentarar til rekneskap PO5

Teknisk eining gjekk med eit underskot på vel kr 1,7 mill. Om lag kr 0,5 mill. er frå sjølvkostområda/VAR (vatn, avløp, renovasjon og feiing).

<u>Overskridingane gjeld fleire forhold:</u>
Meir naudsynt vedlikehald av kommunale bustadar og bygg enn budsjettera
Skredvurderingsrapport Skorve samdrift

Bortfall av inntekt frå oppmåling (færre saker i 2015)
Regresskrav kloakkanlegg Gullnesvegen
Eigenandel for brann ved Steinmoen
Auke i kommunale avgifter etter endring av gebyr for vatn og avløp
Auke i overtid i samband med flaum

Saker til handsaming i kommunestyret i 2015

Utv.nr	Sakstittel
1/15	Lifjell rundt - avslutning av forstudie og oppstart av forprosjekt
2/15	Vest-Telemark - avslutning av forstudie og oppstart av forprosjekt
3/15	Melding om vedtak i kontrollutvalet- Seljord Personal AS Eigarskapskontroll
4/15	Stiftinga Myklestogo - Kommunal overtaking av Myklestogo
5/15	Val av ny meddommar til tingretten
6/15	Godkjenning av Åmotsdal Montessori SA
7/15	Tilstandsrapporten for grunnskulen 2014
8/15	Melding om vedtak i kontrollutvalet- Seljord Personal AS Eigarskapskontroll
9/15	Telemark Kontrollutvalssekretariat IKS - Seljord Kontrollutval - Årsmelding for 2014
10/15	Sal av kommunal eigedom, gnr. 45/bnr. 46 - Badet
11/15	Seljord kommune som Friluftslivets år kommune 2015
12/15	Høyring - overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten
13/15	Sal av tomter på Runningen
14/15	Valstyre
15/15	Delegering av mynde til valstyret
16/15	Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 - Fastsetting av valgdag
17/15	Representant til styret i Seljord frivilligsentral
18/15	Tilslutning til KS sitt styrevervregister
19/15	Arbeidsprogram Programområda 2015
20/15	Forprosjekt - Vest-Telemark
21/15	Forprosjekt - "Lifjell rundt"
22/15	Sal av kommunal eigedom, gnr. 45/bnr. 46 - Badet
23/15	Framlegg til rammetimetal for grunnskulane skuleåret 2015-16
24/15	Forhandlingsutval i samband med kommunereform
25/15	Kostnader til datamaskiner, lisensar og oppgradering av ePhorte.
26/15	Byregionsprogrammet fase II - prosjekt Framtidas kompetansestruktur i Vest-Telemark
27/15	Byregionsprogrammet fase II - prosjekt "Vennskap bygges av delte gleder, -ikke av delte bekymringer"

28/15	Samarbeidavtale med Krisesentert i Telemark
29/15	Endringar i og tillegg til Personalpolitiske retningsliner
30/15	Kompensasjon ved kurs, møter, reiser og praktisering av leiardagar etter HTA § 6.3 i Seljord kommune BE
31/15	Livsfasepolitikk i Seljord kommune
*	
70/15	Disponering av grunnfondsmiddlar
71/15	Årsrekneskap 2014 for Seljord kommune
72/15	Årsmelding 2014 for Seljord kommune
73/15	Budsjett 2015. Vedlegg 4 "Økonomisk oversyn - Drift" og vedlegg 5 "Økonomisk oversyn – investering"
74/15	Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 31.05.2015 - Driftsbudsjettet
75/15	Økonomireglement - Bakgrunn, status og framdrift
76/15	Finansreglementet - Fast og flytande rente
77/15	Oppfylgjing av vedtak om innsparing
78/15	Tilbod til kommunen frå Statens vegvesen om å overtaka gamle Dyrland bru
79/15	Bosetting av flyktninger med bakgrunn i dagens flyktningkrise
80/15	Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune
81/15	Høyringsuttale - forslag om endring av heilagdagslova, herunder å tillate sundagsopne butikkar
82/15	Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune
83/15	Seljord Næringshage Eigedom AS - Invitasjon til aksjeteikning
84/15	Detaljreguleringsplan Seljord sentrum S6, 2. gongs handsaming
85/15	Detaljregulering areal ved Nesbukti, 2.gongs handsaming
86/15	Rapportering Arbeidsprogram programområda 2015
87/15	Kjøp av bil
88/15	Grunnutdanning for Seljord brannmannskap
89/15	Godtgjering for folkevalde i Seljord kommune
90/15	Endring av møteplan for kommunestyret og formannskap hausten 2015
91/15	Høyringsuttale frå Seljord kommune til Finansdepartementet sitt forslag om å fjerne eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk
92/15	Godkjenning av kommunestyreval 2015
93/15	Val av formannskap 2015 - 2019

94/15	Val av ordførar 2015 - 2019
95/15	Val av varaordførar 2015 - 2019
96/15	Val av plan, miljø og teknisk utval 2015 - 2019
97/15	Val av administrasjonsutval 2015 - 2019
98/15	Val av kontrollutval 2015 - 2019
99/15	Val av representantar til Vest-Telemarktinget 2015 - 2019
100/15	Val av valnemnd 2015 - 2019
101/15	Val til fylkesmøtet i KS 2015 - 2019
102/15	Kyrkjeleg fellesråd, val av medlem 2015 - 2019
103/15	Verneområdestyre for landskapsvernområdet Brattefjell - Vindeggen, val av medlem 2015 - 2019
104/15	Søknad om fritak frå politiske verv
105/15	Utbetring av uteområde ved Flatdal skule og Seljord barneskule
106/15	Ny førespurnad om kjøp av Borgenvegen 2 (Badet).
107/15	Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 30. september 2015 - Driftsbudsjettet
108/15	Telemark kommunervisjon IKS, val av medlem til representantskapet 2015 - 2019
109/15	Det interkommunale næringsfond (Fellesfondet), val 2015 - 2019
110/15	Representantskapet i Telemark og Agder Kontrollutvalsekretariat, val 2015 - 2019
111/15	Sparebanken DIN, val av medlemmer til representantskapet 2015 - 2019
112/15	Vest-Telemark blad AS, val av representantar til generalforsamling
113/15	Renovest IKS, val av medlemer til representantskapet 2015 - 2019
114/15	Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg), val 2015 - 2019
115/15	Telemark Bilruter AS, val av representant til generalforsamlinga 2015 - 2019
116/15	Granvin kulturhus AS, val av representant til generalforsamlinga 2015 - 2019
117/15	Prisnemnda for integreringsprisen, val for perioden 2015 - 2019
118/15	Representantar til samarbeidsutvala, val 2015 - 2019
119/15	Eldrerådet, val av medlemmer 2015 - 2019
120/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, val av medlemmer 2015 - 2019
121/15	Ungdomsrådet i Seljord kommune, val av politisk observatør 2015 - 2019
122/15	Vest-Telemark pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), val av medlem til representantskapet 2015 - 2019
123/15	Åmotsdal Grendehus L/L, val av representant til representantskapet 2015 - 2019

124/15	Klagenemnd, val av medlemmer 2015 - 2019
125/15	Villreinnemnda, val av medlemmer 2015 - 2019
126/15	Representantskapet for Krisesenteret i Telemark, val 2015 - 2019
127/15	Heimevernsnemnda, val av medlemmer 2015 - 2019
128/15	Vest-Telemark kraftlag AS, val av representant til generalforsamlinga 2015 - 2019
129/15	Seljord folkehøgskule, val av representant til eigarlaget 2015 - 2019
130/15	Samarbeidsutval i barnehagane, val av representantar 2015 - 2019
131/15	Invitasjon til å kjøpe aksjar Ibsenspelet AS
132/15	Opparbeiding av to nye bustadtomter i Runningen. Kostnad og finansiering
133/15	Investeringsbudsjettet 2015. Statusrapportering, rebudsjetteringar og tilleggsløyvingar
134/15	Busetting av flyktningar i 2016
135/15	Sosial dumping
136/15	Invitasjon til å ta del i statleg forsøk med omsorgstenesta
137/15	Klage på vedtak - Detaljregulering Seljord sentrum S6
138/15	Kommunereform, - spørsmål om forprosjekt for kommunane Sauherad, Notodden, Hjartdal og Seljord
139/15	Møteplan for formannskap og kommunestyre 2016
140/15	Omsorgsplan 2015-2018: Bukollektiv og dagaktivitetssenter i Nesvegen 7 og tilbygg i demensavdelinga.
141/15	Invitasjon til kjøp av aksjar Telebygget Næringshage Eigedom - Selskap under stifting
142/15	Vegen til Raudkleiv - kommunalt bidrag
143/15	Tilskot til Dyrskun` i samband med 150 års jubileum
144/15	Finansforvaltninga - Rapportering, kontroll og risikovurderingar
145/15	Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan med kommentarar 2015-2019
146/15	Skattetakstnemnd for eigedomskatt, val 2015 - 2019
147**/15	Klagenemnd for vedtak som gjeld eigedomsskatt, val av medlemer 2015 - 2019

* Saksnummer frå og med 32 til og med 69 manglar, på grunn av teknisk systemfeil.

** Total har det vore 110 (og ikkje 147) politiske vedtak i kommunestyret i 2015.

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 16/05119-1
Arkivkode 210
Sakshandsamar Marianne Lundeberg

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	01.06.2016	10/16

Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Seljord kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet si uttale til Seljord kommune sitt årsrekneskap for 2015:
Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2015. Saman med årsrekneskapen følgde rådmannen si årsmelding. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2015.
Årsrekneskapen viser kr. 181 141 842,90 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på
kr 7 625 285,53. Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 5 810 538,81 og eit mindreforbruk
på kr 7625 285,53. lnvesteringsrekneskapen viser eit resultat i balanse, altså udisponert / udekt beløp på kr 0. Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsrapporten til rådmannen omhandlar.
Kontrollutvalet har ingen merknadar til årsrekneskapen for Seljord kommune for 2015 og slutter seg til revisor si melding datert 02.05.2016

Uttalen sendas kommunestyret med kopi til formannskapet.

Bakgrunn for saka:

Etter Forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet gje ei uttale til kommunens årsrekneskap til kommunestyret før det vert vedteke. I følge Forskrift om årsrekneskap og årsmelding §10 skal kommunen si årsmelding leggjast fram for kontrollutvalet før utvalet gjev si uttale. Kopi av denne uttala skal sendast formannskapet før dei gjev innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er avlagt 17. mars. Av den grunn har revisjon ikkje hatt tilstrekkeleg tid til å utføre revisjon og kunne på bakgrunn av dette per 15.04 ikkje stadfeste at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter. Fristen for å leggje rekneskap er 15.02 og årsmelding 31.03. med bakgrunn i detta leverte revisjonen ei negativ beretning, og nummerert brev nr 7. Telemark kommunerevisjon IKS har lagt fram revisormelding datert 2. mai 2016 og er ei revisjonsmelding med presisering. Dette skuldast at årsrekneskapen blei avlagt etter den forskriftsmessige fristen for levering til revisjonen, som er 15. februar. Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjevne revisjonsmelding, datert 15. april 2016. Den fyrste meldinga blei gjeven då kommunen i år leverte rekneskapen så seint at

revisjonen ikkje hadde moglegheit til å uttale seg om rekneskapen 15. april, som er revisjonen frist for å skrive revisjon s melding. I tillegg har kontrollutvalet mottatt rapport om årsrekneskapen. Denne rapporten er utarbeidd for å forklare revisor sin revisjon av årsrekneskapen betre enn det som kjem fram av revisormeldinga. Desse dokumenta dannar grunnlaget for kontrollutvalet si uttale.

Rådmann Kari Gro Espeland og økonomisjef Halgeir Brekke legg fram årsrekneskapen og årsmeldinga 2015 - Seljord kommune.

Vurdering frå sekretariatet:

Sekretariatet meiner det framlagte rekneskap, notane og årsmeldinga gjev eit tilfredsstillande bilete av den økonomiske situasjonen og rår til å gje ei uttale slik det kjem fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:
-rekneskap 2015 for Seljord kommune
-årsmelding 2015 for Seljord kommune
-negativ beretning
-nummerert brev nr 7
-revisjonsberetning 2015
-rapport om revisjon av rekneskapen

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 01.06.2016 sak 10/16

Møtehandsaming
Rådmann Kari Gro Espeland og økonomisjef Halgeir Brekke la fram årsrekneskapen og årsmeldinga 2015 - Seljord kommune. Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin la fram rapport om revisjon av rekneskapen for kontrollutvalet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet si uttale til Seljord kommune sitt årsrekneskap for 2015:
Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2015. Saman med årsrekneskapen følgde rådmannen si årsmelding. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2015. Årsrekneskapen viser kr. 181 141 842,90 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 7 625 285,53. Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 5 810 538,81 og eit mindreforbruk på kr 7625 285,53. lnvesteringsrekneskapen viser eit resultat i balanse, altså udisponert / udekt beløp på kr 0. Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsrapporten til rådmannen omhandlar.

Kontrollutvalet har ingen merknadar til årsrekneskapen for Seljord kommune for 2015 og slutter seg til revisor si melding datert 02.05.2016

Uttalen sendas kommunestyret med kopi til formannskapet.

RETT UTSKRIFT
DATO 1.juni.2016

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Seljord kommune

SELJORD KOMMUNE
Ar/Saksnr. | Dok.nr.
03 MAI 2016
Saksb. | Grad

Vår ref.: 16/1056/kase
Deres ref.:
Arkivkode: 828 200

Melding frå revisor

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Seljord kommune som viser kr 181 141 842,90 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 7 625 285,53. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Seljord kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjeve revisjonsmelding datert 15. april 2016, som vart gitt ved utløpet av forskriftas frist for å avgje revisjonsmelding.

Bø, 2. mai 2016
Telemark kommunerevisjon IKS

Kjell Ekman
oppdragsansvarlig revisor/
statsautorisert revisor

Elizabeth Kasin
oppdragsrevisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann Kari Gro Espeland

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf.: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf.: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Kontrollutvalet i Seljord kommune
v/Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat
Postboks 4
3833 BØ I TELEMARK

Vår ref.: 16/1057/kase
Deres ref.:
Arkivkode: 828 100

Rapport om revisjon av rekneskapen til Seljord kommune for 2015

Kommuneloven § 78 nr. 5 seier at revisor skal rapportere resultata av sin revisjon og kontroll til kontrollutvalet. Denne rapporten er utarbeidd for å forklare vår revisjon av årsrekneskapen betre enn det som kjem fram av revisjonsmeldinga. Rapporteringa tek og utgangspunkt i dokumentet «Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon», som tidlegare er lagt fram for kontrollutvalet og som viser fokusområde for rekneskapsåret 2015.

Revisjonsmeldinga

Revisjonsmeldinga er datert 2. mai 2016 og er ei revisjonsmelding med presisering. Dette skuldast at årsrekneskapen blei avlagt etter den forskriftsmessige fristen for levering til revisjonen, som er 15. februar.

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjevne revisjonsmelding, datert 15. april 2016. Den fyrste meldinga blei gjeven då kommunen i år leverte rekneskapen så seint av vi ikkje hadde moglegheit til å uttale oss om rekneskapen 15. april, som er vår frist for å skrive revisjonsmelding.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen vart framlagt av kommunen 17. mars 2016 og inneheldt alle pliktige oversiktar og noter iht. forskrift om årsregnskap og årsberetning og kommunal regnskapsstandard (KRS) nr. 6.

Vi har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 2 og lov om bokføring.

- Driftsrekneskapen
  Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 5 810 538,81 og eit mindreforbruk på kr 7 625 285,53. Den største utgiftsposten i kommunerekneskapen er løn som utgjer 54 % av driftsutgiftene, eller 67 % dersom ein og tek med sosiale utgifter.

  Seljord kommune nyttar seg av reknearkmodellen ved berekning av minste tillate låneavdrag. Dette gjev eit låneavdrag som er 73 % av berekninga av minste tillate låneavdrag etter forenkla modell. Seljord kommune har utgiftsført om lag kr 7 millionar i rekneskapen for 2015, medan avskrivingane er utgiftsført med om lag kr 10,4 millionar. Anleggsmidla avskrivas med like store årlege beløp som anleggsmidlas levetid. Dette syner at Seljord kommune må betale avdrag på lån for anleggsmiddel etter at den økonomiske levetida er utgått.

- Investeringsrekneskapen
  Investeringsrekneskapen viser eit resultat i balanse, altså udisponert / udekt beløp på kr 0. Seljord kommune har i 2015 hovudsakleg brukt fellesfinansiering av sine investeringar i anleggsmiddel. Dette er i tråd med investerings-vegleiaren.

- Balanserekneskapen
  Balansen gjev informasjon om kommunens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Det er difor viktig at denne til ei kvar tid viser mest mogleg korrekte verdiar. Vi har kontrollert at administrasjonen har hatt ein gjennomgang av balansepostane iht. bokføringslovas krav til dokumentasjon.

  Etter vår meining fylgjer ikkje kommunen krava i bokføringsloven § 11, då dei ikkje kan vise til avstemming av alle ikkje uvesentlege balansepostane ved årsavslutninga. Revisjonen meiner at det er særs viktig å sørgje for å få på plass avstemmingsrutinar i årsoppgjeret. Kommunen må vidare få på plass rutinar for månadleg avstemming av løn mot rekneskapen. Seljord kommune har ein svært omfattande balanse og balansen kan etter revisjonens meining reduseras, blant anna bundne fond utan bevegelsar på mange år.

  Revisor skriv og ein konklusjon på etterleving av lovar om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar i revisjonsmeldinga. Dokumentasjon av avstemming av balansepostar fell innanfor desse reglane. Revisor vil difor særskild følgje opp dette i revisjonen for 2016. Dersom dette forholdet ikkje syner framgang varslar vi at dette kan medføre atterhald i revisjonsmeldinga.

Økonomisk situasjon

- Netto resultatgrad (tilhøvet mellom netto driftsresultat og driftsinntekter) er 2,2 % ved utgangen av 2015. Dette er godt innanfor nivået staten v/Teknisk beregningsutvalg har sett for ein sunn økonomi (1,75 % i kommunane).

- Seljord kommunes langsiktige lånegjeld utanom pensjonsforpliktingar har i 2015 auka til om lag kr 254,7 millionar. Dette gjev ei lånegjeld på kr 85 162 pr. innbyggjar (2991 innbyggjarar ved utgangen av 2015). Kommunens lånegjeld er høg.

- Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld, som er anbefala å vera >2. Denne var i 2015 på 1,8 når premieavviket er halde utanom berekninga. Seljord kommune bør styrkje sin likviditet, slik at kommunen klarer å dekkja sine forpliktingar etter kvart som dei forfell til betaling.

- Kommunens samla disposisjonsfond var om lag kr 9,5 millionar ved utgangen av 2015. Årets gode rekneskapsmessige resultat gjev Seljord kommune ei moglegheit til å styrkje disposisjonsfondet ytterlegare.

- Ubruka lånemidlar var om lag kr 26,4 millionar ved utgangen av rekneskapsåret. Dette er meir enn det som er nytta av lånemidlar i 2015. Dette tyder på at kommunen kan redusera låneopptak i kommande år og nytte ubruka lånemidlar som finansieringskjelde.

Vi viser elles til rådmannen sine eigne analyser av den økonomiske situasjonen i årsmeldinga. Vi viser og til rapport frå økonomisjefen.

Budsjettkontroll
Revisor skal i fylgje forskrift om revisjon § 3 sjå etter at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett, og at det ligg føre gyldige løyvingar for den bruk av midlar som rekneskapen viser. Vi har kontrollert at opphavleg budsjett og budsjettreguleringar i rekneskapen er i samsvar med dei vedtaka som er fatta i kommunestyret og at årsrekneskapen er i samsvar med dette. Vi har ikkje funnet vesentlege avvik.

Seljord kommune har betalt kr 35 000 mindre i låneavdrag enn det kommunestyret har vedteke. Sjølv om det kommunen betaler i låneavdrag er innanfor minste tillate låneavdrag, så meiner revisor at det er kommunestyrevedtaket som er bindande for kommunen. Sidan berekninga brukar inngåande balanseverdiar (IB), så kan kommunen lett eventuelt tilpasse budsjettendringar gjennom året.

Endringar i investeringsbudsjettet for 2015 er ikkje behandla før kommunestyremøtet i desember. Dette gjeld og investeringar som «rebudsjetteras» frå 2014. Dette tyder på at kommunen ikkje brukar investeringsbudsjettet som eit styringsverktøy. Det fylgjer av forskrift om årsbudsjett for kommuner § 10. Budsjettstyring at det skal leggas fram rapportar til kommunestyret gjennom året som syner utviklinga i inntekter og utgifter i forhold til det vedtekne årsbudsjettet.

Av merknadene til § 10 går det fram at uttrykka «gjennom året» og «rapportar» seier at slik rapportering skal skje med jamne mellomrom og minimum to gonger pr. år. Forskrift om årsregnskap i kommuner § 10 seier at det i årsavslutninga skal gjeras greie for vesentlege avvik mellom inntekter og utgifter i årsrekneskapen og regulera budsjett. Dette tyder på at det er krav i forskrifter om minimum to rapporteringar gjennom året, samt ei rapportering etter utgangen av året. Seljord kommune klarer ikkje å følgje forskrifta på dette punktet, da rapportering skjer berre ein gong i løpet av året. Kommunen bør sørgje for at rapportering skjer slik forskrifta krev.

Finansforvaltning
Vi har kontrollert at kommunens finansrapportering er i samsvar med vedteke finansreglement, jf. forskrift om finansforvaltning. Vi har og kontrollert at finansplasseringane er i samsvar med strategien i finansreglementet. Vi har ikkje funne vesentlege avvik.

Finansforskrifta § 6 krev at det skal leggjas fram rapport til kommunestyret to gonger i året som viser status for kommunens finansforvaltning. Denne rapporteringa kjem i tillegg til rapporten ved utgongen av året. Seljord kommune har ikkje fylgt § 6 i finansforskrifta med å rapportera to gonger i løpet av året. Det må sørgjas for at rutinane endras slik at rapportering skjer slik forskrifta krev.

Årsmeldinga
Vi fekk framlagt årsmeldinga 31. mars 2016. Vi har kontrollert at rekneskapstala er konsistente med årsrekneskapen og at han inneheld pliktige opplysningar i samsvar med kommunelovens § 48 nr. 5, forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10 og KRS nr. 6. Årsmeldinga gir etter vår meining ei god skildring av den økonomiske situasjonen i Seljord kommune og inneheld elles alle pliktige opplysningar.

Rådmannen sin økonomiske internkontroll
KRD ga i 2009 ut 85 anbefalingar til korleis ein kan styrkje eigenkontrollen i kommunane og fylkeskommunane. Denne har KS fylgt opp ved å gje ut diverse litteratur på området. Rådmannens internkontroll er ein viktig del av eigenkontrollen og er med på å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, at lovar og reglar etterlevast og at det ikkje skjer uønskte hendingar i kommunen. Den økonomiske internkontrollen vil og ha tyding for kommunens økonomistyring. Manglar ved internkontrollen vil kunne føre til risiko for feil i årsrekneskapen og auka risiko for økonomiske mislegheiter.

Revisor skal i samsvar med forskrift om revisjon § 3 sjå etter at kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på ein trygg måte og med forsvarleg kontroll. Dersom det blir avdekt feil og manglar i dei interne rutinane, skal revisor rapportere dette til kontrollutvalet. Vi har dette året hatt fokus på å kartlegge om kommunen bruker inngåtte rammeavtaler og følger lov om offentlige anskaffelser. Vidare er det undersøkt om kommunen har fått på plass eit samla oversyn over kven som har rett til å anvise og attestere.

Revisjonens arbeid i 2015 syner at kommunen ikkje bruker inngåtte rammeavtaler og følger lov om offentlige anskaffelser. Dei har heller ikkje klart å få på plass eit samla oversyn over kven som har mynde til å anvise og attestere. Dette meiner administrasjonen skal komme på plass i nytt økonomireglement, som det er vedteke i kommunestyret skal være på plass innan oktober 2016.

Forvaltningsrevisjon
Det er i året som er gått satt i gong forvaltningsrevisjonsprosjekt om førebyggjande arbeid – barn og unge. Rapporten blei lagt fram for kontrollutvalet i møte 16. februar.

Mislegheiter
Det er viktig at kommunen har rutinar for å førebyggje og avdekke mislegheiter. Vi har årleg møte med leiinga i kommunen, med fokus på etiske retningsliner, sakshandsamingsreglar, antikorrupsjon m.v. Vi har og kontinuerleg fokus på dette i vår revisjon av rekneskapen. Vi har ikkje fått signaler i vårt arbeid i 2015 som tyder på mislegheiter.

Særattestasjonar og rådgjeving
Vi utfører årleg ein del attestasjonsoppgåver for kommunen. Nokre attestasjonar blir utført i samsvar med lov og forskrift og andre i samsvar med krav stilt av eksterne tilskotsgjevarar. Felles for dei alle er at vi fylgjer internasjonale standardar for attestasjonsoppdrag.

Fylgjande særattestasjonar er gjennomført det siste året:

- Mva. kompensasjon, 6 terminar
- Spelemidlar, Seljord skule og aktivitetspark del 2
- Spelemidlar, Seljord skule og aktivitetspark del 3
- Spelemidlar, Berge ski-anlegg, heisanlegg
- Spelemidlar, Raudkleiv vinteranlegg, skileik-anlegg byggjetrinn 2
- Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg
- Kommunalt rusarbeid 2015
- Spesialistutdanning i allmennmedisin for leger 2015
- Ressurskrevjande tenester
- Rapportering om tal på PU.

Vi yter også rådgjevingstenester til administrasjonen, både i form av større utredningar og løypande enkeltspørsmål.

Oppsummering
Vi meiner framstillinga ovanfor kan vere eit godt grunnlag for kontrollutvalets oppfølging av rekneskapsrevisjonen for 2015. Viktige tilhøve som ikkje er endeleg avklara ved avslutning av revisjonen for 2015, vil bli fylgt opp i samband med revisjonen for 2016.

Vi meiner at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og tilrår at det fastsettast som Seljord kommunes sin årsrekneskap for 2015. Mindreforbruket må disponerast i kommunens sitt kommande årsbudsjett.

Bø, 2. mai 2016
Telemark kommunerevisjon IKS

Kjell Ekman
oppdragsansvarleg revisor/
statsautorisert revisor

Elizabeth Kasin
oppdragsrevisor

vedlegg: Melding frå revisor for 2015

kopi til: Rådmann Kari Gro Espeland
Økonomisjef Halgeir Brekke

Seljord kommune

Arkiv: 210
Saksnr.: 2016/1105-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 31.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	61/16	09.06.2016
Kommunestyret	45/16	22.06.2016
Eldreråd	6/16	13.06.2016
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	5/16	13.06.2016

Årsrekneskap 2015 for Seljord kommune

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Årsrekneskap 2015
2 Rapport om revisjon av rekneskapen til Seljord kommune 2015 skannet versjon
3 Saksutskrift - Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Seljord kommune - Uttale frå kontrollutvalet
4 Brev frå revisjonen

Saksutgreiing:

Rådmannen legg fram årsrekneskap 2015 for Seljord kommune med tilhøyrande dokumentasjon frå Telemark kommunerevisjon IKS og brev frå revisjonen som er adressert til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Årsrekneskapen vart handsama av kontrollutvalet i Seljord kommune 01.06.2015. Vedtak går fram av saksutskrift vedlegg 3.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap 2015 for Seljord kommune.
Mindreforbruket på kr 7 625 285, 53 vert avsettast til disposisjonsfond.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap 2015 for Seljord kommune.
Mindreforbruket på kr 7 625 285, 53 vert avsettast til disposisjonsfond.

Utskrift til:

Seljord kommune 2015
2015 Årsrekneskap
Totusen 2015 ogfemten

Seljord kommune 2015 Årsrekneskap

Seljord kommune

Årsrekneskap

2015

Meirforbruk/Mindreforbruk



Mindreforbruket i 2015 er kr 7.625.285,53.

Gjennomsnittleg mindreforbruk pr. år i perioden 1991-2015 er kr 1.268.000

Meirforbruk/Mindreforbruk er avviket mellom rekneskap og justert budsjett

Avviket frå justert budsjett utgjer 2,85 % av "sum driftsinntekter" og "sum eksterne finansinntekter" som til samen er på kr 267.983.093,56.

Innhald

Revisjonsmelding for 2015	Side 3-4

Økonomisjefens 2014 årsrapport	Side 5-16

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen	Side 17
Rekneskapsskjema 1B - Driftsrekneskapen	Side 18
Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen	Side 19
Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskapen	Side 20
Økonomisk oversyn - Drift	Side 21
Økonomisk oversyn - Investering	Side 22
Balanserekneskapen	Side 23
Note 1 Endring i arbeidskapital	Side 25
Note 2 Pensjon	Side 26-27
Note 3 Garantiansvar	Side 28
Note 4 Krav, langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld i høve	
til kommunale og fylkeskommunale føretak	
etter § 11 og § 27 i kommunelova	Side 28
Note 5 Aksjar og andelar som er førde opp som	
anleggsmidlar	Side 28
Note 6 Avsetjing til fond og bruk av fond	Side 29
Note 7 Kapitalkonto	Side 30
Note 8 Sal av finansielle anleggsmiddel	Side 30
Note 9 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27	Side 31
Note 10 Sjølvkostområder	Side 32

Diverse diagram, tabellar og kommentarar:

Meirforbruk/Mindreforbruk (Diagram)	Første omslagsside
Netto resultatgrad (Diagram)	Side 2
Brutto lånegjeld pr. innbyggjar. (Diagram)	Side 24
Brutto lånegjeld i prosent av drifts- og finansinnt. (Diagram)	Side 24
Disposisjonsfond. Balansekonto 25650001 (Tabell)	Siste omslagsside

Det er side 17-32 (ekskl. side 24) som er den offisielle rekneskapen etter kravspesifikasjonen i *"Forskrift om årsrekneskap og årsmelding"*.
Dei andre sidene er revisjonsmeldinga og tilleggsinformasjon.

Netto resultatgrad

Netto driftsresultat rekna ut i prosent av sum driftsinntekter



I 2015 var netto resultatgrad 2,20 %.

Netto driftsresultat kr 5.810.538,81 i prosent av sum driftsinntekter kr 264.309.209,70.

Til og med 2013 var "tommelfingerregelen" at netto resultatgrad burde vere minst **3 %** (over tid).

Frå og med 2014 har "Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi" gjort ei ny vurdering av tilrådd nivå for netto driftsresultat. Den nye vurderinga er eit tilrådd netto driftsresultat på **1,75 %** for kommunar (og 4 % for fylkeskommunar)

Gjennomsnittleg resultatgrad i perioden 1991 - 2015 har vore **0,89 %.**

Netto driftsresultat er driftsinntekter (inkl. ordinære rente- og avdragsutgifter) ÷ driftsutgifter (inkl. ordinære rente- og avdragsutgifter). ***Netto driftsresultat*** vert òg kalla "overskot disponibelt til eigenkapital på investeringar og avsetjingar (sparing)". Dette resultatomgrepet kan samanliknast med "Resultat før årsoppgjerdisposisjonar" i eit privat (resultatorientert) rekneskap, sjølv om det ikkje er heilt same omgrepet.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Hovedkontor:
Postboks 2805, 3702 Skien
Tlf: 35 91 70 30
e-post: post-tkr@tekomrev.no
www.tekomrev.no

Distriktskontor:
Postboks 83, 3833 Bø
Tlf: 35 05 90 00

Foretaksregisteret:
985 867 402 MVA

Til
Kommunestyret i Seljord kommune

Vår ref.: 16/1056/kase
Deres ref.:
Arkivkode: 828 200

Melding frå revisor

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Seljord kommune som viser kr 181 141 842,90 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 7 625 285,53. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Seljord kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjeve revisjonsmelding datert 15. april 2016, som vart gitt ved utløpet av forskriftas frist for å avgje revisjonsmelding.

Bø, 2. mai 2016
Telemark kommunerevisjon IKS

Kjell Ekman
oppdragsansvarlig revisor/
statsautorisert revisor

Elizabeth Kasin
oppdragsrevisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann Kari Gro Espeland

ØKONOMISJEFENS 2015 ÅRSRAPPORT

Økonomisjefens årsrapport for 2015 vil i hovudsak innehalde reine ***økonomiske*** vurderingar og oppstillingar, med fokus på **avvik**, **nykjeltal** og **historiske utviklingstrekk**. Når det gjeld vurdering av drifta, måloppnåing og andre vurderingar om korleis Seljord kommune har gjort det i 2015, vert det vist til årsmeldinga.

I denne årsrapporten vert alle tal runda av til næraste heile kr 1.000.

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk (overskot) på **kr 7.625.000** og *investeringsrekneskapen* eit udisponert beløp (overskot) på **kr 0**.

Driftsrekneskapen - Avviksoversyn

Rekneskap samanlikna med justert budsjett

Siste økonomirapportering til kommunestyret var den 22.10.2015 i sak 107/15 "Budsjettkontroll/ økonomisk oversyn pr. 30. september 2015 – Driftsbudsjettet". I denne saka var det estimert eit mindreforbruk på om lag kr 2,7 mill. (kr 2.671.000). Mindreforbruket vart kr 7.625.000, dvs. kr 4.954.000 betre enn estimert.

1	REKNESKAPSSKJEMA 1A:	Rekneskap	Just. budsjett	Avvik
2	Skatt på inntekt og formue	-63 970 000	-62 945 000	-1 025 000
3	Ordinært rammetilskot	-102 744 000	-102 440 000	-304 000
4	Skatt på eigedom	-9 315 000	-9 324 000	9 000
5	Konsesjonsavgifter	-2 010 000	-1 959 000	-51 000
6	Naturressursskatt	-4 222 000	-4 114 000	-108 000
7	Rente- og investeringskompensasjon	-1 022 000	-1 000 000	-22 000
8	Integreringstilskot (flyktningemidlar)	-7 955 000	-7 024 000	-931 000
9	**Sum frie disponible inntekter**	**-191 238 000**	**-188 806 000**	**-2 432 000**
10	Renteinntekter og utbyte	-3 640 000	-3 460 000	-180 000
11	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 914 000	5 859 000	-945 000
12	Avdrag på lån	7 035 000	7 070 000	-35 000
13	**Netto finansinntekter/-utgifter**	**8 309 000**	**9 469 000**	**-1 160 000**
14	Til ubundne avsetjingar	4 304 000	4 304 000	0
15	Til bundne avsetjingar	2 016 000	1 979 000	37 000
16	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-4 304 000	-4 304 000	0
17	Bruk av bundne avsetjingar	-231 000	-231 000	0
18	**Netto avsetjingar**	**1 785 000**	**1 748 000**	**37 000**
19	**Overført til investeringsbudsjettet**	**2 000**	**0**	**2 000**
20	**Til fordeling drift (line 9+13+18+19)**	**-181 142 000**	**-177 589 000**	**-3 553 000**
21	**Sum fordelt til drift (= line 37)**	**173 517 000**	**177 589 000**	**-4 072 000**
22	**Rekneskapsmessig *mindreforbruk (-)* (line 20+21)**	**-7 625 000**	**0**	**-7 625 000**
23	**REKNESKAPSSKJEMA 1B:**	**Rekneskap**	**Just. budsjett**	**Avvik**
24	**Til fordeling. Fordelt slik ↓ (= line 37)**	**-181 142 000**	**-177 589 000**	**-3 553 000**
25	Netto programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutg.	33 205 000	35 829 000	-2 624 000
26	Tilleggsløyvingar	0	952 000	-952 000
27	Lønsreserve	0	233 000	-233 000
28	Kyrkjelege føremål (ansvar 130)	3 848 000	3 726 000	122 000
29	Omstillingsprosjekt 2015	0	48 000	-48 000
30	Konsesjonskraftsal	-5 490 000	-5 155 000	-335 000
31	Avskrivingar	10 390 000	10 500 000	-110 000
32	Motpost avskrivingar	-10 390 000	-10 500 000	110 000
33	Netto programområde 2 Skule og oppvekst	61 181 000	61 948 000	-767 000
34	Netto programområde 3 Helse og omsorg	66 928 000	67 504 000	-576 000
35	Netto programområde 4 Kultur, næring og utvikling	5 160 000	5 521 000	-361 000
36	Netto programområde 5 Teknisk	8 685 000	6 983 000	1 702 000
37	**Sum fordelt. Netto programområde 1-5**	**173 517 000**	**177 589 000**	**-4 072 000**

Grøne tal i kursiv med kreditteikn ("minus") framom er inntekter eller positivt resultat (overskot).
Svarte tal er utgifter.
Raude tal er negativt resultat (underskot).

Som vi ser (line 20) har rekneskapsskjema 1 A (kommunestyrets fellesinntekter/-utgifter) eit overskot kr 3.553.000 og rekneskapsskjema 1 B (programområda, line 37 og 21) eit overskot på kr 4.072.000. Samla overskot (såkalla "mindreforbruk") vart då kr 7.625.000 (line 22).

På rekneskapsskjema 1 A er dei største avvika: Høgare skatteinntekter, lågare renteutgifter og meir integreringstilskot (jf. bl.a. familiegjenforeningar). På landsbasis vart skatteinntektene kr 1,8 milliard høgare enn lagt til grunn i Revidert Nasjonalbudsjett (RNB).

På rekneskapsskjema 1 B (programområda) er det største mindreforbruket på PO 1 (kr 2,6 mill.). Av dette utgjer redusert premieavvik kr 2 mill. og NAV kommune kr 650.000. Posten for tilleggsløyvingar vart underforbruk med kr 952.000. Av dette var kr 802.000 ei tilleggsløyving til eventuelle ekstrautgifter i samband med utvida flyktningmottak.

På PO 5 er det eit stort meirforbruk (kr 1,7 mill.). Om lag kr 0,5 mill. av dette er på VAR-området (til sjølvkost). Delar av dette meirforbruket tek vi inn att i VAR-avgiftene (avlaup) i åra som kjem. Resten av meirforbruket skuldast lågare inntekter frå oppmåling og uføresette utgifter til skredvurderingsrapport Skorve samdrift, regressgrav kloakkanlegg, eigenandel for brann ved Steinmoen, auke i kommunale avgifter på kommunale bygg etter endring av gebyrregulativet for vatn og avlaup, overtid i samband med flaum og meir naudsynt (akutt) vedlikehald av kommunale bygg (inkl. inventar/utstyr) enn budsjettert.

Investeringsrekneskapen – Avviksoversyn

Rekneskap samanlikna med justert budsjett

Investeringar i anleggsmidlar. Rekneskapsskjema 2B

Grøne tal med minus (÷) framom er mindregift. Raude tal er meirutgift.
Avrunda til næraste heile kr 1.000

Line	Prosj.	Prosjektnamn	Rekneskap	Just. budsj.	Avvik
1	111	Kommunestyresal	149 000	152 000	*-3 000*
2	115	Ny telefonsentral kommunehuset	254 000	246 000	8 000
3	117	A-melding	129 000	138 000	*-9 000*
4	118	Oppgradering av arkiv- og datasystem (ePhorte)	154 000	375 000	*-221 000*
5	119	Microsoft-lisensar	399 000	424 000	*-25 000*
6	120	Nye PC`ar	383 000	301 000	82 000
7	232	Flatdal skule, oppgradering av uteområde	13 000	375 000	*-362 000*
8	233	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	13 000	375 000	*-362 000*
9	315	Ombygging Gravebremsen/Heddelitunet og nye omsorgsbustader	3 000	0	3 000
10	318	Alarm- og telefonsystem på Nesbukti pleie- og omsorgssenter	684 000	688 000	*-4 000*
11	319	Omsorgsplan, forstudie (planarbeid og grovskisse frå arkitekt)	168 000	169 000	*-1 000*
12	401	Lakshøl	64 000	62 000	2 000
13	419	Turveg og oppfylling av masse ved Nesbukti, forprosjekt/prosjektering	198 000	125 000	73 000
14	525	Trafikktryggleikstiltak	966 000	1 000 000	*-34 000*
15	571	Nytt vassverk i Seljord	21 188 000	20 108 000	1 080 000
16	584	Flatdal vassverk - utviding	1 000	0	1 000
17	585	Århus industriområde, vatn og avlaup	16 000	0	16 000
18	586	Kommunale bruer - utbetring/oppgradering	168 000	155 000	13 000
19	587	Bustadområde Tømmeråsen tomt 49-53	6 000	0	6 000
20	588	Bustadområde Runningen II	588 000	591 000	*-3 000*
21	589	Slamcontainer på Seljord renseanlegg	0	150 000	*-150 000*
22	590	Bil teknisk avdeling	101 000	101 000	0
23	**Sum**	**Investeringar i anleggsmidlar (Rekneskapsskjema 2B)**	**25 645 000**	**25 535 000**	**110 000**

Det vart bruka meir pengar på prosjekt 571 Seljord vassverk enn budsjettert. Dette skuldast at ein del av utgiftene vart "forskottert" til 2015 (i staden for 2016). Oppgradering av uteområda ved Flatdal skule og Seljord barneskule (prosjekt 232 og 233) vart vedtekne i kommunestyret 22. oktober 2015 og kom so vidt i gang i 2015 med noko prosjektering. Ein del av oppgraderinga av sak- og arkivsystemet ePhorte (prosjekt 118) er utsett til 2016. Det er òg innkjøp av slamcontainer på Seljord renseanlegg (prosjekt 589).

Investeringsrekneskapen – Finansiering

Samla finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er kr 29.230.000 (jf. "Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen"), fordelt med kr 25.645.000 i "reine" investeringsutgifter i anleggsmiddel og kr 3.585.000 i såkalla finansieringstransaksjonar (jf. skjemaet "Økonomisk oversyn – Investering").

	Sum totalt	%
Finansieringsbehov	**29 230 000**	
Lån	24 866 000	85,1 %
Tilskot og refusjonar **1)**	998 000	3,4 %
Mva.kompensasjon **2)**	848 000	2,9 %
Sal av fast eigedom	600 000	2,0 %
Mottekne avdrag på utlån	529 000	1,8 %
Bundne fond	51 000	0,2 %
Renteinntekter (til bunde fond)	2 000	0,0 %
Eigenkapital (ekskl. bundne fond)	1 336 000	4,6 %
Sum	**29 230 000**	**100,0 %**

1) Tilskot og refusjonar er kr 600.000 frå fylkeskommunen (sluttutbetaling av tildelte spelemidlar til skule- og aktivitetspark; klatretårn og baner for rullebrett, sykkel mm.), kr 487.000 frå Statens vegvesen til trafikktryggleikstiltak (aksjon skuleveg), kr 474.000 frå Vest-Telemarkrådet (grunnfondsmidlar til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg), kr 30.000 frå Fylkesmannen til sentrumsnære turvegar og kr 6.000 frå Fylkesmannens skogfondskonto (hogst i Tømmeråsen i 2011).

2) Frå og med 2014 må all mva. kompensasjon opptent i investeringsrekneskapen inntektsførast i investeringsrekneskapen.

Eigenkapitalen på kr 1.336.000 er denne:

Ubunde investeringsfond	722 000
Sal av ei bustadtomt på Moen (gnr./bnr. 45/144 selt til Boinnova Smart Living AS)	600 000
Sal av påståande skog i Runningen II (avhogging av skog/tre på to tomter)	12 000
Overført frå driftsrekneskapen (frå renteinntekter Startlån)	2 000
Sum eigenkapital	**1 336 000**

Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk

Tal med minus (÷) framom er meirforbruk

1991	1 184 000
1992	0
1993	1 619 000
1994	45 000
1995	÷ 199 000
1996	0
1997	206 000
1998	÷ 228 000
1999	1 836 000
2000	46 000
2001	÷ 2 601 000

2002	÷ 524 000
2003	945 000
2004	175 000
2005	2 350 000
2006	3 288 000
2007	1 463 000
2008	758 000
2009	1 393 000
2010	3 281 000
2011	331 000
2012	1 963 000
2013	2 428 000
2014	4 304 000
2015	7 625 000
Gjennomsnitt	1 268 000

"Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk" (årets rekneskapsmessige resultat) er avviket frå justert budsjett, derav omgrepet meirforbruk/mindreforbruk.

Netto driftsresultat

Tal med minus (÷) framom er negativt netto driftsresultat

1991	143 000
1992	÷ 1 159 000
1993	1 634 000
1994	2 509 000
1995	÷ 2 044 000
1996	435 000
1997	1 815 000
1998	÷ 984 000
1999	3 536 000
2000	6 214 000
2001	÷ 5 484 000
2002	÷ 3 065 000
2003	1 065 000
2004	÷ 17 000
2005	3 614 000
2006	3 995 000
2007	8 861 000
2008	1 824 000
2009	÷ 689 000
2010	3 028 000
2011	676 000
2012	2 914 000
2013	1 343 000

2014	6 460 000
2015	5 811 000
Gjennomsnitt	1 697 000

Netto driftsresultat er **driftsinntekter** (inkludert ordinære rente- og avdragsinntekter) ÷ **driftsutgifter** (inkludert ordinære rente- og avdragsutgifter), dvs. eit reint **driftsomgrep**.

Dette resultatomgrepet kan samanliknast med "*Resultat før årsoppgjersdisposisjonar*" i eit privat (resultatorientert) rekneskap, sjølv om det ikkje er heilt same omgrepet. Ei privat verksemd må ha eit positivt driftsresultat for å kunne eksistere i marknaden. Dette må òg vere målet for ein kommune om han ikkje skal miste den økonomiske handlefridomen.

Arbeidskapital

(korrigert for netto premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift)

	I 1000 KR	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	Kasse og bankinnskot	32.736	28.907	21.327	22.575	26.411	44.492	60 133
+	Kortsiktige krav	13.062	11.251	19.010	19.136	17.492	16.342	16 086
÷	Kortsiktig gjeld	28.097	27.456	30.894	35.349	37.941	41.210	42 266
=	**KORRIGERT ARBEIDSKAPITAL**	**17.701**	**12.701**	**9.442**	**6.362**	**5.963**	**19.624**	**33 953**

Likviditet

	I 1000 KR	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	Arbeidskapital (ikkje korrigert)	25.554	21.384	18.590	19.665	19.231	36.172	47.594
÷	Netto premieavvik inkl. arb.avg.	7.853	8.683	9.148	13.303	13.268	16.548	13.641
=	**KORRIGERT ARBEIDSKAPITAL**	**17.701**	**12.701**	**9.442**	**6.362**	**5.963**	**19.624**	**33.953**
÷	Bundne drifts- og investeringsfond	10.512	7.676	6.179	6.900	5.329	5.489	4.406
÷	Ubundne investeringsfond	4.019	4.120	4.019	3.719	4.569	4.164	3.477
+	Udekt i investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
÷	Udisponert i invest.rekneskapen	249	0	0	0	0	0	0
÷	Ubrukte lånemidlar	6.897	5.455	5.217	5.601	8.598	20.014	26.362
=	**KORRIGERT LIKVIDITET**	**÷ 3.976**	**÷ 4.550**	**÷ 5.973**	**÷ 9.858**	**÷ 12.533**	**÷ 10.043**	**÷ 292**

Arbeidskapital = Omlaupsmidlar ÷ Kortsiktig gjeld.
Omlaupsmidlar = Kortsiktige krav, premieavvik (aktiva) og kasse, postgiro og bankinnskot.
Kortsiktig gjeld = Anna kortsiktig gjeld og premieavvik (passiva).

I utgangspunktet er omlaupsmidlane (kasse, bankinnskot og kortsiktige krav) kr 33.953.000 større enn den kortsiktige gjelda (jf. korrigert arbeidskapital) og det utan premieavvik. Det som er "haken" er at i denne korrigerte arbeidskapitalen ligg både bundne drift- og investeringsfond (kr 4.406.000) og ubunde investeringsfond (kr 3.477.000), i tillegg til unytta lånemidlar (kr 26.362.000). Måtte heile dette "buet" gjerast opp pr. 31.12.2015 ville vi mangla kr 292.000.

.... men, sjølv om "korrigert likviditet" er ørlite negativ, så har likviditeten betra seg monaleg frå 2014 til 2015 (jf. den gode rekneskapsresultatet).

Lånegjeld

	LÅNEGJELD I 1000 KR	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	Lån pr. 01.01	202.041	200.507	200.441	209.554	219.270	231.237
+	Opptak av nye lån	8.201	6.192	16.679	16.433	19.463	31.214
÷	Betalte avdrag	9.735	6.258	7.566	6.717	7.496	7.731
=	Høgding av lånegjelda	÷ 1 534	÷ 66	9.113	9.716	11.967	23.483
=	**Lån pr. 31.12.**	**200.507**	**200.441**	**209.554**	**219.270**	**231.237**	**254.720**
	Innbyggjarar pr. 01.01	2.966	2.955	2.959	2.945	2.989	3.002
	Lånegjeld pr. innbyggjar	kr 67.602	kr 67.831	kr 70.819	kr 74.455	Kr 77.363	Kr 84.850

Som ein "kuriositet": I 1991 var lånegjelda kr 26.096.000 som utgjorde kr 8.324 pr. innbyggjar (rekna etter innbyggjartalet pr. 31.12.1989 på 3.135).

Brutto lånegjeld er kr 254.720.000, men delar av lånegjelda har òg ei inntektsside. Kr 9.261.000 er lånt ut til huskjøparar i Seljord kommune (*utbetringslån, etableringslån og Startlån, inkl. unytta lånemidlar*) og kr 15.933.000 gjev grunnlag for *ulike tilskot frå staten (rente- og investeringskompensasjon).* Tilskota frå staten er: Reform 97 (to av klasseromma på "nye" Seljord barneskule, grunnlag kr 183.000), sjukeheim og omsorgsbustader (Nesbukti pleie- og omsorgssenter inkl. sju omsorgsbustader, grunnlag kr 10.290.000 og to husvære på Gravebremsen, grunnlag kr 198.000) og div. skuleanlegg (den såkalla "skulepakka", grunnlag kr 5.262.000). **"Netto" lånegjeld** vert då kr 229.526.000 (kr 76.458 pr. innbyggjar).

Ein del av låna vert òg delvis "betjent" via husleiger (jf. utleige- og omsorgsbustader). I tillegg har Seljord kommune hatt låneopptak i samband med investeringar i vatn- og avløpssektoren. I utrekninga av årsavgiftene for vatn og avløp som abonnentane betalar er det avskrivingar og kalkulatoriske renter på anleggsmidlane som vert lagt til grunn (ikkje rente- og avdragskostnadane på låna). Nedskrive grunnlag for utrekning av kalkylerente for vatn og avløp i 2015 (såkalla "restverdi" pr. 31.12.2015) er kr 27.481.000. I Seljord kommune er brorparten av investeringane i vatn og avløp finansiert med låneopptak.

Rentevilkår. Restgjeld og nominell rente pr. 31.12.2015

Kontotekst	Beløp	Rente	Rentevilkår
Husbanken-Startlån 2003	800 000	2,386 %	5 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2016**
Husbanken-Startlån 2006	713 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2008	392 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2009	760 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2010	810 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2011	840 000	2,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Startlån 2012	900 000	1,985 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2013	700 000	1,990 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2014	1 900 000	1,990 %	Flytande rente
Husbanken-Startlån 2015	2 000 000	1,990 %	Flytande rente
Husbanken-Servicebustader Seljord 1992	348 000	1,869 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021 1)**
Husbanken-Bustad Åmotsdal 2000/2001	547 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Bustad Moen (Ekre) 2002	463 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Bustad Storgård (Sollia) 2004	1 032 000	2,879 %	10 års fastrente 01.11.2011-**01.11.2021**
Husbanken-Omsorgsbustader 2013	4 637 000	3,273 %	20 års fastrente 01.04.2013-**01.04.2033**
Husbanken-Heddelitunet 2014	7 813 000	1,990 %	Flytande rente
Kommunalbanken-Samlelån 2005	14 416 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2006	9 704 000	4,820 %	8 års fastrente 22.12.2008-**22.12.2016**
Kommunalbanken-Samlelån 2007	16 818 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Refinans. 2008	71 144 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)

Kommunalbanken-Samlelån 2009	6 260 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2010	6 172 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2011	4 599 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2012	1 583 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Refinansiering 2013	31 252 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2013	14 760 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
Kommunalbanken-Samlelån 2015	29 214 000	1,650 %	P.t.-rente (flytande rente)
KLP-Refinansiering/Nes nordre 2008	7 272 000	5,400 %	10 års fastrente 01.10.2008-**01.10.2018**
KLP-Samlelån 2014	16 676 000	1,750 %	Flytande rente
Santander-El-bil (med salsopsjon) 2014	197 000	4,700 %	Flytande rente
Sum lånegjeld	**254 721 000**	**1,963 %**	**Vekta gjennomsnittsrente**

1) Lånet i Husbanken til Servicebustader Seljord (Gravebremsen) er på særvilkår (eitt prosentpoeng under normalrente).

Fordeling av lånegjeld på låneinstitusjonane

Santander	197 000	0,1 %
KLP Kommunekreditt	23 948 000	9,4 %
Husbanken	24 654 000	9,7 %
Kommunalbanken	205 922 000	80,8 %
Sum lån	**254 721 000**	**100,0 %**

Fordeling av lånegjeld på fast og flytande rente

Fast rente	28 317 000	11,1 %
Flytande rente	226 404 000	88,9 %
Sum lån	**254 721 000**	**100,0 %**

Finansreglementet – Fast og flytande rente – Historikk

I "Finansreglement", kommunestyresak 54/10, den 28. oktober 2010, jf. kommunestyresak 66/12, den 13. desember 2012, står det i punkt 10. Rammer for risiko, a. Lånegjeld og finansieringsavtalar, fjerde kulepunkt: *"Minst 25 % og maksimum 50 % av kommunens lånegjeld skal vere til fast rente. Om fastrentedelen skal vere over 25 % (inntil 50 %) vert avgjort av rådmannen.* I det gamle Finansreglementet (frå 2003) stod det: *"For å redusere renterisikoen skal minst 20 % av kommunens innlån vere til fast rente."*

Finansreglementet – Fast og flytande rente – Gjeldande vedtak

I kommunestyresak 76/15, den 11. juni 2015 "Finansreglement – Fast og flytande rente" vart det gjort slikt vedtak: *Punkt 10 "Rammer for risiko" punkt a "Lånegjeld og finansieringsavtalar", fjerde kulepunkt i finansreglementet vert endra til:* ***Låneopptak skal gjerast med flytande rente*** *(men eksisterande fastrenteavtalar skal gå ut bindingstida si).*

Rentehistorikk

Vekta gjennomsnittsrente (nominell)

Rentetype	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015
Fast (gj.snitt)	5,31 %	5,13 %	5,15 %	4,22 %	3,40 %	4,23 %
Flytande (gj.snitt)	2,61 %	3,15 %	2,25 %	2,25 %	2,25 %	1,68 %
Gj.snitt	**3,78 %**	**4,01 %**	**3,39 %**	**2,53 %**	**2,48 %**	**1,96 %**
3 mnd NIBOR (des.)	2,59 %	3,02 %	1,87 %	1,66 %	1,53 %	1,14 %
Negativ "rentemargin"	1,19 %	0,99 %	1,52 %	0,87 %	0,95 %	0,82 %

I 2015 (desember 2015) var vekta gjennomsnittleg lånerente (nominell) 1,96 %. Referanserenta (3 mnd NIBOR) var 1,14 %. Lånerenta vår var dermed 0,82 % høgare enn 3 mnd NIBOR. Historisk sett er dette ein "høveleg" rentemargin.

Likvide midlar

Kommunens likvide midlar er plassert på 14 ulike innskotskonti i Sparebanken DIN Seljord. Pr. 31.12.2015 hadde vi innestående kr 60.128.000. Innskotsrenta (på alle konti og frå første krone) er: 3 mnd NIBOR + 0,50 prosentpoeng med regulering den 1. i kvar månad. Innskotsrenta pr. 31.12.2015 (desember 2015) var **1,65 %.**

Pr. 31.12.2014 (desember 2014) var innskotsrenta 2,14 %. Reduksjonen frå desember 2014 til desember 2015 utgjer 0,49 prosentpoeng. Gjennomsnittleg vekta lånerente vart i same periode redusert med 0,52 prosentpoeng (frå 2,48 % til 1,96 %).

I tillegg til bankinnskot har Seljord kommune kr 5.000 i kontantbeholdning fordelt på fem kasser.

Utlån

	UTLÅN I 1000 KR	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	Samla utlån pr. 01.01	32.306	31.928	32.552	33.247	33.068	33.119	35.210	35.899
÷	Avdrag på utlån	938	169	268	341	383	250	717	562
÷	Avskriving på utlån	0	125	0	0	1.002	75	0	112
+	Opplån (av Startlån)	1	40	0	23	17	11	4	2
+	Nye utlån	559	878	963	139	1.419	2.405	1.402	1.918
=	**Samla utlån pr. 31.12**	**31.928**	**32.552**	**33.247**	**33.068**	**33.119**	**35.210**	**35.899**	**37.145**

Avdrag på utlån er kr 33.000 i avdrag på sosiallån, kr 506.000 er avdrag (og innløysing) på formidlingslån/Startlån og kr 23.000 er avdrag på andre lån. Nye utlån er sosiallån på kr 110.000, Startlån kr 1.808.000 og andre utlån kr 0. Avskriving på utlån på kr 112.000 gjeld sosiallån.

Det største utlånet er eit ansvarleg lån på kr 28,5 mill. frå 2007 (avdragsfritt, med 15 års løpetid) til Vest-Telemark kraftlag AS. Formidlingslån/Startlån utgjer kr 8.439.000, sosiallån kr 199.000 og eit obligasjonsinnskot i Vest-Telemark kraftlag AS kr 3.000 og andre utlån kr 4.000.

Fond

	FOND I 1000 KR	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	Fond pr. 01.01	13.596	16.365	20.814	16.447	16.841	15.900	12.003	15.652
+	Avsetjing til fond	6.754	12.238	6.825	6.865	5.922	6.972	8.907	7.295
÷	Bruk av fond	3.985	7.789	11.192	6.471	6.863	10.869	5.258	5.542
=	Netto avsetjing	2.769	4.449	÷ 4.367	394	÷ 941	÷ 3.897	3.649	1.753
=	**Fond pr. 31.12**	**16.365**	**20.814**	**16.447**	**16.841**	**15.900**	**12.003**	**15.652**	**17.405**

Fordeling av fondskapital

FONDSTYPE	PR. 31.12.15
Disposisjonsfond	9.521.000
Bundne driftsfond	4.321.000
Ubundne investeringsfond	3.477.000
Bundne investeringsfond	86.000
SUM	**17.405.000**

Kr 7.884.000 (45,3 %) av den samla fondskapitalen kan berre nyttast til bestemte føremål (øyremerkte driftsføremål og investeringar). Den resterande delen er disposisjonsfonda på kr 9.521.000 (54,7 % av fondskapitalen).

Disposisjonsfond

Alle disposisjonsfond

Disposisjonsfond (det "eigentlege" disposisjonsfondet)	9.115.000
Næringsfond II	63.000
Disposisjonsfond (tidlegare likviditetsreserve)	60.000
Kvalitetsutvikling i barnehagen	40.000
Nynorskprisen	46.000
Seljord ungdomsskule. Dialogkonferanse	10.000
Utstyr augeblikkeleghjelp-seng Nesbukti	30.000
Førebyggjande tiltak (sals- og skjenkeavgifter)	157.000
Sum	**9.521.000**

Disposisjonsfond

Det "eigentlege" disposisjonsfondet. Balansekonto 25650001

Saldo 31.12.2014	**5.606.000**
Kommunestyresak 71/15. Disponering av mindreforbruk 2014	4.204.000
Kommunestyresak 66/14 (Opphavleg budsjett 2015). Delingstimar	÷ 250.000
Formannskapssak 66/15 (§ 13). Persienner Flatdal skule	÷ 85.000
Formannskapssak 73/15 (§ 13). Vasstiltak Bjørgeøyane	÷ 160.000
Kommunestyresak 88/15. Utdanning brannmannskap	÷ 200.000
Saldo 31.12.2015	**9.115.000**

Skatt på inntekt og formue

(inkl. naturressursskatt, men ikkje eigedomsskatt)

År	Skatt på inntekt og formue	Nominell vekst i % i høve til året før
1991	**26 427 000**	1,0 %
1992	**28 162 000**	6,6 %
1993	**29 777 000**	5,7 %
1994	**30 612 000**	2,8 %
1995	**29 954 000**	÷ 2,1 %
1996	**30 631 000**	2,3 %
1997	**32 549 000**	6,3 %
1998	**33 192 000**	2,0 %
1999	**35 731 000**	7,7 %
2000	**35 754 000**	0,1 %
2001	**40 895 000**	14,4 %
2002	**44 034 000**	7,7 %
2003	**46 560 000**	5,7 %
2004	**49 381 000**	6,1 %
2005	**49 327 000**	÷ 0,1 %
2006	**53 305 000**	8,1 %
2007	**52 739 000**	÷ 1,1 %
2008	**54 356 000**	3,1 %
2009	**60 231 000**	10,8 %

2010	**60 159 000**	÷ 0,1 %
2011	**58 375 000**	÷ 3,0 %
2012	**61 030 000**	4,5 %
2013	**62 819 000**	2,9 %
2014	**65 047 000**	3,5 %
2015	**68 192 000**	4,8 %
Gjennomsnitt		4,0 %

For landet samla sett var skatteveksten frå 2014 til 2015 6,0 % og for Telemark også 6,0 %. Dei andre fylka varierte frå 8,8 % (Troms) til 3,3 % (Rogaland).

I samband med RNB (Revidert Nasjonalbudsjett) for 2015 var overslaget frå staten at skatteveksten frå 2014 til 2015 på landsbasis ville bli 4,6 %, han var altså 6,0 %.

NYKJELTAL

Netto resultatgrad

Netto driftsresultat viser kva som er igjen av driftsinntektene (inkl. rente- og avdragsinntekter) når dei ordinære driftsutgiftene inkludert renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat vert òg kalla "*overskot disponibelt til eigenkapital på investeringar og avsetjingar (sparing)*". Netto resultatgrad er netto driftsresultat rekna ut i prosent av sum driftsinntekter.

År	Seljord	Landsgj.snitt (ekskl. Oslo)
1991	0,2 %	3,6 %
1992	÷ 1,6 %	3,3 %
1993	2,2 %	3,0 %
1994	3,3 %	5,2 %
1995	÷ 2,6 %	3,1 %
1996	0,5 %	3,2 %
1997	2,0 %	5,1 %
1998	÷ 1,0 %	1,9 %
1999	3,4 %	1,9 %
2000	5,6 %	2,5 %
2001	÷ 4,7 %	1,9 %
2002	÷ 2,5 %	0,1 %
2003	0,8 %	0,7 %
2004	÷ 0,0 %	2,0 %
2005	2,5 %	3,5 %
2006	2,5 %	5,2 %
2007	5,1 %	1,9 %
2008	1,0 %	÷ 0,6 %
2009	÷ 0,3 %	2,7 %
2010	1,5 %	2,1 %
2011	0,3 %	1,8 %

2012	1,2 %	2,6 %
2013	0,5 %	2,4 %
2014	2,5 %	1,0 %
2015	2,2 %	2,7 %
Gjennomsnitt	1,0 %	2,5 %

Fram til og med 2013 var tilrådd netto driftsresultat (netto resultatgrad) 3 %.
Frå og med 2014 har "Det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi" tilrådd 1,75 % for primærkommunane (og 4 % for fylkeskommunane). Bakgrunnen for denne nedjusteringa er at frå og med 2014 skal all mva.kompensasjonen opptent på investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen og ikkje som tidlegare som "kunstig" inntekt i driftsrekneskapen.

Måler vi oss mot eit netto driftsresultat på 1,75 % (kr 4.625.000), er netto driftsresultat i 2015 kr 1.186.000 for godt!

Likviditetsgrad I

Dette nykjeltalet fortel i kor stor grad kommunen har evne til å finansiere dei kortsiktige forpliktingane sine. Dvs. ***kasse, postgiro og bankinnskot*** i høve til **kortsiktig gjeld** (ekskl. premieavvik). Likviditetsgrad I bør vere større enn 1.

Likviditetsgrad I tek ikkje omsyn til at ein del av ***kasse, postgiro og bankinnskot*** er "bunde opp" i unytta lånemidlar og bunden eigenkapital (bundne driftsfond og investeringsfond), jf. likviditetsoversyn på side 9 (arbeidskapital og likviditet).

1991	2,9
1992	1,6
1993	1,8
1994	1,8
1995	1,4
1996	2,0
1997	1,1
1998	1,1
1999	1,2
2000	1,3
2001	0,7
2002	3,0
2003	1,1
2004	0,8
2005	1,2
2006	1,3
2007	1,1
2008	1,1
2009	1,2
2010	1,1
2011	0,7
2012	0,6
2013	0,7
2014	1,1
2015	1,4
Gj.sn.	1,3

Pr. 31.12.2015 var kasse, postgiro og bankinnskot kr 60.133.000 og kortsiktig gjeld (ekskl. premieavvik) var kr 42.266.000. Av den kortsiktige gjelda utgjorde opptente feriepengar og

arbeidsgjevaravgift av opptente feriepengar kr 16.165.000 (opptent i 2015, skal utbetalast i juni 2016).

Likviditetsgrad II

Nykjeltalet reknar ut tilhøvet mellom ***sum omlaupsmidlar*** (ekskl. premieavvik) og **kortsiktig gjeld** (ekskl. premieavvik). Likviditetsgrad II bør vere større enn 2 for å kunne seie at kommunen har god likviditet. Er likviditetsgrad II mindre enn 1, er kommunen insolvent.

Likviditetsgrad II tek ikkje omsyn til at ein del av ***omlaupsmidlane*** er "bunde opp" i unytta lånemidlar og bunden eigenkapital (bundne driftsfond og investeringsfond), jf. likviditetsoversyn på side 9 (arbeidskapital og likviditet).

1991	4,0
1992	2,0
1993	2,3
1994	2,4
1995	1,9
1996	2,6
1997	1,6
1998	1,4
1999	1,7
2000	1,6
2001	1,2
2002	3,3
2003	1,4
2004	1,0
2005	1,6
2006	1,8
2007	1,6
2008	1,6
2009	1,6
2010	1,5
2011	1,3
2012	1,2
2013	1,2
2014	1,5
2015	1,8
Gj.sn.	1,8

Pr. 31.12.2015 er sum omlaupsmidlar (kasse, postgiro, bankinnskot og kortsiktige krav (ekskl. premieavvik) kr 76.219.000. Av omlaupsmidlane utgjer dei kortsiktige krava kr 16.086.000.

Sluttord

Både årets rekneskapsmessige resultat og netto driftsresultat for 2015 viste gode tal. Mindreforbruket vart kr 7,6 mill. og netto driftsresultat 2,2 %. Ved utgangen av 2015 står det kr 9,1 mill. på disposisjonsfondet (og i tillegg til dette kjem mindreforbruket i 2015 på kr 7,6 mill). 2015 må seiast å ha vore eit (særs) godt økonomisk år (i "Seljord-målestokk").

Seljord, 6. april 2016

Halgeir Brekke

Halgeir Brekke
Økonomisjef

REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN

Grøne tal i *kursiv* med kreditteikn ("minus") framom er inntekter eller positiv resultat.
Svarte tal er utgifter.

		Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opphavleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
1	Skatt på inntekt og formue	*-63 969 569,85*	*-62 945 000*	*-62 945 000*	*-60 589 846,49*
2	Ordinært rammetilskot	*-102 744 201,00*	*-102 440 000*	*-102 440 000*	*-103 616 448,00*
3	Skatt på eigedom	*-9 314 550,91*	*-9 324 000*	*-9 324 000*	*-9 296 456,14*
4	Andre direkte eller indirekte skattar (Spesifisering 1)	*-6 231 763,12*	*-6 073 000*	*-6 073 000*	*-6 398 128,00*
5	Andre generelle statstilskot (Spesifisering 2)	*-8 977 510,00*	*-8 024 000*	*-7 014 000*	*-7 698 811,00*
6	**Sum frie disponible inntekter**	***-191 237 594,88***	***-188 806 000***	***-187 796 000***	***-187 599 689,63***
7	Renteinntekter og utbyte	*-3 639 626,69*	*-3 460 000*	*-3 460 000*	*-4 570 114,02*
8	Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 913 869,18	5 859 000	5 859 000	5 539 223,66
9	Avdrag på lån	7 034 957,00	7 070 000	7 070 000	6 602 454,00
10	**Netto finansinntekter/-utgifter**	**8 309 199,49**	**9 469 000**	**9 469 000**	**7 571 563,64**
11	Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0,00	0	0	0,00
12	Til ubundne avsetjingar	4 304 136,85	4 304 000	0	5 005 315,38
13	Til bundne avsetjingar	2 015 857,49	1 979 000	1 979 000	1 952 194,03
14	Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	*-4 304 136,85*	*-4 304 000*	*0*	*-2 428 315,38*
15	Bruk av ubundne avsetjingar	*0,00*	*0*	*0*	*-314 000,00*
16	Bruk av bundne avsetjingar	*-231 000,00*	*-231 000*	*-231 000*	*-231 000,00*
17	**Netto avsetjingar**	***1 784 857,49***	***1 748 000***	***1 748 000***	***3 984 194,03***
18	Overført til investeringsbudsjettet	1 695,00	0	0	501 000,00
19	**Til fordeling drift**	***-181 141 842,90***	***-177 589 000***	***-176 579 000***	***-175 542 931,96***
20	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	173 516 557,37	177 589 000	176 579 000	171 238 795,11
21	**Rekneskapsmessig *mindreforbruk (-)***	***-7 625 285,53***	**0**	**0**	***-4 304 136,85***

	Spesifisering 1 (Linje 4 "Andre direkte eller indirekte skattar"):	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opphavleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
22	* Konsesjonsavgifter	*-2 009 745,12*	*-1 959 000*	*-1 959 000*	*-1 940 615,00*
23	* Naturressursskatt	*-4 222 018,00*	*-4 114 000*	*-4 114 000*	*-4 457 513,00*

	Spesifisering 2 (Linje 5 "Andre generelle statstilskot"):	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opphavleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
24	* Rente- og investeringskompensasjon	*-1 022 264,00*	*-1 000 000*	*-1 000 000*	*-1 076 211,00*
25	* Integreringstilskot (flyktningemidlar)	*-7 955 246,00*	*-7 024 000*	*-6 014 000*	*-6 622 600,00*

REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSREKNESKAPEN

		Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opphavleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
1	**Til fordeling (frå budsjettskjema 1A). Fordelt slik ↓**	***-181 141 842,90***	***-177 589 000***	***-176 579 000***	***-175 542 931,96***
2	**Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutg.**				
3	Driftsutgifter	37 753 417,02	39 522 000	31 355 000	31 018 432,59
4	Finansutgifter	285 407,56	50 000	50 000	356 885,73
5	Driftsinntekter	*-4 556 392,44*	*-3 668 000*	*-3 663 000*	*-5 658 178,33*
6	Finansinntekter	*-277 897,06*	*-75 000*	*-75 000*	*-116 157,40*
7	**Netto programområde 1**	**33 204 535,08**	**35 829 000**	**27 667 000**	**25 600 982,59**
8	**Tilleggsløyvingar**	**0,00**	**952 000**	**150 000**	**0,00**
9	**Lønsreserve**	**0,00**	**233 000**	**2 300 000**	**0,00**
10	**Kyrkjer (ansvar 130)**	**3 847 427,00**	**3 726 000**	**3 670 000**	**3 776 883,00**
11	**Omstillingsprosjekt 2015**	**0,00**	**48 000**	**455 000**	**0,00**
12	**Konsesjonskraftsal**	***-5 490 062,22***	***-5 155 000***	***-5 155 000***	***-7 017 168,00***
13	**Mva.kompensasjon (opptent i investeringsbudsjettet)**	***0,00***	**0**	***0***	***0,00***
14	**Avskrivingar**	**10 390 308,79**	**10 500 000**	**10 500 000**	**10 122 575,32**
15	**Motpost avskrivingar**	***-10 390 308,79***	***-10 500 000***	***-10 500 000***	***-10 122 575,32***
16	**Programområde 2 Skule og oppvekst**		**0**		
17	Driftsutgifter	77 971 724,23	73 389 000	74 571 000	77 904 310,38
18	Finansutgifter	669,43	0	0	564 540,42
19	Driftsinntekter	*-16 124 803,98*	*-11 156 000*	*-11 137 000*	*-15 950 678,12*
20	Finansinntekter	*-666 369,60*	*-285 000*	*-285 000*	*-595 604,60*
21	**Netto programområde 2**	**61 181 220,08**	**61 948 000**	**63 149 000**	**61 922 568,08**
22	**Programområde 3 Helse og omsorg**				
23	Driftsutgifter	92 355 019,78	90 440 000	92 710 000	96 185 813,27
24	Finansutgifter	258 889,53	77 000	77 000	624 869,55
25	Driftsinntekter	*-25 095 219,50*	*-22 949 000*	*-22 084 000*	*-24 896 260,12*
26	Finansinntekter	*-590 371,96*	*-64 000*	*-64 000*	*-648 413,26*
27	**Netto programområde 3**	**66 928 317,85**	**67 504 000**	**70 639 000**	**71 266 009,44**
28	**Programområde 4 Kultur, næring og utvikling**				
29	Driftsutgifter	10 452 515,44	8 952 000	9 833 000	13 280 588,56
30	Finansutgifter	319 099,80	0	0	118 137,18
31	Driftsinntekter	*-3 231 872,63*	*-1 263 000*	*-1 265 000*	*-4 817 076,45*
32	Finansinntekter	*-2 379 947,21*	*-2 168 000*	*-2 168 000*	*-2 199 973,76*
33	**Netto programområde 4**	**5 159 795,40**	**5 521 000**	**6 400 000**	**6 381 675,53**
34	**Programområde 5 Teknisk**				
35	Driftsutgifter	28 348 696,74	25 169 000	24 984 000	27 056 975,40
36	Finansutgifter	184 154,14	600 000	0	82 521,87
Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Seljord kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare gjeve revisjonsmelding datert 15. april 2016, som vart gitt ved utløpet av forskriftas frist for å avgje revisjonsmelding.

Bø, 2. mai 2016
Telemark kommunerevisjon IKS

Kjell Ekman
oppdragsansvarlig revisor/
statsautorisert revisor

Elizabeth Kasin
oppdragsrevisor

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann Kari Gro Espeland

Seljord kommune

Arkiv: 150
Saksnr.: 2015/1831-9
Sakshand.: Halgeir Brekke
Direkte tlf.: 35065111
Dato: 02.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	64/16	09.06.2016
Kommunestyret	46/16	22.06.2016

Investeringsbudsjettet - Rebudsjetteringar og tilleggsløyvingar

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Budsjettskjema 2A - Investeringsbudsjettet
2 Budsjettskjema 2B - Investeringsbudsjettet

Saksutgreiing:

- **Prosjekt 141 Aksjar, andelar og selskapskapital (jf. budsjettskjema 2A "Utlån og forskotteringar (inkl. kjøp av aksjar og andelar)".**

I kommunestyresak 41/12, 27.09.2012 "Næringsetablering på Århus industriområde" vart det fatta slikt vedtak:

"Kommunestyret løyver kr 2,2 mill. til Århus Næringspark AS for å styrke deira eigenkapital slik at dei kan vere med på å etablere Vest-Telemark Teknologipark AS.
Løyvinga vert finansiera med:
Kr 1.800.000 frå ubundne investeringsfond
Kr 300.000 frå sal av tomter
Kr 100.000 frå næringsfond 1
Framtidig sal av eigedom skal nyttast til å tilbakebetale kr 1.800.000 til ubundne investeringsfond."
Kommunestyret gjev ordførar mandat til å endre § 14 i vedtekter for Århus Næringspark AS til: *"Avgjersla om oppkjøp av andre selskap eller aksjekjøp i andre selskap krev felles semje i styre. Om ikkje felles semje i styret skal avgjersla treffast av generalforsamlinga kor det krevjast ¾ fleirtal av den representerte aksjekapital."*

18. desember 2012 vart det kjøpt aksjar for kr 700.000 (finansiert med tomtesal kr 300.000, næringsfond 1 kr 100.000 og ubunde investeringsfond kr 300.000). 5. desember 2013 vart det kjøpt aksjar for kr 500.000 (finansiert med ubunde investeringsfond). Siste aksjekjøp skjedde 30. april i år og skal etter vedtaket i sak 41/12 finansierast med den siste millionen av løyvinga frå ubunde investeringsfond.

- **Prosjekt 118 Oppgradering av arkiv- og datasystem (ePhorte)**

I investeringsbudsjettet for 2015 vart det løyvd kr 375.000 til dette prosjektet; kr 150.000 i opphavleg budsjett og kr 225.000 i kommunestyresak 25/15. I rekneskap for 2015 vart det brukt kr 154.000. Den restrande løyvinga på kr 221.000 må rebudsjetterast i 2016. I tillegg viser det seg at prosjektet vart kr 62.000 dyrare enn budsjettert, noko som må tilleggløyvast. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Fyresdal og Nissedal, som har 30 % kvar seg og Seljord 40 %.

- **Prosjekt 232 Flatdal skule, oppgradering av uteområde**

I kommunestyresak 105/15 vart det løyvd kr 375.000, men det vart berre brukt kr 13.000 i 2015. Kr 362.000 må då rebudsjetterast i år.

- **Prosjekt 233 Seljord barneskule, oppgradering av uteområde**

Dette prosjektet er akkurat likt prosjekt 232 og kr 362.000 må rebudsjetterast.

- **Prosjekt 571 Nytt vassverk i Seljord**

I note 1 til investeringsbudsjettet for 2016-2019 står det at den samla kostnaden (i perioden 2007-2016) er kr 47.287.000 (ekskl. mva.) og sluttføringa i 2016 som vart ført opp i investeringsbudsjettet for 2016 var kr 17.257.000. I summen på kr 17.257.000 var det lagt til grunn at kostnaden i 2015 vart kr 25.234.000. Kostnaden i 2015 vart kr 21.187.000. Dette mindreforbruket i 2015 på kr 4.047.000 må rebudsjetterast i 2016.

Anleggsprosjektet var ferdig om lag 1. juni og det nye vatnet skal vere på nettet i veke 24 (13. – 19. juni).

- **Prosjekt 319 Bukollektiv og dagaktivitetssenter og tilbygg i demensavdelinga**

Dette prosjektet (òg kalla realisering av omsorgsplanen) er ført opp i investeringsbudsjettet med kr 39.020.000, fordelt med kr 9.020.000 i 2016 og kr 30 mill. i 2017. Gjennomføringa av prosjektet tek noko lenger tid enn opphavleg tenkt. I år vert det berre prosjekteringskostnader. Anleggsstart vert om lag 1. mars 2017 med ei byggjetid på om lag eitt år, altså ferdigstilling om lag 1. mars

2018. Sjølv om det ikkje vert brukt meir enn inntil om lag kr 3 mill. i år, vert det ikkje lagt opp til budsjettjustering av dette tiltaket no (men truleg i neste økonomirapportering).

- **Andre investeringsprosjekt**

Dei andre investeringsprosjekta legg ein til grunn går som budsjettert, men fleire av prosjekta er framleis under prosjektering. Dette gjeld til dømes det største av desse "mindre" prosjekta; prosjekt 591 "Rehabilitering av Bygdaråi bru" til kr 2,5 mill.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å leggje fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Investeringsbudsjettet vert høgda med kr 6.054.000 slik det går fram av saksframlegget og vedlagde budsjettskjema 2A og 2B. Høgdinga vert finansiert med bruk av lånemidlar (unytta lånemidlar) på kr 4.454.000, tilskot til investeringar kr 400.000 (spelemidlar til oppgradering av uteområder på skulane), mva.kompensasjon kr 200.000 og bruk av ubunde investeringsfond kr 1.000.000.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Investeringsbudsjettet vert høgda med kr 6.054.000 slik det går fram av saksframlegget og vedlagde budsjettskjema 2A og 2B. Høgdinga vert finansiert med bruk av lånemidlar (unytta lånemidlar) på kr 4.454.000, tilskot til investeringar kr 400.000 (spelemidlar til oppgradering av uteområder på skulane), mva.kompensasjon kr 200.000 og bruk av ubunde investeringsfond kr 1.000.000.

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERINGSBUDSJETTET

Grøne tal i *kursiv* er inntekter.
Svarte er utgifter.

		Opphavleg budsj. 2016	K.sak 13/16	Rebudsj. 2016	Tilleggs-løyving 16	Just. budsj. 2016
1	Investeringar i anleggsmidlar	32 970 000	75 000	4 992 000	62 000	38 099 000
2	Utlån og forskoteringar (inkl. kjøp av aksjar og andelar)	3 715 000	0	1 000 000	0	4 715 000
3	Avdrag på lån	517 000	0	0	0	517 000
4	Avsetjingar	0	0	0	0	0
5	**Årets finansieringsbehov**	**37 202 000**	**75 000**	**5 992 000**	**62 000**	**43 331 000**
6	**Finansiert slik:**					
7a	Bruk av lånemidlar (til finansiering av line 1) (inkl. bruk av unytta lånemidlar)	*-25 581 000*	*0*	*-4 404 000*	*-50 000*	*-30 035 000*
7b	Bruk av lånemidlar (til vidare utlån, utlånet er ein del av line 2)	*-2 000 000*	*0*	*0*	*0*	*-2 000 000*
8	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	*0*	*0*	*0*	*0*	*0*
9	Tilskot til investeringar	*-4 326 000*	*0*	*-400 000*	*0*	*-4 726 000*
10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	*-517 000*	*0*	*0*	*0*	*-517 000*
11	Mva.kompensasjon	*-3 063 000*	*-15 000*	*-188 000*	*-12 000*	*-3 278 000*
12	Andre inntekter	*0*	*0*	*0*	*0*	*0*
13	**Sum ekstren finansiering**	***-35 487 000***	***-15 000***	***-4 992 000***	***-62 000***	***-40 556 000***
14	Overført frå driftsbudsjettet	*0*	*0*	*0*	*0*	*0*
15	Bruk av avsetjingar	*-1 715 000*	*-60 000*	*-1 000 000*	*0*	*-2 775 000*
16	**Sum finansiering**	***-37 202 000***	***-75 000***	***-5 992 000***	***-62 000***	***-43 331 000***
17	**Udisponert**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

18	Lånefinansiering av investeringar (line 7a i prosent av line 1)	77,59 %	0,00 %	88,22 %	80,65 %	78,83 %

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGSBUDSJETTET

		Opphavleg budsj. 2016	K.sak 13/16	Rebudsj. 2016	Tilleggs-løyving 16	Just. budsj. 2016	Pro-sjekt nr.
1	**Til invest. i anleggsmidlar (line 1 frå budsjettskjema 2A)**	**32 970 000**		**4 992 000**		**38 099 000**	
2	**Fordelt slik:**						
3	Kommunestyresal (i 2016: Web-overføring av kommunestyremøter, k.sak 13/16)	0	75 000	0	0	75 000	111
4	Oppgradering av arkiv- og datasystem (ePhorte)	0	0	221 000	62 000	283 000	118
5	Flatdal skule, oppgradering av uteområde	0	0	362 000	0	362 000	232
6	Seljord barneskule, oppgradering av uteområde	0	0	362 000	0	362 000	233
7	Seljord barneskule, ombygging klasserom	250 000	0	0	0	250 000	234
8	Seljord ungdomsskule, straum og pc-kabling i klasserom	150 000	0	0	0	150 000	235
9	Seljord ungdomsskule, ventilasjon i kjellar/elevkantine	208 000	0	0	0	208 000	236
10	Flatdal barnehage, sikring av uteområde	110 000	0	0	0	110 000	237
11	Seljord kulturskule, lydstudio (på Granvin)	167 000	0	0	0	167 000	238
12	Data-fagprogrammet Visma barnehage	108 000	0	0	0	108 000	239
13	Bukollektiv og dagaktivitetssenter og tilbygg i demensavdelinga	9 020 000	0	0	0	9 020 000	319
14	Ombygging Steinmoen	150 000	0	0	0	150 000	320
15	Turveg og oppfylling av masse ved Nesbukti	1 500 000	0	0	0	1 500 000	419
16	Renseanlegg Seljord, transportband slamtøming	400 000	0	0	0	400 000	520
17	Trafikktryggleikstiltak	1 000 000	0	0	0	1 000 000	525
18	Bustadområde Tømmeråsen. Jordmasse/Planting av grønt på steinfyllingane	150 000	0	0	0	150 000	530
19	Nytt vassverk i Seljord	17 257 000	0	4 047 000	0	21 304 000	571
20	Rehabilitering av Bygdaråi bru	2 500 000	0	0	0	2 500 000	591

Seljord kommune

Arkiv: 150
Saksnr.: 2015/1831-10
Sakshand.: Halgeir Brekke
Direkte tlf.: 35065111
Dato: 02.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	63/16	09.06.2016
Kommunestyret	47/16	22.06.2016

Budsjettkontroll/Økonomisk oversyn pr. 31.05.2016 - Driftsbudsjettet

Saksdokument (som ikkje ligg ved saka):

Driftsbudsjett for 2016.
Rekneskap for 2016 pr. 31.05.2016.
Rapportar frå kommunalsjefane.

Saksutgreiing:

Budsjettkontrollen er i hovudsak bygd på ein gjennomgang av rekneskap og budsjett pr. utgangen av mai, med fokus på lønskostnader og større drifts- og inntektspostar. Denne gjennomgangen er vurdert opp mot erfaringstal. Deretter er det gjort eit overslag for resten av året.

Konklusjon:

Programområde PO 2 "Skule og oppvekst" har eit driftsnivå på grunnskulen (Seljord barneskule) som vil gje eit meirforbruk i 2016 på kr 522.000. Dette meirforbruket kan dekkjast opp med omdisponering av løyving frå disposisjonsfond til barnehagane. Barnehagane ser ut til berre å ha trong for inntil halvparten av den tilleggsløyvinga dei fekk i kommunestyresak 4/16. Dei andre programområda er "i rute" med nettoramma si. Inntekter frå sal av konsesjonskraft sviktar med kr 710.000, noko som kan dekkjast opp med kr 414.000 i høgare skatteinntekter, høgare rammetilskot på kr 91.000 og bruk av høgare integreringstilskot med kr 205.000.

Programområde 2 "Skule og oppvekst":

Denne budsjettkontrollen vil ha mest merksemd på programområde 2 "Skule og oppvekst", då det er dette området som slit med tilhøvet mellom netto driftsramme og driftsnivået, dvs. tenestenivået. Kommunalsjef for skule og oppvekst skriv:

Skulane
Budsjettkontrollen viser eit venta meirforbruk for barneskulen på kr 522.000 i 2016. Ein må rekne med auka utgifter for barneskulen og grunnskulesektoren i heile økonomiplanperioden 2016-2019, i og med eit vedvarande høgt elevtal i perioden. Skal ein redusere driftsnivået frå hausten 2016 vil dette føre til at elevar med behov for oppfølging får dårlegare tilpassa opplæring – det kan igjen føre til auka behov for spesialundervisning. Kommunalsjef for skule og oppvekst rår difor til at det etablerte driftsnivået for barneskulen i 2016 blir vidareført.

Ved barneskulen er det no 183 elevar, ved Flatdal skule vil det vere 70 elevar frå hausten 2016. Det er no bestemt at Åmotsdal Montessoriskule blir avvikla og ein får difor fleire elevar i Flatdal, noko som kan føre til behov for ressursar utover det som var lagt til grunn for budsjett 2016. På barneskulen i sentrum er det behov for klassedeling i 1. klasse, 2. klasse, 5. klasse og 7. klasse frå hausten 2016. Totalt 11 klassar.

Barneskulen i sentrum har auke i timar til særskilt språkopplæring grunna framandspråkleg elev (flyktning) som kom i januar 2016. Dette tiltaket var ikkje lagt til grunn i budsjett 2016. Totalt er det lagt til grunn at auke i bruk av ressursar til særskilt språkopplæring utgjer kr 215.000 inkl. sosiale kostnader i 2016. Denne auken kjem i tillegg til meirforbruket på kr 522.000 som det er gjort greie for i 1. avsnitt.

Barnehagane
Det er gjennomført etteropptak våren 2016 og auka bemanning frå hausten 2016 for å sikre etteropptak av nye barn i 2016, jf. vedtak i kommunestyresak 4/16 som seier at "meirkostnad grunna utvida etteropptak i 2016 blir finansiert av disposisjonsfond innanfor ei ramme på kr 1 mill.".

*Ved hovudopptak er barn født **til og med** oktober 2015 tildelt plassar frå dei fyller eitt år barnehageåret 2016/17. Det ser ut til å vere mindre etterspørsel etter barnehageplassar i etteropptak 2016 enn tidlegare (2012-2015). Da bemanningsplanen blir bestemt ut frå talet på plassar i bruk etter hovudopptak – og fordi det er mindre etterspørsel etter plassar i hovudopptaket – har vi framleis bemanningskapasitet til etteropptak hausten 2016, utan å auke bemanninga ytterlegare. Det ser difor ut til at det ikkje vil bli behov for å ta i bruk "garantien" for etteropptak 2016 (kr 1 mill.). Ein må ta atterhald om at denne situasjonen kan endre seg dersom ein får stor grad av tilflytting i løpet av hausten.*

Det er auke i spesialpedagogisk ressursar i barnehagane frå og med hausten, men omfanget er ikkje kjent per dags dato da sakkyndige rapportar ikkje er klare og kommunen ikkje har fatta endeleg vedtak.

*Kommunalsjef for skule og oppvekst legg til grunn at den samla meirkostnaden for etteropptak **og** utvida spesialpedagogiske ressursar for barnehagane ikkje vil bli større enn om lag kr 500.000 i 2016. Det er difor grunnlag for å vurdere om meirforbruket innanfor skulen kan dekkast opp innanfor millionen som er tildelt barnehage. I så fall ser programområde 2 "Skule og oppvekst" ut til å vere i økonomisk balanse.*

Sal av konsesjonskraft

Etter oversyn pr. 12.10.2015 frå konsesjonskraftstyret i Telemark vart det budsjettert med inntekter frå sal av konsesjonskraft i 2016 på kr 4.187.000. Etter nytt oversyn pr. 5. februar i år frå dagleg leiar i konsesjonskraftstyret er estimatet for 2016 nede i kr 3.477.000, ein reduksjon på kr 710.000.

Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Dei såkalla "frie inntektene" er skatt og statleg rammetilskot. Etter oppdatert prognose pr. 23. mai frå Telemarksforsking i Bø, med ein prognosemodell utarbeidd av KS, vert sum skatt og rammetilskot for 2016 kr 176.242.000, noko som er kr 921.000 meir enn budsjettert. Av denne veksten kjem kr 507.000 frå saldert statsbudsjett og kr 414.000 ved at skatteveksten er venta å auke frå 6 % til 6,4 %. Kr 416.000 av veksten frå saldert statsbudsjett må tilbakeførast til programområde 1 "Sentraladministrasjon og fellesutgifter". Dette fordi at skatteoppkrevjaren ikkje vart overført til staten pr. 01.06.2016 slik det vart lagt til grunn i framlegget til statsbudsjett i fjor haust. Netto vekst i frie inntekter vert då kr 505.000.

Integreringstilskot
Integreringstilskotet vert budsjettert etter kor mange flyktningar som er i kommunen pr. 1. januar i budsjettåret, dvs. flyktningar som er i 2. til 5. året i den 5-årsperioden kommunane får integreringstilskot. År 1 i perioden (budsjettåret) vert budsjettert etter kor mange flyktningar det er vedteke å ta imot dette året. Det vert ikkje budsjettert med integreringstilskot (og heller ikkje med utgifter) for eventuelle familiegjenforeningar. Hittil i år har det kome tre personar på familiegjenforening (kone og to born som vart gjenforent med ektemann/far). Dette har ført til kr 552.000 i meirinntekt (kr 184.000 x 3). Kr 215.000 av desse midlane vert overført til programområde 2 til dekking av ressursar til særskilt språkopplæring (jf. avsnittet om programområde 2). Det er ikkje kome meldingar om andre behov som fylgje av denne familiegjenforeninga. Av den attståande meirinntekta på kr 337.000, vert det gjort framlegg om å nytte kr 205.000 til delfinansiering av reduksjonen i inntekter frå sal av konsesjonskraft. Den siste delen på kr 132.000 vert overført til posten for tilleggsløyvingar.

Budsjettjusteringar

PO/Budsjettpost	**Meirutgift/ Mindreinntekt**	**Mindreutgift/ Meirinntekt**
Programområde 1 "Sentraladministrasjon og fellesutgifter"	416 000	
Programområde 2 "Skule og oppvekst"	215 000	
Sal av konsesjonskraft	710 000	
Tilleggsløyvingar	132 000	
Statleg rammetilskot		507 000
Skatteinntekter		414 000
Integreringstilskot		552 000
Sum	**1 473 000**	**1 473 000**

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å leggje fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen pr. 31.05.2016 syner at driftsbudsjettet er i balanse med dei endringane som går fram av punkt 2 og 3.
2. Det vert gjort dei budsjettjusteringane som går fram av avsnittet "Budsjettjusteringar" i saksframlegget.

På programområde 2 "Skule og oppvekst" vert det godkjent at av tilleggsløyvinga på inntil kr 1 mill. i kommunestyresak 4/16, 28.01.2016 "Utvida barnehageopptak i Seljord kommune" vert kr 522.000 overført frå barnehagane til grunnskulen (Seljord barneskule).

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

3. Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen pr. 31.05.2016 syner at driftsbudsjettet er i balanse med dei endringane som går fram av punkt 2 og 3.
4. Det vert gjort dei budsjettjusteringane som går fram av avsnittet "Budsjettjusteringar" i saksframlegget.

På programområde 2 "Skule og oppvekst" vert det godkjent at av tilleggsløyvinga på inntil kr 1 mill. i kommunestyresak 4/16, 28.01.2016 "Utvida barnehageopptak i Seljord kommune" vert kr 522.000 overført frå barnehagane til grunnskulen (Seljord barneskule).

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2016/441-2
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 27.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	65/16	09.06.2016
Kommunestyret	48/16	22.06.2016

Rapportering arbeidsprogram 2.kvartal 2016

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Arbeidsprogram 2016 - rapportering juni 2016
ex 2

Saksutgreiing:

Seljord kommune har i vedteke Handlingsprogram 2016 – 2019 gjeve føringar om at alle programområda skal utarbeide eit arbeidsprogram. Arbeidsprogrammet for programområda blei vedteken i kommunestyremøte 7.4.2016 sak 38/16. Dokumentet er eit viktig reiskap for intern kontroll, det sikrar at programområda har gode rutinar på kvalitet og resultatoppnåing, i tillegg er det er eit reiskap for politisk nivå, for å fylgje med på korleis framgangen er på vedteken handlingsprogram.

Dokumentets innhald:
1. Økonomi – Budsjett 2016 fordela på ansvar
2. Medarbeidar – Årsverk i stillingsplan 2016, fordela på funksjon og fagområde.
3. Oversikt over politiske føringar med fristar.
4. Arbeidsprogram 2016. Her skal oppgåver, tiltak og aktivitet synleggjera korleis ein skal nå strategimål 1 - 5 i kommuneplanens samfunnsdel.

Arbeidsprogrammet del 4 skal rapporterast på til politisk nivå andre og tredje kvartal. Rapporteringa synar at det er god flyt i oppgåvene/tiltaka og at mykje blir levera til fristen som er satt. Ein forklaring til fargekodane raudt, gult og grønt.

Raudt = oppgåva blir ikkje ferdigstilla til fristen. Det er krav til kort kommentar som syner kvifor oppgåve ikkje er løyst.
Gult = ein er i rute, men oppgåve er ikkje ferdig. Det er og gult dersom det kan vere usikkert om tiltaket blir ferdigstilla innan fristen, grunna utanforliggande årsaker.
Grønt = Oppgåve er ferdig/effektuera innan fristen. Tiltak er planlagt og i rute og det er ingenting som tyder på at oppgåva blir utsatt.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å ta 2. kvartals rapportering på arbeidsprogram til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å ta 2. kvartals rapportering på arbeidsprogram til vitande.

Utskrift til:

2016

Arbeidsprogram

Seljord kommune

17.03.2016

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

1.1. Økonomi

Tab 1 Budsjett 2016

Ansvar	Tekst	Utgift	Inntekt	Netto utgift
100	Folkevalde	2 002 000,00	-4 000,00	1 998 000,00
101	Kontrollorgan m.m.	824 000,00	-16 000,00	808 000,00
110	Rådmannskontor og fellestenester	9 237 000,00	-554 000,00	8 683 000,00
111	Økonomiavdelinga	3 949 000,00	-205 000,00	3 744 000,00
112	IT	4 384 000,00	-1 38000,00	3 000 000,00
113	Telefon	367 000,00	-60 000,00	307 000,00
114	Forsikringar	1 244 000,00	0,00	1 244 000,00
116	Personalavdelinga	4 535 000,00	-429 000,00	4 106 000,00
125	NAV-kommune	6 160 000,00	-1 00000,00	5 160 000,00
130	Kyrkjelege føremål	3 794 000,00	0,00	3 794 000,00
150	Tileggsløyvingar	3 440 000,00	0,00	3 440 000,00
180	Skattar og rammetilskot	513 000,00	-200 32000,00	-199 808 000,00
190	Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat	13 014 000,00	-3 704 000,00	9 310 000,00
Totalt	Programområde 1	53 463 000,00	-207 67000,00	-154 214 000,00
Ansvar	**Tekst**	**Utgift**	**Inntekt**	**Netto utgift**
200	Undervisningskontoret	5 984 000,00	-1 795 000,00	4 189 000,00
210	Barneskulen	17 620 000,00	-2 077 500,00	15 542 500,00
211	Ungdomsskulen	13 811 000,00	-1 440 500,00	12 370 500,00
212	Flatdal skule	9 274 000,00	-1 206 000,00	8 068 000,00
213	Åmotsdal skule	95 000,00	-35 000,00	60 000,00
220	Heddeli barnehage	8 386 000,00	-1 329 000,00	7 057 000,00
221	Tussejuv barnehage	10 382 000,00	-2 033 000,00	8 349 000,00
222	Flatdal barnehage	3 618 000,00	-1 054 000,00	2 564 000,00
223	Åmotsdal barnehage	3 563 000,00	-529 000,00	3 034 000,00
230	Kulturskulen	4 142 000,00	-994 000,00	3 148 000,00
Totalt	Programområde 2	76 875 000,00	-12 493000,00	64 382 000,00
Ansvar	**Tekst**	**Utgift**	**Inntekt**	**Netto utgift**
310	Legetenester	13 076 000,00	-7 205 000,00	5 871 000,00
311	Fysioterapitenester	1 635 000,00	-452 000,00	1 183 000,00
312	Helsestasjon	2 353 000,00	-466 000,00	1 887 000,00
313	Drift helsesenter	634 000,00	-148 000,00	486 000,00
320	Sosiale tenester			
321	Barneverntenester	4 572 000,00	0,00	4 572 000,00
330	Pleie- og omsorgskontor	2 721 000,00	-108 000,00	2 613 000,00
331	Heimetenester	14 599 000,00	-1 072 000,00	13 527 000,00
332	Habilitering og rehabilitering	4 347 000,00	-170 000,00	4 177 000,00
333	Sjukeheim	30 876 000,00	-6 549 000,00	24 327 000,00
334	Heddeli bu- og servicesenter	6 050 000,00	-1 556 000,00	4 494 000,00
335	Steinmoen bu- og servicesenter	4 391 000,00	-825 000,00	3 566 000,00
336	Omsorgsbustadar	201 000,00	-1 465 000,00	-1 264 000,00

337	Butilbod og tiltak for funksjonshemma	10 178 000,00	-1 744 000,00	8 434 000,00
Totalt	Programområde 3	95 633 000,00	-21 760000,00	73 873 000,00
Ansvar	**Tekst**	**Utgift**	**Inntekt**	**Netto utgift**
410	Plan og utvikling	1 124 000,00	-154 000,00	970 000,00
411	Landbruk og miljø	1 756 000,00	-339 000,00	1 417 000,00
440	Kultur og Næring	7 332 000,00	-2 515 000,00	4 817 000,00
Totalt	Programområde 4	10 212 000,00	-3 008 000,00	7 204 000,00
Ansvar	**Tekst**	**Utgift**	**Inntekt**	**Netto utgift**
500	Avdelingskontor teknisk	1 063 000,00	-41 000,00	1 022 000,00
510	Vedlikehaldsavd.	6 990 000,00	-420 000,00	6 570 000,00
520	Plan, byggje- og delesaker	1 769 000,00	-1 185 000,00	584 000,00
530	Vegar og grøntanlegg	3 730 000,00	-547 000,00	3 183 000,00
540	Brann- og feiarvesen	3 785 000,00	-1 515 000,00	2 270 000,00
550	Vatn	1 979 000,00	-4 966 000,00	-2 987 000,00
551	Avløp	3 464 000,00	-5 331 000,00	-1 867 000,00
552	Renovasjon	4 150 000,00	-4 401 000,00	-251 000,00
560	Utleigebustadar.	1 406 000,00	-2 243 000,00	-837 000,00
Totalt	Programområde 5	28 336 000,00	-20 649000,00	7 687 000,00

1.2. Medarbeidarar

Tab 2 Årsverk i stillingsplan 2016 - fordelt på teneste/fagområde

Teneste/fagområde PO1	**Årsverk i %**
1000 Folkevalde	120
1200 Adm. Leiarteam	400
1201 Adm. Felle merkantil (HTV og HVO)	86
2010/2020 Løn lærling	100
2420 Flyktning	140
2530 Løn lærling	200
2750 Introduksjonsordninga	60
1202 Adm - Økonomiavdeling	570
1203 Personalavdelinga	200
1203 Merkantil avdeling	260
1203/1300 Internpostbod og reinhaldar	109
Nav kommune	340
Sum programområde 1	**Totalt årsverk 25,85**
Teneste /fagområde PO2	**Årsverk i %**
1208 Undervisningskontoret, konsulentstilling	100
2020 Grunnskule	4975
2150 Skulefritidstilbod	273
2220 Skulelokale	392
2130 Vaksenopplæring	226
2010 Barnehage	4135
2110 Styrkt tilbod førskulebarn, ansv. 200 og styrking i bhg	180
2210 Førskulelokale	166
3830 Kulturskule	468

Sum programområde 2	Totalt årsverk 109,15
Teneste /fagområde PO3	**Årsverk i %**
2410 Legetenester	904,5
2411 Legevakt	225,1
2412 Fysioterapi	200
2320 Helsestasjon	210
2321 Helsestasjon, jordmor beredskap	60
2413 Drift helsesenter	70
1205 Tjenestekontor	280
2540 Heimesjukepleie	1262,4
2541 Heimehjelp	516,8
2341 Psykisk helse	493
2422/2430 Psykisk helse og rusomsorg	100
2431 Psykisk helse/rusomsorg-prosjekt	100
2530/2542/2543/2610 Nesbukti pleie- og omsorgssenter	3656,4
2542 Heddeli bu- og servicesenter	606,9
2543 Steinmoen bu- og servicesenter	512,3
2344 Aktivitetssenteret	329,6
2544 Heddelitunet	1006,8
Sum programområde 3	**Totalt 105,18 årsverk**
Teneste/fagområde PO4	**Årsverk i %**
1206 – Plan- og utvikling	40
3290/3600 – Landbruk- og miljø	180
3250/3851 – Kultur, næring og folkehelse	100
3700 - Bibliotek	200
3810 - Symjehallen	90
Sum programområde 4	**Totalt 6,10 årsverk**
Teneste/fagområde PO5	**Årsverk i %**
1207- Administrasjon	170
1900 – Utearbeidarane	600
3010/3020/3030 – Plan, bygg, oppmåling	200
3390 – Brannvesen	110
3400/3450 – Vatn	
3500/3530 – Avløp	100
Sum programområde 5	**Totalt 11,80 årsverk**

1.3 Politiske føringar 2016

Tabell 3, Politiske føringar for programområda sine prioriteringar i 2016

Sak	Tekst/føring
K-styresak 140/15	Omsorgsplan 2015 – 2018. Bukollektiv og dagaktivitetssenter i Nesvegen 7 og tilbygg til demensavdelinga.
K-styresak 6/16	Initiativ frå Kviteseid kommune om utvida samarbeid innan helsetenesta.
K-styresak 145/15	Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan med kommentarar 2016-2019
K-styresak 39/14	Rullering kommunedelplan Seljord sentrum
PMT-styresak 6/16	Endring reguleringsplan Seljord sentrum plankart II
K-styresak 55/13	Revisjon av konsesjonsvilkår Sundsbarm Kraftverk- Krav om opning av konsesjonssak

PMT-styresak 64/14	Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021- tiltak for Seljord kommune
K-styresak 1/15	Plan for å sikre godt psykososialt miljø i Seljordskulen
K-styresak 20/15	Forprosjekt Vest-Telemark
K-styresak 21/15	Forprosjekt Lifjell rundt
K-styresak 26/15	Byregionsprogrammet fase 2-prosjekt Framtidas kompetansestruktur i Vest-Telemark
K-styresak 27/15	Byregionsprogrammet fase 2-prosjekt Vennskap bygges av delte gleder, ikke av delte bekymringer
K-styresak 31/15	Livsfasepolitikk i Seljord kommune
K-styresak 1/16	Busetting av flyktningar i Seljord kommune 2016-2019
K-styresak 105/15	Utbedring av uteområdet ved Flatdal skule og Seljord barneskule
K-styresak 4/16	Utvida barnehageopptak i Seljord kommune
F-skap 25/16	Tilstandsrapporten for grunnskulen 2015

1.4 Arbeidsprogram

Visjon: Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu i, arbeide i og besøke.

Samfunnsmål:
1.Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.

2.Seljord kommune skal vere eit regionalt nærings- og servicesenter.

3.Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.

Mål for teneste:
4. Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.

Organisasjons- og utviklingsmål:
5. Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør.

For kvar av desse måla i samfunnsplanen er det knytt strategiar. Arbeidsprogrammet skal syne kva for aktivitet/tiltak som skal gjennomførast for å nå måla. For temaplanar som skal rullerast eller ferdigstillast i 2016 så skal dette kome fram under punkt 6.

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
1	**Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**	Programområde/ fagansvarleg		Fargekode grøn, gul, raud når ein rapporterer i juni og oktober
1.1	Gjennomføre risikovurdering, Ferdigstille overordna ROS- analyse, lukking av avvik	PO1/ KAESP	16.06	ROS- analyse er ferdig og skal til handsaming. Beredskapsplan blir ferdigstilt til hausten.

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
1.2	Innbyggjarhøyring på intensjonsavtaler om kommunesamanslåing	PO/1 KAESP	01.07	Tiltaket er gjennomført
1.3	Satse på fleire og varierte nye bustadetableringar gjennom restmidlar frå ordninga bustadetablering i distrikta – tiltak i bustadpolitisk plan	PO4/FRBER	31.12	Avklart at kommunen kan lyse ut nye prosjekt. Adm. ventar på endeleg tilbakemelding om fristar.
1.4	Starte opp fleire prosjekt med X tal nye bueiningar, i form av "Hamarøymodellen".	PO4/FRBER	31.12	Må avklare behov, ventar på tilbakemelding frå bustadtildelingsgruppa
1.5	Ferdigstille kommunedelplan for Seljord sentrum	PO4/FRBER	31.12	Ventar tilbakemelding frå Svv på ny kryssløysning, planen kan bli ytterlegare utsatt.
1.6	Rullere samfunnsdelen, ferdigstille planprogram	PO4/FRBER	01.11	Arbeidet er i rute
1.7				
1.8	Starte opp prosjekt med turveg og park frå Nesbukti til Skipperbakken.	PO4/FRBER	01.10	Ventar på klarering om grunnforhold og avtalar med grunneigarar.
1.9	Gjennomføre reguleringsendring Seljord sentrum plankart II	PO4/FRBER	01.10	I rute
1.10	Ferdigstille grøn-beplanting i bustadfelt Tømmeråsen	PO5/FRBER	01.08	I rute
1.11	VA-plan oppstart	PO5/FRBER	01.08	Skal tilsette ny prosjektarbeidar for dette arbeidet
1.12	Fylgje opp tiltak i trafikktryggleiksplan	PO5/FRBER	01.08	I rute
1.13	Ferdigstille nytt avløpssystem på Vallar	PO5/FRBER	31.12	Arbeidet er starta opp i samband med nytt vassverk. Ferdigstilling 2017
1.14	Renovere/ gjennoppbygge Bygdaråi bru	PO5/FRBER	01.08	Møte med Sweco og Svv 10 juni vil avklare framdrift
2	**Seljord kommune skal vere eit regionalt nærings- og servicesenter.**			
2.1	Fylgje opp Seljord næringshage gjennom tilrettelegging og etablering av nye verksemder.	PO4/FRBER	31.12	Arbeid er i rute
2.2	Fylgje næringsetableringar på Århusmoen og spesielt etablering av Vest-Telemark Teknologipark	PO4/FRBER	31.12	Arbeid er i rute
2.3	Deltaking og satsing på Byregions-programmet prosjekt Notodden	PO4/FRBER	31.12	Arbeidet er i rute
2.4	Deltaking og satsing på Byregions-programmet prosjekt Vest- Telemark	PO4/FRBER	31.12	Arbeidet er i rute

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
2.5	Prosjektere ny avkøyring industriområde Nordbygdi	PO5/FRBER	31.12	Arbeidet er lagt på vent til aktørane som skal etablere seg der har avklart tomteforhold.
3	**Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.**			
3.1	Vera budd på å yte gode helse- og omsorgstenester til dei som oppheld seg mellombels i kommunen	PO3/ROJEN	31.12	Gjeng som planlagt
3.2	Sørgje for tilstrekkeleg dimensjonering av tenesteapparatet ved store festivalar m.a. i høve til kommunens legevakt	PO3/ROJEN	31.12	Gjeng som planlagt
3.3	Ferdigstille forprosjekt opplevingsvegen om Nutheim 2017	PO4/FRBER	31.12	Gjeng som planlagt
3.4	Fokusere på god kommunal vertskapsrolle og gjennomføre kurs	PO4/FRBER	31.12	Gjeng som planlagt
3.5	Vurdere ny struktur kring reiseliv og turisme	PO4/FRBER	01.10	Gjeng som planlagt
4	**Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.**			
4.1	Skulane skal arbeide for å redusere andelen elevar på lågaste ferdigheitsnivå og resultat skal vere på nasjonalt nivå eller høgare.	PO2/ROSCH	31.12.	Gjeng som planlagt
4.2	Vidareutdanning av lærarar i og med deltaking i den statlege kompetansestrategien "Kvalitet for kompetanse" med inntil 6 nye lærarar.	PO2/ROSCH	15.03.	Kommunen søkte vidareutdanning for 5 lærarar, men fekk bare 2 med på ordninga 2016/17.
4.3	Skulane skal starte arbeidet med å etablere boksamlingar som er målretta for brukargruppa 1.-10.kl.	PO2/ROSCH	31.12.	Gjeng som planlagt. Er behov for auka innkjøp av bøker til boksamlingane.
4.4	Gjennomføre naudsynt vedlikehald og opprusting av skulane.	PO2/ROSCH	01.08.	Tre rom ved barneskulen skal vere ferdig oppussa til neste skuleår, 2016/17.
4.5	Etablere tilbod om lydstudio i nytt lokale i 2. etasje på Granvin.	PO2/ROSCH	01.08.	Gjeng som planlagt
4.6	Gjennomføre barnehageopptak for barn som fyller eitt år i tidsrommet september til og med desember.	PO2/ROSCH	31.12.	Auka bemanninga ved Tussejuv barnehage frå hausten 2016 for å kunne ta i mot eventuelle nye barn. Gjennomført hovudopptak for barn født til og med oktober 2016. Det er mao bare barn født i nov-des som per d.d. ikkje er tildelt plass til no i 2016.
4.7	Vurdere samarbeid og bruk av leiarressursane i barnehagesektoren.	PO2/ROSCH	31.12.	Gjeng som planlagt.

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
4.8	Ta i bruk fleire språkpraksisplassar i barnehagane i samband med kjøkken og matservering.	PO2/ROSCH	01.08.	Ikkje mogleg å gjennomføre utan auka ressursramme.
4.9	Oppretthalde lokal bemanningsnorm i barnehagane.	PO2/ROSCH	01.08.	Blir vurdert av adhoc-utvalet for bhg og blir lagt fram som sak for kommunestyret hausten 2016.
4.10	Sikre barn av deltakarar på introduksjonsprogrammet plass i barnehagen.	PO2/ROSCH	31.12.	Jf punkt 4.6. Barn av innvandrarar er sikra plass i og med auka bemanning/etteropptak 2016.
4.11	Etablere grunnskule år 1 ved Vaksenopplæringa og vurdere lokal utviding av grunnskuletilbodet.	PO2/ROSCH	01.08.	Ikkje etablert per d.d. Vil bli vurdert ut frå kor mange som har behov/rett til slik opplæring ved oppstart av nytt skuleår hausten 2016.
4.12	Etablere bufellesskap for inntil 5 einslege mindreårige flyktningar.	PO2/ROSCH	01.09.	Det er tilsett leiar ved bufellesskapet frå 1.6.16. Andre tilsette med frå 15.8.2016. Oppstart frå og med 15.9.2016.
4.13	Gjennomføre kommunestyrets vedtak i sak 140/2015 om bukollektiv, dagaktivitetssenter og tilbygg demensavdelinga, vidare prosjektering og tilbodsprosessar fram mot byggestart.	PO3/ROJEN	01.12	Prosjektet vil kunne bli forsinka med 2-3 månader p.g.a. reguleringsplansak.
4.14	Greie ut ulike modellar i ei arbeidsgruppe om etablering av ny interkommunal legevakt for dei 6 kommunane i VT, etter initiativ frå samhandlingsprosjektet i VT.	PO3/ROJEN	31.12	Gjeng som planlagt. Arbeidsgruppa er i gang.
4.15	Delta i pilotprosjekt om auka samarbeid mellom Seljord legevakt og akuttmedisinsk avdeling ved STHF.	PO3/ROJEN	31.12	Prosjektarbeidet gjeng som planlagt
4.16	Greie ut mogelegheiter for auka samarbeid mellom Kviteseid og Seljord kommunar innan helsetenesta.	PO3/ROJEN	31.12	Fyste møte har enno ikkje vore, men er under planlegging
4.17	Etablera eit demensteam, greie ut retningsliner og naudsynte rammer og ressursar.	PO3/ROJEN	31.12	Arbeidet gjeng førebels som planlagt.
4.18	Ta initiativ til å arrangere eit brukarrådsseminar i VT.	PO3/ROJEN	01.07	Vil neppe bli gjennomført innan frist
4.19	Greie ut modellar for etablering av felles psykologteneste og ØHD-plassar innan rus og psykiatri i VT etter initiativ frå samhandlingsprosjektet i VT.	PO3/ROJEN	31.12	Arbeidet er ikkje starta opp enno.
4.20	Auka samarbeid med friviljuge krefter m.v. om betra livskvalitet for eldre og funksjonshemma.	PO3/ROJEN		Arbeidet gjeng som planlagt.

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
4.21	Vidareutvikle og implementera kvardagsrehabilitering som metode.	PO3/ROJEN	31.12	Ingen nye tiltak utover det ordinære hittil.
4.22	Etablere forprosjekt nytt bibliotek	PO4/FRBER	01.08	Plannemnd er nedsatt og skal rapportere til kommunestyret innan 1.10.2016
4.23	Støtte og sikre største mogleg aktivitet på Granvin kulturhus	PO4/FRBER	31.12	
4.24	Fylgje opp opning av revisjon av konsesjonsvilkår Sundsbarm kraftverk	PO4/FRBER	31.12	
4.25	Sikre tiltak i handlingsplan for midtre Telemark vassområde	PO4/FRBER	31.12	Søknad er sendt
4.26	Oppmode innbyggjarar/grunneigarar å sikre fleire stader i kommunen for flaumutfordringar, kommunen skal vere pådrivar mot sektormynde	PO4/FRBER	31.12	Kontinuerleg arbeid
4.27	Yte god bistand for å oppretthalde dagens nivå innafor landbruket	PO4/FRBER	31.12	
5	**Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør**			
5.1	Ta i bruk digital post/ SvarUT	PO1/KAESP	01.03	Gjennomført
5.2	Kommunen si heimeside skal vere informativ, brukarvennleg og oppdatert. Sikre at Websida har gode grunnlagsdata.	PO1/INJEN	31.12	Kontinuerleg
5.3	Gjennom retningsliner og planer sikre at Seljord kommune er ein attraktiv arbeidsplass.	PO1/KAESP	31.12	Kontinuerlig prosess gjennom å tilby størst mogleg stillingar, jobbe for gode arbeidsmiljø og dyktige leiarar, jobbe med sjukefråværet.
5.4	Utvikle ein god og open kommunikasjon internt i organisasjonen, både mellom politisk og administrativt nivå og overfor innbyggjarane. Gjennomføre innbyggjarhøyring i samband med kommunereform. Bruke heimesida aktivt. Web-overføring av kommunestyremøte.	PO1/KAESP	31.12	Innbyggjarhøyring gjennomført Ny heimeside kontinuerleg oppdatering Web-overføring f.o.m. junimøtet
5.5	Søkje samarbeid med andre kommunar der dette er tenleg ut frå eit økonomisk, brukar- eller fagleg	PO1/KAESP	31.12	I regi av Vest-Telemarkrådet er prosjekt interkommunalt

Seljord kommune - Arbeidsprogram 2016

Nr	Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til:	Ansvar:	Frist:	Merknadar
	perspektiv.			samarbeid i gang.
5.6	Omorganisering av tenestene Vaksenopplæring og flyktningetenesta – oppretting av ny avdeling "Integrering og kompetanse".	PO2/ROSCH	1.8.2016	Arbeidet gjeng som planlagt, men er litt forseinka ift frist for oppstart 1.8.2016.
6	**Tema planar**			
6.1	Revidere bustadsosialhandlingsplan	PO1/ KAESP	31.12	Ikkje starta opp, og planarbeid vil truleg ikkje vere klart innan fristen grunna få ressursar.
6.2	Ferdigstille Arkivplan	PO1/INJEN	31.12	I gang med arbeidet
6.3	Ferdigstille Kompetanseplan	PO1/INJEN	31.12	I gang med arbeidet
6.4	Revidere alkoholpolitiske retningsliner jamfør lovendring	PO1/ KAESP	01.05	Gjennomført
6.5	Handlingsplan for undervisningssektoren	PO2/ROSCH	31.12.	
6.6	Plan for arbeid mot radikalisering	PO2/ROSCH	01.08.	Arbeidet gjeng som planlagt. Politisk sak etter sommarferien.
6.7	Rullere Plan for kultur i skulen	PO2/ROSCH	31.12.	Ikkje starta arbeidet.
6.8	Rullere Plan for kompetanseutvikling i skulane	PO2/ROSCH	01.08.	Ikkje starta arbeidet.
6.9	Handlingsplan for integrering og kompetanse	PO2/ROSCH	01.08.	Ikkje starta arbeidet.
6.10	Ferdigstille Folkehelsemelding for Seljord kommune	PO4/FRBER	01.12	Arbeidet er ikkje starta opp, og vil truleg ikkje vere klart innan fristen.
6.11	Ferdigstille planstrategi 2016-2020	PO4/FRBER	10.09	Arbeidet er i rute

Seljord kommune

Arkiv: 140
Saksnr.: 2016/127-3
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 31.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	66/16	09.06.2016
Kommunestyret	49/16	22.06.2016

Kommunal planstrategi -Seljord kommune 2016 -2019

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Planstrategi Seljord kommune 2016 - 2019

Saksutgreiing:

Kommunestyret skal, innan eit år etter det vart konstituert, vedta kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova §10-1. Framdrifta i arbeidet med planstrategi er tilpassa kommunereforma, og utkast til planstrategi vert no lagt fram for formannskapet som eigen sak. Etter at formannskapet har behandla planstrategien, skal planstrategien gjerast offentleg kjent i minimum 30 dagar før behandling i formannskapet i august og med endeleg vedtak i kommunestyret 8. september.

I drøftingssaka i mai kom det ikkje fram konkrete endringar til utkast. Behov for eigen næringsplan blei drøfta, men administrasjonen meiner at ein får best resultat av å ha klare mål og strategiar knytt til næringsutvikling i samfunnsplanen. Arbeid med handlingsprogram vil fange opp behov for justeringar, og slik vil næringsarbeidet i kommunen vere meir dynamisk og med høve til å rask skifte endring dersom det er naudsynt.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til at vedlagt høyringsutkast til Kommunal planstrategi for Seljord kommune 2016 -2019 blir lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10.juni – 01. august.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke med 6 røyster

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Formannskapet vedtek at vedlagte høyringsutkast til Kommunal planstrategi for Seljord kommune 2016 -2019 blir lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10.juni – 01. august.

Utskrift til:

SELJORD KOMMUNE

Planstrategi 2016 - 2019

Høyringsversjon

09.06.2016

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men kommunestyret si prioritering av planressursane i valperioden. Planstrategien skal klargjere kva for planoppgåver som skal gjennomførast for å legge til rette for ei ynskt utvikling i kommunen.

Innhold

Innleiing 1
Nasjonale forventningar 2
Evaluering av gjeldande kommuneplan 3
Utviklingstrekk og utfordringar 4
Vurdering av planbehovet - rullering av kommuneplanen 4
Kommuneplanens samfunnsdel (2006): 4
Kommuneplanens arealdel (2006): 4
Vurdering av planbehovet – rullering av kommunedelplanar 4
Vurdering av planbehovet – temaplanar som ikkje følgjer plan- og bygningslova 5
Nye planbehov i perioden 5
Planar som utgår 6

Innleiing

Kommunestyret skal gjennom planstrategien ta stilling til om kommuneplanen skal rullerast. Systematisk planlegging er naudsynt for å sikre ei målretta utvikling av Seljord som lokalsamfunn og som organisasjon. Planlegging skal vere behovsstyrt, realistisk i høve til tilgjengelege ressursar og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Figuren under viser planstrategien sin plass i det kommunale planhierarkiet:



Nasjonale forventningar

Staten har samla sine forventningar til kommunal planlegging i eit eige forventningsdokument,
forventningane er konkretisert innafor 3 tema:

- Gode og effektive planprosessar
- Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområder

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommune og kommune legg særskilt vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningane er såleis retningsgivande for kommunens planlegging.

Tabellen under viser dei nasjonale forventningane og korleis Seljord kommune prioritetar desse i sin planstrategi:

Nasjonale forventningar	Prioritert tema frå kommunen i planstrategien	Oppfylging for å sikre betre samhandling nasjonalt og regionalt
Gode og effektive planprosesser		
Enklare regelverk og betre samarbeid	Høgt	Auka ansvar til kommunen for nasjonale, regionale og lokale interesser, samt auka lokalt sjølvstyre. Endringar i lovverk er viktig for å sikre dette. Samhandling på tvers av regionar og samordning av regionale planar er naudsynt.
Målretta planlegging	Middels	Planar med konkrete tiltak som gjer føringar for kommunale planar må vere forutsigbare og vere tufta på lokalt og regionalt samarbeid.
Auka bruk av IKT i planlegginga	Lågt	Seljord kommune har gode rutinar og oppdatera IKT løysingar som sikrar godt samspel med regionale og nasjonale mynde.
Berekraftig areal og samfunnsutvikling		
Eit klimavenleg og sikkert samfunn	Høgt	Rullere klima og energiplan for Seljord, samt få ei oppdatera overordna ROS og beredskapsplan.
Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar	Høgt	Seljord har fleire viktige natur- og kulturvern områder som ein skal forvalte gjennom heilskapleg arealplanlegging.
Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse	Høgt	Satsing på auka næringsutvikling og arbeidsplassvekst er eit viktig område som ein må jobbe med utover eigen kommune. Statlege verkemiddel som Innovasjon Norge og SIVA er viktige satsingsområder for sterke distrikta.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde		
Samordna bustad, areal- og transportplanlegging	Høgt	Nye nasjonale retningsliner for samordna bustad, areal og transport, samt ATP Telemark gjer viktige føringar for utvikling av tettstader og arealutnytting i sentrumsområder.
Eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem	Høgt	Seljord er eit regionalt viktig knutepunkt for kollektivtransporten i fylket. Eit betre utbygd kollektivtilbod og gode samferdselstiltak på riks og fylkesvegsnettet er viktig for ein bærekraftig distriktspolitikk.
Levande by- og tettstadsenter	Høgt	Utvikling av Seljord sentrum med fokus på gode bu-kvalitetar og ei framtidsretta stads-utvikling har fortsatt høg prioritet.
Helse og trivsel	Høgt	Ny samfunnsplan skal sette klare mål for korleis kommunen skal lykkast med det gode livsløpet med særskilt fokus på born og unge.

Evaluering av gjeldande kommuneplan

Samfunnsdelen av kommuneplan for Seljord kommune vart vedtatt i 2006. Planen har fleire og gode strategiar og mål for Seljordssamfunnet, men planen er ikkje utarbeida etter ny plan og bygningslov. Såleis er det ikkje er godt nok styringsverkty for kommunens langsiktige utvikling. Det er viktig at samfunnsdelen gir heilskaplege og langsiktige mål og strategiar for heile den kommunale verksemda og for alle områder som kommunen forvaltar. Gjeldande plan gir ikkje dette tilstrekkeleg, og det er allereie klart at kommunen skal rullerer samfunnsdelen med oppstart hausten 2016.
Det vil bli fokusera på at samfunnsdelen skal ivaretaka behovet for klare strategiske målsettingar for korleis kommunen sin ynskja samfunnsutvikling skal realiserast, samt korleis kommunen sin organisatoriske utvikling best mogleg skal bygge opp under desse.

Arealdelen av kommuneplan for Seljord vart vedtatt i 2006. For Flatdal (1991) og Seljord sentrum (2012) er det utarbeida eigen kommunedelplan. Administrativ evaluering av kommuneplanen sin arealdel er at denne fungerer dårleg som styringsverkty. Planen er grovmaska og det er fleire områder som manglar grunnleggande kunnskap mellom anna knytt til skred og flaumfare. Dei fleste område for spreidd hyttebygging er bebygd og det vert stadig gjeve dispensasjon frå planen på dette området. Arealpolitikken i pressområdet Seljord sentrum, er godt ivareteken gjennom kommunedelplan for Seljord sentrum som er under revidering. Planen skal endeleg vedtakast til hausten 2016.

Seljord kommune bør leggje opp til å få til ei systematisk god struktur på overordna planlegging som grunnlag for prioritering av ressursar. Stram økonomi gir likevel ikkje mykje rom for å prioritere fleire nye satsingsområde innan samfunnsområdet. Kommunens primærområder må sikrast gode vilkår og utviklinga må syne eit tett samspel mellom må og vil oppgåver i vidare oppfølging av handlingsdelen.

Nye planar skal utarbeidast etter mal frå samfunnsdelen med konkrete tiltak som byggjer oppunder kommuneplanens mål og strategiar. Overordna mål og strategiar bør også gjerast betre kjent nedover i organisasjonen. Det er knapphet på ressursar i organisasjonen til å

gjennomføre planarbeid etter plan og bygningslova, samt fylgje opp desse. Ny planstrategi bør difor ikkje leggje opp til eit omfattande og ressurskrevjande plan hierarki. Dersom det blir ny kommune mellom Kviteseid og Seljord etter avklaring om ny kommunestruktur bør ny samfunnsdel vere eit planarbeid som begge kommunane utarbeidar i fellesskap.

Utviklingstrekk og utfordringar

Utfordringar i kommunal tenesteyting og samfunnsutvikling for Bø, Nome, Sauherad og Seljord kommunar er vist i vedlagte utfordringsnotat. Utfordringsnotatet er utarbeidd av interkommunalt planforum i Midt-Telemarkrådet saman med Seljord.

Planressursane i perioden bør prioriterast på bakgrunn av dei utfordringane kommunen står ovanfor. Notatet viser tydlege utfordringar knytt til særskilt demografi og eit behov for auka befolkningsvekst.

For tenester innan helsesektoren og korleis ein skal møte utfordringar med stadig aukande tal på eldre bør ein vurdere i eigen kommunedelplan.

Klimaendringane i verda gjer store utslag for Seljordssamfunnet. Større og hyppigare flaumar, fare for skred og øydelagt infrastruktur vil gje utfordringar i åra framover. Å møte desse krev langsiktig planar som er oppdatert i høve til siste prognosar.

Vurdering av planbehovet - rullering av kommuneplanen

Kommuneplanens samfunnsdel (2006):

Administrasjonen vurderer planen som eit dårleg styringsverktøy.
Det vert lagt opp til rullering av samfunnsdelen i inneverande periode med oppstart hausten 2016. Dersom det vert kommunesamanslåing vil det vere behov for å utarbeide ein ny samfunnsdel for den nye kommunen som er klar til vedtak når nytt kommunestyre trer saman.

Kommuneplanens arealdel (2006):

Administrasjonen vurderer planen som eit dårleg styringsverktøy. Planen er grovmaska og det er fleire områder som manglar grunnleggande kunnskap mellom anna knytt til skred og flaumfare. Dersom det vert fatta vedtak om kommunesamanslåing, bør rullering av arealdelen prioriterast med oppstart mot slutten av perioden.
Dersom det ikkje vert kommunesamanslåing, bør planen rullerast når det føreligg kunnskapsgrunnlag for skredfare. Det er fatta vedtak om statleg kartlegging og denne kjem i gang i 2017/18.

Vurdering av planbehovet – rullering av kommunedelplanar

- *Kommunedelplan for Seljord sentrum* (2012): Planen blei revidert med oppstart i førre periode. Administrasjonen ser ikkje behov for å rullere denne på nytt i inneverande periode, det vil bli fatta vedtak om revidert kommunedelplan hausten 2016 dersom alt gjeng etter planen.

- *Kommunedelplan for Flatdal* (1991): Planen bør rullerast, men rullering av kommuneplanens arealdel er høgare prioritert då dette arbeidet vil gje viktig informasjon om flaum og skredfaren i området. Når arealdelen er ferdig bør ein vurdere om rullering av kommunedelplan for Flatdal er naudsynt.

Vurdering av planbehovet – temaplanar som ikkje følgjer plan- og bygningslova

- *Bustadpolitisk plan 2013 – 2017*. Planen bør rullerast når samfunnsdelen er vedteken. Rulleringa skal byggja opp under mål og strategiar i kommuneplanen for auka befolkningsvekst og bustadutvikling.
- *Klima og energiplan for Seljord kommune 2009 – 2012.* Planen bør rullerast når samfunnsdelen er ferdig. Telemark fylkeskommune får utarbeida eigen klimaprofil i løpet av vinteren 2016, denne bør danne grunnlag for oppstart av planarbeidet.
- *Handlingsplan for undervisningssektoren 2013 – 2017*. Planen bør rullerast og ein bør utarbeide ny, revidert versjon for planperioden 2016 - 2019.
- *Plan for trivsel og oppvekst* – Bør rullerast og utarbeidast som eigen kommunedelplan når samfunnsdelen er ferdig, med tema Det gode livsløp med fokus på born og unge.
- *Plan for idrett og friluftsliv* – planen er ikkje prioritert og bør sjåast i samanheng med utarbeiding av samfunnsdelen og i samband med dette vurdere om det er behov for eigen plan på området.
- *Plan for folkehelse* – planen er ikkje prioritert og bør sjåast i samanheng med utarbeiding av samfunnsdelen og i samband med dette vurdere om det er behov for eigen plan på området.
- *Plan for barnefattigdom* – planen har ikkje hatt fokus dei siste 3 åra. Den er ikkje løfta til politisk handsaming og bør difor inngå som eit fokusområde når kommunedelplan for trivsel og oppvekst startar opp.
- Omsorgsplan 2015 – 2018. Bør rullerast og utarbeidast som eigen kommunedelplan når samfunnsdelen er ferdig. Korleis kommunen skal handtere den demografiske endringa med stadig eldre innbyggjarar må ha fokus.
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016- 2019. Planen er nyleg revidert og vedtakast sommaren 2016, ingen behov for rullering i planperioden.
- Overordna ROS analyse 2016 - 2019, ferdigstillast i løpet av juni 1016 - Analysa skal rullerast minst ein gong kvart 4. år. Oppstart med ny rullering 2019. Ny kunnskap om klimaprognosar for Telemark må leggast til grunn ved ei ny rullering.
- Berdeskapsplan og plan for kriseleiinga 2016 – 2019, planen skal etter planen vere ferdig medio juni 2016. Vurdere rullering i slutten av perioden.
- Trafikktryggleiksplan 2016 - 2019: Planen bør rullerast i slutten av perioden. Jamleg rullering av planen er ein føresetnad for at kommunen skal kunne søke om trafikktryggleiksmidlar frå Telemark fylkeskommune.

Nye planbehov i perioden

Kommunen sin overordna plan for vassforsyning og avløpshandtering skal ferdigstillast i løpet av 2018. Konsekvensar av klimaendringar må vurderast i planen.

Plan	2016	2017	2018	2019	
Kommuneplanens samfunnsdel 2006 - 2021	X				Oppstart planprogram hausten 2016
Kommuneplanens arealdel 2006 - 2021			X		Oppstart når arbeidet med statleg farekartlegging er ferdig
Kommunedelplan for Seljord sentrum 2016 - 2031					Ingen rullering i perioden
Kommunedelplan for Flatdal 1991 - 2006				X	Vurdere rullering når statleg farekartlegging og kommunes arealdel er ferdig utarbeida
Omsorgsplan 2015 - 2018			X		Rullering av ny plan – planen bør utarbeidast som ein kommunedelplan (KDP) når samfunnsdelen er ferdig
Plan for trivsel og oppvekst		X			Rullering av ny plan – planen bør utarbeidast som ein kommunedelplan (KDP) når samfunnsdelen er ferdig
Bustadpolitisk plan 2013- 2017			X		Rullere planen så den samsvarar med overordna mål og strategiar i samfunnsplanen.
Klima og energiplan 2009 - 2012		X			Planen bør rullerast når samfunnsdelen er ferdig.
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016- 2019					Ingen behov for rullering i perioden
Handlingsplan for undervisningssektoren 2013 – 2017	X				Planen skal rullerast
Overordna ROS analyse 2016 - 2019				X	Oppstart med ny rullering i slutten av perioden
Berdeskapsplan og plan for kriseleiinga 2016 – 2019				X	Oppstart med ny rullering i slutten av perioden
Trafikktryggleiksplan 2016- 2019				X	Oppstart rullering i slutten av perioden
Overordna plan for vassforsyning og avløpshandtering	X				Ny plan skal ferdigstillast i løpet av 2018. Konsekvensar av klimaendringar må vurderast i planen.

Planar som utgår

- Plan for barnefattigdom – innarbeidast med tiltak i KDP for trivsel og oppvekst
- Plan for folkehelse – Eiget fokusområde i samfunnsdelen ikkje behov for eigenplan då folkehelseomsynet skal vere tilstade i alle planverk.
- Plan for idrett og friluftsliv – Eige fokusområde i samfunnsdelen – vurdere planbehov.

Seljord kommune

Arkiv: X20
Saksnr.: 2016/277-4
Sakshand.: Egil Birkrem
Direkte tlf.: 35065163
Dato: 18.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Beredskapsråd	1/16	02.06.2016
Kommunestyret	50/16	22.06.2016

Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2016

Saksdokument:

Invitasjon til dialogmøte med sentrale samfunnsaktørar
Referat frå dialogmøte
Risiko- og sårbarheitsanalyse 2016

Vedlegg:
1 Saksframlegg med vedtak overordna ROS 2014
2 Heilskapeleg ROS-analyse mai 2016
3 Vedlegg kartutsnitt frå NVE

Saksutgreiing:

Seljord kommunestyre godkjente i sak nr 26/14 den 08.05.2014 dagens gjeldanes overordna ROS (risiko- og sårbarheits) - analyse. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med sikkerheit og bereskapsarbeid i Seljord kommune i mai 2014. Tilsynet avdekka avvik i kommunens beredskapsarbeid i samsvar med krava i lov og forskrift (*sivilbeskyttelseslova* §29 og *forskrift om kommunal beredskapsplikt* §10).

Kommunen fekk fylgjande 2 avvik på overordna ROS-analyse:

- *ROS-analysen er mangelfull når det gjelder korleis dei ulike hendingane kan påverke kommunen.*
- *Det er ikkje vurdert om evakuering og varsling av befolkninga er aktuelt.*

Fristen for å lukke avvika vart sett til "i løpet av 2015".

Arbeidsgruppa som utarbeida den overordna ROS-en i 2014 fekk i oppdrag av Styringsgruppa (rådmann og kommunalsjefar) og revidere ROS-en. Arbeide vart starta på hausten 2014.

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap – DSB – har utarbeid ein ny *"Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen"* som er utgitt hausten 2014. Etter rådføring med beredskapsrådgjevar hjå Fylkesmannen kom arbeidsgruppa fram til at kommunen skulle utarbeide ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som tek utgangspunkt i rettleiaren til DSB. I denne rettleiaren er tematikken rundt desse avvika omhandla. Fristen for å lukke avvika vart også endra til 15.06.16. Det vidare arbeidet vil vere å utarbeide ein overordna beredskapsplan med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen. ROS-analysen skal rullerast i tråd med kommunal planstrategi som ein temaplan.

Arbeidsgruppa utarbeida ein førebels heilskapleg ROS-analyse som bygger på ROS-en frå 2014. Det er nå analysert 12 ulike uønskte hendingar som etter gruppa si vurdering kan få større konsekvens for kritiske samfunnsverdiar i Seljord kommune. Desse 12 uønskte hendingane er alle analysert i den overordna ROS 2014, men fleire uønskte hendingar (totalt 31 i 2014) er nå vurdert ved å analysere om uønskt hendingar har overføringsverdi til andre hendingar.

Denne førebels heilskapleg ROS-en vart sendt ut til sentrale samfunnsaktørar i Seljord og invitert til eit dialogmøte den 18.02.2016.

Dei sentrale samfunnsaktørane er:

Telemark Bilruter, Vest-Telemark Kraftlag, Skagerak Energi (Sundsbarm Kraftverk), Dyrsku´n Arrangement, Seljordfestivalen, Lensmannen i Seljord, Telemark Sivilforsvar, Vest-Telemark Brannvesen, Seljord Rødekors, Statens vegvesen, Seljord Ambulanse, Heimevernet og Telenor. Innspel til og frå dette møte er implementert i den heilskaplege ROS-analyse for Seljord kommune.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen tilrår at Beredskapsrådet gjer fylgjande tilråding til kommunestyre:

Med heimel i §14 i sivilbeskyttelseslova vedtek kommunestyre den overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune 2016 slik den ligg føre.

Handsaming i Beredskapsråd - 02.06.2016

Vedteken i samsvar med rådmannen si innstilling.

Vedtak i Beredskapsråd - 02.06.2016

Med heimel i §14 i sivilbeskyttelseslova vedtek kommunestyre den overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune 2016 slik den ligg føre.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv:	X20
Saksnr.:	2014/512-3
Sakshand.:	Egil Birkrem
Direkte tlf.:	35065163
Dato:	07.04.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Beredskapsråd	1/14	24.04.2014
Kommunestyret	26/14	08.05.2014

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse

Saksdokument:

Overordna ROS-analyse

Saksutgreiing:

I januar 2010 tok krava til kommunal beredskapsplikt i kraft. Lova endra namn frå "Lov om Sivilforsvaret" til "Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)" Forskrift om kommunal beredskapsplikt vart gjort gjeldanes frå 7 oktober 2011.
Det nye i lova er at kommunen påleggast ei generell beredskapsplikt.
Kommunen har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta innbyggjars sikkerheit og trykkleik innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i kommunane, og kommunen utgjer det lokale fundament i den nasjonale beredskap.
Kommunen er i henhold til sitt grunnleggande ansvar pålagt krav til å gjere førebuingar til beredskapen på ulike områder. Den kommunale beredskapsplikta pålegg kommunen ei sektorovergripande kommunal beredskapsplikt, som skal bidra til at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i ei meir heiskapeleg perspektiv. Grunnlaget for beredskapsarbeidet i kommunen skal vere ei heilskapleg risiko- og sårbarheitanalyse (ROS-analyse), der kommunen kartlegg kva for uønskte hendingar som kan inntreffe, vurdere sannsynet for at slike hendingar skjer og korleis slike hendingar vil kunne påverke lokalsamfunnet.
Med utgangpunkt i analysen skal kommunen utarbeide ein overordna beredskapsplan som skal vere samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar. Det er også ei føresetnad at analysen leggast til grunn for og integreras i kommunale planprosessar.

Seljord kommune har i dag ei ROS-analyse der arbeidet vart starta på 1995 og siste gong revidert i hausten 2004. Denne ROS-analyse vart utarbeid med grunnlag i " Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyse" utarbeidd av DSB.

Seljord kommunestyre vedtok den 13.13.12 i sak 61/12 "Kommunal planstrategi for Seljord 2012 – 2016". Her vart det rådd til at revideringa av ROS-analyse vert starta på i 2013 med mål om vedteken ROS-analyse innan utgangen av 2013.

Beredskapsrådet i Seljord vedtok den 06.05.13 i sak 1/13 fylgjande:
Seljord kommune skal innan utgangen av 2013 ha gjennomført ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Rådmannen gjennomfører arbeidet og legg saka fram for kommunestyre.

Ei arbeidsgruppe på 4 personar som alle er med i kriseleiinga i Seljord kommune vart danna. Arbeidet tok til sommaren 2013. ROS-analysen skal rullerast i tråd med kommunal planstrategi som ein temaplan.
Etter at arbeidsgruppa hadde utarbeida ein førebels overordna ROS-analyse vart denne sendt ut til sentrale samfunnsaktørar i Seljord og invitert til eit dialogmøte i mars 2014. Dei sentrale samfunnsaktørane er:
Telemark Bilruter, Vest-Telemark Kraftlag, Skagerak Energi (Sundsbarm Kraftverk), Dyrsku´n Arrangement, Seljordfestivalen, Lensmannen i Seljord, Telemark Sivilforsvar, Vest-Telemark Brannvesen og Seljord Rødekors.
Innspel frå dette møte er implementert i den overordna ROS-analyse for Seljord kommune.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen tilrår at Beredskapsrådet gjer fylgjande tilråding til kommunestyre:

Med heimel i §14 i sivilbeskyttelseslova vedtar kommunestyre den overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune 2014 slik den ligg føre.

Handsaming i Beredskapsråd - 24.04.2014

Seljord kommune informerte om overordna ROS analyse for Seljord kommune.

Det vart gitt kommentarar til planen om meir detaljera tilhøve. Desse tilhøva vil kome fram i detaljera beredskapsplanar.

Sivilforsvaret informerte
HV informerte
Vest-Telemark brannvesen informerte
Politiet informerte
Røde kors informerte

Vedtak i Beredskapsråd - 24.04.2014

Beredskapsrådet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak.

Med heimel i §14 i sivilbeskyttelseslova vedtar kommunestyre den overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune 2014 slik den ligg føre. Detaljera beredskapsplanar vil basere seg på den overordna ROS analysa.

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2014

Beredskapsrådet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.05.2014

Med heimel i §14 i sivilbeskyttelseslova vedtar kommunestyre den overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune 2014 slik den ligg føre. Detaljera beredskapsplanar vil basere seg på den overordna ROS analysa.

SELJORD KOMMUNE

HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE 2016

Foto: Dag Jensen

SELJORD KOMMUNE 2016

Mai 2016

Innhald

DEL 1 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON 4
DEL 2 INTRODUKSJON MED SKILDRING AV BAKGRUNN, FORMÅL, FØRESETNADER OG AVGRENSINGAR 5
Formål 6
Organisering, roller og ansvar 6
DEL 3 INFORMASJON OM KOMMUNEN 6
Lokale tilhøve 7
DEL 4 DELTAKARAR I ARBEIDET OG KORLEIS ULIKE INTERESSENTAR HAR VORE INVOLVERTE 9
Styringsgruppa 9
Prosjektgruppa 9
DEL 5 METODE OG UTTRYKK 9
Uttrykk som vert nytta i analysen 9
DEL 6 IDENTIFISERING AV UØNSKTE HENDINGAR 11
Uønskte hendingar 11
Svikt i kritisk infrastuktur: 12
El-forsyning og elektronisk kommunikasjon (e-kom) 12
Ulykker i samband med transport: 12
Ulykker i næringslivet 13
Uønskte naturhendingar 14
Flaum 14
Dambrot 15
Skogbrann 15
Andre ulykker/kriser 16
Vassforsyning og akutt ureining 16
Sjukdomar/hendingar som rammar menneske 16
Atomulykker 17
Terror/sabotasje/truslar/kidnapping/gisseltaking 18
Hendingar utanfor kommunen 18
Framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar 18
Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre 19
DEL 7 RISIKOANALYSE OG SÅRBARHEITSVURDERING 20
DEL 8 IDENTIFIKASJON AV RISIKOREDUSERANDE TILTAK 21
DEL 9 FRAMSTILLING AV RISIKO- OG SÅRBARHEITSBILDET 22

01 SVIKT I KRAFTFORSYNING 22
02 BROT I E-KOM 24
03 SKRED (ALLE TYPAR) 26
04 EKSTREMVÊR OG FLAUM 28
05 DAMBROT 30
06 SKOGBRANN 32
07 STOR TRAFIKKULYKKE 34
08 ULYKKE I NÆRING/STØRRE INSTITUSJON 36
09 ULYKKE VED STØRRE ARRANGEMENT 38
10 TRUSSELSITUASJON - SKYTING PÅ SKULE 40
11 SJUKDOMSUTBROT/PANDEMI 42
12 ATOMULYKKE – UTSLEPP FRÅ SELLAFIELD ATOMKRAFTVERK 44
DEL 10 KORLEIS DEI ULIKE KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONANE BLIR PÅVERKA AV DEN EINSKILDE HENDINGA 46
DEL 11 FORENKLA FRAMSTILLING AV KONSEKVENSEN FOR ULIKE SAMFUNNSVERDIAR 47
Samfunnsverdi: Liv og helse – Konsekvens: Dødsfall 47
Samfunnsverdi: Liv og helse –Konsekvens: Skader og sjukdom 48
Samfunnsverdi: Stabilitet – Konsekvens: Manglande dekning av grunnleggande behov 49
Samfunnsverdi: Stabilitet – Konsekvens: Påverkar dagleglivet 50
Samfunnsverdi: Natur og miljø – Konsekvens: Langtidsskader naturmiljø 51
Samfunnsverdi: Natur og miljø – Konsekvens: Langtidsskader kulturmiljø 52
Samfunnsverdi: Materielle verdiar – Konsekvens: Økonomiske tap 53
DEL 12 RISIKOHANDTERING – FRAMLEGG FRÅ PROSJEKTGRUPPA OM MÅL, STRATEGIAR OG TILTAK I OPPFØLGINGSPLAN 54
DEL 13 REFERANSAR 56
DEL 14 VEDLEGG 58

DEL 1 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) starta hausten 2013. Kommunen vedtok ny heilskapleg ROS våren 2014, men fekk etter tilsyn frå Fylkesmannen i Telemark fleire avvik. Kommunen har difor valt å omarbeide overordna ROS etter nye retningsliner frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).

Den heilskapelege ROS-analysen er grunnlag for kommunen sitt beredskapsarbeid og skal rullerast kvart 4. år.

Statistisk ligg Seljord kommune langt nede på statistikken for sårbarheit utan at det skal påverke kommunen sitt arbeid og innsats innanfor risikoutsette og sårbare område.Trass dette har ein gjennom arbeidet med planen sett at Seljord har fleire område der ein kan oppleve eit aukande trusselbilete, dette gjeld for det meste hendingar skapt av menneske (terror og sabotasje), og hendingar som er naturbaserte og som aukar på grunn av klimautfordringar.

Seljord kommune har inga stor industriverksemd, kommunen er ein besøkskommune med fleire større arrangement kvar sommar/haust. Kommunen er òg ein gjennomfarts-kommune med europaveg 134 (E 134) og riksveg 36 (rv 36) som dei viktigaste transportårene. Ny tunnel mellom Gvammen – Århus som opnar i 2019, vil truleg endre og auke trafikken på E 134.



Risikobildet for Seljord (figur til venstre) viser at ulykke ved større arrangement, skogbrann og svikt i kraftforsyning har det høgste sannsynet.

I figuren viser vi samanhengen mellom sannsynet og konsekvensen for sju av dei 12 uvalde hendingane. Ein ser at ulike vêrtypar kan føre til store utfordringar for kommunen. Det er viktig å følgje opp dette arbeidet med eit godt tilpassa kriseplanverk, ein veldriven kriseorganisasjon og hyppige øvingar. Arbeid med nye og endra tiltak for å redusere sannsynet og konsekvensane, er viktig i åra som kjem.

DEL 2 INTRODUKSJON MED SKILDRING AV BAKGRUNN, FORMÅL, FØRESETNADER OG AVGRENSINGAR

Dagens moderne samfunn blir meir og meir avhengig av at infrastrukturen ikkje sviktar. For 40 år sidan kunne ein leve utan el-forsyning og telekommunikasjon i fleire dagar utan særleg store problem. I dag gjev slike avbrot omfattande og kostbare konsekvensar. Samstundes ligg Seljord kommune slik til geografisk at denne typen utstyr kan bli utsett for svært store belastingar, og reparasjonar kan ta lang tid. Ekstremvêr kan føre til avbrot i andre kommunikasjonslinjer, truge forsyningstryggleiken og føre til tap/skade på liv og helse og materielle skader. Styresmaktene varslar at klimaendringane kan gi meir ekstremt vêr med høgare vindstyrke, kraftigare nedbør og vinterflaumar. Større nedbørsmengder kombinert med frostsprenging kan forsterke eksisterande rasfare langs fjellsider, eventuelt også gjere fleire område skredfarlege som igjen vil svekke trafikktryggleiken. Dette kan få svært store konsekvensar, spesielt dersom slike hendingar er kombinert med ekstremvêr, og der kritisk infrastruktur heilt eller delvis er ute av drift.

Prinsipp som ligg til grunn for krisehandtering er ansvar, nærleik og likskap. Den som har ansvaret til dagleg, har også ansvaret for beredskapsplanlegging og tiltak i ei krise. Nærleiksprinsippet inneber at kriser skal handterast på lågast mogeleg nivå, medan likskapsprinsippet tyder at organiseringa av verksemda i ei krise skal vere mest mogeleg lik den daglege organiseringa av drifta. Vidare er det slik at kriseleiinga i organisasjonen har det overordna ansvaret for å avgjere kva tiltak som skal setjast i verk. Dette gjeld ikkje for atomhendingar. I slike tilfelle er det Statens strålevern som avgjer kva for tiltak som skal setjast i verk, og kommunen blir eit utøvande organ.

Det er likevel viktig å skilje kommunen si rolle frå politi-, brann- og ambulansetenestene sine roller. Ressursane til fungerande blålysetatar vil bli styrt av lokal redningssentral (LRS), politidistriktets operasjonssentral eller hovudredningssentralen (HRS).

Aukande grad av kompleksitet i samfunnet og det at sektorar er avhengige av kvarandre, medfører eit stort behov for samarbeid på tvers av ansvarsområda både når det gjeld det førebyggjande beredskapsarbeidet og mogeleg krisehandtering. Gjennom st.meld. nr. 22 (2007–2008) "Samfunnssikkerhet – Samvirke og samordning" understrekar regjeringa kor viktig det er med eit godt samvirke mellom dei ulike beredskapsaktørane. Erfaring frå andre hendingar syner at det er større behov for samordning og samhandling mellom ulike aktørar i det førebyggjande arbeidet og under krisehandtering, st.meld. 29 (2011-2012).

Ny heilskapleg ROS for Seljord kommune byggjer på metodikken som er omtala i «Veileder for helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen» utgjeve av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oktober 2014.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet byggjer på følgande prinsipp:

- **Ansvarsprinsippet**
  Ansvarsprinsippet inneber at den som sit med det daglege ansvaret for eit fagområde, også er ansvarleg for alle nødvendige beredskapsførebuingar og handtering av tenesta ved uønskte/ekstraordinære hendingar.
- **Likskapsprinsippet**
  Likskapsprinsippet inneber at den organisasjonen som blir sett i verk under kriser, skal vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.

• **Nærleiksprinsippet**
Nærleiksprinsippet inneber at kriser skal handterast på eit lågast mogeleg nivå (unntak er atomhendingar som vert handtert på sentralt nivå).
• **Samvirkeprinsippet**
Samvirkeprinsippet stiller krav til at styresmakter, verksemder eller etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogeleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

(St.meld. 29 2011-2012 Samfunnssikkerhet)

Kommunen skal gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse ved å kartleggje, systematisere og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan oppstå, og vurdere korleis desse kan påverke kommunen. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal vere forankra i kommunestyret.

Analysen skal som eit minimum omfatte:
a) Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.
b) Risiko- og sårbarheit utanfor det geografiske området av kommunen som kan ha noko å seie for kommunen.
c) Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre.
d) Særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur.
e) Kommunen si evne til å oppretthalde verksemda når kommunen blir utsett for ei uønskt hending, og evna kommunen har til å ta opp att verksemda etter hendinga.
f) Behovet for varsling og evakuering av innbyggjarar.

Formål

Formålet med den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er å:

- gje ein oversikt over risiko- og sårbarheitstilhøva i kommunen og korleis dei kan påverke kommunen
- avdekkje sårbarheit og tilhøve som er gjensidig avhengige av kvarandre
- komme med forslag til tiltak for korleis ein kan handtere og redusere risiko og sårbarheit
- gje planleggingsgrunnlag og avgjerdsstøtte i det kommunale arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap

Organisering, roller og ansvar

- Kommuneleiinga er oppdragsgjevar og eigar av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
- Rådmannens leiargruppe utgjer styringsgruppa, og det er sett ned ei mindre gruppe frå kriseleiinga som utgjer prosjektgruppa. Prosjektleiar er beredskapskoordinator.
- Prosjektgruppa har ansvar for å planleggje og gjennomføre den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.
- Relevante offentlege og private aktørar skal inviterast med i arbeidet med gjennomføringa. Dette kan t.d. skje ved ein høyringsrunde.
- Kommuneleiinga har ansvaret for å leggje fram den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen for kommunestyret og effektuere planen for oppfølging.

DEL 3 INFORMASJON OM KOMMUNEN

Målet med ROS-analysen for Seljord kommune er å gje ein overordna oversikt over risiko og sårbarheit i kommunen; det ein kan kalle eit lokalt risikobilde. Bakgrunnen er det ansvaret

kommunen har for å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Analysen skal vere eit verktøy for kommuneleiinga for å følgje opp risikovurderingane som analysen avdekkjer.



ROS-analysen er ein statusoversikt over det kommunen har av planar, analysar, organisering og rutinar mm, men det er like mykje ein analyse som syner kva for ansvar kommunen har innanfor alt som har med samfunnstryggleik å gjere.

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på tryggleiken til innbyggjarane innanfor kommunegrensa. Kommunane dannar det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen og spelar ei avgjerande rolle i alt beredskapsarbeid.

I samband med beredskapsplikta vil kommunen ha fire ulike roller:

1. Ei verksemd som leverer tenester
2. Eit geografisk område
3. Planmynde i det geografiske området
4. Pådrivar for andre tenesteleverandørar som leverer straum, tele, forsyningar osv. i området

1. januar 2010 vart avgjerda om kommunal beredskapsplikt sett i verk. ("Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)"). Forskift om kommunal beredskapsplikt gjeld frå 7. oktober 2011.

Kommunen er pålagt ei generell beredskapsplikt i den nye lova; noko kommunen ikkje har hatt tidlegare.

Lokale tilhøve

Den særskilde topografien til Seljord kommune med sine bratte fjell og djupe dalar, og høgdeskilnader på opp til 1200 meter kan forverre verknaden av ekstremvêr.

Frå Seljord er det lang veg til nærmaste regionsjukehus, og i kommunen er det moderat kapasitet på medisinsk personell og ambulanse. Politiet har liten kapasitet i rolla som innsatsleiar på eit tidleg stadium i ei ulykke i kommunen. Med eit innbyggjartal rundt 3000 vil ei langvarig krise innebere store utfordringar for å bemanne samfunnsviktige og livsviktige funksjonar. Samtidig er kommunen eit samfunn som er vane med å takle slike utfordringar som uventa hendingar medfører. Busetnaden i Seljord sentrum er relativt tettbygd med korte transportavstandar, noko som er ein fordel dersom det er nødvendig å flytte menneske eller materiell; men få og utsette transportvegar gjennom kommunen kan skape vanskar. Busetnaden elles i kommunen er spreidd over store område, og det kan ta tid å mobilisere ekstra ressursar i samfunnet dersom ein skulle ha behov for det. Utbygging av turisme og nye typar trusselbilde tvingar oss til å analysere dette også.

Kvart år er det store arrangement i Seljord, som trekkjer eit stort publikum til bygda. Det er Dyrsku´n, musikkfestivalar og større tilstellingar. Til Seljord- og Countryfestivalen kjem det deltakarar som oppheld seg ei langhelg i Seljord. I tillegg kjem det mange på kveldsarrangementa. Under Dyrsku'n

kjem nærare 80-90 000 besøkjande over tre dagar. Mange oppheld seg i kommunen desse dagane, men arrangementet fører også til at dagtrafikken inn og ut av Seljord er svært stor desse dagane.

Transport inn, ut og gjennom kommunen utgjer også risiko. Vi har to **hovudferdselsårer,** E 134 og Rv 36, som møtest i kommunesenteret Seljord. Det er stort sannsyn for at E 134 vil bli hovudferdelsåra mellom aust og vest, noko som vil føre til stor trafikkauke i framtida. Ny tunnel frå Gvammen til Århus som er planlagt opna i 2019, vil òg endre trafikkbiletet i kommunen.

Det bur flest innbyggjarar i og rundt Seljord sentrum. Flatdal og Åmotsdal er mindre bygdesamfunn. Elles er det mange små grender i Langlim, Svartdal, på Seljordsheii, i Vefall/Brekke og elles langs og rundt Seljordsvatnet.

Klimaet vårt er i endring. Forskarane seier det blir våtare, "villare" og varmare (Klima i Norge 2100, NCCS report 2/2015). Erfaringar frå dei siste åra og forsking viser at klima- og naturbaserte hendingar aukar. Klimaendringane fører til at ein må legge større vekt på naturhendingane generelt. Oppgåva vår har vore å sjå på lokale scenario. Dei representerer likevel ei rekkje risikoar og sårbare hendingar som kommunen må førebu seg på. Svikt i infrastruktur som vasstilføring, samferdsel og energitilføring er kritiske område som gjev store konsekvensar. Det er difor avgjerande å ha god og nok beredskap dersom det oppstår ei uønskt hending.



Klimaframskrivingane tyder på at det vil bli hyppigare og større flaumar i små vassdrag i heile landet. Vi vil få oftare styrtregn; auka intensitet og frekvens. NVE skriv at for alle små vassdrag som reagerer raskt på nedbør, må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50-100 åra.

Med meir nedbør må grunneigarane, kommunane og staten førebu seg og setje i verk tiltak for å førebyggje skader som kan oppstå. Kommunane må i arealplanlegginga ta omsyn til auka flaumfare.

Analysen har i utgangspunktet eit kommuneperspektiv, men vil til ein viss grad også måtte omfatte verksemd og tilhøve utanfor kommunegrensene som kan påverke Seljord kommune. ROS-en gjeld fyrst og fremst større hendingar som krev at kriseleiinga i kommunen blir involvert. I denne samanhengen er det tale om kriser som er vesentleg ulik hendingar som vi dagleg tek rutinemessig hand om, og som ikkje krev ekstraordinær innsats. Større hendingar vil i denne samanhengen kunne råke fleire personar, fleire sektorar, og det vil krevje ekstraordinær og koordinert innsats, spesiell kompetanse og langvarig innsats.

DEL 4 DELTAKARAR I ARBEIDET OG KORLEIS ULIKE INTERESSENTAR HAR VORE INVOLVERTE

Styringsgruppa

Kari Gro Espeland, rådmann
Ronde Schade, kommunalsjef oppvekst
Rolf Henning Jensen, kommunalsjef helse og omsorg
Frid Berge, kommunalsjef plan, utvikling og tekniske tenester

Prosjektgruppa

Egil Birkrem, beredskapskoordinator (prosjektleiar)
Jørn Ingar Sanda, landbruk- og miljøsjef (fram til 1.8.2015)
Frid Berge, kommunalsjef plan, utvikling og tekniske tenester
Ronde Schade, kommunalsjef oppvekst
Torunn Raftevold Rue, natur- og miljørådgjevar (frå 01.10.2015)
Andre medlemmer av kriseleiinga er innkalla etter behov.

Prosjektgruppa har utarbeidd eit utkast til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Fagmiljø i kommunen har delteke i vurderinga av dei ulike uønskte hendingane. Prosjektgruppa har også sett til einingane/avdelingane sine utarbeidde ROS-analyser. Sentrale samfunnsaktørar i næringslivet er inviterte til dialogmøte. Nokre av desse aktørane har fått utarbeidd ROS-analysar. Prosjektgruppa har sett til desse ROS-analysene når dei uønskte hendingane er vurdert. Utkast til ROS-en er sendt til dei inviterte før dialogmøtet. Kommentarar og vurderingar som er komne fram, er teke omsyn til i den endelege ROS-analysen.

Sentrale samfunnsaktørar som har blitt inviterte er: Sivilforsvaret, Heimevernet, Seljord Raude Kross, Vest-Telemark brannvesen, Vest-Telemark Kraftlag, Skagerak Energi, Sundsbarm Kraftverk, Seljord lensmannskontor, Dyrsku'n Arrangement, Seljordfestivalane, Telemark Bilruter, Seljord Ambulanse, Statens vegvesen og Telenor.

DEL 5 METODE OG UTTRYKK

I oktober 2014 publiserte DSB den nye rettleiaren "Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen". Denne rettleiaren dannar grunnlaget for analysen som nå ligg føre. Oppsettet vårt er stort sett henta frå denne rettleiaren.

Uttrykk som vert nytta i analysen

Risiko

Risiko er ei vurdering av om ei hending kan skje, sannsynet for det, kva konsekvensane vil bli og uvisse knytt til dette.

Sannsyn

Sannsyn vert brukt som mål på kor truleg (sannsynleg) vi meiner det er at ei bestemt hending vil skje innanfor eit visst tidsrom, gitt bakgrunnskunnskapen vår.

Sårbarheit

Sårbarheit er eit uttrykk for dei funksjonsproblema eit system får når det vert utsett for ei uønskt hending og dei vanskane som systemet vil få med å ta opp att verksemda etter at hendinga har skjedd. (NOU 2000:24). Sårbarheit seier med andre ord noko om kva for evne systemet har til å motstå ei hending og systemet si evne til å tole ei hending dersom ho først kjem på. Eit system kan i denne samanhengen vere både tekniske delsystem (til dømes infrastruktur) og større organisatoriske system som ein kommune.

Usikkerheit

Omgrepet usikkerheit kan tyde både utryggleik og uvisse – og blir påverka både av dersom og eventuelt når ei bestemt uønskt hending vil skje, og kva konsekvensane av denne vil bli. Kunnskaps- og faktagrunnlaget for risiko- og sårbarheitsvurderinga av hendinga, påverkar usikkerheita. Er relevante data og erfaringar tilgjengelege? Er hendinga/fenomenet som vert vurdert, godt forstått? Er deltakarane samde? Dersom svaret er nei på eitt eller fleire av desse spørsmåla, er usikkerheita vurdert som høg.

Styrbart

Styrbart seier noko om i kva grad kommunen kan kontrollere/styre risikoen knytt til ei gitt hending. Kor lett er det å setje i verk tiltak som reduserer sannsynet for at hendinga kan skje? Kor lett er det å setje i verk tiltak for å redusere konsekvensar av hendinga, eller tiltak for å auke beredskapen? Styrbart kan vi syne med tredelinga lågt, medium eller høgt.

Kritiske samfunnsfunksjonar

Kritiske samfunnsfunksjonar er oppgåver som samfunnet må opprettholde for å ta vare på tryggleiken til innbyggjarane. Dette er tenester/leveransar som dekkjer grunnleggjande behov til innbyggjarane, sjå tabell 1.

Tabell 1 Kritiske samfunnsfunksjonar relevant for Seljord kommune

Kritiske samfunnsfunksjonar
1. Forsyning av mat og medisinar
2. Ivaretaking av behov for husly og varme
3. Forsyning av energi
4. Forsyning av drivstoff
5. Tilgang til elektronisk kommunikasjon
6. Forsyning av vatn og handtering av avlaup
7. Framkomingstilhøve for personar og gods
8. Oppfølging av særskilt sårbare grupper
9. Nødvendige helse- og omsorgstenester
10. Naud- og redningsteneste
11. Kriseleiinga til kommunen og krisehandtering

Samfunnsverdi og konsekvensar

Når vi skal vurdere konsekvensane til dei ulike hendingane, knyter ein desse opp mot samfunnsverdiar som liv og helse, stabilitet, natur og miljø og materielle verdiar. Desse er igjen ihopsett av ulike konsekvenstypar. Sjå tabell 2 nedanfor.

Tabell 2: Samfunnsverdiar og konsekvenstypar

innbyggjaranes sikkerheit og tryggleik	
Samfunnsverdi	**Konsekvenstypar**
Liv og helse	Dødsfall Skadar og sjukdom
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov Uro og rutinebrot i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø Langtidsskadar på kulturmiljø/kulturminne
Materielle verdiar	Økonomiske tap

DEL 6 IDENTIFISERING AV UØNSKTE HENDINGAR

Uønskte hendingar

Det er eit viktig arbeid med ROS-analysen å identifisere kva for uønskte hendingar som kan skje. Dette kan variere mellom kommunane.

Følgjande kriterium er lagde til grunn for å identifisere uønskte hendingar:

- uønskte hendingar som inneber store konsekvensar
- uønskte hendingar som får verknader for fleire sektorar/ansvarsområde og som krev samordning
- uønskte hendingar som går ut over den ordinære kapasiteten som kommunen har rutine og redningsteneste til for å yte hjelp
- uønskte hendingar som skaper stor uro og redsle blant folk

Fleire kjelder er nytta for å velje ut dei mest aktuelle uønskte kriserelaterte hendingane i Seljord kommune:

-Risiko- og sårbarheitsanalyse for Seljord kommune (vedteke i kommunestyret 08.05.14)
-Nasjonalt risikobilde (DSB, 2013 og 2014)
-Risiko- og sårbarheitsanalyse for Telemark, Fylkesmannen i Telemark
-Risiko- og sårbarheitsanalyse for einingar i Seljord kommune
-Aktuelle hendingar lokalt, nasjonalt og internasjonalt
-Kriseleiinga i Seljord kommune
-Risiko- og sårbarheitsanalyser i nabokommunane
-Medlemmer av beredskapsrådet i Seljord kommune
-Sentrale samfunnsaktørar i Seljordsamfunnet
-Risiko- og sårbarheitsanalysar gjennomført av nokre sentrale samfunnsaktører

Svikt i kritisk infrastuktur:

El-forsyning og elektronisk kommunikasjon (e-kom)

Straumforsyninga i Seljord er godt dimensjonert og stabil, men er likevel utsett for avbrot ved torevêr eller ved trefall pga vind/snø. Distribusjonsnettet (DN) i Seljord kommune er godt utbygd med stor redundans/overskot både internt og via samankoplingar mot nabonett. Vest-Telemark Kraftlag (VTK) har ein del fjernstyrte koplingspunkt for å sikre rask omkopling ved feil i DN. Ved manuell omkopling vil det gå om lag 1 time eller meir. Ved meir enn ein feil i DN, vil ein alltid få varig utkopling av kundar fram til primærfeilen er retta.
DN i Seljord blir forsynt frå Seljord transformatorstasjon (ST). Svikt i leveransen frå ST oppstår når: A) Sjølve ST er ute av drift (trafohavari, brytarfeil e.l.), eller B) det er feil i linjenettet som forsyner ST. Situasjon A) er lite sannsynleg. Situasjon B) er svært sannsynleg og skjer til vanleg meir enn 1 gong i året.
Forsyningslinja til ST kan matast frå to retningar, og ved ein feil vil forsyninga vanlegvis kunne gjenopprettast etter 15 min til 1 time. Ved varig svikt i innmatinga til ST pga A) eller B), kan Seljord kommune store delar av året forsynast via nabotrafostasjonar og DN i nabonett. Grunnåi kraftverk og lokale småkraftverk vil også vere til hjelp i ein slik situasjon dersom dei har produksjonsvatn tilgjengeleg. I periodar med stort el-forbruk (kald vinterdag) kan ein oppleve utkopling over 12 timar. Seljord kommune har transportabelt naudstraumsaggregat som kan setjast inn der behovet er størst. Dette vil berre hjelpe straumutfall på den eininga der aggregatet blir tilkopla. Skagerak Energi AS (Sundsbarm kraftverk) har eige naudstraumsaggregattilgang der VTK er medeigar.

Drift av telekommunikasjon er avhengig av stabil straumlevering. Sjølv om det finst back up-system som batteri- og aggregatdrift, vil kapasiteten bli monaleg redusert på fastlinjer og mobilnettet. Det er uvisst i kva grad vi har radiodekning (NRK P1) under eit lenger straumbrot.
Telekommunikasjonssystema kan også falle ut av drift i uvêr. Etter at det vart lagt fleire fiberkablar inn til kommunen, blir telefon- og internettsambandet vurdert som meir avbrotsikkert enn tidlegare. Radio- og TV-nettet fell svært sjeldan ut som følgje av uvêr.

Ekstremvêr kan isolere delar av kommunen. Tiltak som hindrar utfall eller forlengjer oppetid på e-komlinjer er svært viktig. Særlege utfordringar vil vere tryggleiken for innbyggjarane: Korleis kommunisere, og korleis syte for at innbyggjarane ikkje lir i ein krisesituasjon der det er svikt i infrastruktur?

Bønder som har storfe, høner og kalkun skal ha alternativ straumkjelde tilgjengeleg (t.d. aggregat) i tilfelle straumbrot (jfr. Mattilsynet sin rettleiar til forskrift om hold av storfe og forskrift om hold av høns og kalkun).

Det er fleire vegar (transportvegar) inn til kommunen. Streik kan føre til svikt i infrastrukturen avhengig av kven som streikar og lengda av streiken.

Ulykker i samband med transport:

Seljord kommune har eit variert næringsliv der service- og handelsnæringa er dominerande. Lokalt i kommunen er det også stor og omfattande hytte- og campingturisme som periodevis fører til stor trafikk/transport til og frå området.

Seljord er idag eit trafikknutepunkt for aust-vest-transporten. E 134 gjennom kommunen er den minst vêrharde fjellovergangen mellom aust- og vestlandet. I tillegg er det stor trafikk frå nedre Telemark/Grenlandsområdet på Rv 36. E 134 er til dels svingete og smal. Nutheimsbakkane er ei utfordring særleg for tungtransporten, men også for alle andre trafikkantar. I samband med bygging av ny tunnel på E134, Gvammen-Århus, vil det bli stor anleggsaktivitet på dagens E134. Tunnelen blir 9,4 km lang, og all tunnelstein blir frakta på eksisterande E134 til deponi. Tunnelen vil avlaste Nutheimsbakkane frå sommaren 2019.

Regjeringa ynskjer to hovudvegar for aust-vestsambandet, og at E134 skal vere den eine. Dersom E134 blir endeleg valt, vil dette føre til at trafikken vil auke gjennom kommunen og spesielt vil tungtrafikken auke vesentleg. Kor mykje dette vil påverke seljordsamfunnet, vil vere avhengig av trasévalet gjennom kommunen.

Rutebusstransporten er stor med mange daglege bussruter i aust–vestsambandet, til nedre Telemark med Vestfold-byane og til Vest-Telemarkregionen.

All transport av varer, gods- og persontrafikk til og frå kommunen går føre seg langs vegane i Seljord som difor er utsette for påverknad frå så vel einskilde som samansette hendingar. Langs riksvegane E134 og RV 36 kan transport av farleg gods føre til uønskte hendingar. Alle køyretøy for transport av farleg gods er underlagt strenge krav i den internasjonale avtalen, ADR-avtalen (Den europeiske avtale om internasjonal vegtransport av farlig gods).

Det er mange store arrangement i Seljord. I sommarhalvåret har desse arrangementa om lag 200 000 besøkjande. Dyrsku'n åleine har i løpet av ei langhelg i september 80-90 000 besøkjande. Fleire og fleire må i framtida nytte skyttelbussar frå tilviste parkeringsplassar og fram til Dyrsku'plassen under arrangementsdagane.

Nord for Seljord sentrum er årsdøgntrafikken (ÅDT) målt til 3700 køyretøy (tal frå 2013). Tungtrafikken utgjer om lag 16%; noko som er venta å auke til rundt 20% etter at tunnelen Gvammen-Århus er ferdig. Transporten av farleg gods er stor i dag, og det kan føre til uønskte hendingar i Seljord.

Delar av kommunen er svært sårbar for utslepp av farleg stoff. Dette gjeld særleg område langs elvar, i vatn og på dyrka mark. Det er heller ikkje mogeleg å flytte transporten av farleg gods utanom sårbare område på ein trygg måte. Dagens alternative transportvegar vil føre til lange og kostbare omkøyringsvegar.

Ulykker i næringslivet

Næringslivet i Seljord kommune omfattar service- og handelsbedrifter, gardsturisme, primærnæringar, transportbedrifter, kraftproduksjon, handverksbedrifter og mindre lettare industribedrifter. I kommunen er det tre bensinstasjonar; to med bemanning i Seljord og ein ubemanna i Flatdal. I utkanten av sentrum i Seljord er det eit påfyllingsanlegg for autogass – LPG-gass. Anlegget er nytt og har strenge krav til tryggleik.

Det er få verksemder som handterer farlege stoff som lett tek fyr, eller som er miljøfarlege. Informasjon om dette er tilgjengeleg på heimesida til DSB.

Industriområda er stort sett godt skjerma frå andre bygningar, og hendingar her vil få liten konsekvens for innbyggjarane.

Hendingar i industrien vert handtert av naudetatane. Kraftproduksjonen har eigne ressursar som i samarbeid med naudetatane, tek seg av hendingane.

Uønskte naturhendingar

Kommunen er svært sårbare for elveflaumar. Det er fleire vassdrag i kommunen der utbygde område ligg nær. Bustadhus er utsette under ekstreme vêrtilhøve. Samansette hendingar kan føre til utrygge flaumsituasjonar og kan verte farlege.

NGU (Norges geologiske undersøkelse) har på oppdrag frå NVE (Norges vassdrags- og engergidirektorat) utarbeidd eit nytt landsdekkande aktsemdskart for skred og flaumfare publisert i 2014 i www.skrednett.no . I dette kartverket er det registrert ulike typar skred og ras (steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred, kvikkleireskred og flaumfare). Store delar av Seljord, Flatdal, Åmotsdal (der folk bur) er skred- eller flaumutsett. I Seljord kommune er det registrert stein-, jord- og snøskred og isnedfall. Registreringane er kartfesta og ligg i område utan eller med svært spreidd busetnad. Isnedfall har stort sett skjedd langs riks- og fylkesvegar i kommunen. Vi viser til kartvedlegg bakerst i dette dokumentet. Seljord kommune har hatt møte med NVE som er i gang med skredkartlegging i Seljord. Karta vil truleg vere klare om eit par år; ca 2018/19.

På www.varsom.no blir det gjeve varsel og prognosar for snø- og jordskred, flaum og istjukkleik. Tenesta er levert av NVE i samarbeid med Meteorologisk institutt, Statens vegvesen og Jernbaneverket. Kjelda skal varsle naturfarar i Noreg. Føremålet for www.varsom.no er å samle varsling av naturfarar på éin stad slik at alle kan få ein enkel og oversiktleg presentasjon av gjeldande farenivå knytt til varsla naturfarar frå NVE eller andre.

Jordskjelv skjer stundom i Noreg. Seljord og Telemark ligg i eit område som svært sjeldan blir råka av jordskjelv. I dei siste 50 åra har det blitt registrert fem jordskjelv i Telemark. Det sterkaste hadde ein styrke på 3,1 på Richters skala.

Flaum

Nyare utrekningar og analysar av vêrprognosar viser at grenseverdiane for 200-årsflaumen vil auke. Dagens oppgjevne grenseverdiar på flaumsonekart utarbeidd av NVE i 2007 må aukast med 20% for vassføring i elvar/bekkar. Det fører til at det som i dag er ein 500-årsflaum vil i framtida vere ein 200-årsflaum. Konsekvensane av ein flaumsituasjon (meir enn ein 100-årsflaum) vil vere mange. Ved ein 200-årsflaum i Flatdal, vil heile den flate dalbotnen i området ned til utløpet av Flatsjø bli sett under vatn. Hus og gardar ved Flatdal kyrkje, spreidd busetnad i dalflata og deler av infrastrukturen (E 134) vil bli liggjande under vatn fleire stader. Dessutan vil fleire mindre vegar og store delar av Århusmoen industriområde bli overfløymt. Langs store delar av Flatdøla er det bygd elvemur. Somme stader er denne svak, og for låg, slik at vatnet bryt gjennom.

I Seljord er Bygdaråi delvis kanalisert, og det er bygd ein flaumvoll mellom elva og bygda. Flaumvollen blir overtoppa når vassføringa nærmar seg 100-års flaum. Heile Dyrskuplassen, nærliggjande landbruksareal og områda ned til Seljordsvatnet vil bli ståande under vatn. I dette området ligg det fleire bustadhus, landbrukseigedomar, næringsverksemder, avløpsreinseanlegg, transformatorstasjon, bensinstasjon og campingplass. I dei siste åra er det blitt utført fleire tiltak som

reduserer faren for overtopping av flaumvollen langs Bygdaråi. Dette har redusert risikoen for overtopping ved ein 50-års flaum; noko som er svært viktig for bruken av Dyrsku'plassen.

Styrtregn kjem oftare og med auka intensitet. I alle små vassdrag som reagerer raskt på nedbør, må ein rekne med minst 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50-100 åra (NVE).

Høg vasstand i Seljordsvatnet fører også til at bustader, andre bygningar og anlegg kan stå under vatn. Spesielt er dette ein stor risiko for fleire campingplassar som har bygd heilt ned til vatnet. Alt ved ein 5-årsflaum må eigarar av campingplassar setje i verk tiltak for å minimalisere flaumskader på utstyr og eigedelar.

Store nedbørsmengder og stor vassføring i små bekkar kan føre til mindre ras langs transportårer. Skadane vil truleg bli små då ein lett kan rydde slike ras eller stoppe/leie bort vassføringa. Samansette hendingar kan gjere at det kan oppstå farlege situasjonar. Vi viser til kartvedlegg bakerst i dette dokumentet (flaumutsette areal).

Dambrot

I Seljord er det to store dammar ved Sundsbarmvatnet (Manndøla fyllingsdam og Sanden fyllingsdam) og ein stor dam ved utløpet av Sandsetvatnet (dam Sandsett) som kan, om dei bryt saman, føre til større uønskte hendingar. Dammane er solide og har høg vedlikehaldsgrad i samsvar med føresegnene og retningslinene til NVE. Manndøla fyllingsdam inkl. Manndøla betongoverløp som ligg like ved, er klassifisert i konsekvensklasse 4 (stadfesta pr brev frå NVE 29.10.15). Sanden fyllingsdam er klassifisert i konsekvensklasse 3 og dam Sandsett i konsekvensklasse 2 .

Innan Seljord kommune har vi totalt 11 dammar på ulike vasskraftverk. Dei fleste er mindre dammar som er mindre utsette for store uønskte hendingar.

NVE har innført uttrykket "konsekvensklasser" i damsikkerheitsforskrifta. Alle vassdragsanlegg som er omfatta av denne forskrifta, skal klassifiserast i konsekvensklasse 0, 1, 2, 3 eller 4, der konsekvensklasse 0 omfattar anlegg med små brotkonsekvensar, og konsekvensklasse 4 er anlegg med dei største brotkonsekvensane. Alle vassdragsanlegg som er omfatta av damsikkerheitsforskrifta, skal vere plassert i ein av fem konsekvensklassar. Anlegg som ved brot, svikt eller feilfunksjon kan føre til fare for skade på menneske, miljø eller eigedom, skal bli klassifisert i konsekvensklasse 1 til 4. Kriteria "menneske, miljø og eigedom" samsvarar med lov om vassdrag og grunnvatn (Vannressursloven) § 36 som heimlar grunnlag til å gje forskrift for å fremje tryggleik mot skade på menneske, miljø og eigedom.

Til klasse 4-dammane vert det stilt strenge tryggleikskrav, kompetansekrav til eigaren og strenge tekniske krav. Minimum kvart 15.år skal NVE-godkjende konsulentar gå gjennom tryggleiken. Dammane vert oppgraderte dersom det er manglar ved kontrollen. NVE meiner at tryggleiken til desse dammane blir teken godt vare på.

Skogbrann

Sannsynet for skogbrann er ca éin kvart 10. år. Mindre skogbrannar oppstår årleg. Større kritiske skogbrannar som utfordrar den lokale kapasiteten er vesentleg sjeldnare.

Materielle og økonomiske konsekvensar er normalt avgrensa til den delen av skogen som brenn. I ein stor skogbrann kan dei materielle konsekvensane bli store, alt etter kor mange bygningar som blir trua. Dette vil kunne føre til skader på hus, hytter, eigedomar og turområde. Innsats ved skogbrann fører til fare for innsatsmannskapet. Risikobildet her er kjent og vert handtert som ein del av planlegging og gjennomføring.

Andre ulykker/kriser

Vassforsyning og akutt ureining

Seljord kommune skal leggje ned dagens grunnvassverk på Eventyrøy. Det skal byggjast eit heilt nytt Seljord vassverk for å dekke framtidige kapasitetsbehov. Ny drikkevasskjelde er Seljordsvatnet der inntaket blir på ca 40 meters djup. Prossessen for vassbehandling blir koagulering, forbehandling, membranfiltrering, alkalisering, marmorfilter og UV-desinfeksjon. Det nye vassverket skal etter planen levere drikkevatn til abonnentane i Seljord frå ca 01.07.16. Eigen ROS-analyse for nye Seljord vassverk vert utarbeidd før vassverket blir teke i bruk

I Seljord er dagens drikkevasskjelde sikra med Kivleåi som alternativ kjelde. Dersom denne kjelda må takast i bruk, vil det bli sendt ut kokepåbod for alt vatn som skal drikkast, og generelt vil vatnet bli tilsett klor i vassbehandlingsanlegget på Eventyrøy. For Flatdal og Åmotsdal vassverk er alternativ vasskjelde tilkøyring av vatn med tankbil til abonnentar og innbyggjarar.

Akutte ureiningsulykker hender ikkje ofte i Seljord kommune. Når det hender, er det som oftast i samband med petroleumsprodukt og kjemikaliar. Ureiningsulykker i bygningar med husdyrhald kan skje dersom gjødsellager bryt saman, eller når det vert danna farleg H_2S-gass (hydrogensulfid) i husdyrgjødsel. Ulykker med transport av gods kan utgjere ein fare. Ukontrollert utslepp av gass frå LPG-anlegget i Seljord kan skje. Eit lite utslepp i nabolaget vil ein kunne merke sjølv om lite gass har leke ut. Gassen tek lett fyr, men blir raskt fortynna i kontakt med luft.

Sjukdomar/hendingar som rammar menneske

Seljord kommune har utarbeidd ein pandemiplan (2009) som tek høgde for eventuelle utbrot. Dette er kommunen sin beredskapsplan for å handtere den medisinske utfordringa knytt til sjukdom. Utbrot av sjukdom kan ha andre konsekvensar. Store delar av dei tilsette er sjuke samstundes, personalet i helsesektoren blir overbelasta, og innbyggjarane blir utrygge og redde.

Sjukdom kan difor råke både ordinær drift, samfunnskritiske funksjonar og føre til dødsfall. Kommunen har fleire vassverk som vert drivne etter drikkevassforskrifta, der kravet er to hygieniske barrierar. Dersom barrierane forsvinn, kan vatnet bli ureina. Det vanlegaste er smitte av E. coli som er ein av dei vanlegaste tarmbakteriane våre. Bakterien finst i mange variantar og kan av og til gje alt frå mildt ubehag til livstruande infeksjonar. Sjølv om barrierane er intakte kan leidningsbrot, evt. også (eller kombinert med) ekstreme flaumsituasjonar, føre til ureining av drikkevatnet. Det er utarbeidd eigen ROS for vatn og avløp.

Risikoen for matforgifting som fører til smitte, er liten i Seljord. Det er få hotell, pensjonat o.l., og dei har liten sengekapasitet. I perioden juni-september når det er mange og store festivalar i Seljord, er risikoen for matforgifting som fører til smitte noko større.

Helseinstitusjonar har gode rutinar for å førebyggje og handtere slike hendingar.

Psykososiale hendingar i samfunnet kjem oftast til syne ved brå og uventa hendingar der personar er sakna eller døde. I samfunnet er det høg grad av forventing om hjelp. For kommunen er kompetent hjelp viktig både for dei direkte involverte, for pårørande og for andre.

I slikt arbeid legg ein vekt på å involvere familie, nærmiljø og friviljuge slik at desse i størst mogleg grad ber prosessen, og at kommunen ut over dette bryr seg.

Sommaren 2011 gav Helsedirektoratet ut *"Veileder for psykososiale tiltak for kriser, ulykker og katastrofar"*. Denne vert lagt til grunn i eit arbeid der kommunen reviderer rutinane for psykososialt kriseteam.

Atomulykker

Det skjer med jamne mellomrom alvorlege atomhendingar rundt i verda. Det kan vere detonasjon av kjernevåpen, uhell under transport av kjernevåpen, ulykker ved kjernekraftanlegg og lager for radioaktivt avfall, ulykker ved transport av radioaktive stoff, tjuveri av radioaktive stoff osv. Nærleik til kjernekraftverk gjev utfordringar.

Norske styresmakter har hatt eigen beredskap for atomulykker etter Tsjernobylulykka i 1986. Atomberedskap følgjer ikkje dei vanlege prinsippa for krisehandtering sidan ansvaret for beredskapen ligg hjå Kriseutvalet for atomberedskap (KU). Dette vert leia av direktøren for Statens strålevern.

Fylkesmannen er KU sitt regionale ledd og skal medverke til at regionale og lokale etatar set i verk nødvendige planar. Kommunane skal gjennomføre dei tiltaka som KU sentralt eller regionalt pålegg dei. Tiltaka er:

- pålegge sikring av ureina område
- pålegge akutt evakuering av små lokalsamfunn
- pålegge kortsiktige tiltak/restriksjonar i produksjonen av næringsmiddel
- pålegge/gi råd om reinsing av ureina personar
- gi råd om opphald innandørs
- gi råd om opphald i tilfluktsrom
- gi råd om bruk av jodtablettar
- gi kosthaldsråd
- gi råd om dosereduserande tiltak

Fylkes-ROS for Telemark vurderer sannsynet for at det skal skje ei uønskt atomhending (vanskeleg å talfeste). Helsekonsekvensane som følgje av stråledosar kan vere akutte stråleskadar (krev store stråledosar) og seinskader, større sannsyn for utvikling av kreft, nedsett forplantingsevne eller genetiske skadar. Konsekvensane for samfunnskritiske funksjonar vil særleg vere knytte til om ein må halde seg innandørs ein periode. Det meste av samfunnsfunksjonane vil stoppe opp då. Konsekvensane for miljø og materiell vil spesielt dreie seg om opptak og konsentrat av radioaktive stoff i vegetasjon og dyreliv og særleg den delen som handlar om næringsmiddelproduksjon (ferskvassfisk, rein, kyr, sau). Økonomiske konsekvensar kan vere at tilliten til fisk og kjøt i eksportmarknaden blir påverka negativt, uavhengig av om maten er kontaminert (smitta/ureina) eller ikkje. Reiselivsnæringa vil også kunne bli påverka negativt. Angst i befolkninga er også ein viktig konsekvens, og dette kan kome av uvisse og utryggleik, manglande informasjon eller bortfall av

næringsverksemd. Statens strålevern har utarbeidd eit eige plangrunnlag for kommunal atomberedskap som kommunen skal halde seg til.

Terror/sabotasje/truslar/kidnapping/gisseltaking

Samfunnet må vere førebudd på at einskilde, spesielle objekt kan bli utsette for sabotasje, terrorhandlingar eller grov kriminalitet. Kraftverk og samfunnsnyttige installasjonar kan vere eksempel på utsette objekt.
I dei siste åra ser vi at slike hendingar skjer i barnehagar, på skular og på NAV-kontor. Handlingane kjem som regel utan varsel og råkar samfunnet på mange måtar. På landsbasis er det ein auke i saker knytt til psykotiske/traumatiserte gjerningspersonar. Oppdragsmengda innan psykiatri aukar og pregar både politiet og det kommunale hjelpeapparatet.
Dei siste åra har det vore fleire tilfelle av skyting på skuleområde, utført av skuleelevar. Tilfella har stort sett skjedd i vidaregåande skular. I Seljord er det tre grunnskular, ein vidaregåande skule og ein folkehøgskule.

Ei samfunnsutvikling med auka sosiale skilnader, innvandring og større folkemengder som flytter på tvers av landegrenser, kan føre til radikalisering. Radikalisering er ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske og religiøse mål. Det er under utarbeiding ein kommunal handlingsplan, «Plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme», som vil vere ferdig i løpet av 2016. Tidleg førebyggjande innsats krev kunnskap om risikofaktorar og kunnskap om teikn på radikalisering. Ved å gripe inn tidleg i ein radikaliseringsprosess vil ein i større grad lykkast med å snu utviklinga. Det er viktig at det førebyggjande arbeidet blir gjort på ein måte som ikkje fører til stigmatisering og generalisering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion eller sosioøkonomisk status.

Hendingar utanfor kommunen

Det hender vi har ein eller fleire personar som er sakna, skadd eller som er utsett for ulykke i hendingar utanfor kommunen. Større hendingar har vore tsunamien i Thailand og terrorhendinga 22.07.11. Etter tsunamien blei det etablert klare rutinar frå sentrale styremakter.
Innsatsen til kommunen vil vere avhengig av varslingsmåte og scenario. Som oftast vil dette vere ei oppfølgjingsoppgåve for fastlegen etter at nær familie eller nære slekningar er blitt varsla av politi eller prest. Dersom born eller ungdom er involvert, vil det vere naturleg at helsesyster blir kontakta. Er skaden stor, må kommunen vurdere om psykososialt kriseteam skal aktiverast.

Hendingar som skjer utanfor Seljord kommune, kan ha følgjer for forsyning, e-kom og krafttilføring. Desse hendingane skal ein handsame etter dei tiltakskort som gjeld for situasjonen. Hendingar som skogbrann, brot på krafttilføring og e-kom i ein annan kommune, kan gi konsekvensar for Seljord kommune - og motsett.
Det er naturleg at kommunane samarbeider. Hendingar i ein nabokommune kan skje nærmare Seljord enn det råkar sentrumet i nabokommunen. Samhandling mellom kommunane gir større tryggleik for at oppdraga vert løyst raskt og effektivt.

Framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar

Det er kommentert ein del stader i rapporten kva som kan skje i framtida. Menneskeskapte, vondsinna handlingar aukar. Det er liten tvil om at landet vårt vil bli ramma av terrorhandlingar og sabotasje i tida som kjem. Vi ser skremande døme på truslar mot skular og andre verksemder der

mange born blir ramma.
Sjølv om Seljord kommune ikkje er den meste vêrutsette kommunen førebels, registrerer vi fleire tilfelle av ekstremnedbør, kraftig vind og flaum.
Det er ein auka tendens til sjukdomsutbrot og pandemiar som er vanskelege å behandle. Slike hendingar vil også kunne bli ein realitet i Noreg og i Seljord. Auka reiseaktivitet på tvers av landegrenser aukar risikoen for smittsame sjukdomar.
Vi har gjort oss stadig meir avhengige av elektronisk kommunikasjon. Dette gjeld ikkje berre for å kommunisere med kvarandre, men sårbar elektronikk styrer produksjonsprosessar, alarmsystem, bankverksemd og trafikkovervaking mm. Bortfall av e-kom er eit eige scenario i den heilskaplege ROS-en vår. Tendensen er at vi blir meir og meir avhengige av at e-kom fungerer, og difor vil eit bortfall bli endå meir dramatisk i åra som kjem.

Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre

Det er viktig å vere medviten om at ei uønskt hending kan utløyse følgjehendingar. Dette vil vere tilnærma likt for alle kommunar på same storleik som Seljord. Eit eksempel er at kraftig snøfall vinterstid kombinert med sterk kulde kan føre til langvarig bortfall av energi fordi leidningsnettet blir øydelagt. Reparasjonar tek tid fordi det er vanskeleg å kome fram. Dette vil m.a. føre til at husdyrhald på gardsbruk vert trua; vatnet frys, det påverkar forsyninga av mjølk og kjøt. Utan energi stoppar mykje av samfunnet opp. Men i Seljord er det mindre sannsyn for at det blir så store problem som i byar. I bygdene er dei fleste utstyrt med ved, vedomnar og- ikkje minst - hjelp frå naboar. Likevel er det viktig at kriseleiinga i kommunen held seg orientert om slike følgjehendingar om det skulle skje.

DEL 7 RISIKOANALYSE OG SÅRBARHEITSVURDERING

I arbeidet er det vurdert kva for hendingar som kan skje, sannsynet for at dei skjer og kva for konsekvensar desse hendingane kan få. Sårbarheitsvurderinga tek utgangspunkt i systema som vert utsette for hendingar (påkjenningar). Systema kan vere både tekniske delsystem (for eksempel infrastruktur) og større organisatoriske system (som for eksempel ein kommune).
Sårbarheitsvurderinga skal seie noko om kor motstandsdyktige systema er for påkjenningar og evna til å bøta på. Kva toler dei, og når sviktar dei? Eigenskapar både ved hendinga og systemet som vert ramma, påverkar sannsynet for at uønskte hendingar kan skje og kva for konsekvensar desse hendingane kan få. Figuren under syner prosessen frå førebyggjande tiltak til hendingar skjer, og kva for konsekvensreduserande barrierar som finst.



Figur 1: Sløyfediagram som syner prosessar før og etter ei uønskt hending

Seljord kommune har delt dei 12 uønskte hendingane i tre kategoriar:

1 **Svikt i kritisk infrastruktur**
- Svikt i kraftforsyning
- Brot i e-kom

2 **Naturhendingar**
- Skred (alle typar)
- Ekstremvêr og flaum
- Dambrot
- Skogbrann

3 **Andre ulykker og kriser**
- Stor vegtrafikkulykke
- Ulykke i næring/større institusjon (storbrann/eksplosjon)
- Ulykke ved større arrangement
- Trusselsituasjon
- Sjukdomsutbrot/smitte
- Atomulykke

DEL 8 IDENTIFIKASJON AV RISIKOREDUSERANDE TILTAK

Eksisterande risikoreduserande tiltak vert synt for kvar hending på kvart einskilt analyseskjema. Forslag til nye og/eller endra tiltak vert også synt på skjemaet. I tillegg vert desse presentert samla i del 11 av analysen.

DEL 9 FRAMSTILLING AV RISIKO- OG SÅRBARHEITSBILDET

01 SVIKT I KRAFTFORSYNING

Heilskapleg ROS – Analyseskjema

Nr.	1	Uønskt hending	ENERGIFORSYNING FELL UT I MEIR ENN 24 TIMAR

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

Den 20. januar kjem ein kraftig snøstorm med sterk vind, og 100 cm snø kjem i løpet av eitt døgn. Det er -10°C, og vind kombinert med snøfall fører til mange vindfall med tre som fell over kraftlinjer. Flesteparten av husstandane i kommunen blir straumlause, og det er uvisst kor lenge straumen blir borte. Energileverandøren trur at det vil ta minimum eitt døgn før alle delar av kommunen har full energiforsyning att.

Årsaker

- Naturhendingar - storm, sterk vind, store snømengder, kulde med is- og snølaster, torevêr / lynnedslag og ras.
- Tekniske feil
- Overbelasting

Identifiserte eksisterande tiltak

Varsling

VTK sine beredskapsplanar og ROS-ar. Kommunale beredskapsplanar, prioriteringslister i samarbeid med kraftleverandør ved straumbrot, alternative kommunikasjonsløysingar for kriseleiinga og brannvesenet.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
				X		1 gong i løpet av 10-50 år

Grunngjeving for sannsyn

Det må takast omsyn til at straumforsyninga fell ut fordi kraftleverandørane ikkje kan garantere at det ikkje skjer, og endringar i klima fører til meir ekstremvêr som gjer hendinga meir sannsynleg.

Sårbarheitsvurdering

Bortfall av straum vil påverke helse- og sosialtenester, bl.a. behovet til pleietrengande, redusert levering av drikkevatn, og problem med avløp som kan føre til lokal ureining av drikkevatn. Tilkopling av naudstraumaggregat ved Nesbukti pleie- og omsorgsenter vil redusere konsekvensane her. Høgdebasseng ved kommunale vassverk sikrar at vassforsyninga vil halde fram til dei fleste abonnentane i ca 36 timar etter straumbrotet. Private vassverk vil vere sårbare. El-oppvarming vil forsvinne. Mange bustader har vedfyring, og tilgangen på ved er god. Fasttelefon og mobilnettet vil ligge nede. Det er ikkje tilgang til heimesida til kommunen og sosiale medium (facebook, twitter m fl). Det kan bli mangel på drivstoff, foretak må stenge, t.d. butikkar på grunn av at kjølesystem og betalingsterminalar ikkje fungerer, det er produksjonsstans, det blir problem innan landbruk fordi ein er avhengig av system som går på straum til fôring, vatning og mjølking.

Konsekvensvurdering Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen
	Skader og sjukdom	x					1-2 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov		x				50 – 200 personar
	Uro og skipla daglegliv			x			200 – 1000 personar
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					
Materielle verdiar	Økonomiske tap		x				Kr 100 000 – 1 mill kr

Samla grunngjeving av konsekvens
Dette scenariet vil kunne påverke kommunen i stor grad, direkte og indirekte ved konsekvensar. Kommunale tenesteområde vil bli påverka i stor grad, slik som helse- og omsorgstenester, tekniske tenester (vatn/avløp), drift av skular og barnehagar, naudetatar (legevakt og brannvesen). Det kan bli mangel på drivstoff, varehandelen får problem, og landbruket får problem der ein er avhengig av straum (fôring, vatning, mjølking mm). Ein konsekvens kan vere at kommunikasjonen bryt saman, noko som er vurdert i eit anna scenario.

Behov for å varsle folk		Nei
Behov for evakuering		Ja, av dei mest sårbare, t.d. heimebuande sjuke og pleietrengande i institusjon. Nesbukti har naudstraumsaggregat.
Uvisse	Låg	**Grunngjeving** Relevante data og erfaringar er tilgjengeleg, hendinga er godt forstått.
Styring	Middels	**Grunngjeving** Kommunen kan til ein viss grad påverke hendinga både før og etter.

Forslag til tiltak
Kartlegge behov for reservestraum i kommunale verksemder og lage prioriteringsliste og oppdatere rutinar. Montere naudstraumsløysingar i samsvar med denne kartlegginga. Installere raske omkoplingar.
Oppdatere aktuell beredskapsplan.
Gjennomføre beredskapsøvingar saman med nettleverandør.
Sikre reservestraum for lokala til kriseleiinga.

Overføringsverdi
Hendinga har overføringsverdi.

02 BROT I E-KOM

Heilskapleg ROS – Analyseskjema

Nr.	2	Uønskt hending	BORTFALL AV ELEKTRONISK KOMMUNIKASJON (E-KOM) MEIR ENN 24 TIMAR

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

Det blir grave over ein fiberkabel i samband med grunnarbeid ved Telehuset – Brøløsvegen 55. Fiberkabelen inn til Telenorsentralen er avriven, og sambandet til Aspit som leverer data- og nettleveransar til Seljord kommune, er også grave av. Feilen fører til at ingen av Telenor sine kundar eller kundar av operatørar som nyttar Telenor sitt nett, kan ringe, sende SMS eller bruke data i mobilnettet. Det oppstår feil i fasttelefonen og naudnettet.

Årsaker

Menneskeleg svikt, teknisk svikt, programvarefeil, virus/sabotasje, straumbrot

Identifiserte eksisterande tiltak

Varsling

Varsling til kommunal teleleverandør, Telenors beredskapsplan, Telenors SLA (Service Level Agreement), kommunal beredskapsplan, fylkeskommunal beredskapsplan, alternative kommunikasjonsmåtar der dette eksisterer.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
				X		1 gang i løpet av 10-50 år

Grunngjeving for sannsyn

Klimaendringar, sårbare og utsette system og aukande ytre trugsmål skapar vilkår for nivået på sannsynet.

Sårbarheitsvurdering

Dei fleste telefonsamtalene går via mobiltelefon.
Det vil ikkje vere mogleg å nå viktige instansar som politi, sjukehus, brannvesen og legevakt frå mobiltelefon.

Innkalling av kriseleiinga, Raude-krossen, ekstramannskap vil vere vanskeleg.
Det same gjeld kommunal bygningsvakt, IKT-vakt, barnevernsvakt og psykososialt kriseteam.

Brannalarmar, heisalarmar, tekniske alarmar og tryggleiksalarmar vil ikkje fungere.

Konsekvensvurdering							
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen
	Skadar og sjukdom		x				3 – 5 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x					< 50
	Uroa og skipla daglegliv					x	>1000
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Nei
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Nei
Materielle verdiar	Økonomiske tap		x				100.000 - 1 mill.

Samla grunngjeving av konsekvens

Dagleglivet til folk vil bli påverka. Alarmoverføringar er sårbare. Det vil gå ut over viktig kommunikasjon. Tenesteproduksjonen til kommunen vil bli utfordra på fleire område som følgje av redusert kommunikasjon.

Behov for å varsle folk		Nei
Behov for evakuering		Nei
Uvisse	Låg	**Grunngjeving** Relevante data og erfaringar er tilgjengelege, hendinga er godt forstått og det er stor semje blant ekspertane.
Styring	Låg	**Grunngjeving** Kommunen kan til dels påverke korleis dette kan styrast.

Forslag til tiltak

Beredskapsplanar (på einingsnivå) og varslingsrutinar som kan handtere slike hendingar.
Alternative kommunikasjonsmetodar for kommunen - VHF, naudnett.
Vurdere system for manuell varsling.

Overføringsverdi

Hendinga har ikkje overføringsverdi til andre scenario.

Nr.	3	Uønskt hending	SØRPESKRED

Skildring av uønskt hending

Etter ein snørik vinter kjem det store nedbørsmengder og ein periode med mildvêr. Det kjem fleire mindre sørpeskred ned mot Flatdalsbyen frå Skorve. Sørpeskred tek med seg skog og endrar elveløp slik at fleire gardar på Skorvesida er truga. Evakuering av buområda blir sett i gang. Raset skrid vidare inn i buområda, og husa rasar ut. Mange husrestar og treverk stengjer elveløp mot Vallaråi i enden av Flatsjø. Det blir flaum og store øydeleggingar på bustader og dyrka mark.

Årsaker

Ekstremvêr

Identifiserte eksisterande tiltak

Det er få tiltak som kan hindre skred/ras frå Skorve ned mot Flatdal. Store skredvifter indikerer at det gjennom tidene har gått fleire skred ned fjellsida. Skredsikring er i utgangspunktet eit grunneigaransvar, og det er framleis liten kunnskap om kvar det er fare for store skred. Området er merkt med "aktsomhet" i NVE-atlas.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
		X				Ein gong i løpet av 100 – 1000 år

Grunngjeving for sannsyn

Seljord kommune har fått utarbeidd ein skredrapport av Sweco AS for eitt av områda (Vårhegnibekken). Det er vurdert at faren for sørpe- og flaumskred har eit årleg nominelt sannsyn som er større enn 1/1000.

Heile fjellrekkja har tydelege teikn på at det går skred jamleg, og det er spesielt eitt område som kommunen ynskjer at NVE skal oppgradere til høgare fareklasse (Spådomsnuten).

Sårbarheitsvurdering

Det er store vanskar med å kome seg til og frå området.

Konsekvensvurdering

Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall		x				1-2
	Skader og sjukdom		x				3-5
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov		x				50-200
	Uroa og skipla daglegliv		x				50-200
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø			x			
	Langtidsskader - kulturmiljø		x				
Materielle verdiar	Økonomiske tap				x		10 – 100 mill. kr.

Samla grunngjeving av konsekvens

Det er liten sjanse for at skreda tek menneskeliv. Skreda utviklar seg over tid (timar/dagar), og det vil vere mogleg å varsle når eit skred utviklar seg. Skred kan, som vi veit, føre til store materielle skadar.

Naturlandskapet i Flatdal er prega av tidlegare skred.

Behov for å varsle folk		Ja, avgrensa til aktuelt område.
Behov for evakuering		Ja
Uvisse	**Middels**	**Grunngjeving.** Kjenner historiske data. Risikoen vil bli lågare dersom tiltak mot erosjon blir iverksett.
Styring	**Middels**	**Grunngjeving.** Dette vil gjelde eit avgrensa område.
Forslag til tiltak Varslingsrutinar. Skredfarekartlegging i samarbeid med NVE, rullering av kommuneplanens arealdel.		
Overføringsverdi Hendinga er overførbar til andre område og andre typar skred.		

Nr.	4	Uønskt hending	EKSTREMVÊR OG FLAUM

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

Ein storflaum oppstår pga store nedbørsmender over tid. Vassmagasina til Sundsbarm kraftverk er fulle. Alle bekkar og hovudelva Flatdøla/Vallaråi er flaumstor. Natt til 15.september kjem det lokalt store nedbørsmengder som fører til at Flatdøla stig raskt og legg store landbruksområde i Flatdal under vatn. Mange hundre høyballar flyt ned i Flatsjø og vidare nedover i Vallaråi. Bygningar er ikkje truga langs Flatdøla. Bygdaråi er flaumstor. Elveførebygginga som er utført dei siste åra held stand, men gangbrua på Nyveg har fått store skader på det midtre fundamentet. Kivleåi har ikkje gjort skade bortsett frå utgraving av elvebreidda ved Prestegarden. Svært lite skade og ikkje fare for liv verken for menneske eller dyr.

Vasstanden i Seljordsvatnet har dei siste dagane vore høg, ca. +118 (10-årsflaum). Utover føremiddagen den 15.september stig Seljordsvatnet raskt, og om ettermiddagen har vasstanden nådd 50-årsflaumen, + 118,4. Informasjon om vasstanden er lagt ut på heimesida til kommunen og på sosiale medium med oppfordring om at campingvogner må sikrast mot flaumvatnet.

Vasstanden kulminerer den 16.september på ettermiddagen på +118,92 (200 årsflaum er + 118,9), og vatnet trekkjer seg seint tilbake. Skutevollen (med 38 leiligheiter) er isolert då Ringmyri står under vatn.

Mange campingvogner/spikertelt står ute i vatnet sjølv om mange vogner er berga på tørr grunn.

Fleire avløpspumpestasjonar går i overløp, og avløpsreinseanlegget har dårleg reinsegrad då innrenninga av avløpsvatn er svært stor. Vassverket ligg som ei øy ute på Eventyrøy. Har starta kloring av drikkevatnet for fleire dagar sidan pga dei store nedbørsmengdene. Hyppige vassprøver vert analysert. Kokepåbod av drikkevatn vert vurdet og innført ved behov. Alt av teknisk personell er ute og sjekkar stikkrenner og bekkelukkingar.

Bekken langs Ingrid Slettens veg går over breiddene og trugar innrenning av vatn i helsesenteret.

Plan for alternativ drift av helsesenteret er utarbeidd og sett i gang frå og med 16.september kl 11:00.

Fleire kjellarar står under vatn, men det fører ikkje til fare for liv og helse.

Det vert rapportert om mange skader på private vegar. 15 husstandar må evakuerast: Skutevollen, Flatland, langs Nyveg, mot Dyrsku-plassen.

Årsaker

Ekstremvêr, teknisk infrastruktur og bygningar lokalisert på bakgrunn av historisk kunnskap, og som ikkje er lokalisert og tilpassa dagens situasjon med eit varmare, våtare og villare klima.
Plassering av campingvogner nær Seljordvatnet der det ikkje er teke omsyn til klimaendringane og føringar gjevne i reguleringsplanar.

Identifiserte eksisterande tiltak

Varsling med info på heimesida til kommunen og sosiale medium, sms til utvalde innbyggjarar, felles samlingslokale, auka beredskap på drift VA, regulering av vassdrag oppstraums Seljordsvatnet.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
			X			Ein gong i løpet av 50-100 år

Grunngjeving av sannsyn

Sannsynet er middels for at både ekstremvêr og flaum skjer samtidig med verst tenkeleg resultat, noko som gjev eit middels sannsyn (verdi C, ein gong per 50-100 år). Men ekstremvêr eller flaum åleine skjer oftare, men då med mindre konsekvens.

Nr.	4	Uønskt hending	EKSTREMVÊR OG FLAUM

Sårbarheitsvurdering

Vesentlege vanskar med å ta seg fram på vegnettet i ein periode; dette lagar ekstra hindringar for beredskapen i å nå fram (brann, ambulanse, politi, mm). Her kan det stå om liv og helse. I tillegg vil kjellarar bli oversvømt, og delar av bygningar og campingplassar står under vatn. Det kan gje store materielle skadar. Bygningar kan gå tapt. Auka fare for erosjon med dei konsekvensar det fører til med ureining og skredfare. Handelsnæringa og anna tenestetilbod kan bli hardt råka.

Konsekvensvurdering

Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen
	Skadar og sjukdom	x					Ingen
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x					Færre enn 50 personar
	Uroa og skipla daglegliv			x			50-200 personar
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Ingen
	Langtidsskader - kulturmiljø				x		Freda og verneverdig kulturmiljø kan bli råka
Materielle verdiar	Økonomiske tap				x		Kr 10 - 100 millionar kr

Samla grunngjeving av konsekvens

Tap av menneskeliv blir vurdert som låg då det sannsynlegvis vil vere mogeleg å varsle hendinga i god tid. Hendinga kan på kort sikt uroe dagleglivet til dei menneska det gjeld og det kommunale tenestetilbodet innan einskilde område. Materielle skadar er sannsynlege; spesielt ved campingplassar og vegar i bratt terreng.

Behov for å varsle folk		Ja (lokalt)
Behov for evakuering		Ja, i overfløymde område
Uvisse	Låg	**Grunngjeving** Relevante data og erfaringar er tilgjengelege. Hendinga er godt forstått, og det er stor semje mellom ekspertane.
Styring	Middels	**Grunngjeving** Flaumen kan delvis kontrollerast under visse føresetnader

Forslag til tiltak

Gode varslingsrutinar og gjennomføring av realistiske beredskapsøvingar; som evakuering.

Overføringsverdi

Gode og dårlege erfaringar knytt til beredskap, handtering og varsling kan overførast til andre kommunar eller til andre hendingar.

05 DAMBROT

Heilskapleg ROS – Analyseskjema

Nr.	5	Uønskt hending	DAMBROT

Skildring av uønskt hending og lokale tilhøve

Det oppstår lekkasjar i Manndøla fyllingsdam ved Sundsbarmvatnet, og vatnet pressar seg gjennom delar av steinfyllingsdammen. Dameigaren har rutinar på dette, og vil setje igang tapping av magasinet. Dameigaren vil ha tid på seg før eventuelle store vassmengder kan kome til å fløyme nedover mot Flatdal og vidare utover dalen mot Seljord. Varsling skjer frå NVE til FM (fylkesmannen) og vidare til politi og kommune. Liv og helse kan stå på spel i tillegg til at infrastruktur inkl. straum, vegar, fiberleidningar, vassforsyning og bygningar blir øydelagde. Mykje av jorda og skogen i området vil bli råka.

Mindre privat dam i Kivledalen bryt saman. Kivleåi aukar, og vatnet tek med seg busker,tre og kvistar nedetter elva. Elva tek nytt far og fører til øydeleggingar på stikkrenner, grøfter, kummar, jordbruksareal på Prestegarden, eigedomen til Morgedal eigedom AS (tidl. Seljord Bulldozerlag AS) og husa like ved kyrkja.

Årsaker

Vassdam bryt saman grunna store nedbørsmengder, svikt i steinfyllinga og ekstremvêr.

Identifiserte eksisterande tiltak

Varsling

Dameigaren har faste varslingsrutinar, innsatsplanar og beredskap av personell og materiell. Dette blir gjort i samarbeid med NVE og politiet. Varsling via tv, radio og sosiale medium og med info på heimeside til kommunen slik at så mange som mogleg kjem seg ut av området så raskt som råd.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
	X					Sjeldnare enn ein gong i løpet av 1000 år

Grunngjeving for sannsyn

Statistisk sett er norske dammar svært sikre (NOU 2000: 24, s.59). Og steinfyllingsdammar er dei sikraste dammane. Det er strenge krav til planlegging, bygging og drift av store dammar.
Fylkesmannen i Telemark vurderer eit eventuelt stort dambrot med svært lågt sannsyn i Telemark.
Skagerak Energi AS har strenge føringar frå NVE når det gjeld beredskapsplan, øvingar og tilsyn av dammar og kraftanlegg, jfr damsikkerheitsforskrifta. Det er utarbeidd ein felles beredskapsplan og beredskapsorganisasjon for unormale situasjonar (beredskapssituasjonar) i Skiensvassdraget. Øst-Telemarkens Brukseierforening er ansvarleg for planverk, drift og øvingar for denne beredskaps-organisasjonen (jfr ROS for Telemark 2012).
Regelverk for damtryggleik er nøye utgreidd av NVE. Gjennom konstruksjon og bygging av dammar, vedlikehald, overvaking, tilsyn, øvingar, beredskapsplanar og førebygging av og ved Skagerak Energi AS (dameigar) etter føringar frå NVE, blir dammane overvaka svært godt. Det blir heile tida vurdert lastkrav til dammane: flaum/vasstand, istrykk, vind og bølgjer, tilstopping og manøvreringssvikt ved flaumløp, unormale lekkasjar og overtopping, eksplosjonslast, jordskjelv og ras i magasinet. Vasstand, lekkasjar, deformasjonar og poretrykk vert overvaka.
Det er laga nøye dambrotsbølgeutrekningar for alle dammane i Skiensvassdraget.

Sårbarheitsvurdering

Nr.	5	Uønskt hending	DAMBROT

Dambrot kan få katastrofale konsekvensar for liv og helse, infrastruktur inkl. vegar, straum, fiberleidningar, vassforsyning og bygningar i tillegg til næringslivet inkl. jord- og skogbruk. Området nedstraums dammen vil fløyme over av vatn. Det vil vere umogleg å kome fram mellom Langlim, Mandal, Flatdal og Seljord, og konsekvensen vil vere størst i desse områda. Området kan bli rekna som katastrofeområde. Det vil kunne ta opptil fleire år å få på plass infrastruktur att. Vassføringa frå dambrotet vert dempa i det tronge utløpet av Seljordsvatnet slik at det vil få mindre konsekvens mot Bø og Norsjø. Det er viktig at kommunen tek høgde for etablering av nye industriområde og nybygg som ikkje ligg inne i karta. Dette må kommunen følgje med på slik at det samsvarar med dei som ligg inne i evakueringsplanane til NVE.
Desse blir involvert i eit dambrot: dameigaren, brukseigarforeininga, politiet, kommunen, fylkesmannen, NVE, Telemark sivilforsvarsdistrikt, Statens vegvesen, Telemark fylkeskommune, Telemark og Buskerud HV-distrikt 03, nabokommunar.
Innan Seljord kommune har vi totalt 11 dammar på ulike vasskraftverk. Dei fleste er mindre dammar som ikkje er særleg utsette for store uønskte hendingar.

Konsekvensvurdering								
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall					x	>10 dødsfall
	Skader og sjukdom					x	>100 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov					x	>1000 personar
	Uroa og skipla daglegliv					x	<1000 personar
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø				x		3-10 år, 30-300 km^2/km
	Langtidsskader - kulturmiljø				x		Omfattande øydeleggingar på ein del verneverdig kulturminne/kulturmiljø
Materielle verdiar	Økonomiske tap Samfunnsmessig økonomisk tap					X	>5 mrd kroner

Samla grunngjeving av konsekvens
Mange liv vil gå tapt. Det er relativt stutt tid til å evakuere folk i Flatdal og Seljord. NVE har kart som viser nøye utrekningar over bølgefront mm og inneheld oversikt over utsette bygningar i området.

Behov for å varsle folk		Ja. Innbyggjarane på strekninga Langlim til Seljord blir varsla av politiet via tv, radio og sosiale medium slik at så mange som mogleg kjem seg ut av området så raskt som råd.
Behov for evakuering		Ja. Politiet gjev ordre om evakuering av alle innbyggjarar i området. Det blir ei stor utfordring å skaffe hus og mat til folk.
Uvisse	Låg	**Grunngjeving** Relevante data og erfaringar er tilgjengelege og pålitelege.
Styring	Låg	**Grunngjeving** Kommunen kan ikkje påverke. Vi stolar på at damansvarleg er oppdaterte og følgjer prosedyrer, vedlikehald og planar.

Forslag til tiltak
Påverke styremaktene til å halde høgt nivå på kravet til dameigar.

Overføringsverdi
Kan skje alle stader i landet der det er store dammar.

Nr.	6	Uønskt hending	SKOGBRANN

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

Lynnedslag på Seljordsheii i område med mykje lyng og barskog. Før lynnedslaget: tørt vêr og jordsmonn og svært tørr vegetasjon. Det er frisk bris, og vinden skal auke på utover kvelden. Det er ikkje venta nemnande nedbør det næraste døgnet. Lynnedslaget er i eit område som er svært kupert, og det er ikkje veg inn til området. Brannområdet ligg om lag 1 km frå skogsbilveg. Avgrensa tilgang med vatn nært opp til brannområdet. Brannen har på kort tid spreidd seg, og brannfronten er nå på om lag 300 m og går i retning mot eit gardsbruk med dyrehald og eit hyttefelt på om lag 25 hytter. Det er feriefolk på dei aller fleste hyttene.

Årsaker

Sterk sol, varmt, fleire dagar med til dels sterk vind har tørka ut jordmonnet. Lokalt torevêr på ettermiddagen med lynnedslag på fleire stader har starta skogbrannen.

Identifiserte eksisterande tiltak

Oppfordre turgåarar og andre til ikkje å fyre bål (open eld).
Minne om at frå 15.04 til 15.09 er det forbode å gjere opp eld i nærleiken av skog og anna utmark utan løyve frå kommunen.
Brannsjefen kan rekvirere brannflyet for overvaking av skogsområde.
Samarbeid mellom skogbranntroppar og sivilforsvaret ved øvingar og i hendingar.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
				X		Ein gong pr. 10 – 50 år

Grunngjeving for sannsyn

Den skildra hendinga er ein stor skogbrann som skjer sjeldan. Mindre skogbrannar skjer oftare. Dei blir som oftast sløkt etter relativ kort tid under gunstige vêrtilhøve. I tørkeperiodar i sommarhalvåret kan det oppstå slike mindre skogbrannar fleire gonger innanfor ein kort periode.
I dei siste åra har klimaendringar ført til at tørkeperiodane i sommarhalvåret skjer oftare.
Dette vil halde fram med å eskalere slik klimaforskarane ser det i dag.

Sårbarheitsvurdering

Skogbrannen vil føre til at straumforsyninga til eit gardsbruk og hyttefelt vil bli borte.
Fasttelefonen vil falle ut medan inter- og mobilnett vil fungere så lenge det er batterikapasitet.
Heivegen vil bli stengt då det er fare for at brannen vil spreie seg til austsida av vegen. Store verdiar i bygningar som bustadhus, driftbygningar, reiskap, hytter og skog vil gå tapt. Natur og miljø blir råka. Kulturelle verdiar går tapt. Kritiske samfunnsverdiar blir ikkje råka.

Konsekvensvurdering							
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall	x					Ingen
	Skader og sjukdom		x				3 -5 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggande behov	x					< 50 personar
	Uroa i dagleglivet		x				50 – 200 personar
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø		x				3-30 m^2/km
	Langtidsskader - kulturmiljø		x				Verneverdig kulturmiljø
Materielle verdiar	Økonomiske tap			x			1 – 10 mill kr

Samla grunngjeving av konsekvens

Dette scenarioet vil ramme kommunen ved at alt naudsynt sløkkjeutstyr og mannskap i brannvesenet vil delta i sløkkingsarbeidet. Det vil vere behov for hjelp frå skogbranntroppen og sivilforsvaret. Anna kommunal teneste vil bli råka då det blant utkommandert mannskap er personar som har viktige fuksjonar for andre kommunale tenester. Brannvesen i nabokommunane må vere i beredskap for andre ulykker/hendingar.

Behov for å varsle folk		Ja, for avgrensa område; avhengig av vêrforhold
Behov for evakuering		Ja, men er svært avhengig av vindretninga
Uvisse	Låg	**Grunngjeving** Relevante data og erfaringar er tilgjengelege. Hendinga er godt forstått, og det er stor semje blant ekspertane.
Styring	Middels	**Grunngjeving** Kommunen kan påverke noko ved å ha god skogbrannberedskap og naudsynt sløkkjeutstyr tilgjengeleg lokalt.

Forslag til tiltak

Auke informasjonen om skogbrannfare på sosiale medium og heimesider. Ved fare for torevêr er det aktuelt å forsterke flyberedskapen i tørre periodar. Varsle sivilforsvaret om hjelp og støtte så snart dette er aktuelt.

Overføringsverdi

Stor overføringsverdi til skogbrannar i kommunen og nabokommunar.

Nr.	7	Uønskt hending	VEGTRAFIKKULYKKE I SJØORMPORTEN - BRANN I KØYRETØY

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

Sundag ettermiddag i Dyrskuhelga er det saktegåande trafikk i austgåande retning. Eit køyretøy i køen køyrer forbi ein bil midt i tunnelen samstundes som Telemarksekspressen kjem i vestgåande retning. Sjåføren som køyrer forbi, finn inga luke, rekk ikkje inn i køen og frontkolliderer med bussen. Køen av køyretøy i austgåande retning stoppar opp, og det blir ein kjedereaksjon med fleire påkøyringar langsetter køen. Dette fører til brann og røykutvikling. Røyken driv vestover. Fleire personar blir alvorleg skadde. Telemarksekspressen er nesten full av passasjerar, og mange av dei blir skadde. Det er ikkje rømmingstunnel i tunnelen. Rømming må skje via austre tunnelmunning. Rømmingsvegen er estimert til å vere 400 meter. Evakuering for dei som ikkje har personskader, tek om lag 6 minuttar. Det finst alternative omkøyringsvegar, for køyretøy > 7,5 tonn – E134, og for køyretøy <7,5 tonn - fv.156.

Årsaker

Menneskeleg svikt, høg fart, teknisk svikt, rus, sjølvmordsforsøk

Identifiserte eksisterande tiltak

Det er utarbeidd beredskapsplan for Sjøormporten rv. 36. Her har ein sett på teknisk utstyr, reaksjonstid og innsats ved uønskt hending.

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
			X			Ein gong i løpet av 50-100 år

Grunngjeving for sannsyn

Vi viser til Statens vegvesen og deira beredskapsplanar.

Sårbarhetsvurdering

Rv 36 vil bli stengt i nokre dagar, og omkøyringsvegane vil bli mindre farbare. Reaksjonstid for naudetatar er 20-25 min. Branntilløp vil då gjere at køyretøy er overtente før naudetatane er på plass dersom ein ikkje har lukkast med sløkking med brannsløkkeapparat som er utstasjonert i tunnelen. Det er utstasjonert tre brannsløkkingsapparat i tunnelen, eitt for kvar naudstasjon. Det er ikkje tilgang på sløkkjevatn.

Personskader og brann gjer at det er ein viss fare for dødsfall.

Tiltak for å sikre handbok 021 frå Statens vegvesen (vegtunnelar) og forskrift om krav til minimums-tryggleik til visse vegtunellar er ikkje gjennomført.

Kriseleiinga blir etablert, kriseleiinga til Statens vegvesen blir etablert, ulykkeskommisjonen blir involvert.

Konsekvensvurdering

Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall				x		6-10 døde
	Skader og sjukdom				x		20- 100 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x					Færre enn 200 personar på mindre enn éin dag
	Uroar og skiplar dagleglivet		x				Det er gode omkøyringsvegar dersom tunnelen blir stengt.
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Avrenning frå køyretøy og sløkkjevatn kan påverke naturmiljøet noko
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Ingen
Materielle verdiar	Økonomiske tap				x		10 - 100 millionar kroner

Samla grunngjeving av konsekvens
I dette scenarioet kan opp mot 300 menneske vere inne i tunnelen, og det er stor fare for tap av mange menneskeliv. Det vil påverke dagleglivet sterkt og gi svært store økonomiske tap. Ut i frå dette vurderer vi hendinga til å vere katastrofal. Trafikkauke i lang tid på vegar som ikkje er dimensjonert for dette.

Behov for å varsle folk		Nei
Behov for evakuering		Berre frå tunnelen og ved tunnelopningane
Uvisse	**Høg**	**Grunngjeving** Det er lite tilgjengeleg statistikk for ulykker i tunnelar.
Styring	**Låg**	**Grunngjeving** Kommunen kan ikkje påverke Statens vegvesen i så stor grad at risikoen blir nemneverdig redusert.

Forslag til tiltak
Statens vegvesen:

- Gjennomføre tiltak for å oppnå tryggleksnivået til handbok 021 og forskrift om minimumskrav til tryggleik i visse vegtunnelar
- Sjøormporten skal etter planen rehabiliterast innan 2018
- Forbod mot transport av farleg gods i vegtunnelar
- Utarbeide ROS og tryggleiksrapportar

Overføringsverdi
Stor overføringsverdi til andre vegtunnelar som skal opnast i kommunen; E134 – Gvammen – Århus og til transport av farleg gods.

08 ULYKKE I NÆRING/STØRRE INSTITUSJON

Heilskapleg ROS - Analyseskjema

Nr.	08	Uønskt hending	STORBRANN I INSTITUSJON

Skildring av uønskt hending og lokale forhold

På Heddeli bu- og sevicesenter, natt til 3.joledag, byrjar det å brenne i eit pasientrom i 2.høgda. Brannen spreier seg raskt, og tjukk røyk spreier seg i heile etasjen og ned i 1.høgda. Det oppstår kraftig røykutvikling som spreier seg til nabolaget. Røyken inneheld truleg giftige gassar.

Når brannvesenet er på plassen, er det stor røykutvikling og pasientrommet er overtent.

Det er full fyr i takkonstruksjonen og delar av 2 høgda.

Årsaker:

Feil i elektrisk apparat/utstyr i samband med jolehøgtida. Defekt røykdetektor på sengerommet.

Identifiserte eksisterande tiltak

Bygninga har automatisk brannalarm som er tilkopla vaktsentralen 110-Telemark.
Internkontroll av elektriske installasjonar og brannalarminstallasjonar utført av vedlikehaldspersonell.
Ekstern årleg kontroll/tilsyn av brannverninstallasjonar og elektriske installasjonar.
Årlege brannøvingar på institusjonen.
Brannvernopplæring av alle tilsette.
Brannteikningar er utarbeidde, og rømmingsvegar er skilta i samsvar med lovar og føresegner

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
			X			Ein gong i løpet av 50 til 100 år.

Grunngjeving for sannsyn

Bygningen har automatisk brannalarm med adresserbar brannalarm tilkopla vaktsentralen 110-Telemark. Berande innvendige vegger er i betong. Yttervegger er oppført mur med utvendig forblending med tegel og trepanel. Etasjeskiljet er element i ikkje brennbare materialar (lecaplank) Lågt sannsyn for at ein brann i bygninga kan utvikle seg til ein storbrann slik huset er oppbygd. Kommunen har hatt fleire brannar med overtente bygningar/fare for overtente bygningar i løpet av ovanfor nemnde periode. Få brannar har ført til store skader på bygningar.

Sårbarhetsvurdering

Brannen vil påverke mange personar. Ikkje berre dei som bur og arbeider på instituasjonen, men også pårørande og naboar. Det kommunale evakueringssenteret tilbyr dei evakuerte varme og nødvendig stell og pleie. Kriseteamet i kommunen er etablert og vil oppsøke dei evakuerte, sårbare pårørande og naboar.

Konsekvensvurdering							
Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall			x			3 – 5 døde
	Skader og sjukdom			x			3 – 5 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov	x					< 50 personar blir påverka
	Uroa i dagleglivet	x					< 50 personar blir påverka
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Ingen
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Ingen
Materielle verdiar	Økonomiske tap				x		10-100 mill

Samla grunngjeving av konsekvens

Ein reknar med at 3-5 menneskeliv går tapt og at 3-5 personar blir skadde som følgje av hendinga. Det er ein føresetnad at iverksette tiltak fungerer, og at brannvesenet klarar å hindre ei eskalering av brannen. Sjølv om grunnleggjande behov er ivaretatt, vil dagleglivet til dei involverte bli merkbart uroa og endra, og mange er evakuert. Evakueringssenteret i kommunen blir tatt i bruk. Brannen vil gje store økonomiske tap og lengre tid vil gå med til oppbygging/oppussing.

Behov for å varsle folk		Ja. Dør til dør- aksjon på Heddelitunet, omsorgsbustader i Jakob Naadlandsveg 1,3,5, 6 og 7
Behov for evakuering		Alle bebuarar på Heddelitunet Bu- og servicesenter (13 personar + nattevakt), alle på Heddelitunet (6 personar + nattevakt) og omsorgsbustader (21 personar). Totalt 40 personar + 2 nattevakter.
Uvisse	Høg	**Grunngjeving** Uvisse om vindretning og styrke, tidspunkt på døgn og vekedag, tekniske tiltak fungerer, skjulte veike punkt i bygningskonstruskjonen.
Styring	Middels	**Grunngjeving** Brannvernplan er utarbeidd og blir oppdatert jamleg. Det er rutinar for brannhandtering av personell. Kontroll av brannførebyggjande tekniske installasjonar blir gjennomført. Bygningen er tilkopla 110-alarmsentral.

Framlegg til tiltak

Kontroll av det elektriske anlegget og termografering av elektrisk anlegg bør utførast av sertifisert personell med godkjent utstyr.
Brannvernplanar må regelmessig oppdaterast, teknisk utstyr må driftast og haldast ved like, og organisatoriske tiltak må innarbeidast og øvast på.
Brannseksjoneringskonstruksjonar må kontrollerast jamleg til faste tider slik at krava til brannmotstand er tilfredstillt til ei kvar tid.

Overføringsverdi

Det er stor overføringsverdi til andre institusjonsbygg og til bygningar der det oppheld seg personar på gjesteovernattingar som hotell o.l. Men det er også overføringsverdi til alle bygningar som er plasserte tett inntil kvarandre i sentrum.

09 ULYKKE VED STØRRE ARRANGEMENT

Heilskapleg ROS – Analyseskjema

Nr.	9	Uønskt hending	ULYKKE VED STØRRE ARRANGEMENT

Skildring av uønskt hending og lokale tilhøve

12.september er det Dyrsku-laurdag med om lag 20 000 gjester. Det er sett opp salsboder, telt og serveringsområde for publikum. Heile Dyrsku-området er inngjerda. Kl 15.00 bles det opp til sterk vind. Telt lettar frå bakken, scenen står i fare for å velte. Hestane bak fjoset får panikk og spring ut i folkemengda. Den eine store oksen i husdyrhallen slit seg og kjem seg ut. Det blir panikk i folkemengda som tek til å springe mot inngangsområdet. Fleire barn og eldre blir trampa ned av folkemengda. Hestane og oksen riv med seg ei barnevogn og fleire telt. Det heile verkar kaotisk. Godt og vel 100 personar blir meir og mindre skadde – kutt, klemskader, brot osb. Nokre få har fått livstrugande skader. Det er panikkreaksjonar i store delar av menneskemengda.

Årsaker

- Ekstremvêr
- Teknisk svikt
- Menneskeleg svikt

Identifiserte eksistarende tiltak

Det er utarbeidd eigen beredskapsplan for arrangement på Dyrskuplassen.
Planen vert revidert kvart år.
Politiet godkjenner arrangement der det skal nytast alkohol.
Tilsyn, inspeksjon og oppfølging frå tilsynsmynde (brann, politi, kommune)
Bruk av «Veileder for sikkerhet ved store arrangementer»:
http://www.dsb.no/no/toppmeny/Publikasjoner/2010/Tema/Veileder-for-sikkerhet-ved-store-arrangementer

Sannsyn	A	B	C	D	E	Forklaring
				X		Ein gong i løpet av 10-50 år

Grunngjeving for sannsyn

Endringar i vêrforhold – ekstreme vêrsituasjonar, meir vind, regn osv. fører til at vi er meir utsette. Samstundes kan ein rekne med å få varsel om ekstremvêr via vêrmeldingar.

Sårbarheitsvurdering

Kritiske samfunnsfunksjonar er ikkje truga, men det vil vere eit akutt behov for helsetenester, oppfølging av større menneskemengder, evakuering m.m.

Konsekvensvurdering

Samfunnsverdi	Konsekvenstype	1	2	3	4	5	Forklaring
Liv og helse	Dødsfall			x			3-5 dødsfall
	Skader og sjukdom					x	>100 skadde
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggande behov	x					
	Forstyrra i dagleglivet	x					
Natur og miljø	Langtidsskader - naturmiljø	x					Ikkje relevant
	Langtidsskader - kulturmiljø	x					Ikkje relevant
Materielle verdiar	Økonomiske tap			x			< 100 mill. kroner. Kostnader gjeld i hovudsak kostbart utstyr.

Samla grunngjeving av konsekvens Hendinga trugar først og fremst liv og helse.		
Behov for å varsle folk		Ja.
Behov for evakuering		Ja, evakuering av arrangementsområdet.
Uvisse	Låg	**Grunngjeving.** Hendinga har skjedd andre stader.
Styrbart	Middels	**Grunngjeving.** Gode rutinar innarbeidd før arrangementet finn stad kan gjere det enklare å organisere evakuering, tilgang til helsepersonell m.m.
Sande kommune
Sandefjord kommune
Sauherad kommune
Seljord kommune
Siljan kommune
Skien kommune
Svelvik kommune
Telemark fylkeskommune
Tinn kommune
Tjøme kommune
Tokke kommune
Tønsberg kommune
Vinje kommune
Ål kommune

§ 2. Rettslig status

Selskapet er et eget rettssubjekt, og arbeidsgiveransvaret tilligger styret.

Selskapet skal være registrert i Foretaksregisteret.

§ 3. Hovedkontor

Selskapet har sitt hovedkontor i Kongsberg kommune.

§ 4. Formål og ansvarsområde

Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for eiernes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser. Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for eierne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre.

Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakende fylkeskommuner, og skal kunne motta privatarkiv.

Selskapet skal følge Lov om arkiv og forskrifter om offentlige arkiv.

§ 5. Eiertilskudd og eierandel

Eierne betaler årlig inn tilskudd til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Eiertilskuddet er beregnet ut fra en fordelingsnøkkel basert på folketallet og et grunnbeløp vedtatt av representantskapet. For eiere som ikke kan legge folketallet til grunn, det vil si interkommunale selskap, skal det årlige tilskuddet fastsettes av representantskapet.

Fordeling av eierandel for hver enkelt eier skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtas særskilt av hver enkelte eier.

Eierandelen er utregnet i prosent. Eierandelen er regnet ut i fra hver enkelt eiers årlige tilskudd til selskapet.

Eier	Andel	Eier	Andel	Eier	Andel
Bamble kommune	2,52	Kongsberg kommune	4,00	Sande kommune	1,88
Buskerud fylkeskommune	4,78	Kragerø kommune	2,12	Sandefjord kommune	7,88
Bø kommune	1,47	Kviteseid kommune	1,01	Sauherad kommune	1,25
Drangedal kommune	1,22	Lardal kommune	1,01	Seljord kommune	1,08
Flesberg kommune	1,04	Larvik kommune	5,92	Siljan kommune	1,00
Flå kommune	0,84	Modum kommune	2,49	Skien kommune	7,08
Fyresdal kommune	0,87	Nes kommune	1,13	Svelvik kommune	1,54
Gol kommune	1,28	Nissedal kommune	0,88	Telemark fylkeskommune	3,43
Hemsedal kommune	1,01	Nome kommune	1,53	Tinn kommune	1,45
Hjartdal kommune	0,90	Nore og Uvdal kommune	1,02	Tjøme kommune	1,33
Hof kommune	1,10	Nøtterøy kommune	3,38	Tokke kommune	0,98
Hol kommune	1,27	Porsgrunn kommune	5,02	Tønsberg kommune	6,03
Hole kommune	1,56	Re kommune	1,89	Vinje kommune	1,17
Holmestrand kommune	2,14	Ringerike kommune	4,32	Ål kommune	1,29
Horten kommune	4,01	Rollag kommune	0,88		

Eierandelen justeres ved inn- og utmelding.

§ 6. Ansvarsfordeling

Den enkelte eier hefter med hele sin formue for sin aktuelle andel av selskapets samlede forpliktelser, jf Lov om interkommunale selskap § 3, første ledd.

§ 7. Selskapets organ

Selskapet skal ha følgende tre organer:

- Representantskapet
- Styret
- Daglig leder

§ 8. Representantskapet

Representantskapet er selskapets øverste myndighet.

Selskapet skal ha et representantskap der samtlige eiere er representert med én representant hver.

Vedkommende kommunestyre eller fylkesting oppnevner selv sin representant. Er et interkommunalt selskap eier, oppnevner selskapets representantskap dets representant. Det skal oppnevnes ett varamedlem for hver av de faste medlemmene.

Kommunestyret eller fylkestinget bestemmer selv om dets representanter skal velges ved forholdsvalg eller flertallsvalg.

Representantskapet velger selv sin leder og nestleder.

Daglig leder eller styremedlemmer kan ikke velges til medlemmer i representantskapet.

Representantskapets medlemmer velges for fire år og følger kommunevalgperioden. Den enkelte eier kan foreta nyvalg av sine representantskapsmedlemmer i valgperioden. Nyvalg skjer for den gjenværende del av valgperioden.

§ 9. Representantskapets møter

Ordinært representantskapsmøte skal innkalles innen utgangen av april måned. Innkalling til ordinært representantskapsmøte skal skje skriftlig med minst fire ukers varsel, og skal inneholde en saksliste. Med tilsvarende frist skal også de enkelte eiere varsles.

Innkalling til representantskapet følger ellers de regler som framgår av lov om interkommunale selskaper § 8.

Ordinært representantskapsmøte behandler:

1. Valg av protokollkomité med to medlemmer
2. Årsmelding og regnskap
3. Budsjett, økonomiplan
4. Rammer for låneopptak og tilskudd fra eierne
5. Valg av revisor
6. Valg til styret
7. Valg av valgkomité med minst tre medlemmer. Valgkomiteens medlemmer velges for ett år

Representantskapets leder innkaller representantskapet.

Det innkalles til ekstraordinært representantskapsmøte ved behandling av særskilt angitte spørsmål. Det skal innkalles skriftlig med to ukers varsel når to styremedlemmer, revisor eller ett/flere representantskapsmedlemmer/eiere ber om det eller om representantskapets leder finner behov for dette.

Styrets leder og daglig leder har møteplikt i representantskapet, og alle styremedlemmene og daglig leder har møte- og talerett.

Representantskapet kan gjøre vedtak når minst to tredjedeler av eierne er til stede.

Ved votering har hver tilstedeværende eier en stemme hver.

Protokollkomiteen utferdiger og undertegner protokoll fra representantskapets møter.

§ 10. Budsjettbehandlingen

Representantskapet vedtar budsjett og økonomiplan.

Styret forbereder representantskapets behandling av budsjett og økonomiplan. Dersom styrets forslag går ut over tidligere forutsetning eller bærer i seg konsekvenser som går ut over rammene i eiernes økonomiplan, skal representantskapet og Eierne gjøres oppmerksom på dette. Det samme gjelder om styret må fremme forslag til endringer i vedtatt budsjett for virksomheten.

De til enhver tid gjeldende forskrifter for budsjett og økonomiplan gitt i medhold av lov om interkommunale selskap skal gjelde for virksomheten.

Ferdigbehandlet budsjett skal oversendes eierne innen 1. september hvert år.

Budsjettet er ikke endelig før alle eiernes budsjett er behandlet etter kommunelovens § 45.

Styret skal utarbeide slike økonomirapporter som representantskapet beslutter.

§ 11. Styret

Styret skal ha seks medlemmer, hvorav fem velges av representantskapet etter valgkomiteens innstilling. De valgte styremedlemmene skal ha tre nummererte varamedlemmer. Styrets medlemmer og varamedlemmer skal velges av representantskapet for to år. To medlemmer/ varamedlemmer velges for to år i år med oddetall. Tre medlemmer og ett varamedlemmer velges for to år i år med partall. Blant styrets medlemmer velges av representantskapet styrets leder og nestleder for ett år av gangen.
De ansatte velger et styremedlem med vara. Medlemmet har rettigheter i styret i henhold til kommunelovens § 26 pkt 1 og 2.

Styrets oppgaver er å realisere de forventningene, bedriftsfilosofien og hovedmålene som eierne ved representantskapet har anvist. Styret skal sette opp delmål, legge opp strategier, fremskaffe det nødvendige materiale for representantskapet og utøve styring gjennom det enkelte driftsår.

Styret skal føre løpende tilsyn med virksomheten og har ansvar for at pålagte oppgaver utføres i henhold til lov, forskrifter og eventuelle pålegg. Styret skal sørge for at saker som skal behandles i ordinært representantskapsmøte er tilstrekkelig forberedt. Styret iverksetter representantskapets vedtak. Styret kan bare ta opp lån eller påføre eierne forpliktelser i den utstrekning det foreligger særlig vedtak om dette i representantskapet.

Styret ansetter daglig leder, og kan bestemme at vedkommende tilsettes på åremål. Styret kan delegere til daglig leder å tilsette selskapets øvrige personale.

Styret har instruksjons- og omgjøringsmyndighet overfor daglig leder.

Styret representerer selskapet utad og tegner firmaet. Styret kan gi styreleder eller daglig leder rett til å tegne selskapets firma og kan fastsette at de som har slik rett, må utøve den i fellesskap.

§ 12. Styrets møter

Styremøtene ledes av styrets leder. Styret fatter vedtak med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet teller møteleders stemme dobbelt. Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stede, inkludert møtende varamedlemmer. Styrets leder sørger for at det blir ført protokoll som godkjennes av styret.

Styret fastsetter daglig leders lønn.

Styret vedtar personalreglement for selskapet.

Styret godkjenner forhandlingsresultat fra lokale lønnsforhandlinger.

§ 13. Daglig leder

Daglig leder administrerer virksomheten og har ansvaret for at enhver arbeidsoppgave utføres i overensstemmelse med gjeldende bestemmelser og i henhold til de vedtak som er fattet av styret.

Daglig leder har sekretariatsfunksjonene og ansvaret for saksframlegg til styret. Vedkommende har tale- og forslagsrett i styrets møter.

§ 14. Organisering av tilsynsfunksjoner

Daglig leder skal til enhver tid holde styret orientert om alle forhold av betydning for virksomheten og om økonomi og personalforhold. Styret skal sørge for at representantskapet til enhver tid har nødvendig oversikt og i tide kan forberede nødvendige disposisjoner. Representantskapets møtebøker skal fortløpende sendes til eierne.

§ 15. Personvern/saksbehandlingsregler/forholdet til annen lovgivning

Selskapet skal følge reglene som gjelder for offentlig forvaltning, herunder forvaltningsloven, offentlighetsloven og personopplysningsloven.

Reglene om habilitet i kommuneloven gjelder for selskapets organer.
For områder som ikke direkte er regulert i selskapsavtalen gjelder de til enhver tid gjeldende regler i lov om interkommunale selskaper.

§ 16. Økonomiforvaltning

Selskapet avgir regnskap etter kommunale regnskapsprinsipper.

Regnskap, budsjett og økonomiforvaltning ellers skal følge regler i lov om interkommunale selskaper og de til enhver tid gjeldende forskrifter for slike selskaper.

§ 17. Låneopptak og garantistillelse

Selskapet kan ta opp lån innenfor en ramme på NOK 170 000 000 for selskapets samlede låneopptak. For øvrig gjelder de til enhver tid gjeldende regler for lån og garantier som følger av lov om interkommunale selskaper og tilhørende forskriftsverk.

Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andres økonomiske forpliktelser. Virksomheten kan selv ikke låne ut penger.

Dersom det kreves garantistillelse fra eierne, må dette vedtas av de respektive kommunestyrene/fylkesting. Den enkelte eier garanterer for sin andel av lånet som tilsvarer eierandelen, dog forutsettes det at garantistillelsen er i overensstemmelse med bestemmelsene i kommuneloven § 51 nr. 2.

§ 18. Arbeidsgiveransvar

Styret har det formelle arbeidsgiveransvaret for de personer som til enhver tid er ansatt i virksomheten.
Styret avgjør tilknytning til arbeidsgiverorganisasjon.

§ 19. Møtegodtgjørelse m.v.

Godtgjørelse for møter m.v. til leder og medlemmer av styret utbetales etter regler fastsatt av representantskapet. Medlemmene har rett til refusjon for tap i inntekt og utgiftsdekning tilsvarende reglene i kommuneloven § 41. Eierne honorerer selv sine representantskapsmedlemmer.

§ 20. Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen må vedtas av samtlige eiere. Kommunestyret/fylkestinget må selv vedta avtalen. For eiere som er interkommunale selskap må vedtaket gjøres av representantskapet.

Endringer i selskapsavtalen som gjelder de punktene som lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd setter som minimumsinnhold i en selskapsavtale, kan bare skje ved at eierne gjør et likelydende vedtak om dette.

Andre endringer kan vedtas av representantskapet med tilslutning fra minst to tredjedeler av de avgitte stemmene.

Forslag til endringer av selskapsavtalen kan fremmes av styret, representantskapet eller en/flere av Eierne.

Styret skal i alle tilfeller få anledning til å uttale seg om forslag til endring av selskapsavtalen før disse fremmes for behandling hos eierne.

§ 21. Nye eiere

En ny eier må tilfredsstille kravene i § 1, samt at det kreves samtykke fra alle øvrige eiere.

En ny eier påtar seg de samme forpliktelser for selskapet som gjelder for eksisterende eiere, samt vil være bundet av alle tidligere fattede vedtak og beslutninger som selskapet har fattet.

I tillegg til det faste eiertilskuddet beskrevet i § 5, betaler ny eier et inntredelsestilskudd tilsvarende 50% av det årlige eiertilskuddet.

§ 22. Utelukking, uttreden og oppløsning

Dersom en eier vesentlig misligholder sine plikter i selskapsforholdet, kan de øvrige eierne enstemmig vedta at vedkommende Eier skal utelukkes fra selskapet etter reglene i lov om interkommunale selskaper § 31.

Den enkelte eier kan med 1 – ett - års skriftlig varsel ensidig si opp sitt Eierskap etter reglene i lov om interkommunale selskaper § 30. Oppsigelsen får uansett ikke virkning før etter 31.12 året oppsigelsen ble levert.

Forslag til oppløsning av selskapet må vedtas enstemmig av representantskapet. Vedtak om oppløsning må godkjennes av samtlige eiere og av departementet.

Fordeling av aktiva og passiva ved eventuell uttreden eller oppløsning skal skje etter reglene i lov om interkommunale selskaper § 30.

Gjennomføring av avvikling skal skje etter reglene i lov om interkommunale selskaper §§ 33-38 og eventuelle forutsetninger/føringer fra departementet.

Styret plikter å melde fra om avviklingen til Foretaksregisteret.

§ 23. Ikrafttredelse

Denne selskapsavtalen trer i kraft fra det tidspunkt den er vedtatt av samtlige eieres øverste politiske organ.

Seljord kommune

Arkiv: 216
Saksnr.: 2016/1160-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 10.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	52/16	22.06.2016

Plan for selskapskontroll 2016 - 2019

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Saksutskrift - Plan for selskapskontroll for 2016-2019 - Seljord kommune
2 Plan for selskapskontroll Seljord

Saksutgreiing:

Seljord kommune har motteke ei melding om vedtak frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet si tilråding vert lagt fram for kommunestyret.

Vedlagt fylgjer saksutskrift frå kontrollutvalet og plan for selskapskontroll.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet gjer fylgjande tilråding til kommunestyret:

«Forslag til Plan for selskapskontroll 2016 -2020 – Seljord kommune» godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost. - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Styresamansetting – evaluering og valprosess.
3. Kostnadsgrunnlag sjølvkost - Renovest IKS
4. Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap

Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden.

Utskrift til:
marianne.lundeberg@temark.no

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 15/13230-5
Arkivkode 210
Sakshandsamar Marianne Lundeberg

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	01.06.2016	12/16

Plan for selskapskontroll for 2016-2019 - Seljord kommune

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet gjer fylgjande tilråding til kommunestyret:

«Forslag til Plan for selskapskontroll 2016 -2020 – Seljord kommune» godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost. - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap.
3. Styresamansetting – evaluering og valprosess.
4. Kostnadsgrunnlagsjølvkost - Renovest IKS

Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden.

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 77 nr. 5 og kontrollutvalsforskrifta § 13 slår fast at kontrollutvalet skal sjå til at det er kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen får ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal byggje på ei overordna analyse av kommunen sitt eigarskap. Analysen skal ha fokus på risiko og kva som er vesentleg i kommunen sitt eigarskap. Kommunestyret skal vedta planen. Dette skal skje seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

Saksopplysningar:

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Anne Hagen Stridsklev legg fram «forslag til Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 – Seljord kommune».

Vurdering frå sekretariatet:
Forslag til vedtak er identisk med revisjonens forslag til plan for selskapskontroll. Diskusjonen i kontrollutvalet er avgjørande for kva som blir endeleg val og prioritering av område for selskapskontroll.

Vedlegg:
-forslag til plan for selskapskontroll 2016- 2020 – Seljord kommune.

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 01.06.2016 sak 12/16

Møtehandsaming
Telemark kommunerevisjon IKS v/ Elizabeth Kasin la fram «Plan for selskapskontroll 2016 -2020 – Seljord kommune».

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet gjer fylgjande tilråding til kommunestyret:

«Forslag til Plan for selskapskontroll 2016 -2020 – Seljord kommune» godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekt i prioritert rekkefølge:

1. Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost. - Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS
2. Styresamansetting – evaluering og valprosess.
3. Kostnadsgrunnlag sjølvkost - Renovest IKS
4. Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap

Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden.

RETT UTSKRIFT
DATO 1.juni.2016

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

Forslag til plan for selskapskontroll 2016-2020

Seljord kommune

2016 :: 428 004
Ferdigstilt: 7. mars 2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Frå 2015 har vi innleidd fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Telemark kommunerevisjon IKS har brei erfaring med selskapskontroll og gjer forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd innanfor mange område, og med ulike innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har god kompetanse innan offentleg forvaltning.

Du kan lese meir på vår nettstad www.tekomrev.no.

Innhald

1 Innleiing 3
1.1 Bakgrunn 3
1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll 3
1.3 Kven kan bli kontrollert? 4
1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep 4
1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen 5
2 Eigarskap i Seljord kommune 7
2.1 Eigarskapsmelding 7
2.2 Kommunens eigarskap 7
2.3 Gjennomførte selskapskontrollar 7
3 Prioriteringar i denne planperioden 9
3.1 Eigarskapskontroll 9
3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap 9
4 Plan for selskapskontroll 11
Vedlegg 11

Foto forside: www.effective.com

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunen kan engasjere seg i verksemder og leggje ulike oppgåver til fristilte organisasjonsformer som interkommunalt samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l. Kommunestyret står i stor grad fritt til å velje kva organisasjonsform slik verksemd skal ha. Kva organisasjonsform kommunestyret vel, har mykje å seie for kva høve kommunestyret har til å styre verksemda. Selskapa, som er sjølvstendige rettssubjekt, har eigne styringsorgan, og er regulert av særskilt lovgiving, som mellom anna regulerer tilhøvet mellom eigarane (kommunen) og selskapet sitt styringsorgan.

Viktige vilkår for folkevald styring er open informasjon, etikk og kontroll. Ei evaluering av offentleglova[1] viser at kunnskapen om offentleglova i sjølvstendige offentlige rettssubjekt er lav. Vidare viser evalueringa at mange offentlege selskap, sjølv om dei forvaltar til dels svært store offentlege verdiar, får få innsynskrav. Mange meiner at ressursbruken på å etablere rutinar, system og kompetanse i organisasjonen er urimeleg i forhold til det lave talet på innsynskrav som dei får.

NIBR har undersøkt korleis norske kommunar tek omsyn til god folkevald styring over den delen av verksemda som er organisert i selskap.[2] Dei fleste som vart spurde i undersøkinga meiner at kommunestyret ikkje får nok informasjon og ikkje er godt nok orientert, og at kontrollrutinane ikkje er tilstrekkelige.

Dette gir utfordringar når det gjeld demokratisk, folkevalt styring, innsyn og kontroll med verksemda.

1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll

Kontrollutvalet i Seljord har bedt Telemark kommunerevisjon IKS om å utarbeide analyse og forslag til plan for selskapskontroll. Vårt forslag viser aktuelle tema for selskapskontroll i Seljord kommune basert på ein vurdering av risiko og vesentlegheit. Det er kommunestyret som løyver ressursar til selskapskontroll, og som difor avgjer i kva omfang planen skal gjennomførast.

[1] Gjennomført av Oxford research i 2015 på oppdrag frå Justisdepartementet (http://www.oxfordresearch.no/media/270943/evaluering_av_offentleglova_oxford_research.pdf)

[2] Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015:1 (www.nibr.no)

1.3 Kven kan bli kontrollert?

Reglane om selskapskontroll gjeld kommunalt eigarskap i interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 når desse er sjølvstendige rettssubjekt. Kontrollen kan også gjelde dotterselskap til desse organa. Selskapskontroll omfattar ikkje stiftingar (eigast ikkje), kommunale føretak (inngår i kommunen) eller andre selskaps/organisasjonsformer enn dei tre nemnte.

Kommunens eigarskap i Telemark kommunerevisjon IKS og Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat IKS går fram av oversikta i vedlegget. Telemark kommunerevisjon IKS er ikkje uavhengige i forhold til desse to selskapa, og vi har difor ikkje vurdert behovet for selskapskontroll her.

1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep

Omgrepet selskapskontroll dekkjer to former for kontroll:

- **Eigarskapskontroll**: Kontroll med korleis kommunen utøver eigarskap i selskap – forholdet mellom kommunestyret og eigarorganet
- **Forvaltningsrevisjon i selskap**: Kontroll med korleis selskapa vert styrte og drivne

Ein eigarskapskontroll er i hovudsak retta mot kommunen. Hovudspørsmålet i ein *eigarskapskontroll* er om kommunen har retningsliner for utøving av eigarskap, og om retningslinene er i samsvar med gjeldande reglar og tilrådingar for godt eigarskap. Vidare

undersøkjer vi om den som utøver eigarskap på vegne av kommunen gjer det i samsvar med gjeldande reglar og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Drift og aktivitetar i selskapet kan en undersøkje gjennom ein forvaltningsrevisjon, på same måte som ein kan gjere forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Dei fleste tema og vinklingar kan undersøkjast. Forvaltningsrevisjon skal gjerast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk[3] og er regulert i kommunelova § 77 nr. 4 og i kontrollutvalsforskrifta og revisjonsforskrifta.

1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Iverksetting av selskapskontroll
Kommunestyret skal vedta plan for selskapskontroll og skal stille ressursar til rådevelde for gjennomføringa. Kontrollutvalet skal sjå til at eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon blir gjennomført. Det er vanlig og føremålstenleg at kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å gjere endringar i planen.

Avtalen kommunen har med Telemark kommunerevisjon IKS dekkjer ikkje selskapskontroll. Gjeldande ordning er at kontrollutvalet ber om tilbod på ein kontroll, og vurderer bestilling ut frå tilbodet.

Gjennomføring av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon
Det er ikkje stilt krav om kvalifikasjonar for den som skal gjennomføre eigarskapskontroll. Det er heller ikkje stilt metodiske krav til eigarskapskontrollen. Det vanlige er at revisor gjer eigarskapskontroll, eventuelt kontrollutvalet sitt sekretariat.

Forvaltningsrevisjon i selskap *skal* gjennomførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og gjeldande kvalifikasjonskrav for forvaltningsrevisjon.

Ein eigarskapskontroll er vanlegvis mindre ressurskrevjande enn ein forvaltningsrevisjon.

Innsynsrett
Kommunelova § 80 regulerer innsynsrett i selskap for kontrollutvalet og kommunen sin revisor. Innsynsretten gjeld i interkommunale selskap, interkommunalt samarbeid som er organisert som sjølvstendig rettssubjekt og aksjeselskap med kommunale/fylkeskommunale eigarar.

[3] God kommunal revisjonsskikk innen forvaltningsrevisjon er definert i RSK 001, utgitt av Noregs kommunerevisorforbund

Det er ikkje innsynsrett i selskap som har private eller statlige medeigarar. Her kan eigarorganet gi kontrollutvalet innsynsrett gjennom vedtektene. Dersom innsynsretten ikkje er regulert i vedtektene, må kontrollutvalet be styret om samtykke til innsyn, eventuelt etter avklaring med eigarane.

Rapportering om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Etter gjennomført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon lagar vi ein rapport til handsaming i kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere sitt arbeid til kommunestyret. Denne rapporteringa skjer normalt ved at kontrollutvalet sender rapporten med si innstilling til vedtak til kommunestyret for handsaming.

2 Eigarskap i Seljord kommune

2.1 Eigarskapsmelding

Kommunen har eigarskapsmelding vedtatt i 2010. Kommunen opplyser at ny eigarskaps-melding skal handsamast av kommunestyret vinteren 2016.

2.2 Kommunens eigarskap

Vi har henta informasjon over kommunens eigarskap frå kommunen og frå Proff.no og Brønnøysundregisteret. Dersom det ikkje er samsvar mellom desse kjeldene, har vi brukt informasjon frå dei offentlege registera. Vi kan ikkje seie sikkert at kommunen ikkje har anna eigarskap i selskap enn dei som går fram her.

Kommunen har gitt følgjande innspel til plan for selskapskontroll:

- Renovest IKS – drift og sjølvkost
- Møtestad Seljord AS – samarbeid og måloppnåing
- Vest-Telemark Næringsbygg AS med dotterselskap Vest-Telemark Næringsutvikling AS – rapportering av aktivitetar m.a.

2.3 Gjennomførte selskapskontrollar

For Seljord kommune er følgjande kontrollar gjennomførte i perioden 2012-2015:

Selskap	Tema/tilrådingar
Seljord Personal AS (2014)	Tema for eigarskapskontrollen var om kommunen hadde etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen sin, og om desse vart følgde. Kommunen vart m.a. tilrådd å oppdatere eigarskapsmeldinga si og sikre god informasjon om selskapet til kommunestyret.
Vest Telemark Kraftlag AS (2015)	Tema for eigarskapskontrollen var om det var etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen, om desse vart følgde, om evaluering og val av styre, og om formidling og samordning av utbytepolitikk og andre forventningar frå eigarane. Kommunen vart m.a. tilrådd å utarbeide felles eigarstrategi, derunder utbytepolitikk saman med dei andre eigarkommunane. Kommunen vart også tilrådd å

	sikre informasjon til og avklaring av rammer med kommunestyret om eigarskapen.
Vest Telemark PPT IKS (2013)	Tema for eigarskapskontrollen var om det var etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen, om desse vart følgde. Det var m.a. gitt tilråding til eigarane om å revidere selskapsavtala og det enkelte formelle manglar var påpeikt ovanfor selskapet.

3 Prioriteringar i denne planperioden

3.1 Eigarskapskontroll

Etter ei vurdering av risiko og vesentlegheit, informasjon frå kommunen og resultat av tidlegare selskapskontrollar, tilrår vi følgjande prioriteringar i kommande valperiode:

Føringar for eigarskap og opplæring av eigarrepresentantar (anbefaling 1-8)
Kommunen skal vedta ny eigarskapsmelding vinteren 2016. Vi rår kontrollutvalet til å undersøkje om forvaltninga av eigarskap skjer i samsvar med eigarskapsmeldinga eller i samsvar med tilrådingar frå KS. Kontrollen bør gjennomførast ei tid etter at eigarskapsmeldinga er vedtatt. Folkevaldopplæring, fullmakter, avklaringar og rapportering til kommunestyret bør undersøkjast. En slik kontroll vil normalt ikkje vere retta mot noko særskilt selskap, men ein kan ha eit særleg fokus til dømes på avklaringar og rapportering knytt til Vest-Telemark næringsbygg AS med dotterselskap og Møtestad Seljord AS.

Styre - evaluering og val (tilråding 9-17)
Det er eigar sitt ansvar å sjå til at den samla kompetansen i styret er tilpassa selskapet si verksemd. Vi rår kommunen til å undersøke korleis kommunen som eigar sikrar at selskap har godt samansette og godt fungerande styrer. I denne undersøkinga vil vi særleg sjå på valprosess, styresamansetjing, styreinstruks, evaluering av styret sitt arbeid og samansetjing i fleire selskap.

Samordning av føringar for eigarskap – fleire eigarar
Seljord kommune eig mange selskap saman med andre eigarar. Det kan føre til at eigarane set ulike krav til selskapet knytt til eigarskapsutøving, og målsetningar og styring av selskapa kan vere motstridande. Eigarskapskontrollen av Vest Telemark Kraftlag AS hadde dette som tema. Vi rår kontrollutvalet å sjå etter at tilrådingane frå denne forvaltningsrevisjonen vert følgde opp.

3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap

Gjennomføring av verksemd – måloppnåing
Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS leverar feie- og tilsynstenester til eigarkommunane. Dette er tenester som skal leverast til sjølvkost. Selskapet omfattar også brannvern. Det kan vere risiko for kryss-subsidiering. I overordna analyse for forvaltnings-revisjon vert det peika på at feiegebyret er høgare i Seljord enn i samanliknbare kommunar.

Vi rår derfor kommunen til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som undersøkjer kostnadsgrunnlaget for feiing og tilsyn. Forvaltningsrevisjonen kan utvidast til å omfatte andre tema.

Renovest IKS leverar renovasjonstenester i innbyggjarane i kommunen, og skal følgje miljøkrav knytt til avfallsområdet og sikre at renovasjonstenesta leverast til sjølvkost. Selskapet driv også med konkurranseutsett næringsavfall. Den samansette verksemda kan innebere risiko for kryss-subsidiering. Ein forvaltningsrevisjon kan undersøke korleis Renovest IKS løyser desse oppgåvene. Vi meiner derfor at det kan vere aktuelt med ein forvaltningsrevisjon av Renovest IKS. Forvaltningsrevisjonen kan utvidast til å omfatte andre tema.

4 Plan for selskapskontroll

Vi foreslår følgjande selskapskontrollar i prioritert rekkefølgje:

Tema	Generell/selskap	Kontrollform	Tidspunkt for gjennomføring
Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost	Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast saman med andre eigarar.	Bør gjerast tidleg i perioden.
Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap.	Stikkprøver i utvalde selskap.	Eigarskapskontroll	Bør gjerast mot slutten av perioden.
Styresamansetting – evaluering og valprosess	Generell – selskap der kommunen har ein større eigardel	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst.
Kostnadsgrunnlag-sjølvkost	Renovest IKS	Forvaltningsrevisjon - bør gjerast felles med andre eigarar	Bør gjerast midt i perioden.

Vedlegg

- Oversikt over Seljord kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa
- KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll[4]

[4] Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

Oversikt over Seljord kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa

Selskap med full innsynsrett iht. koml. § 80:

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Agder og Telemark kontrollutvalgs-sekretariat IKS	1,6 %	Føremål: Utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere. Anna: Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Bø Telemark fylkeskommune og alle kommunane i Telemark unntatt Skien, og kommunar i Agder.
Telemark kommunerevisjon IKS	1,11 %	Eigenkapitaldel: 59,9 %. Eigenkapital 6,1 mill. kr. Totalrentabilitet: 3,7 %. Gjeldsgrad: 0,7 Føremål: Utføre lovpålagte revisjonsoppgaver samt andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. I tillegg å utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper. Selskapet har ikke erverv til formål. Anna: Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Skien Larvik, Lardal, alle kommunane i Telemark og Telemark fylkeskommune
Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg IKS)	1,33 %	Eigenkapitaldel: 16 %. Eigenkapital kr 600 000. Totalrentabilitet: 0,9 % Gjeldsgrad: 5,2 Føremål: Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for eiernes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser. Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for eierne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakende fylkeskommuner, og skal kunne motta privatarkiv.	Kontorkommune Kongsberg 43 andre kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		Anna: Kjenner ikkje til om det har vore selskapskontroll.	
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste PPT IKS	15,00 %	Eigenkapitaldel: -21,3 %. Eigenkapital -2 mill. kr. Totalrentabilitet: -1 % Gjeldsgrad: -5,7 Føremål: Legge til rette ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar med § 5-6 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Anna: Selskapskontroll i 2013	Kontorkommune Kviteseid 25 % Vinje 16 % Kviteseid 14 % Tokke 12 % Telemark fylkeskom. 9 % Nissedal 9 % Fyresdal
Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS	20,00 %	Eigenkapitaldel: 12 %. Eigenkapital kr 249 000. Totalrentabilitet: 1 % Gjeldsgrad: 7,3 Føremål: Samarbeide om brannvesen og utføring av lovpålagte brannførebyggande oppgåver og feiing i desse kommunane. Anna: Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Tokke. 24 % Vinje 18 % Tokke 18 % Kviteseid 10 % Fyresdal 10 % Nissedal
Renovest IKS	22,50 %	Eigenkapitaldel: 40,1 %. Eigenkapital 9,6 mill. kr. Totalrentabilitet: -3,8 % Gjeldsgrad: 1,5 Føremål: Føremålet til selskapet er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet. Selskapet skal	Kontorkommune Kviteseid. 29 % Vinje 19,5 % Kviteseid 19,0 % Tokke 10,0 % Fyresdal

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		- etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår - vere ansvarleg for innsamling, transport og handsami avfallstyper etter lovverk og føresegner - ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå renseanlegg, septiktankar og lukka anlegg - drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkommande avfallshåndtering. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kundar enn eigarkommunane og kjøpe tjenester knytt til drifta frå andre dersom dette er teneleg. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige-/ og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemder eller personar. Representantskapen kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljømessige driftsføremoner. For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST. Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like, og samsvarar med denne selskapsavtala. Anna: Selskapskontroll vart gjennomført i 2009.	

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vest Telemark kraftlag AS	19 %	Eigenkapitaldel: 49,6 %. Eigenkapital 298 mill. kr. Totalrentabilitet: 9,6 % Gjeldsgrad: 1 <u>Føremål</u>: Utbygging og drift av energiforsyningsnett. Utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi. Omsetning av energi. Installasjonsverksemd, teletenester o.l. Rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknyting til dei nemde føremål. Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område. <u>Anna</u>: Selskapskontroll vart gjennomført i 2015.	Kontorkommune Tokke 19 % Tokke 19 % Fyresdal 19 % Kviteseid 19 % Vinje 5 % Nissedal
Odda vegfinans AS	4 %	Eigenkapitaldel: 7,8 %. Eigenkapital kr 218 000. Totalrentabilitet: 3,1 % Gjeldsgrad: 11,8 <u>Føremål:</u> Å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunelløysing for E134 innafor planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet. Selskapet har ikkje erverv som føremål.	Kontorkommune Odda. Hordaland fylkeskommune 52 % Vinje 4 % Tokke 4% Kviteseid 4 %
Vegfinans RV36 Telemark AS	2,5 %	Eigenkapitaldel: -2,6 %. Eigenkapital -364 000 kr. Totalrentabilitet: -0,7 % Gjeldsgrad: 39,9 <u>Føremål:</u> Delfinansiere utbyggingen av Rv36 med tilhørende anlegg gjennom Telemark fylke.	Kontorkommune Skien Vegfinans AS 80 % (100 % fylkeskommunalt eigd, Telemark fylkeskommune eig 16,67 %) Sauherad 2,5 %

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		Selskapet deler ikke ut utbytte. Selskapet administrerer og eventuelt driver et innkrevingssystem i bompengeperioden. Selskapet foretar de nødvendige låneopptak i samsvar med stortingsvedtak og avtale med Statens vegvesen Vegdirektoratet.	Hjartdal 2,5 % Vinje 2,5% Bø 2,5% Nome 2,5 % Tokke 2,5 % Kviteseid 2,5 %
Seljord Personal AS	100,0 %	Eigenkapitaldel: 78,9 %. Eigenkapital 4,9 mill. kr. Totalrentabilitet: 8,1 % Gjeldsgrad: 0,3 Føremål: Selskapet sitt formål er å drive virksomhet som kan føre til økning i sysselsetting av yrkesvalghemmede og mindre arbeidsføre. Anna: Selskapskontroll ble gjennomført i 2007 og 2014.	Kontorkommune Seljord

§ 27 – Sjølvstendige rettssubjekt	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vest-Telemarkrådet		Frå Vest-Telemarksrådet si nettside: Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Rådet løyser felles spørsmål for dei deltakande kommunane, og står som koordinator for ei rekkje samarbeidstiltak i regionen. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar.	Kviteseid er kontorkommune

Selskap uten innsynsrett:

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Møtestad Seljord AS	40,0 %	Eigenkapitaldel: -30,3 %. Eigenkapital -54 000 kr. Totalrentabilitet: 9 % Gjeldsgrad: -4,3 Føremål: Selskapet er ein ideell organisasjon og har ikkje som målsetting å gje eigarane utbytte. Møtestad Seljord AS skal støtte næringsverksemdene i utvikling, tilrettelegging og marknadsføring av tilboda som kommunen har til turistar, innflyttarar, næringsliv og reiseliv. Gjennom sitt arbeid skal selskapet fremje samarbeid, auka aktivitet og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv. Målet er at auka kunnskap og omsetjing vil styrke næringslivet, og gjere Seljord til ein endå betre kommune å besøke og å bu i. Selskapet skal drive turistinformasjon på heilårsbasis. Møtestad Seljord AS skal òg vere ein aktiv part i lokal og regional marknadsføring, og i arrangements- og reiselivsutvikling.	Kontorkommune Seljord
Århus Næringspark AS	50 %	Eigenkapitaldel: 18,9 %. Eigenkapital 3,1 mill. kr. Totalrentabilitet: -1,6 % Gjeldsgrad: 4,3 Føremål: Å fremje næringsverksemd i kommunen med hovudfokus på local verdiskaping, trygging og etablering av arbeidsplassar. Selskapet skal ha som langtidsmålsetjing å arbeide for å inngå eit samarbeid med andre eigedomseigarar på Århus, anten ved tileigning av eigedommar ved kjøp eller leigeavtaler. Selskapet skal bidra til utvikling for eksisterande leigetakarar og legge til rette området for nye verksemder. Selskapet skal arbeide innanfor ramma av godkjente kommunale planar. Selskapet skal samarbeide med det offentlege verkemiddelapparatet samt lokale, regionale og sentrale styremakter. Selskapet skal bidra til at Seljord står fram som ein attraktiv kommune for næringsutvikling, overfor sentrale mynde og investormiljø. Selskapet skal arbeide for samordning av statlege, fylkeskommunale, kommunale og private ressursar som er tilgjengelege for å trygge eksisterande arbeidsplassar og å utvikle nye arbeidsplassar på	Kontorkommune Seljord

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		Århus. Selskapet skal prioritere utvikling av infrastruktur på industriområdet, samt arbeide for at industriområdet blir omtykt og får eit tiltalande fyrsteinntrykk for forbipasserande.	
Telemark Bilruter AS	2,72 %	Eigenkapitaldel: 64,1 %. Eigenkapital 58,6 mill. kr. Totalrentabilitet: 6,2 % Gjeldsgrad: 0,6 <u>Føremål:</u> Drive persontrafikk, varetransport og elles anna som har samanheng med dette.	Kontorkommune Seljord 16,76 % Vinje 7,88 % Fyresdal 2,24 % Tokke 0,28 % Kviteseid
Vest-Telemark Blad AS	6,99 %	Eigenkapitaldel: 30,9 %. Eigenkapital 3,3 mill. kr. Totalrentabilitet: -7,6 % Gjeldsgrad: 2,2 <u>Føremål:</u> Gjeva ut ei partipolitisk ubunde lokalavis på nynorsk for bygdene i Vest Telemark.	Kontorkommune Kviteseid 8,74 % Vinje 6,34 % Kviteseid 5,90 % Tokke
Granvin kulturhus AS	28,65 %	Eigenkapitaldel: 3,9%. Eigenkapital 5 mill. kr. Totalrentabilitet: 3,9 % Gjeldsgrad: 2,4 <u>Føremål:</u> Eige, drive og utvikle Granvin kulturhus. Kulturhuset skal drivast på ein måte som skal medverke til å stimulere kultur- og idrettsaktivitetane, m.a. ved å tilby lag, organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar eit høveleg kulturanlegg med rom for møte, sosiale arrangement, kino- og teaterframsyningar, konsertar, kunstutstillingar og med særleg rom for sport og idrett med videre.	Kontorkommune Seljord

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Seljord Næringshage AS	23,26 %	Eigenkapitaldel: 68,3 %. Eigenkapital kr 56 000. Totalrentabilitet 30,5 % Gjeldsgrad: 0,5 <u>Føremål:</u> Stimulere til utvikling og vekst i næringshagebedriftene, legge til rette for etablerarar og vera ein aktiv aktør i arbeidet med å etablere og utvikle høgkompetansearbeid i regionen. Selskapet har ikkje økonomisk vinning som føremål. Selskapet skal ikkje betale ut utbytte på aksjekapitalen, og eventuelt overskot skal koma selskapet til gode og nyttast til det utviklingsarbeidet selskapet driv. Selskapet kan vera delaktig eigar i andre selskap og organisasjonar.	Kontorkommune Seljord
Norsk Bane AS	0,80 %	Eigenkapitaldel: 50,6 %. Eigenkapital 411 000 kr. Gjeldsgrad: 1 <u>Føremål:</u> Planlegge, bygge og drive et høyfartsbanenett i Norge og gjennomføre de tiltak som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høyfartsbanen over Haukeli er et nøkkelelement. Selskapet kan selge jernbanefaglig kompetanse.	Kontorkommune Ålesund 17,23 % Vinje 3,36 % Tokke 2,05 % Bø 2,00 % Sauherad 0,49 % Tinn Flere kommuner i andre fylker
E134 Haukelivegen AS	2,22 %	Egenkapitaldel: 58,1. Eigenkapital 2,5 mill. kr. Totalrentabilitet 0,5 % Gjeldsgrad: 0,7 <u>Føremål:</u> Arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23.I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og	Kontorkommune Vinje Fleire kommunar i Telemark eig 2,22 %

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet	
Kommunekraft AS	0,32 %	Eigenkapitaldel: 69,8 %. Eigenkapital 3,2 mill. kr. Gjeldsgrad: 0,4 <u>Føremål:</u> Formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.	Kontorkommune Oslo
Kulturlandskapssenteret i Telemark AS	2,72 %	Eigenkapitaldel: 80,5 % Eigenkapital kr 629 000. Totalrentabilitet: -13,1 % Gjeldsgrad: 0,2 <u>Føremål:</u> Selskapet skal drive opplæring, planlegging, prosjektarbeid og anna kunnskapsformidling/tiltak for aktivt å medverke til at miljøverdiane og næringsressursane knytt til landbruket sitt kulturlandskap kan takast vare på og utnyttast i berekraftig bygdeutvikling. Oppgåvene vil omfatte alt frå lokale og regionale føgtiltak til deltaking i nasjonale og internasjonale fagnettverk.”	Kontorkommune Hjartdal. 13,61 % Hjartdal 2,72 % Notodden 2,72 % Tokke
Visit Telemark AS	0,96 %	Eigenkapitaldel: 41 % Eigenkapital 3 mill. kr. Resultatet av drifta: 5,4 % Gjeldsgrad: 1,4 <u>Føremål:</u>	0,59 % Hjartdal

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		Produktutvikling, markedsføring og salg av aksjonærenes reiselivsprodukter på oppdragsbasis, Service overfor aksjonærene på oppdragsbasis. Service overfor fylkeskommunen og kommuner på oppdragsbasis, forøvrig alt som står i forbindelse med reiseliv, herunder deltakelse i andre selskap.	
Rehabiliteringssenteret AIR AS	0,10 %	Eigenkapitaldel: 12,3 %. Eigenkapital 9,5 mill. kr. Gjeldsgrad: 7,1 <u>Føremål</u>: Drift av eit rehabiliteringssenter i spesialhelsetenesta der auka arbeidsdeltaking er det overordna målet. AiR - Klinikk si kjerneverksemd er å bidra til at personar som er utanfor, eller i fare for å falle ut av arbeidslivet på grunn av helseproblem, får betre funksjon og auka bevisstgjering av deira ressursar og mogleghetar, på ein måte som styrkjer arbeidsevna. AiR klinikk har fokus både på individet og omgjevnadane for å oppnå auka arbeidsdeltaking. AiR -Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering si kjerneverksemd er å bidra til forsking, fagutvikling, formidling, nettverk og innovasjon innan faget arbeidsretta rehabilitering.	Kontorkommune Vinje 16,06 % Vinje
Hjalarhornet Radio AS	*	Eigenkapitaldel: 93,5 %. Eigenkapital kr 258 000. Gjeldsgrad: 0,1 <u>Føremål:</u> Fri og ubunden kringkasting innafor konsesjonsområdet, ut frå retningslinene i konsesjonsvilkåra. Selskapet kan drive med sal av varer og tenestar.	Kontorkommune Seljord.
Vest-Telemark næringsbygg AS	9,1 %	Eigenkapitaldel: 92,2 % Eigenkapital 30,7 mill.kr. Totalrentabilitet: 0,4 % Gjeldsgrad: 0,1% <u>Føremål:</u>	Kontorkommune Kviteseid 24,37 % Vinje 9,92 % Telemark fylkeskom.

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		VTN as sitt føremål er, i samarbeid med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i regionen. Innafor kommunane Nissedal, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord, Vinje, Hjartdal og Drangedal skal VTN as vere med å skape grunnlag for vekst og utvikling ved å delta I ulike typar næringsbyggprosjekt, samt andre aktuelle selskap og verksemder. I samband med dette kan det også ytast teknisk og økonomisk rådgjeving.	9,51 % Tokke 9,18 % Fyresdal 6,05 % Hjartdal 4,89 % Drangedal 4,40 % Kviteseid 1,65 % Nissedal

*) Kjenner ikkje eigardel. Alle tal er frå 2014.

Formlar og forklaringar for nøkkeltall:

Eigenkapitaldel	(Sum eigenkapital/totalkapital)*100 *Eigenkapitaldelen viser kor mykje av totalkapitalen som er eigenkapital. Over 40 % reknast som mykje godt.*
Totalrentabilitet	(Resultat før skatt + finanskostnader)*100/gj.sn. totalkapital *Resultat av drifta viser kor lønsam verksemda er. Over 15 % reknast som mykje godt.*
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum eigenkapital *Gjeldsgraden viser kor stor gjelda er i forhold til eigenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedrifta har like stor gjeld som eigenkapital.*

KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll[5]

ANBEFALING 1: OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE
Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

ANBEFALING 2: VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM
Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

ANBEFALING 3: FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET
Selskap som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.

ANBEFALING 4: UTARBEIDELSE AV EIGARSKAPSMELDINGER
Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskap.

<u>Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:</u>
1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskap og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

ANBEFALING 5: UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSDOKUMENTER
Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

ANBEFALING 6: EIERMØTER

[5] Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter frå kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

ANBEFALING 7: EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON
Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

ANBEFALING 8: GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER
De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

ANBEFALING 9: SAMMENSETNINGEN AV STYRET
Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

ANBEFALING 10: VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER
Ved valg av styrer til kommunalt eide selskap bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

ANBEFALING 11: KJØNNSMESSIG BALANSE I STYRENE
Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikkje være bosatt i kommunen.

ANBEFALING 12: RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE
Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut frå eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

ANBEFALING 13: STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL
Styremedlemmer i morselskap bør ikkje sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

ANBEFALING 14: OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER
Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

ANBEFALING 15: HABILITETSVURDERINGER
Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styrer i selskap.

ANBEFALING 16: GODTGJØRING AV STYREVERV
Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

ANBEFALING 17: REGISTRERING AV STYREVERV
Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskap bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

ANBEFALING 18: ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER
Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

ANBEFALING 19: UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER
Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften

ANBEFALING 20: SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK
Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

ANBEFALING 21: UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL
Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskap.

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2016/1134-1
Sakshand.: Rolf Henning Jensen
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 13.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	53/16	22.06.2016

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020.

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-20

Saksopplysningar.
Planen, som ligg føre, er ein rullering av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen for perioden 2009 – 2013, der også einskilde tiltak frå "Plan for trivsel og oppvekst" (2005 – 2009) er vidareført. Folkehelseperspektivet og generell førebygging har med dette blitt meir sentralt i rulleringsarbeidet.

I tillegg omhandlar planen tiltak som naturleg kan sjåast i samband med handlingsplan mot fattigdom og i ein bustadsosial handlingsplan.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord Kommune består av fylgjande:
- Handlingsdel og plangrunnlag (fylgjer vedlagt denne saka).
- Alkoholpolitiske retningsliner.
- Rutinar for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørande (Administrativ)

Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal bidra til ein heilskapleg og samordna innsats i det førebyggande arbeidet og på rusfeltet. Hovudmålet er gjennom førebyggande arbeid og aktiv opplysningsverksemd å hindre at skader oppstår.

I planen er det foreslått at Seljord kommune skal vektleggja førebyggande tiltak retta mot barn, unge og deira pårørande.

Planens handlingsdel gjer elles greie for i alt ti hovudområder der det er skissera mål og tiltak.

Plandokumentet er utarbeida av ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe.

Rådmannen si vurdering:
Arbeidsgruppa har lagt fram eit grundig og gjennomarbeida plandokument, som gjer ein god oversikt over dei utfordringane kommunen har på rusfeltet. Planen inneheld også forslag til tiltak som på ein bra måte svarar på utfordringane.

Styrken til ein liten kommune som Seljord er at dei ulike tenesteområda har ein god oversikt over situasjonen på rusfeltet og såleis eit godt utgangspunkt for å sette i verk tiltak. Samstundes dreier dette seg om eit sårbart område, der ein liten kommune over tid også har klare utfordringar, m.a. når det gjeld å rekruttere og behalde tilstrekkelig kompetanse og kapasitet til god og kontinuerleg oppfylging.

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Kommunestyret godkjenner ruspolitisk handlingsplan 2016-2020 slik den ligg føre.

Utskrift til:

Seljord kommune

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

handlingsdel og plangrunnlag

2016 - 2020

Kommunestyret i Seljord
Sak XX/2016

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune

INNHALD:

		Side
DEL I: INNLEIING OG SAMANDRAG.		
1.1.	Innleiing	3
1.2.	Planarbeidet.	3
1.3.	Kva planen omhandlar / samandrag	4
DEL II: HANDLINGSDEL		
2.0.	Overordna målsetjing og satsningsområder	6
2.1.	Førebyggande tiltak for barn og unge	7
2.2.	Tidleg intervensjon	8
2.3.	Tenester til rusmiddelavhengige	10
2.4.	Bustad	11
2.5.	Lågterskeltilbod	11
2.6.	Barn og vaksne som pårørande	12
2.7.	Brukarmedverknad	13
2.8.	Samhandling	13
2.9.	Kompetanseutvikling	14
2.10.	Alkoholpolitikken	15
DEL III: PLANFØRESETNADAR		
3.1.	Kommunens ansvar på rusfeltet	16
3.2.	Statens ansvar for rusbehandling	16
3.3.	Samhandling	16
3.4.	Nasjonale føringar	16
3.5.	Fasar i det kommunale tenestetilbodet	17
3.6.	Risiko og beskyttande faktorar	18
3.7.	Folkehelseperspektivet	19
3.8.	Organisering	20
3.9.	Nasjonale trendar på rus	20
3.10.	Ungdomsundersøking	21
3.11.	Lokale trendar	23

Til Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune høyrer også:
Alkoholpolitiske retningslinjer og
Rutinar for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørande (Administrativt dokument)

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune

DEL I: INNLEIING OG SAMANDRAG.

1.1. Innleiing

Alle kommunar er pålagt å ha ein alkoholpolitisk handlingsplan jf. Alkohollova§ 1–7d. Samstundes oppmodast kommunane til også å utarbeide ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Planen, som ligg føre, er ein rullering av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen for perioden 2009 – 2013, og der deler av tiltak frå "Plan for trivsel og oppvekst" (2005 – 2009) er vidareført. Folkehelseperspektivet og generell førebygging har med dette blitt meir sentralt i rulleringsarbeidet. I tillegg omhandlar planen også tiltak som naturleg kan sjåast i samband med handlingsplan mot fattigdom og i ein bustadsosial handlingsplan.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord Kommune består av fylgjande:

- Handlingsdel og plangrunnlag.
- Alkoholpolitiske retningsliner.
- Rutinar for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørande (Administrativ)

Det er eit mål at den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal bidra til ein heilskapleg og samordna innsats i det førebyggande arbeidet og på rusfeltet.

1.2. Planarbeidet.

Seljord kommune inngjekk etter vedtak i Formannskapet sak 08/13 ei samarbeidsavtale med Kompetansesenter rus – region sør om bistand til rullering av den rusmiddelpolitisk handlingsplanen. Jf. avtala blei det etablerte ei eiga arbeidsgruppe. Kompetansesenter rus har arrangert to seminar for arbeidsgruppa og har gjeve kommunen eit tilskot på kr. 50.000,- til arbeidet.

Arbeidsgruppa har hatt fylgjande samansetnad:

Kommunalsjef helse og omsorg	Kari Gro Espeland
Kommunalsjef skule og oppvekst	Ronde Schade
Kommunalsjef plan, utvikling og tekniske tenester	Frid Berge
Avd. leiar rehabilitering og habilitering	Anne-Kari Straand Østerberg
NAV-leiar	Olav Aalandslid
Kultursjef	Asbjørn Storrusten
Koordinator for rusomsorg (Leiar av arbeidsgruppa)	Richard Vaaben Jensen

I sluttfasen har Rolf Henning Jensen gått inn i plassen til Kari Gro Espeland og Gunn Marit Sandsdalen Lind i plassen til Anne-Kari Straand Østerberg. Kari Gro Espeland har halde fram i gruppa som rådmann.

Det er gjennomført Ungdataundersøkingar på ungdomsskulen hausten 2013 og våren 2015 samt eit dialogmøte hausten -13 med ungdomsskuleelevar, føresette og arbeidsgruppa.
Det er innhenta opplysningar og innspel til planen frå m.a: Helsetenesta, Barnevernet, Vest-Telemark vidaregåande skule avd. Seljord, Løyvehavarar, Lensmannen, NAV, Skulane i Seljord, Brukarrådet for psykisk helse og rusarbeid og frå div. statistikkar.

1.3. Kva planen omhandlar / samandrag

For meir utdjupande informasjon syner ein til Del III: Planføresetnadar.

Kommunen sitt ansvar i høve til innbyggarane omfattar alt frå helsefremmande og førebyggande arbeid og til kartlegging, henvisning og oppfølging rusmiddelavhengige, medan staten sitt ansvar handlar om spesialisert behandling.

Fagfelta innan førebygging og rusomsorg kan virke fragmenterte og uoversiktlege. Stort set alle delar av den kommunale verksemda kjem i kontakt med problematikken på eit eller anna vis.
Ein samanhengande tiltakskjede som varetek alt frå førebygging og tidlig intervensjon til utdanning/ jobb/aktivering, behandling, oppfølging i bustad og omsorg er heilt avgjerande for å lykkast.
For best mogeleg å utnytte kommunen sine ressurs, må innsats og arbeidsoppgåver innan tiltaksområda samordnast, i dette ligg også ein **tydelig forankring politisk og administrativt**.

Skal ein lykkast med **førebygging og tidlig intervensjon** må det førebyggande arbeidet sjåast i samanheng med områder som utvikling av sosial kompetanse, arbeid mot mobbing, arbeid med psykisk helse i skulen, barnefattigdom, bustad, folkehelse, osb. Men sjølv den beste offentlege innsatsen kan ikkje lykkast aleine.
Friviljuge lag og organisasjonar er viktige aktørar i ein heilskapleg kjede av tiltak, men viktigast av alt er den førebygginga som skjer i heimane. Det er ingen som kan erstatte foreldra, uansett kor mye eksterne tilbod og oppfølging barnet eller ungdomen får. Det er difor viktig med informasjon til og ansvarleggjering av foreldra samstundes som barnevernet supplerer med sine tiltak i heimar, som treng slik oppfølging.
Best mogeleg kjennskap til situasjonen blant ungdomen er viktig som grunnlag for val av tiltak.
Ungdata undersøking blei gjennomført på ungdomsskulen hausten 2013 og for alle ungdomsskular og vidaregåande skular i Telemark våren 2015.

Trendar på **bruk av rusmiddel** i Seljord vurderast til å falle saman med dei nasjonale trendar.
Alkoholkonsumet har auka som elles i landet. Auka konsum vil medføre auka problem.
Registreringar tyder på at bruken av hasj og amfetamin også har auka gjennom dei seinare år.
Vi har einskilde ikkje stadfesta meldingar om bruk av **dopingmidlar**. Her er oversikten ikkje god nok.
Samstundes syner Ungdataundersøkingar at få ungdomskuleelevar brukar alkohol og andre rusmiddel.

Å utvikle ein velfungerande rusomsorg er komplisert, og krev **samspel og samarbeid**, også med aktørar utanfor kommunen. Tydeleg og god koordinering er naudsynt.
For brukarar er det avgjerande at dei møter ein rusomsorgsteneste som er prega av koordinering, kontinuitet og heilskapstenking.

Samhandling med **politiet** i høve til lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak er og ein sentral del av kommunen sin førebyggande innsats.
Politiet i Seljord har ein sentral rolle i eit tverrfagleg førebyggande fora som vart oppretta som eit tiltak etter Plan for trivsel og oppvekst. Vidare er det eit nært samarbeid med politiet om ruskontrakter for ungdom.
Seljord kommune har ikkje søkt om tilskot til oppretting av ein SLT-koordinatorstilling då dette forpliktar kommunen til å dekke lønskostnadar etter dei fyrste 3 åra.

Seljord kommune har i samband med den sentrale satsinga på **styrking av det kommunale rusarbeidet** søkt og fått øyremerka tilskot til ei stilling i 2014 og 2015, som har eit hovudfokus på ungdom. Dette er ein delvis vidareføring av arbeidet frå prosjektet "Trygge og gode dagar" (2009-13).
Stillinga er oppretta som ei engasjementstilling. Tilskotsordninga vil, etter dei signal vi har fått, bli vidareført som øyremerka tilskot.

Til personar som ikkje klarer å skaffe seg **bustad** på eiga hand, treng vi eit meir differensiert tilbod enn det Seljord kommune rår over pr. i dag. Spesielt er det behov for små bueiningar som tåler røft bruk og med ein rimeleg husleige.

Kompetanse og nettverk er viktig både for å kunne løyse oppgåvene og samtidig vidareutvikle tenesta. Ein kan langt på veg nytte seg av relevante kurs og opplæringstiltak frå Fylkesmannen og frå kompetansesentret for rus.
Seljord kommune spiller ein sentral rolle i "Fagforum for rus og rus/psykiatri i Øvre Telemark". Dette er ein tverrfagleg møteplass for tilsette i kommunane og Nav kontora i Dps Notodden/Seljord sitt nedslagsfelt, samt spesialisthelsetenesta og Fylkesmannen i Telemark.
Målet er ein fagleg møteplass for utveksling av erfaringar, drøfting av saker, halde seg fagleg oppdatert, dialog med fylkesmannen og bidra til kompetanseheving.
Kompetansebehovet vil elles gå fram av kommunen sin kompetanseplan.

Auka **brukar- og pårørandemedverknad** er eit sentralt satsingsområde som m.a. kjem til uttrykk i retningsliner og veiledarar som utarbeidast sentralt.
Brukarmedverknad i kommunale tenester er svært varierande. I skulen har vi ein lange tradisjonar med brukarråd i form av samarbeidsutval, elevråd m.v, medan vi innan helse, barnevern og andre kommunale tenester ikkje har dei same tradisjonane.
I avdelinga for psykisk helse- og rusarbeid i Seljord kommune er det oppretta eit brukarråd, førebels som ei prøveordning i avdelinga. Målet er å få til eit bindeledd mellom brukarar, tenesteytarar, administrativ leiing og politisk leiing.

Det er viktig med **oppfølging av planen** etter at den er politisk vedtatt som ein retningsgjevande og sektorovergripande plan.
Dette kan m.a. sikrast ved at det vert oppretta ein tverrfaglig gruppe av aktørar som har eit særskild ansvar innan feltet. Mange av medlemmene i arbeidsgruppa for denne planen kan være aktuelle som medlemmer. Gruppa bør med heimel i denne planen kunne endre på eller etablere nye tiltak i høve til behov som måtte oppstå i planperioden som fylgje av sentrale føringar eller lokale tilhøve. Gruppa bør gjeve ein årlig tilstandsrapport som fremmast politisk.

DEL II: HANDLINGSDEL

2.0. OVERORDNA MÅLSETJING OG SATSNINGSOMRÅDER

Strategiar og tiltak:

Førebyggande arbeid skal vera ein naturleg del av det daglege arbeidet i Seljord kommune.
Arbeidet skal vera forankra i kommuneplanen og gjenspeglast i kommunale planar og rapporteringar, der dette er naturleg.

Hovudmål:

Hovudmålet er å hindre at skader oppstår gjennom førebyggande arbeid og aktiv opplysningsverksemd.

Seljord kommune skal vektleggja førebyggande tiltak retta mot barn, unge og deira pårørande.

Seljord kommune skal leggje vekt på førebyggande tiltak slik at eiga helse blir ivareteken og at ein får hjelp til å meistre eigen livssituasjon.

Til oppfølging av planen vert det nedsett ei gruppe beståande av:
Kommunalsjef helse og omsorg , kommunalsjef skule og oppvekst, leiar av avdeling for psykisk helse og rusarbeid, kultursjef, Nav-leiar og koordinator for rusomsorg.
Kommunalsjef for helse og omsorg er leiar av gruppa.

Gruppa kan med heimel i denne planen opprette eller justere prosjekt og tiltak i høve til behov som måtte oppstå i planperioden som fylgje av sentrale føringar eller lokale tilhøve.

Gruppa gjev ein årleg tilstandsrapport til årsmelding.

Fylgjande hovudområder er trekte fram i handlingsdelen til denne planen:

- Førebyggande tiltak for barn og unge.
- Tidlig intervensjon.
- Tenester til rusmiddelavhengige.
- Bustad.
- Lågterskeltilbod.
- Barn og vaksne som pårørande.
- Brukarmedverknad.
- Samhandling.
- Kompetanseutvikling.
- Alkoholpolitikken.

For kvart område er det fastsatt eit mål og tilhøyrande tiltak. Ansvarlege for tiltaka er ført opp.
For at planen skal være realistisk og gjennomførbar, er det lagt vekt på å avgrense tiltak som vil medføre store økonomisk konsekvensar.
Tiltak med økonomiske konsekvens vil være avhengige av eit budsjettvedtak, og kan ikkje realiserast før dette ev. er på plass.

2.1. FØREBYGGANDE TILTAK FOR BARN OG UNGE

Mål
Seljord kommune skal være ein god kommune å vekse opp i med nærmiljø som tek vare på barn og unge sin utvikling, helse, trivsel og livsutfalding i positivt samspel og på tvers av generasjonane.
Førebyggande tiltak blant barn og unge skal hindre at problem oppstår og bidra til å heve debutalderen på alkohol, redusere alkoholbruk blant unge og hindre bruk av illegale rusmidlar.

2.1.1. Status

Gode førebyggande tiltak er viktige, ikkje berre for å utsetje debutalderen på alkohol, men også for å motverke dropout frå vidaregåande skule, kriminalitet, utvikling av psykisk sjukdom osb.
Skal ein lykkast med førebygging må innsatsen taka føre seg områder som utvikling av sosial kompetanse, arbeid mot mobbing, barnefattigdom, bustad, folkehelse, arbeid med psykisk helse i skulen osb.
Det førebyggande arbeidet må skje på dei arenaer der barn og unge i hovudsak ferdes: heim, skule og fritid. Dei unges arena for skule og fritidsaktivitet ligg ofte utanfor heimkommunen.

Barn og unge er ei sentral målgruppe i kommunen sit folkehelsearbeid då mye av grunnlaget for seinare helse og helsevaner leggas tidlig i livsløpet.
Førebyggande tiltak skal være eit supplement til foreldra sin innsats og må skje i et nært samarbeid med dei.

Det generelle førebyggande arbeidet har lett for å bli uoversiktleg og fragmentert. Det trengs ein aktiv samordning av dei kommunale ressurs, samstundes som samarbeidet med lag organisasjonar og andre aktørar vert styrka. Mye og viktig førebyggande arbeid skjer i friviljuge lag og organisasjonar.

Tverfagleg forum for barn og unge har ikkje vore i funksjon på ei stund, men vert nå forsøkt re-etablert. Gruppa har som mål å dele viktig informasjon om barn og unges situasjon i kommunen og diskutere faglege og metodiske spørsmål. Faste deltakarar er: kommunalsjef for helse og omsorg (leiar av gruppe), kommunalsjef for skule og oppvekst, sosiallærar ved ungdomsskulen, leiande helsesyster, kommunelege 1, avdelingsleiar for psykisk helse og rusarbeid og barnevernssamarbeidet. Andre ressurspersonar vert trekte inn etter behov.

I Seljord har helsestasjonen fått tilskot til eit veiledningsprosjekt "Trygge barn – god oppvekst". Målgruppa er alle nybakte foreldre og foreldre som strever med omsorgsrolla eller har barn med særskilde behov. Prosjektet starta i desember 2015 og skal vare ut 2018. Det er eit ynskje at tiltaket vidareførast etter prosjektperioden.

Ungdomsklubben på Granvin som leies av ungdomspresten er viktig å oppretthalde og ynskjeleg å styrke på sikt.

Ung-data-undersøking har blitt gjennomført ved Seljord ungdomsskule i 2013 og i 2015. Undersøking bør gjennomførast kvart 3. år.

Skuleprosjektet "Sterk og klar" er eit rusførebyggande tiltak som og involverer foreldra. Erfaringane frå ungdomsskulen er positive og tiltaket bør vidareførast.

Sterke-Nils senteret har inngått ei avtale med Antidoping Norge om å vera eit reint senter. Det betyr at dei vil arbeide aktivt mot doping og at medlemmene underteiknar ei avtale om at dei tek avstand frå bruk av dopingmidlar. Andre tiltak mot doping bør og vurderast.

Seljord kommune har ansvar for å utarbeide lokale planar og rutinar for å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme. Kommunalsjef for skule og oppvekst er førebels oppnemnd som kommunen sin radikaliseringskontakt.

2.1.2. Utfordringar

- Betre samordning av dei tenester som arbeider førebyggande i kommunen og interkommunalt.
- Fokus på friviljug sektor i førebyggingsarbeid.
- Ha god nok informasjon om ulike sider av det å være ung i Seljord.
- Motivere foreldre til å være gode rollemodellar.
- Heve debutalder for alkohol.

2.1.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Etablere arbeidsgruppe for å vidareutvikle og eventuelt utvide klubbtilbodet på Granvin	Vår 2016	Kultursjef
Vidareføre programmet "Sterk og klar" på Ungdomsskulen	Årleg	Rektor ungdomsskulen
Unytta midlar frå sals- og skjenkeavgift skal gå til andre førebyggande tiltak	Årleg	Rådmann
Ta initiativ til ei gjennomgang og evaluering av samarbeidet internt og eksternt på den førebyggande fronten	September 2016	Kommunalsjef for helse og omsorg
Ungdata-undersøking skal gjennomførast kvart 3. år på ungdomsskulen og på vidaregåande skule	Neste gang vår 2018	Rektor u.skulen og sosiallærar
Dialogmøte gjennomførast på ungdomsskulen kvart år (ev. 2. kvart år.) Tema: Ungdata undersøking og anna aktuelt	Neste gang haust 2016	Rektor u. skulen og sosiallærar
"Trygge barn – god oppvekst" kurs for nybakte foreldre og familiar med særskilde behov. Vidareføring etter 2018.	Start des. 2015	Leiande helsesøster
Utarbeide lokale planar og rutinar for å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme	Vår 2016	Kommunalsjef for skule og oppvekst
Reetablering av Tverrfagleg forum for barn og unge.	Januar 2016	Kommunalsjef for helse og omsorg
Vurdere tiltak mot doping i samarbeid mellom politi, Granvin kulturhus og kommunen.	Mai/juni 2016	Koordinator for rusomsorg

2.2. TIDLEG INTERVENSJON

Mål

Gripe tak i særleg barn og unge som er i faresonen, så tidleg som råd, for å stoppe og hindre ein negativ utvikling.

2.2.1. Status

Med tidleg intervensjon meinast å identifisere og handtere eit problem på et så tidleg tidspunkt at problemet kan reduserast eller forsvinne. Tidleg intervensjon er også eit ledd i folkehelsearbeidet.

Tre element er viktige for å få til tidleg intervensjon:

1. Kunnskap om risiko- og beskyttande faktorar, signal, og kjennskap til kritiske fasar i barn og unge sin utvikling og kritiske fasar i vaksne sine liv.

2. Kjenne til eiga rolle i arbeidet med å oppdage, gripe inn og handle på grunnlag av ein bekymring.
3. Kjennskap til rutinar på eiga arbeidsstad og i hjelpeapparatet.

Ein indikator på at barn og unge kan kome i faresonen er, når foreldra ikkje har økonomi til at barna deltek i normale sosiale aktivitet. Gjennom prosjektet "Trygge og gode dagar" blei det bygd opp eit lager med div. utstyr som lånast ut til barn som ikkje har. Dette lageret kan vidareutviklast, samstundes er det familiar som treng tilskot til barna sin aktivitet.

Bruk av rusmiddel, lovlege og/eller illegale, er som regel nok så skjult og vanskelig å oppdage. Dei fleste vil truleg ikkje oppfatte seg sjølv i faresonen eller som rusmiddelavhengig og søkje hjelp. Oftast er det politiet som meir eller mindre tilfeldig kjem bort i personar med ulovlege rusmiddel.
Å førebygge utvikling av helseproblem relatert til rusåtferd gjeld ikkje berre i høve til barn og unge, dette gjelde og dei vaksne sin omgang med og haldning til bruk av alkohol og andre rusmiddel.
I Seljord er det etablert eit tett samarbeid mellom politiet og avdeling for psykisk helse og rusarbeid v/ rusterapeut for oppfølging av ruskontraktar. Dette gjeld ungdom som politiet har tatt for mindre alvorlege brot på narkotikalovgjevnaden. Elevar på VG skule som kjem frå andre kommunar får og dette tilbodet. Det er og mogeleg å få tilbod om ein friviljug ruskontrakt.

Som eit tiltak frå "Plan for trivsel og oppvekst" vart det oppretta som eit kriminalitetsførebyggande fora bestående av representantar frå politi, barnevernet, helsetenesta, psykiatritenesta, rus, ungdomspresten, Nav, ungdomsskulen og vidaregåande skule.
Møta har vore viktige for utveksling av informasjon og drøfting og samordning av førebyggande tiltak. Møte 2 gonger pr. år. Ein gjer framlegg om å vidareføre tiltaket.

Prosjektet "Snakk om det, ikkje berre snakk" 2007-2008, hadde m.a. som mål å utvikle leiarkompetansen med omsyn til samhandling om tidleg intervenering. Frå prosjekter har vi m.a. ein plakat "Dette er ditt ansvar" i høve til bekymring for eit barn eller ein ungdom. Eit mål er m.a. å blåse nytt liv i denne.
Ein ynskjer å løfte dette temaet opp på eit tverrsektorielt temamøte t.d. 3. kvart år, og nytte ein av skulane og barnehagane sine planleggingsdagar til føremålet.

2.2.2. Utfordringar

- Å sette inn dei rette tiltaka tidsnok.
- Problema må i mange høve vokse seg store før noko gjerast. Personar som viser teikn på mogeleg problemutvikling, får ikkje alltid den hjelpa dei treng på eit tidleg nok tidspunkt.
- Møte det som ser ut for å være ein urovekkjande utvikling blant ein del unge i alder 17-23 år.
- Vidareutvikle samarbeidet med lensmannskontoret/politiet.
- Barnefattigdom.
- Sikre trygge overgangar mellom barneskule – ungdomsskule – vidaregåande skule.

2.2.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	**Oppstart**	**Ansvarleg**
Tverrsektorielt temamøte: "Dette er ditt ansvar". 3. kvart år. Nytte ein planleggingsdag for skule/barnehage til føremålet.	August 2017	Kommunalsjef for skule og oppvekst.
Vidareføre arbeidet med ruskontraktar i samarbeid med politiet.	Vår 2016	Avdelingsleiar psykisk helse og rus.
Søkje Fylkesmannen om tilskot til aktivitet for barn i fattige familiar	Årleg	NAV-leiar
Vidareføre gruppa for kriminalitetsførebyggande tiltak med møte 2 gangar i året.	Årleg jan/feb + aug/sep	Lensmannen/ Koordinator for rusomsorg

2.3. TENESTER TIL RUSMIDDELAVHENGIGE

Mål
Bidra til at den rusmiddelavhengige skal få naudsynt bistand og hjelp til å meistre kvardagen og ha eit verdig liv.

2.3.1. Status

Rusmiddelavhengige personar er ikkje nokon einsarta gruppe, og det er store variasjonar i kva avhengighet kan medføre av problem. Det handlar ofte om økonomi, helse, bustad, aktivitet, kriminalitet, tilhøve rundt familie, nettverk osb. Ofte kan ein psykisk liding være med å forsterke problemet. Tilnærmingsstrategiar og tiltak må tilpassast den einskilde – om brukaren er mann eller kvinne, 16 eller 60 år, gravid/ikkje gravid og i høve til problemets omfang.

Kommunen har ansvaret for å yte tenester gjennom råd, rettleiing og hjelpetiltak. Fyrst og fremst er det rustenesta, lege og Nav som må utarbeide eit opplegg som er tilpassa den einskilde sine behov. For å kunne meistre overgangen frå eit liv i rus til eit rusfritt liv eller eit liv med redusert forbruk, er det naudsynt med: bustad, meiningsfull kvardag, arbeid/skule/aktivitet, sosialt nettverk, fast inntekt, styr på gjeld, hjelp i høve til fysisk og psykisk helse osb.

I samband med Statsbudsjettet er det også for 2016 satt av midlar til styrking av det kommunale rusarbeidet. Signala er at desse midlar vil bli vidareført som øyremerka tilskot. Kommunar som fekk tilskot i 2015 vil også få tilskot i 2016. I tillegg vil det kommunale rusarbeidet bli styrka gjennom rammeoverføringar. Regjeringa vil gjennom etablerte rapporterings-ordningar fylgje nøye med på utviklinga i sektoren, og om kommunane fylgjer opp regjeringa sin satsing med tiltak innafor rusområdet.
Seljord kommune har fått tilskot til ei stilling i 2014 og 2015. Vedkomande som har vore tilsett på desse tilskotsmidlar har vore på engasjement. Av omsyn til å sikre seg ein best mogeleg kvalifisert arbeidstakar og av omsyn til kontinuiteten, gjer ein framlegg om å gjere engasjementstillinga om til ein heil fast stilling som terapeut innan rusomsorg.

2.3.2. Utfordringar

- Å sikre ein samordna innsats på tvers av ansvarsområder for rusmiddelavhengige i kommunen.
- Samarbeidskultur som sikrar avrusing, behandling, og rehabilitering av rusmiddelavhengige.
- Å avdekke bruk av rusmiddelbruk hjå gravide.
- Rusterapeut på engasjement vanskeleggjer kontinuiteten.

2.3.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Innspel til budsjett for 2017 om å gjere engasjementstillinga som rusterapeut om til ei fast stilling.	September 2016	Kommunalsjef for helse og omsorg
Årleg møte med fastlegar, helsestasjon, Nav, rustenesta og øvrige hjelpeapparat for å sikre best mogeleg samordning innan rusfeltet.	Haust 2016	Koordinator for rusomsorg

2.4. BUSTAD

Mål
Sikre at rusmiddelavhengige og andre med særskilde behov får eit tilpassa butilbod med god faglig oppfølging.

2.4.1. Status
Tilbodet på kommunale bustader i Seljord til rusmiddelavhengige, og andre med særskilde behov, er i mange høve ikkje godt nok.
Ein bustad skal bidra til eit verdig liv, ha ein positiv innverknad på den sosiale funksjonen, bidra til meistring av ein rusfri kvardag og til sosial integrering m.v. Dette inneber også tryggleik for naboar og nærmiljøet.

Ein vellykka rehabilitering krev at kommunen har eit differensiert butilbod i høve til storleik, pris, plassering, innreiing m.v, ofte med oppfølging i heimen.

Røynsle frå andre kommunar syner at samlokalisering av bustader med stort innslag av rusmiddel-avhengige fungerer dårlig utan døgnbemanning. Det oppstår lett eit miljø prega av rusbruk, omsetjing av rusmiddel og bråk.
Noko av den same problematikken ser vi og med vidaregåande skuleelevar i hybelbygg.

2.4.2. Utfordringar
- Å ha tilgang til hensiktsmessige bustader til ymse bustadsosiale føremål. Ofte på kort varsel.
- Ein del av den kommunale bustadmasse treng oppussing og er ikkje eigna til føremålet.
- Problem som oppstår rundt elevar frå vidaregåande skule på hybel.

2.4.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Rullere den bustadsosiale handlingsplanen.	2017	Kommunalsjef for helse og omsorg

2.5. LÅGTERSKELTILBOD

Mål
Utvikle hensiktsmessig aktiveringstilbod til alle.

2.5.1. Status
Fleire av dei som går frå ein arbeidsavklaring og over på uføretrygd som fylgje av ein psykisk liding og /eller rusmiddelavhengighet får ein kjensle av å bli tilsidesett, når "Nav-tiltaka" blir kutta.
Kvardagen vil ofte bli prega av lite eller ingen gjeremål, manglande interesser, lite eller negativt nettverk, dårleg økonomi osb.
Manglande tilhørighet og gjeremål vil ofte forsterke problemet.
Fleire vil ha ein "rest-arbeidsevne" som kan nyttes i ein offentleg eller privat verksemd. Nokon kommunar har gode erfaringar med eit værested på dagtid med tilbod om aktivitet, arbeidstiltak, lettare helsetenester og forpleiing.

Fleire av brukarane har tenester frå kommunen som kommunal bustad og individuelle tiltak.

Ein har ikkje oversikt over kor mange av denne brukargruppa som kan tenkje seg å nytte eit lågterskeltilbod. Gruppa er ikkje stor, anslagsvis mellom 5 og 10 personar, likevel er trongen for aktivering gjennom eit lågterskeltilbod eit faktum for dei det gjeld.
Ein kan vurdere interkommunale tiltak og/eller samarbeid med ein friviljug organisasjon.

2.5.2. Utfordringar

- Å gje brukargruppa god nok oppfølging og innhald i kvardagen.
- Å vite kor mange av den aktuelle brukargruppa som vil nytte seg av eit lågterskeltilbod.
- Få ut informasjon til offentlege og private verksemder om behov, tilskots- og støtte ordningar.
- Kan ein friviljug organisasjon være ein samarbeidspart?
- Kan samarbeid med nabokommunane være aktuelt?

2.5.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Utgreie hensiktsmessig lågterskel dagtilbod.	Vår 2017	Koordinator for rusomsorg

2.6. BARN OG VAKSNE SOM PÅRØRANDE

Mål
Det skal være tilgjengelege tilbod til barn og vaksne som er pårørande til rusmiddelavhengige.

2.6.1. Status

Pårørande er ein gruppe som står i fare for å bli oversett ettersom fokuset oftast er retta mot den rusmiddelavhengige.
Dei pårørande treng informasjon og kan bidra som samarbeidspart/ressurs i brukaren sin behandling, vidare vil dei pårørande ha trong for hjelp for eigen del som eit resultat av å være foreldre, barn, søsken, ektefelle eller ven. Pårørande treng nokon å vende seg til i vanskelige situasjonar. Ofte oppstår desse situasjonar utanfor opningstidene til offentlige tenester.
Kommunane har plikt til å gje råd, rettleiing og hjelp til den rusmiddelavhengige sin familie**.**
Ein av målsetjingane i den nasjonale opptrappingsplanen for rusfeltet er å ivaretaka dei pårørande på ein betre måte. Barn som pårørande er eit nasjonalt satsingsområde, herunder tidleg hjelp og kompetent teneste.
N.K.S. driv, med støtte frå Staten, eit veiledningssenter i Skien for pårørande til rusmiddelavhengige. Dei tilsette i veiledningssentret har høve til å reise ut i fylket.

2.6.2. Utfordringar

- Tenesteapparatet har ikkje tilstrekkelig fokus på og kunnskap om pårørande arbeid.
- Eksisterande tilbod blir for lite nytta av pårørande både på grunn av manglande kjennskap, skamkjensle og høg terskel for å taka kontakt.
- Sikre ein heilskapleg oppfølging i familiar.

2.6.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Innspel til kompetanseplanen om tilbod til tilsette i helse- og omsorgssektoren om kurs/opplæring om pårørande til rusmiddelavhengige sin situasjon og behov.	Februar 2016	Avdelingsleiar for psykisk helse og rusarbeid
Utarbeide informasjon om tilbod til pårørande.	Haust 2016	Koordinator for rusomsorg

2.7. BRUKARMEDVERKNAD

Mål
Brukarar og deira pårørande skal ha medverknad i utarbeiding av tiltak rundt seg.

2.7.1. Status
Auka brukarmedverknad er eit av måla i den nasjonale opptrappingsplanen for rusfeltet. Reell medverknad frå brukaren handlar om at det blir tatt omsyn til brukaren sine ynskjer og behov. Individuell plan er eit verkemiddel til å sikre brukarmedverknad.

Innan tenesta for psykisk helse og rusarbeid i Seljord kommune er det på forsøksbasis oppretta eit brukarråd. Det er eit ynskje om å få dette brukarrådet inn i meir formaliserte rammer med omsyn til møte med administrativ- og politisk leiing.
Brukar/pårøranderåd bør og vurderast innan fleire av dei andre kommunale tenester. Opplæring og kurs for brukarråd kan ev. skje i eit interkommunalt samarbeid.

2.7.2. Utfordringar
- Brukarar og pårørande skal involverast i kommunen sit tenestetilbod og gjevast reell innverknad på utviklinga av tilbodet dei får frå det offentlege.
- Ein del brukarar takkar nei til tilbodet om ein individuell plan som eit verktøy.

2.7.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Brukarrådet for tenesta for psykisk helse og rusarbeid i Seljord kommune formaliserast med faste årlege møte med administrativ leiing og politikarar.	Vår 2016	Kommunalsjef for helse og omsorg

2.8. SAMHANDLING

Mål
Tenester til rusmiddelavhengige skal være prega av kontinuitet og være samordna med spesialisthelsetenesta.

2.8.1. Status
Seljord kommune samarbeider med ulike aktørar innan spesialisthelsetenesta.
I kommunen kan koordinator for rusomsorg og fastlegane henvise til spesialisert rusbehandling. Henvisning til rusbehandling kan gå til private institusjonar med driftsavtale med helseføretaka (t.d. Borgestadklinikken og Tyrilistiftinga), sjukehusavdelingar, distriktspsykiatriske sentra (Notodden/Seljord DPS), eller Psykiatrisk ungdomsteam (PUT).

Rusmiddelavhengige har krav på oppfølging både før, under og etter behandling. Dette kan svikte når brukaren blir henvist frå ein lege eller blir vidare henvist frå ei spesialisthelseteneste. Legar har i liten grad høve til å gå inn i problem rundt bustad, aktivering, økonomi m.v, slik at oppfølging og tilrettelegging etter behandling ikkje blir godt nok.

Seljord kommune har saman med dei andre kommunar i regionen inngått ei samarbeidsavtale på tenestenivå med Notodden sjukehus innan psykisk helsearbeid og rus/avhengighet. Føremålet med

avtala er m.a. å sikre at brukarar/pasientar opplever eit heilskapleg tenestetilbod kor det leggast vekt på kontinuitet, et kvalitetsmessig godt tilbod og en reell brukarmedverknad. Avtala skal og bidra til betre ressursutnytting og hjelpe til at helsetilbodet gis på rett nivå og til rett tid.

I samband med den rusmiddelpolitiske handlingsplanen frå 2009 vart det utarbeida lokale rutinar for oppfølging av rusmiddelavhengige og pårørande. Desse rutinar treng ein oppgradering.

2.8.2. Utfordringar

- Samarbeid mellom fastlege, Nav, rustenesta og andre relevante aktørar for heilskapleg tilrettelegging i samband med spesialisert rusbehandling, herunder: oppfølging i bustad, økonomi, tilrettelegging for arbeidstrening/aktivitet, nettverk m.v.

2.8.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Revidere "Rutinar for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørande"	Vår 2016	Koordinator for rusomsorg

2.9. KOMPETANSEUTVIKLING

Mål

Oppretthalde og vidareutvikle det faglige nivået på russektoren i takt med endring i krava. Sikre god kvalitet på tenestene og utvikle tiltak som kan styrke den tverfaglege samhandlinga lokalt og interkommunalt.

2.9.1. Status

Kompetanseutvikling er sentralt når det gjelder å rekruttere og behalde tilsette samt å utvikle tenester av god kvalitet. Kommunen bør avklare kva kompetanse organisasjonen treng for å nå måla i planen. Ein kompetanseplan må sikrar naudsynt kompetanse i alle ledd frå generell førebygging og tidleg intervenering til oppfølging av dei tyngste rusavhengige, eventuelt også gjennom interkommunalt samarbeid.

Kompetansesentret for rus og Fylkesmannen arrangerer fleire relevante kurs og opplæringstiltak. Fagforum for rus og rus/psykiatri i Øvre Telemark er ein tverrfagleg møteplass for tilsette i kommunane og Nav kontora i Dps Notodden/Seljord sitt nedslagsfelt, samt spesialisthelsetenesta og Fylkesmannen i Telemark.

Målet er ein fagleg møteplass for utveksling av erfaringar, drøfting av saker, halde seg fagleg oppdatert, dialog med fylkesmannen og bidra til kompetanseheving.

2.9.2. Utfordringar

- Små kommunar er sårbare og har problem med å halde god nok kompetanse og vidareutvikle tenesta i takt med auka krav til kommunane.
- Sikre ein differensiert kompetanse i kommunen på områder som:
  - Generell førebygging.
  - Tidleg identifisering: Kunnskap om risikofaktorar og beskyttande faktorar.
  - Tidlig intervensjon: Fylgje opp identifikasjon.
  - Rehabilitering som ein prosess.
  - Omsorgstenester til rusmiddelavhengige
  - Koordinering: Ansvarsgrupper, individuell plan, og tverrfagleg samarbeid
- Kartlegging av kompetansebehov, vidare- og etterutdanning lokalt og regionalt

2.9.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Innspel til kompetanseplanen om kartlegging av kompetansebehovet på rusfeltet i Seljord kommune frå generell førebygging og tidleg intervenering, behandling til omsorgstiltak.	Februar 2016	Avdelingsleiar for psykisk helse og rusarbeid
Arrangere kurs i samarbeid med fagforum for rus og rus/psykiatri i Øvre Telemark	2017	Koordinator for rusomsorg

2.10. ALKOHOLPOLITIKKEN

Mål
Seljord kommune ynskjer gjennom koordinert innsats å regulere tilgang til og bruken av rusmiddel.

2.10.1. Status

Ein side av alkoholpolitikken er at det er knytt monalege næringsinteresser til sal og skjenking.
Det seiast tydeleg i regjeringa sin opptrappingsplan på rusfeltet, at folkehelseomsynet må veie tyngre enn bransjeomsynet, når kommunen sin alkoholpolitikk skal vedtakast.
Kommunane har innafor Alkohollova eit stort handlingsrom til å fastsetje sin eigen alkohol- og løyvepolitikk. Målet med løyvepolitikken er elles å gje sals- og skjenkestadene stabile og forutseielege rammevilkår og å hindre illojal konkurranse.

Alkoholfrie arenaer er eit omgrep som inneberer at ein skjermar einskilde soner eller arenaer frå bruk av alkohol. På arenaer der det er samvær med barn synast dette å ha stor tilslutning.
Prinsippet med alkoholfrie arenaer er stadig under press t.d. i samband med søknadar om skjenking av alkohol på konserter og arrangement der barn og ungdom også er i målgruppa.
I eit helse- og sosialpolitisk perspektiv skal kommunen være restriktiv i høve til servering av alkohol på slike arrangement.

I Alkoholpolitiske retningslinjer § 4.6 står det at: "Kommunen vil før tildeling av løyve vurdere plassering, innreiing, konsept, meny m.m." Med dette har ein full anledning til å oppretthalde alkoholfrie arenaer på stader som: kjøpesenter, gatekjøkken, og under arrangement på Dyrskuplassen og på Granvin der barn og unge er ein del av målgruppa.

Då Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune vart vedteke juni 2015, blei det innført eit prikksystem som verkemiddel. Stortinget har nå vedtatt å innføre eit prikksystem i alle landets kommunar med verknad frå 01.01.16. Dette medfører eit behov for mindre justeringar av dei alkoholpolitiske retningsliner.

2.10.2.Utfordringar

- Aktiv oppfølging og handheving av alkoholpolitiske retningsliner.
- Samordning av alkoholpolitikken og tiltak med kommunane i Midt- og Vest-Telemark

2.10.3. Aktuelle tiltak

Namn på tiltak	Oppstart	Ansvarleg
Være særsskild merksam på barn og unge ved tildeling av sals- og skjenkeløyver.	Løpende	Rådmann
Ajourføre Alkoholpolitiske retningsliner i høve til lovendringar pr. 01.01.16	Mars 2016	Koordinator for rusomsorg.

DEL III: PLANFØRESETNADAR

3.1. Kommunens ansvar på rusfeltet

Kommunen har eit grunnleggjande ansvar for sine innbyggarar som omfattar alt frå generelle og spesielle tiltak innan helsefremmande og førebyggande arbeid til kartlegging og henvisning av rusmiddelavhengige og deira pårørande, samt oppfølging før, under og etter tverrfaglig spesialisert rusbehandling. Kommunen har plikt til å samordne og koordinere tenestene til brukarane.

Alle kommunar er pålagt å ha ein alkoholpolitisk handlingsplan jf. Alkohollova§ 1–7d. Vidare ligg det ein sterk oppmoding frå sentral hald til at kommunane lager ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Utgangspunktet for all arbeid med rusmiddelavhengige byggjer på friviljug medverknad. Lova gjev dog heimel til bruk av tvang m.a. i høve til gravide, der føremålet er å verne om det ufødde barnet. Kommunen har ansvar for å tilby rusmiddelavhengige, på lik linje med andre innbyggarar, naudsynt helsehjelp, sosiale tenester, økonomisk stønad (sosialhjelp), kvalifiseringsprogram og bistand til å skaffe bustad.

3.2. Statens ansvar for rusbehandling

Spesialisthelsetenesta har gjennom lov om spesialisthelsetenestar fått eit auka ansvar for fokusere på folkehelsa gjennom overvaking av helsetilstanden, fremme helse og førebygge skade/sjukdom samt kunnskapsdeling.
I dette ligg også ansvaret for behandling av rusmiddelavhengige gjennom tilbod frå distriktspsykiatrisk senter (DPS), tilbod om tverrfaglig spesialisert behandling (TSB) (poliklinisk eller i institusjon), akutthjelp og gjennom legemiddelassistert rehabilitering (LAR).
Den rusmiddelavhengige sin rett til behandling fylgjer av Pasient og brukarrettigheitslova og prioriteringsforskriftene.

3.3. Samhandling

Samhandlingsreformen presiserer at eit heilskapleg pasientforløp for brukarane skal være i fokus.
Det er difor viktig at dei kommunale og dei spesialiserte tenestar utfyller kvarandre, og at der er ein god dialog og eit tett og godt samarbeid.
Det er viktig at dei kommunale tenester trekkast inn så tidlig som råd. Behandling av rusavhengighet er ein lang prosess med fleire aktørar og mange fasar, der brukarens eigen aktivitet er vesentlig.
Kommunen og spesialisthelsetenesta vil ha ulike roller. I periodar vil dei overlappe kvarandre og i andre periodar tilby tenester parallelt.
For brukaren er det viktig at tenestene framstår som heilskaplege og koordinerte.

3.4. Nasjonale føringar

Det har gjennom lovverk, samhandlingsreformen, stortingsmelding om rusfeltet og veiledere skjedd ein klar opprioritering av den førebyggande innsatsen, tidlig intervensjon, fokus på samhandling og brukarmedverknad.

Opptrappingsplanen for rusfeltet 2008 – 2012
har gjeve tydelege føringar gjennom dei 5 hovudmålområder:

1. Tydelig folkehelseperspektiv
2. Betre kvalitet og økt kompetanse
3. Meir tilgjengelige tenester og økt sosial inkludering
4. Meir forpliktande samhandling
5. Auka brukarmedverknad og betre ivaretaking av barn og pårørande.

Målet er at dei rusmiddelavhengige skal få tilbod om den hjelpa dei treng.

Opptrappingsplanen for rusfeltet 2016 – 2020
Overordna mål:

1. Reell brukarmedverknad i val av behandling og utforming av tenestetilbodet.
2. Personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem fangast opp og hjelpast tidleg.
3. Alle skal møte eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat.
4. Alle skal få høve til ein aktiv og meiningsfull tilvære i lag med andre.
5. Det skal utviklast og i større grad takast i bruk alternative straffesanksjoner og straffegjennomføringsformer.

Innsatsområder:

- Tidleg innsats for å førebygge rusavhengighet
- Behandling
- Oppfølging etter behandling, bustad og meiningsfull kvardag

St.meld.nr. 30 (2011-2012) "Se meg"
Regjeringa vil innanfor ein heilskapleg rusmiddelpolitikk legge særskild vekt på fem områder:

1. Førebygging og tidlig innsats
2. Samhandling – tenester som jobbar saman
3. Økt kompetanse og betre kvalitet
4. Hjelp til tungt avhengige – redusere overdosedødsfall
5. Innsats for pårørande og mot passiv drikking.

St.meld.nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen
Denne omtaler i liten grad rusfeltet, men prinsippet om heilskapleg pasientforløp gjeld spesielt for personer med langvarige og samansette behov, herunder rusmiddelavhengige.

"... og bedre skal det bli!"
Nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta for perioden 2005-2015 handlar om forbetringsarbeid.
Strategiar for å nå måla er å styrke brukaren og utøvaren, forbetre leiinga og organisasjonen, fylgje med og evaluere tenestene og styrke forbetringskunnskapen.

Faglige retningslinjer, rundskriv og veiledere m.a.

- Nasjonal retningslinje for legemiddelassistert rehabilitering ved opioidavhengighet (LAR)
- Nasjonal faglig retningslinje for gravide i LAR og oppfølging av LAR-familiar frem til skulealder
- Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig psykiske lidingar og ruslidingar (ROP- lidingar)
- Rusførebyggande og helsefremmande arbeid i skulen.
- Tidlig intervensjon på rusområdet (rapport IS - 1455)
- Fra bekymring til handling (veileder IS-1742)
- Barn som pårørende (rundskriv IS 5/2010).
- Saman om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne. (IS-2076)

3.5. Fasar i det kommunale tenestetilbodet

Alle som bur i kommunen har rett på eit verdig liv, med eller utan rus. Det totale tilbodet må være fleksibelt og omfatte alle fasar frå dei fyrste faresignal og den fyrste eksperimenteringa til oppfølging og omsorg for dei utslåtte.
Samordning og samarbeid på tvers av ansvarsområder og forvaltningsnivå, vil være heilt avgjerande for å lukkast.

Det kommunale tenestetilbodet må dekke:

Generell førebygging

Generell førebygging er tiltak som rettar seg mot alle eller store grupper i samfunnet t.d. ungdom generelt.

På dette området vil politikken, som førast på nasjonalt nivå, vera avgjerande, men kommunane har også høve og plikt til å påverka og utforme dei generelle levekåra og tilhøva lokalt.

Kommunen må så langt som råd leggje til rette for at færrast mogleg fell utanfor.

Til dømes syner internasjonal forsking at den norske alkoholpolitikken, som har vorte ført, har hatt effekt. Godt førebyggingsarbeid vil i mange tilfelle vera å halde fram med tiltak som har vist seg å ha positiv verknad.

Tidlig intervensjon

Tidlig intervensjon er tiltak som rettar seg mot grupper eller einskildpersonar som står i fare for å utvikle sosiale og/eller helsemessige problem, herunder også avhengighet til alkohol eller narkotika. Det finst mange eksempel på kva et sosialt- eller helseproblem kostar samfunnet.

Behandling

Kommunane må være i stand til å identifisere eit rusproblem og rus i kombinasjon med psykisk liding. Behandling av rusmiddelavhengige har hovudsakelig vore basert på behandling i institusjonar, men skal ein fylgje prinsippet om at tilboda skal være fleksible og tilpassa den einskilde brukaren, må det også satsast på behandlingsopplegg som kan gjennomførast i nærmiljøet. Ein tenkjer då på ein kombinasjon av institusjons- og kommunal oppfølging og eit tett samarbeid mellom poliklinikk og kommunale tenester.

I einskilde høve kan det være naudsynt å nytte private institusjonar, t.d. når ventetida på ein institusjonsplass med avtale med helseføretaka er urimeleg lang. Bruk av private institusjonar er som oftast forbundet med ein døgnpris som må dekkast av kommunen.

Rehabilitering

For rusmiddelavhengige som har starta tidlig og/eller har rusa seg lenge, kan vegen tilbake til eit normalt liv være lang. Dei vil som oftast ha manglande kunnskapar om å ivaretaka fundamentale behov. Utan hjelp og rettleiing vil sosial reintegrering være vanskelig eller umogeleg.

For å lykkast må sentrale ting være på plass som: inntekt og ordna økonomi, bustad, tilbod om skule, arbeid eller aktivitet og fritidstilbod, men langt frå alle vil nokon gong klare å stå i ein ordinær jobb. Viktig er også tiltak for å sikre sosial inkludering i familie, i nærmiljøet og blant tidlegare venner. Ein vellykka rehabilitering og reintegrering setter store krav til samordning og samarbeid mellom alle involverte partar.

3.6. Risiko og beskyttande faktorar

I tabellen under er det ein stikkordsmessig oversikt over risikofaktorar og beskyttande faktorar henta frå veilederen "Frå bekymring til handling" (Helsedirektoratet) og supplert med innspel frå skulane.

	Risikofaktorar	**Beskyttande faktorar**
Individuelle	- Positive haldningar til rusmiddel - Tidleg debut - Utagerande, sensasjonssøkjande - Manglande kunnskap om rus og risiko - Rusvillig - Individuell sårbar - Utsett for seksuelle og fysiske overgrep - Framtidspessimisme - Lågt sjølvbilde og psykiske plager - Å være vitne til eller utsett for vald	- Medfødt robusthet og kapasitet - Sosial kompetanse - Oppleving av meining og samanheng - Kreativitet - Hobbyar - Framtidsoptimisme - Godt sjølvbilde

Familie	- Manglande tilsyn - Manglande interesse for den unge - Tilknytingsproblem - Dårleg samspel i familien og konfliktar mellom vaksen – vaksen – barn - Tillatende "oppdragarstil" - Seksuelle og fysiske overgrep - Stor fattigdom - Låg omsorgskompetanse - Rusmiddelproblem og psykiske lidingar hjå foreldra	- God kommunikasjon og samspel - Autorativ oppdraging (kontroll og varme) - Struktur og reglar - Høgare sosioøkonomisk status - God og stabil omsorgssituasjon
Vener	- Rusbruk og kriminalitet hjå vener - Veners antisosiale normer - Låg sosial status hjå vener	- Tydelege normer, tilknyting - Prososiale vener
Skule	- Dårleg skulemiljø/klima, mobbing - Svake skulefaglege prestasjonar - Manglande tilhørighet, manglande eller negativ relasjon til andre. - Høgt fråvær i form av skulking og låg terskel for å halde seg heime.	- Tilpassa opplæring o Eleven utviklar seg som person o Eleven lærer fag o Eleven opplever og erfarer fellesskap med andre - Positivt klassemiljø/inkluderande fellesskap o Tilhørighet o Deltaking o Medansvar - Godt læringsmiljø - Tidleg innsats - Nulltoleranse for mobbing - Helsesyster - Samarbeid heim-skule
Nærmiljø	- Få ressurs til førebyggande arbeid - Kriminalitet - Normer som aksepterer konsum - Tilgang på rusmiddel - Dårleg bumiljø - Fattigdom	- Minst ein viktig og sentral vaksen - Prososiale vener - Felles verdiar - Samfunnsstrukturar som støtter meistringsstrategiar

Faren for å utvikle eit problem er knytt til den einskilde sin samla livssituasjon. Det er ikkje slik at alle som er utsatt for risikofaktorar, alltid utviklar eit problem. Motsett kan det også være slik at ein person som er omgjeve av mange beskyttande faktorar, likevel kan utvikle eit alvorlig problem.
Det er langt på veg dei same risiko- og beskyttande faktorar som gjer seg gjeldande ved utvikling/ikkje utvikling av rus-, psykiske problem og ander typar sosiale vanskar. Med andre ord: Godt førebyggande arbeid førebyggar på fleire områdar.

3.7. Folkehelseperspektivet

Med folkehelselova av 01.01.2012 blei ansvaret for folkehelsearbeidet lagt til kommunane, og ikkje berre til helsetenesta i kommunen. Folkehelsetenkinga skal inn i alle sektorar med auka fokus på førebygging og tidleg intervensjon. Det sentrale målet er å førebygge betre og meir.
Å ha eit folkehelseperspektiv inneber at dei ulike førebyggande tiltaka skal være universelle.
Ulike problem kan utvikle seg på ulike arenaer og i alle fasar av livet. Førebygging må difor rettast mot fleire områder der folk deltek. Dette kan m.a. være i barnehage, på skulen, i arbeidslivet og på fritidsarenaer.
Det er ein samanheng mellom totalkonsumet av alkohol og dei negative konsekvensar av alkoholbruk.

Det er eit mål å redusere totalforbruket og skadeverknadane av alkohol. Statens hovudtiltak er å føre en restriktiv avgifts- og alkoholpolitikk. For kommunen sin del vil dette m.a. omfatte kontroll med sals- og skjenkestadene.
Staten ynskjer å styrke innsatsen mot illegale rusmidl m.a. gjennom politi- og tollvesenet, vidare ynskjer Staten å styrke informasjonsarbeidet, spesielt retta mot ungdom og deira føresette i høve til graviditet og alkohol. Her vil kommunen og ha ein viktig rolle.

Barn og ungdom har krav på å bli skjerma frå negative konsekvensar av eige og andre sitt rusmiddelbruk. I eit folkehelseperspektiv vil ein heva debutalder for alkoholbruk og tiltak som hindrar narkotikabruk blant unge føre til ein merkbar reduksjon av rusmiddelproblema, noko som vil komme den einskilde og heile samfunnet til gode. Førebyggande arbeid blant barn og unge er difor sentralt.

3.8. Organisering

Ansvaret for den førebyggande innsatsen i kommunen ligg på alle einingar som har med barn, unge og vaksne å gjere med kvar sine lovheimlar.

Lovheimelen for det kommunale ansvaret for rusarbeid har gått frå sosiallovgjevinga og over til helselovgjevinga etter at Lov om sosiale tenester i NAV vart innført.
Utviklinga på NAV har i stadig sterkare grad gått mot å reindyrke kjerneområder som arbeidstiltak og økonomiske saker. Likskap i utfordringar og tilnærmingsmåtar gjer det hensiktsmessig å sjå psykisk helse- og rusarbeid meir isaman.
Seljord kommunen sin organisering av tenesta til personer med rusproblem blei som ein fylgje av ovannemnde endra, slik at koordinator for rusomsorg frå og med 1. januar 2014 saman med den kommunale psykiatritenesta nå utgjer avdelinga for psykisk helse og rusarbeid.

3.9. Nasjonale trendar på rus

Innlandsomsetnaden av alkohol i Noreg auka frå 1993 til 2008 til eit konsum på opp under 7 liter rein alkohol pr. innbyggar over 15 år. Innlandsomsetnaden har sidan då gått litt ned, samstundes som det har vore ein liten auke i taxfree salet. I tillegg kjem ein ikkje ubetydeleg mengde alkohol inn gjennom grensehandel (Sirus 2013).
Veksten i alkoholkonsumet skyldast fyrst og fremst at vi drikk meir vin og at vi har fått eit meir "kontinentalt" drikkemønster, der vi drikk oftare men lite om gangen.
Dei "kontinentale" drikkevanar har ikkje erstatta det nordiske drikkemønstret, som har vore preg av eit stort konsum i helgene, men har kome i tillegg. Auka har vore størst blant kvinner og ungdom. Høgast konsum er det blant ungdom mellom 16 og 24 år men Noreg har framleis det lågaste alkohol forbruket i Europa.
Ungdomskuleelevar drikk både mindre og sjeldnare alkohol, dette syner Ung-dataundersøkingane (Nova 2015) og Ung i Telemark undersøkinga (2015)

Bruk av illegale rusmidel auka gjennom 1990-tallet og toppa seg rundt årtusenskiftet. Forbruket har sidan då gått noe tilbake spesielt blant ungdom, medan det registrerast ein auke blant unge vaksne i aldersgruppa 21-30 år.

Det skjer eit betydelig misbruk av vanedannande legemiddel. Dette er ofte eit lite synleg problem.

For det store fleirtalet av ungdomsskuleelever er bruk av illegale stoffer ikkje aktuelt. (Nova 2014) (Ung i Telemark 2015)

I Noreg var det i 1998 50 personar under Legemiddelassistert behandling (LAR). I 2010 hadde vi nådd 5.500 personer. Helsedirektoratet har antatt at så mange som 7 000 opiatavhengige vil kunne nyttiggjere seg LAR. I Seljord har vi hatt få personar i denne kategorien.

Det er ein viss samanheng mellom psykiske lidingar og rusmiddelproblem. Jo meir alvorleg ruslidinga er, desto høgare er førekomsten av psykiske lidingar.
Personar med ruslidinga og personer med psykiske lidingar har tradisjonelt fått behandling i ulike sektorar og institusjonar. Personar med samtidig rus- og psykiske lidingar fell difor lett utanfor behandlingstiltaka.
Undersøkingar har synt at 65% av personar med rusmiddelproblem også har psykiske vanskar som har alvorleg innverknad på meistring av kvardagen.
Tal frå akuttpsykiatrien syner at opp mot halvparten av dei innlagde pasientar har eit rusproblem. (Helsedirektoratet)

3.10. Ungdomsundersøking

I veke 36, (september) 2013 og i veke 9-11, (februar/mars) 2015 blei det gjennomført ei Ung-data undersøking i alle klasser ved Seljord ungdomsskulen. I 2013 deltok 89 elevar og i 2015 88 elevar. Undersøkinga tek føre seg ulike sider av det å være ung.
I 2015 er Ung-data undersøkinga gjennomført ved alle ungdomsskular og vidaregåande skular i Telemark. I alt deltok om lag 8.500 ungdom. 26 vidaregåande elevar, busett i Seljord, svara og på denne undersøkinga. (Ung i Telemark)

Ungdomsundersøkingane stadfester inntrykket frå skulen, politiet og andre, at ungdomsmiljø i Seljord er generelt bra, men at nokon få slit.
Det er lite som skil funn i Seljord frå funn i dei andre Telemarkskommunar og undersøkingar elles i landet.
På einskilde områder skil Seljordungdomen seg ut i positiv retning, m.a. kan det sjå ut som om bruken av rusmiddel på det næraste har blitt fråverande blant ungdomsskuleelevane i Seljord.
På andre områder rapporterer litt fleire Seljordungdomen at dei har det litt vanskeleg.
Undersøkinga frå 2015 samanlikna med undersøkinga frå 2013 syner litt mindre framtidsoptimisme, og at det har blitt litt fleire som slit med depressiv stemningsleie.

Med eit talgrunnlag på under 100 elevar i kvar av dei to undersøkingar, bør ein sjølvsagt ikkje trekkje alt for drastiske konklusjonar om utviklinga i ungdomsmiljøet.
Likevel må ein taka signala på alvor, når ungdom føler seg utestengt og/eller har symptom på depressivt stemningsleie.
Undersøkinga syner og at helsesyster når ein vesentleg del av dei som tilkjennegjev at dei slit.
Eit anna funn er at vi i Seljord finn flest ungdom som er nøgde med fritidstilbodet (67% mot 48% i Telemark og 49% på landsplan).
Dette tyder på at vi gjer noko riktig og at vi må fortsetje å gjere meir av dette.
Undersøkinga klarer ikkje å fange problematikken rundt dropout frå vidaregåande skule.

Tabellen under er henta frå rapporten "Ung i Telemark 2015", Alle tall er oppgjeve i prosent.
- = spørsmålet var berre med i Telemark-undersøkinga.
* = tre eller færre elever har svara ja på dette spørsmålet.

Tema	**Spørsmål**	**Ungdomsskuleelevar**			**Elever på vidaregåande skule busett i**		
		Seljord	Telem.	Landet	Seljord	Telem.	Landet
Foreldra	Andelen som er litt nøgd eller svært nøgd med foreldra sine	91	84	83	76	83	82
	Foreldra mine bruker å vite kor eg er og kven eg er saman med på fritida. Andelen som seier at dette passer svært godt eller ganske godt	100	96	96	89	92	91
Vener	Andelen som har minst ein god ven dei kan stole fullstendig på og være fortryleg med	86	90	90	92	90	91

	Andelen utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida kvar 14. dag eller oftare	11	7	8	*	6	5
Skule og framtid	Andelen som er helt einige eller litt einige i at de trivs på skulen	93	93	93	85	94	93
	Andelen som har skulka skulen minst ein gong i løpet av det siste året	16	18	22	39	36	49
	Andelen som trur at de vil taka utdanning på universitet eller høgskule i framtida	48	63	67	40	64	70
Fritid	Andelen som er medlem i ein klubb, lag eller organisasjon.	60	63	65	46	45	48
	Andelen som bruker meir enn fire timer om dagen, utanom skulen, på aktivitet framom ein skjerm	28	27	25	23	33	31
Nærområdet	Andelen som opplever det som svært trygt eller ganske trygt å ferdes på gate og veg i næraste sentrum eller tettstad om kvelden	86	67	65	81	73	77
	Andelen som kunne tenkje seg å bu i kommunen når dei blir vaksne	38	32	39	50	34	42
	Andelen som synast tilbodet av lokalar for å møte andre unge på fritida er svært bra eller nokså bra i området der dei bur	67	48	49	56	36	36
Helsevaner	Andelen som drikk sukkerhaldig brus minst to gangar i veka	46	40	-	50	44	-
	Andelen som er i aktivitet der de får økt puls og pustar litt meir enn normalt ein time kvar dag	36	44	-	17	35	-
	Andelen som snuser dagleg	*	3	4	27	14	18
	Andelen som drikk alkohol 1-3 gangar i månaden eller oftare	*	3	7	42	28	42
	Andelen som har bruka hasj minst ein gong det siste året	*	2	3	*	8	13
Helse og trivsel	Andelen med symptom på eit depressivt stemningsleie	17	11	11	*	16	16
	Andelen som har vore plaga av einsemd ganske mye eller veldig mye den siste veka	17	17	19	21	22	22

Ungdomsundersøkinga i 2013 blei følgt opp med eit dialogmøte for ungdomsskuleelevar, foreldre/ føresette, lærarar, nokon politikarar samt arbeidsgruppa for rullering av planen.
Dei 200 personar som hadde møtt opp blei delt inn i 24 blanda grupper med ungdom og vaksne. Elevrådet med varamedlemmer hadde på førehand fått opplæring i å leie gruppearbeidet og elevbedrifa stod for serveringa. Alle grupper jobba med den same oppgåva:

"Kva tenkjer du at vi kan gjere for å ta vare på det gode ungdomsmiljøet i Seljord og samstundes skape eit fellesskap der vi også tek vare på dei som ikkje har det så bra?"

Det var stor aktivitet i gruppene, og innspela vart samla i fire hovudgrupper:

Haldningar	Den gylne regelen: Folkeskikk, oppførsel, haldningar Ikkje mobb, førebyggje mobbing, mobbefritt miljø, sei ifrå Fleire dialogmøte med ulike tema Vise respekt og være hyggeleg Meir fokus på sosiale tema i skuletida Ta vare på kvarandre Informasjon om rus og røyk
Engasjement	Prate med kvarandre (Foreldre også) Ingen må bli holt utanfor / Ta alle med Lytte til kva ungdommen har å sei Bry seg / Bry deg om andre Sørgje for at alle blir inkludert / Inkludere Dialog ungdom - forelder (Heimen) Ikkje presse andre til ting dei ikkje vil Oppmode til sosiale aktivitetar Aktive og engasjerte foreldre Bruke fritida saman Kartlegge kvifor nokon fell utanfor Aktive vaksne i ungdommens kvardag Vaksne må engasjere seg og være gode rollemodellar Foreldresamarbeid Oppmode til å ta med vener heim og involvere alle Legge vekk data og mobil, meir med vener Foreldre må bry seg Ta initiativ til kontakt (Båe vegar)
Organisert møteplass/aktivitet	Betre informasjon om når og kor Kunst, Teater, Kino Øvingslokale Fotball, Kunstgressbane Sandvolleyball Langrennstrening Ungdomstrening på Sterke Nils Basseng. Ny svømmehall/badeland Leksehjelp Kurstilbod etter skuletid på skulen, Mopedlappen Aktivitet i friminutta Sjakk Ping-pong Trampoline Fleire fellesaktivitet på skulen og i fritida Motorklubb turar Crossbane
Andre framlegg	Bra barnevern Bra politi Ungdomsfestival: Utekino, musikk, open scene, gokart/cross Meire aktivitetar i timen, skuletur, variert skuledag Skriveoppgåve om å væra einsam

Innspela har m.a. vore tema i elevrådet og i kultursjefen sine møte med ungdomsrådet.

3.11. Lokale trendar

Det finst ikkje nokon samla statistikk som syner rusmiddelsituasjonen i dei einskilde kommunane. Trendane i Seljord vurderast i hovudsak å falle saman med dei nasjonale trendar.

Vi har stor alkoholomsetjing i Seljord i høve til folketalet, men ingen indikasjonar på at folk i Seljord drikk meir enn folk andre stader i landet.

Alkoholkonsumet har auka i Seljord, som elles i landet, på grunn av endra drikkevanar og auka tilgang.
Auke i totalkonsumet vil uunngåeleg medføre auka problem, samstundes syner ungdomsundersøkinga og tilbakemelding frå politiet, at det har blitt mindre drikking blant dei yngste ungdom.

Seljord er eit handelssenter som trekk kundar til seg frå eit stort omland. Ein vesentleg del av den alkoholen som vert omsett i Seljord går til folk utanfor kommunen, men vi kjøpar og konsumerer sjølvsagt også noko alkohol utanfor kommunen.

Sommaren 2013 blei daglegvarebutikkane i Seljord sentrum og Vinmonopolet bedt om å registrere omsetnaden av alkohol (målt i kroner) veke for veke i tidsrommet frå 3. juni til 31. august.
Søylene syner at omsetnaden aukar på sommaren. Størst utslag er det under festivalane (Veke 27 Seljordfestivalen og veke 30, Countryfestivalen)

Alkoholomsetnad i kroner, Seljord veke 23 – 35 2013.



Alkoholkonsumet under festivalane, og då spesielt på campingområda, er ei særskild utfordring i høve til bråk, vald og akutte helseskadar.
Festivalleiinga er i aller høgste grad merksame på problemet og gjer eit stort arbeid for å hindre uynskt åtferd og ulukker.

Kommunen har eit godt samarbeid med alle løyvehavarar for sal og skjenking. Sals- og skjenkekontrollane syner at løyvehavarane tek ansvaret sit på alvor.

Det er kjend, at vi i Seljord i mange år har hatt problem med bruk av illegale rusmiddel.
Problematikken i Seljord er på mange måtar meir samanliknbar med det vi finn i Bø og på Notodden enn det vi finn i dei andre Vest-Telemark kommunar. Årsakene til dette ligg truleg i dei demografiske og kulturelle trekka, der Seljord framstår som litt meir urbant i høve til nabokommunane i vest.

Politiets, Nav og ruskoordinators registreringar tyder på at hasjbruk har vore aukande gjennom dei seinare åra, det same gjeld truleg også bruken av amfetamin.
Det ser ut for at gruppa av ungdom som tek avstand frå illegale rusmiddel er aukande (j.f. ungdata-undersøkinga), men elles er det ingen signal som tyder på at problema kjem til å avtaka med det fyrste.
Kvart år blir det avdekt bruk av illegale rusmiddel blant elevar på vidaregåande skule. Det er etablert eit tett samarbeid mellom skulen, politi, og rusterapeut rundt desse elevar med oppfølging av ruskontrakter.

Bruk av legemiddel som rusmiddel er eit problem i Seljord som elles i landet. Legane har eit stort fagleg ansvar på dette feltet.

Problemet med pengespel har blitt mindre synleg etter at automatane vart fjerna. Ein har melding om at einskilde held fram med eit problematisk spelemønster i lukka miljøa eller på nettet, noko ein i hjelpeapparatet ikkje har tilstrekkeleg oversikt over.

Det er få eller ingen registreringar på bruk av dopingmidlar, men einskilde signal på at dette også skjer her i Seljord. Sterke-Nils senteret har inngått avtale med Antidoping Norge om å vera eit "reint senter". Dette betyr at det ikkje aksepterast nokon form for bruk av dopingmidlar, og at alle medlemmar må underteikne ei avtale om at dei tek avstand frå bruk av dopingmidlar.
Andre tiltak for å motverke dopingproblematikken bør og vurderast.

Personar med problem knytt til rus er ofte blant dei som har størst problem på bustadmarknaden. Dårlege eller manglande bustad er med på å oppretthalde og forsterke rusproblema.
Det er stadig problem med å skaffe eigna bustader til brukarar i denne gruppa i Seljord.

Seljord kommune

Arkiv: U60
Saksnr.: 2016/1161-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 10.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	54/16	22.06.2016

Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune - endring

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I samband med revidering av alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune, kommunestyret 07.04.16, sak 34/16 vart fylgjande formulering vedteken:

"Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk (gruppe 1, 2 og 3) kan gjevast til hotell/gjestgjevari, spiserestaurant, pub, diskotek/danserestaurant, gardsturisme.
Til kulturhus ved offentlege arrangement, til arrangement på Dyrsku'plassen utan om Dyrsku'n og til andre offentlege arrangement i på førehand godkjende lokalar/arenaer kan det også gjevast slikt løyve så fremt personar under 18 år ikkje har tilgang."

Administrasjonen har i ettertid blitt gjort merksam på at dette er ei formulering som får utilsikta konsekvensar for Granvin kulturhus.

For at alkoholpolitiske retningsliner ikkje skal vera til hinder for skjenking av alkoholhaldig drikk i samband med lukka selskap som til dømes julebord, og sal vin og øl ved offentlige arrangement som til dømes teater og bridgekveld, der det kan være personer under 18 år i lokalet, bør dette punktet i alkoholpolitiske retningsliner endrast til fylgjande:

4.0 Det kan ikkje skjenkast alkoholhaldig drikk
- ved idrettsarrangement.
- ved barnearrangement, ungdomsarrangement og festivalar med ungdom som målgruppe og aldersgrense under 18 år.

4.1 Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk (gruppe 1, 2 og 3) kan gjevast til

hotell/ gjestgjevari, spiserestaurant, pub, diskotek/danserestaurant, gardsturisme, kulturhus og på Dyrsku'plassen til arrangement utan om Dyrsku'n.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Punkt 4.1. i alkoholpolitiske retningsliner vedtatt i sak 34/16 vert erstatta med fylgjande punkt:

4.0 Det kan ikkje skjenkast alkoholhaldig drikk
- ved idrettsarrangement.
- ved barnearrangement, ungdomsarrangement og festivalar med ungdom som målgruppe og aldersgrense under 18 år.

4.1 Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk (gruppe 1, 2 og 3) kan gjevast til hotell/ gjestgjevari, spiserestaurant, pub, diskotek/danserestaurant, gardsturisme, kulturhus og på Dyrsku' plassen til arrangement utan om Dyrsku' n.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: N02
Saksnr.: 2016/996-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 11.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	54/16	20.05.2016
Kommunestyret	55/16	22.06.2016

Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli - Invitasjon til deltaking og økonomisk støtte

Saksdokument:

Vedlegg:
1 InvitSeljordKommuneLtfTelemark2016 (3)

Saksutgreiing:

Seljord kommune har motteke invitasjon frå Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli - om deltaking i forumet og spørsmål om økonomisk støtte. Invitasjonen og informasjon om å Lyntogforum fylgjer vedlagt denne saka.

Kommunestyret har tidlegare vurdert spørsmålet frå Lyntogforum i juni 2013 og i februar 2014. I desse sakene vedtok kommunestyret å ikkje løyve pengar til Lyntogforum.

Seljord kommune har ikkje satt av midlar i budsjett 2016 og tilhøyrande økonomiplan til dette føremålet.

Rådmannen har vurdere ei tilråding i denne saka, men konkluderer med at eit vedtak fyrst og fremst er av politisk karakter, saka vert derfor lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Rådmannen si tilråding:

Saka leggast fram utan tilråding frå rådmannen.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 20.05.2016

Framlegg frå Ap. v/ Halfdan Haugan:
Formannskapet rår kommunestyret til at Seljord kommune vert medlem i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli med ein årleg kontingent på kr. 25 000.
Kontaktperson for Seljord kommune er ordførar

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 20.05.2016

Formannskapet rår kommunestyret til at Seljord kommune vert medlem i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli med ein årleg kontingent på kr. 25 000.
Kontaktperson for Seljord kommune er ordførar

Utskrift til: Norsk bane AS post@norskbane.no

SEKRETARIAT:
norsk bane
Kirkegata 2, 6004 Ålesund
+47 70 10 16 40 | post@norskbane.no
norskbane.no/lyntogforum

Seljord kommune
Invitasjon til å bli med i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, avd. Telemark

Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli blei etablert rett før sommaren 2014 for å arbeide for Vestlandsbanen over Haukeli, ein høgfartsbane i eit fleirbrukskonsept for både langdistanse-, regional- og godstrafikk. Frå Norsk Bane si utgreiing med Deutsche Bahn International har vi detaljerte traséframlegg og drifts- og samfunnsøkonomiske analysar med svært positive resultat. Sjå neste side for meir informasjon!

I Europa og verda over, satsar ein stadig meir på høgfartsbanar, m.a. som eit effektivt bidrag for samfunnsbygging, auka konkurransekraft og reduserte klimautslepp. I Sverige er det no brei politisk semje om bygging av lyntog, og realisering av høgfartsbanar i Noreg rykker stadig nærare. Forbindelsen mellom Aust- og Vestlandet via Telemark og Haukeli bør ha ein sjølvsagt plass i eit slikt nett.

Mobilisering viktig for realisering
Norsk Bane har framskaffa grundige traséanalysar og eit solid talmateriale. Det er no opp til samfunns- og næringsliv langs traséen å bidra til mobilisering for realisering, og vi håper at Seljord kommune vil være med i dette arbeidet. Rogaland fylkeskommune blei med i lyntogforum frå årsskiftet 2016 og vi arbeider for at Telemark og Hordaland fylkeskommunar skal slutte seg til i løpet av 2016. Målet er eit gjennomslag regionalt og nasjonalt fram mot Stortinget si handsaming av ny Nasjonal Transportplan i 2017.

Deltaking Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli synleggjer lokalt og regionalt engasjement og gir økonomisk grunnlag for vidare informasjonsarbeid. Innan utgangen av 2014 hadde Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli alt vakse til 76 medlemmar, med 21 kommunar og 55 bedrifter/organisasjonar, med fylkesvise avdelingar i Hordaland, Rogaland og Telemark. Norsk Bane er fagleg sekretariat.

Heile fylket på same bane - Telemark kan bli knutepunkt mellom banar aust/vest og sør/aust
Etter støtte frå Telemark fylkeskommune, har Norsk Bane vidareført utgreiinga av Vestlandsbanen med ein forbindelse mellom Bø/Notodden og Grenland, Vestfoldbanen og ny Sørlandsbane langs kysten[1]. Dette inkluderar Grenland, Vestfold og Agder i Vestlandsbanen, vil gi Telemark heile 10 stasjonar, binde saman nesten heile fylket internt, med nabofylka og Noreg elles, med svært raske reisetider og høg frekvens i et nettverk som vil gi store ringverknader og utviklingspotensial.

Deltaking og økonomi
Finansiering av arbeidet og informasjonstiltak er lagt opp som eit breitt spleiselag mellom kommunar, fylkeskommunar, bedrifter og organisasjonar. For bedrifter og organisasjonar er kontingenten sett til 5.000 kr per år 2014 – 2017. (Kommunar 15.000 - 100.000 kr, fylkeskommunar 200.000 kr.). Alle medlemmar vel eller peikar ut ein representant/kontaktperson. Det er lagt opp til minst ei felles samling i året med informasjon og val av styre som kan stå for den jamne oppfølginga i løpet av året. Ta gjerne kontakt med sekretariatet på post@norskbane.no eller 70101640 for spørsmål eller meir informasjon.

Velkomen til samarbeid om eit viktig prosjekt for fylket vårt!

Lyntogforum Vestlandsbanen, avdeling Telemark, 10.05.2016

v/ Bjørn Sverre Birkeland (Tinn kommune), Jon Rikard Kleven (Vinje kommune), Jarand Felland (Tokke kommune), Tarjei Gjelstad (Kviteseid kommune), Olav Kasland (Bø kommune), Mette Haugholt (Sauherad kommune), Bjørg Tveito Lundefaret (Nome kommune), Torgeir Fossli (Notodden kommune).

[1] Sjå www.norskbane.no/Telemarklinken. Samandraget og kap 1 gir ei kort innføring i hovudpunkta.

Nokre nøkkelinformasjonar om Vestlandsbanen over Haukeli:

1. Høgfartsbane Oslo – Bergen, Haugesund, Stavanger i fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional-/InterCity- og godstrafikk, i eit nett med mange stasjoner. Banen knyt samstundes området mellom Bergen, Haugesund, Stavanger saman i eit InterCity-nett på Vestlandet.
2. Fleirbrukskonseptet gir ein bane som er svært konkurransedyktig i fleire marknadar: Langdistansetrafikk i høve til fly og bil (2 ½ time Oslo – Bergen/Stavanger, 2 timer Oslo - Haugesund), regionaltrafikk og godstrafikk (ca 5 timer Vestlandet – Oslo, over natta til kontinentet). Fleirbrukskonseptet gir store samfunnseffektar, eit breitt inntektsgrunnlag og knyt landet, regionar og kommunar tettare saman.
3. Høg fart gir også høg produktivitet: Tog og personale kan frakte passasjerane på om lag en tredjedel av tida toga i dag brukar, og kan slik gjere langt fleire turar, frakte langt fleire passasjerar per dag, og gi monaleg meir kostnadseffektiv drift.
4. Sjølv om Noreg har færre innbyggjarar enn mange andre land, har vi likevel et høgt trafikkgrunnlag: Nordmenn reiser i gjennomsnitt 10 gongar meir med innanriksfly enn elles i Europa. Flyreisande mellom Paris og Lyon, og mellom Madrid og Sevilla, året før dei opna høgfartsbaner der, var 940 000 og 730 000. Flyreisande Oslo – Bergen var 1,722 millionar i 2013, Oslo – Haugesund, Stavanger 1,971 millionar, Bergen – Stavanger 721 000, til saman 4,414 millionar. Vi reiser også mest med bil per innbyggar i Europa. Og har samstundes eit skrikande behov for eit betre transportsystem for gods.
5. Utgreiinga til Norsk Bane/Deutsche Bahn International viser svært gode drifts- og samfunnsøkonomiske resultat for Vestlandsbanen over Haukeli:
   a) Positiv samfunnsøkonomisk gevinst med 1,77 kr per investert krone
   b) Frakt- og billettinntekter[2] dekker drifts- og vedlikehaldsutgifter, samt nedbetaling av investeringane (146 mrd i 2012 – kroner) i løpet av 30 år,
   c) Reduksjon av klimautslipp med 752 000 tonn CO2 per år.
   d) 17 færre drepne, 44 færre hardt skadde og 481 færre lettare skadde per år.
   e) 1700 færre trailerar på vegane kvar dag.
6. Traséen er detaljert planlagt i målestokk 1:000, dobbeltspora, dimensjonert for 270 – 300 km/t i persontrafikken. Persontoga passerar saktare godstog via 4 spor i alle stasjoner og ekstra forbikøyringsavsnitt.
7. Trafikkgrunnlaget gir 2 avgangar per time i kvar retning Bergen – Oslo, Stavanger/Haugesund – Oslo og Bergen – Stavanger. Mellom forgreiningspunktet ved Røldal og Oslo, blir det til 4 tog i timen. Ved 16 timar per døgn, gir det 64 tog i døgnet mellom Vest- og Austlandet. Til samanlikning er det no til saman 74 - 80 fly per dag og retning mellom Vestlandet (Bergen, Haugesund, Stavanger) og Austlandet (Gardermoen og Torp). I tillegg til framskriven flytrafikk, kjem også mykje overført biltrafikk.
8. På 2 ½ time rekk toget 9 - 10 stopp undervegs Oslo – Stavanger og Oslo – Bergen (utan stans ville det brukt 1:45 t). Med mange avgangar kan ein ha eit varierande stoggemønster med 21 stasjoner på strekningane, som m.a. Flytoget ved Lillestrøm eller lyntoget Tokyo – Osaka (med 17 stasjoner på 51 mil).
9. Forbindelsen mellom Bø/Notodden og Grenland, Vestfoldbanen og ny Sørlandsbane langs kysten styrkar verknadane for Vestlandsbanen og Telemark ytterlegare. Stasjonar i Telemark: Haukeli, Åmot i Vinje, Brunkeberg/Seljord, Bø, Notodden, Nordagutu, Skien, Porsgrunn, Stathelle, Kragerø.
10. Nokre døme på reisetider (talet på stopp undervegs i parentes): Bergen/Stavanger - Oslo 2 ½ time (10): Skien - Oslo: 58 min (4) (0), Skien - Nordagutu: 11 min (0), Skien - Bø: 20 min (1), (2), Skien - Åmot: 41 min (2), Porsgrunn - Kragerø: 16 min (1), Porsgrunn - Risør: 21 min (1) og Skien - Bergen: 1:58 t (8).
11. Er ein sentral del av planane for eit nasjonalt nett av høgfartsbaner i fleirbrukskonsept, jamfør vedlagde plansje over reisetider og stasjonar, som ein då kan nå i mest heile Aust-, Sør-, Vest- og Midt-Noreg.

[2] Nokre døme på gjennomsnittleg billettinntekt som er lagt til grunn, i 2014-prisar: Oslo - Bergen 736 kr, Oslo - Stavanger 771 kr, Oslo – Haugesund 686 kr, Bergen - Stavanger 494 kr, Skien – Bergen 589 kr, Åmot – Oslo 354 kr. Ordinær billett 2. klasse vil liggje 50 - 70 kr over, lågpris ned mot 150 – 250 kr under, og 1. kl. ordinært ca. 450 kr over gjennomsnittsinntekt.



www.norskbane.no post@norskbane.no tlf. 70 10 16 40 Kirkegata 2, N - 6004 ÅLESUND org.nr. 984 365 772 mva

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2016/1172-1
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 14.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	56/16	22.06.2016

Høyringsfråsegn - nasjonal transportplan 2019 - 2029

Saksdokument:

Grunnlagsdokumentet er svært omfattande. Her gjeras det greie for hovudtrekka i dokumentet.

Økonomisk ramme og kriterier for prioritering:
Regjeringa har ved to høve gitt retningsliner for etatane og AVINOR sitt arbeid med NTP (nasjonal transportplan). Føringar for arbeidet har mellom anna vore at klimagassutsleppa skal være halvert innan 2030 og 0-utslippsmålet skal være nådd innan 2050. Vidare skal det verte auka trafikktryggleik på veg, bane, på sjøen og i lufta og etatane skal leggje samfunnsøkonomisk nytte til grunn for prioriteringane.
Nytt er også at etatane har arbeidd innafor ei felles økonomisk ramme. Planhorisonten er utvida med 2 år er nå på 12 år jamført med tidlegare NTP-ar.

Dei økonomiske rammene prioriteringane er gjort innafor er:

LAV	BASIS	MIDDELS	HØG
574 mrd.	716 mrd.	860 mrd.	932 mrd.

Vidare er det lagt til grunn at nokre prosjekt er bundne. Det er prosjekt som ligg inne med oppstart i første 4-årsperiode i gjeldande NTP, som til dømes Indre Inter-City, Ringeriksbanen, fast løyving til Nye Veier AS og 3 tunnelprosjekt på E16 som følgjer av den nye føresegna om tunneltryggleik. Vidare har etatane prioritert drift og vedlikehald, etterslepet på riksvegane, trafikktryggleik, utvikling av teknologi knytt til alle transportformene (biodrivstoff, null- og lavutslippsbiler, trafikkstyring jernbanen/ERTMS, ITS -intelligente transportsystem) og satsing på miljøvennlig transport i dei 9 største byområda gjennom bymiljøavtalar.

Når denne prioriteringa er gjort er det att relativt små rammer til nye tiltak og prosjekter:

LAV	BASIS	MIDDELS	HØG
0	13 mrd.	69 mrd.	129 mrd.

Etatane har i tillegg til å prioritera ut frå samfunnsøkonomisk nytte, også synt kva effekt det har på

prioriteringane dersom ein i tillegg tek omsyn til samfunnstryggleik og samanhengande standard og utbygging.

Det vil også verta gjort kort greie for kva som ligg i etatanes temautgreiing om motorvegar og langsiktig strategi for jernbanen relatert til Telemark

Riksveg
Etatane legg til grunn i sine prioriteringar at vedlikehaldsetterslepet på riksvegane skal takst igjen i planperioden. Dei bundne prosjekta som ligg i eller «direkte gjeld» Telemark er Rv. 36 Skyggestein – Skjelbredstrand og 36 Slåttekås - Årnes samt E134 Damåsen - Saggrenda, Gvammen - Århus, Seljord - Åmot og Haugalandspakken.

Foreslåtte nye prosjekt er:

	LAV	BASIS	MIDDELS	HØG
Samf.øk. nytte			E134 Saggrenda-Elgsjø	E134 Saggrenda-Elgsjø
Samf.øk. nytte, samf.tryggleik og samanh. utbygging og standard		E134 Saggrenda-Elgsjø	E134 Saggrenda-Elgsjø	E134 Saggrenda-Elgsjø
				E134 Vågsli-Røldal
				E134 Røldal-Seljestad

Statens vegvesen har vurdert eit mogleg motorveg- og høghastighets vegnett. Hovedfunksjonen med eit slik vegnett er å binde regionar og landsdelar saman. Heilskapleg utbygging er rekna til å koste 1 110 mrd. 2016-kr. Transportøkonomisk nytte er rekna til - 680 mrd. kr.

Dei positive verknadene er at det vil gje kortare kjøretid, pålitelighet, framkommelighet, høgare trafikktryggleik, oppretthalde og forsterke næringslivets konkurranseevne og utvikling av større og meir robuste bo-, og arbeids- og serviceregioner i store deler av landet. Dei negative verknadene er høgare klimagassutslepp som følge av høgare fart og auka vegtrafikk. Meir-auken i vegtrafikken blir på 4-5% samanlikna med eit alternativ utan ny vegbygging. Det vil medføre vesentlege inngrep i natur og omgjevnader, samt klimagassutslepp i byggefasen. E134 er blant dei vegane som inngår i denne planen.

Jernbane
Når det gjeld utbygging av InterCity på Vestfoldbanen ligg følgjande prosjekt inne som «bundne»:
- Dobbeltspor Drammen-Kobbervikdalen og Drammen-Gullskogen
- Dobbeltspor Holm-Holmestrand-Nykirke, Barkåker –Tønsberg, Nykirke-Barkåker (ikkje i lav ramme) og dobbeltsporarsell sør for Tønsberg (ikkje i lav ramme)
- Dobbeltspor Farriseidet-Porsgrunn og Skien hensetting

Det er ikkje foreslått nye prosjekt på Vestfoldbanen i perioden fram til 2029, og såleis ligg ikkje dobbeltspor Tønsberg-Skien inne i planperioden.
I den langsiktige jernbanestrategien foreslår jernbaneverket ei utvikling i 5 hovudtrinn:
1) IC + Ringeriksbanen, 2) ny jernbanetunnel i Oslo, 3) heile IC til Porsgrunn + dobbeltspor til Hokksund, 4) utvikling av tilbod- og frekvens og 5) frekvens indre IC. Forbetringane i rutetilbodet med tog som ligg i pkt. 4 og 5 kan skuvas til ein anna trinn dersom utvikling i marknaden og analysar av transportbehovet tilseier det.

Transportetatane peikar i den langsiktige jernbanestrategien på at det manglar eit effektivt samband mellom Vestfoldbanen og Sørlandsbanen. Det betyr at ein ikkje har fleksible/redundante jernbanesystem for avvikling av gods og persontransport på strekninga. Vesentleg utbygging av dobbeltspor i by-områda og mogleg ny Grenlandsbane gjev kortare reisetid med fjerntog i framtida.
Dette vil kunne gjere rutetilbodet på tog meir konkurransedyktig overfor andre transportmidlar. Utvikling i konkurranseflata vil avhenge av utviklinga i reisetid med bil på de same reiserelasjonane (Oslo-Bergen, Stavanger-Trondheim, Trondheim-Bodø).
Etatane peikar på at gjeldande NTP (2014-2023) seier samanhengande dobbeltspor til Tønsberg/Fredrikstad og Hamar innan 2024, og at det innan utgangen av 2026 skal leggjas til rette for halvtimestog til/frå Skien og Sarpsborg. Vidare utvikling av Inter-City til Halden, Lillehammer og Skien ferdigstilles i 2030. I etterkant er det bestemt at Ringeriksbanen skal inngå i InterCityutbygginga.

Sidan Indre Inter-City og Ringeriksbanen ligg som bundne prosjekt er det ikkje gjort nye berekningar av samfunnsøkonomisk lønnsemd. Berekningane viste at tiltak som skulle være ferdig i 2026 lønte seg økonomisk på Vestfold- og Østfoldbanen men ikkje på Dovrebanen. Etatane seier vidare at med dobbeltsport på heile strekninga Tønsberg-Larvik kan reisetida til Grenland kortas ned med over 1 t. Trafikken mellom byene langs Vestfoldbanen er allereie stor, og med den Oslo-retta trafikken vert banen endå meir styrka følge av betra frekvens og kortare reisetid.

I planlegginga arbeidar jernbaneverket med å finna løysingar som gjev lågare investeringskostnader enn i gjeldande NTP. Planlegginga av strekninga Porsgrunn-Skien ventar på KVU for Grenlandsbanen som føreset at dobbeltsporet er fullført til Porsgrunn.

Byområdet Grenland
I grunnlagsdokumentet leggjast det til grunn ein vidareføring av målet om at persontransportveksten i by-områda skal tas med kollektivtransport, sykling og gåing (nullvekstmålet). Dette målet gjeld for dei 9 by-områda som er aktuelle for bymiljøavtaler, der Grenland er eit av dei.
Utbyggingsmønster og transportsystem må fremje utvikling av kompakte byer og tettsteder for å redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Dette skal sikre størst mulig nytte av investeringar i infrastruktur for kollektivtransport, sykling og gange. Regionale areal- og transportplaner skal leggjast til grunn i bymiljøavtalene. For å følje opp arealdimensjonen i bymiljøavtalene er byutviklingsavtalar i tillegg lansert som verktøy, men rammeverket for desse er ikkje kjent.

Tilskottsbehovet til drift av kollektivtransport vil auke betrakteleg i planperioden. Grunnlagsdokumentet peikar på at dagens finansieringsløysningar ikkje vil vere tilstrekkeleg for å møte den forventa veksten med kollektivtransport. For å auke kollektivtransportens konkurransekraft foreslår etatane at andre finansieringsløysningar utover belønningsmidlar nyttast til drift, som til dømes at det opnas for meir bruk av bompengar til drift av kollektivtransport. I tillegg er det behov for auka satsing på investering og drift av infrastruktur for gåande og syklande.

Det samla behovet som er rekna for dei 9 største by-områda er om lag 280 mrd. I middels og høg ramme er det derfor foreslått å setje av 66,5 mrd. totalt til bymiljøavtaler i planperioden. Av dette er bymiljømidlar: 49,9 mrd. og belønningsmidlar 16,6 mrd., midlane kan nyttast både på riksveg, fylkeskommunal og kommunal veg.
Det er foreslått fleire sykkelekspressvegar i grunnlagsdokumentet. For Telemark gjeld dette

strekninga Rv. 36 frå Vabakken til Gråtenmoen som har høgt potensial for meir sykkeltrafikk. Vidare peikas det på tiltak for å regulere personbiltrafikken ved å redusere tilgang på parkering, utnytte kapasiteten i transportsystemet gjennom kø-prising/tids.diff bomsatsar, tidsdiff.satsar kollektiv, meir fleksibel arbeidstid, auka samkjøring, stimulere til gange og sykling på de korte reisene og bruke miljødifferensierte takster for elbil (bommer/parkering).

Fylkeskommunalt transportsystem
Etatane foreslår at etterslepet på vedlikehald på riksvegane skal takst att i planperioden, og at dette også bør gjelde fylkesvegnettet. Dette fordi vegnettet heng saman og må sjåast på i ein heilskap. Det er visa til at dette må finansieras gjennom rammetilskotet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til fylkeskommunane. EUs sikkerheitsforskrift for tunnellar seier at alle tunellar over 500 meter skal være sikkerheitsgodkjende innan 1.1.2020. Telemark fylkeskommune eig tre tunellar over 500 meter som ikkje oppfyller krava i den nye tryggingsføresegna. Samla kostand for desse er estimera til om lag 140 millionar.
Som ein del av prosessen med etatanes arbeid med grunnlagsdokumentet vart fylkeskommunane invitert til å kome med innspel og gi ei vurdering av det er grunnlag for endring av klassifisering av riks- og fylkesvegnettet i Telemark.

Fylkestinget vedtok i sitt møte 10.12.2015 i sak 54/12 følgjande:
1. Telemark fylkeskommune tek tilleggsoppdrag til retningslinje 2 til orientering.
2. Telemark fylkeskommune ber om at strekninga fv. 353/fv. 356 Rugtvedt – Voll – Svanvik – Porsgrunn vurderast omklassifisert til riksveg.
I Grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018-2029 er same strekning foreslått omklassifisert.

Ny teknologi
Det leggjast opp til å satse på å utvikla kjend teknologi og utvikling av ny teknologi for å løyse mange av utfordringane vi står overfor i transportsektoren. Dette er mellom anna ERTMS på jernbanene (nytt sikkerhetssystem), droner, elektronisk overvaking, ITS (intelligente transportsystem), utvikling av biodrivstoff og utvikling av lav- og null-utslippsbilar.

Luftfart
Av etatanes grunnlagsdokument kjem det fram at Oslo Lufthamn Gardermoen hadde 24,6 mill. passasjerar i 2015. Rygge og Torp hadde 3,2 mill. passasjerar til saman. Nytte-kostanalysen av rullebane 3 (R3) og ny terminal (T3) på Gardermoen viser svært høy samfunnsøkonomisk nytte. Trafikantnytta er rekna til 145 mrd. dersom Torp og Rygge samla kan ta 5,5 mill. passasjerar. Trafikantnytta reduseras til 90 mrd. dersom Torp og Rygge samla kan ta 10 mill.passasjerar. Etatane meiner at flyplassane er best tent med at dei får konkurrere og utvikle seg i samsvar med etterspurnaden i marknaden. Dei rår til at Stortinget i handsaminga av NTP 2018-2029 gjev tilslutnad til at 3. rullebane på Gardermoen kan byggas når behovet oppstår. Dei rår til at austre alternativ vert vald.

Mindre investeringar (programområda)
Til mindre investeringar (programområda) er det sett av rammer som skal fordeles på ulike undergrupper av tiltak. Dette er ein prosess som skal i gang og vil munna ut i etatanes forslag til handlingsprogram.

PROGRAMOMRÅDE	LAV	BASIS	MIDDELS	HØG
Riksveg	11 420	33 010	42 170	42 170
Jernbane	10 690	16 230	22 420	22 800
Kyst	5 895	7 695	8 870	10 730

Saksutgreiing:

Telemark fylkeskommune invitera kommunar, transportetatar, næringsliv mfl. til konferansen "Arena Samferdsel" 18. mars for å sjå på ei felles høyringsuttale frå Telemark. Felles høyringsfråsegn frå Telemark blei vedteken i fylkestinget 7.6.2016.
Den lyder slik:

1 Hovudprioriteringar
Det er eit godt grunnlag for arbeidet med den komande Stortingsmeldinga om NTP 2018-2029 som nå er lagt frem og sendt på høyring. For å legge til rette for næringsutvikling, nye arbeidsplasser og regionforstørring for heie Telemark er det viktig med et fungerande nasjonalt transportsystem som bygger opp om klimamåla.
Dei høgast prioriterte prosjekta i Telemark er:

- E134 Haukelivegen
- Jernbane med dobbeltspor gjennom Søndre Vestfold

2 Riksveg
2.1 Ut frå regjeringa sitt tydelege signal i desember 2015 om at Statens vegvesen skal leggja til grunn at E134 skal være den eine av 2 priorterte vegsamband mellom aust og vest forventar Telemark fylkeskommune at denne vegen må sikras samanhengande utbygging i planperioden uansett økonomisk ramme. Opprusting av ein så viktig høgfjellsovergang må sjåast på i ein heilskap og vegen må ha ein standard som sikrar at den er open heile året. Telemark fylkeskommune meiner prosjekta på E134 må prioriteras i slik rekkjefylgje:
1. Haukelitunnelene – Seljestad-Røldal i første del av planperioden
2. Saggrenda-Gvammen
3. Gvammen-Vågsli
4. Arm til Bergen

2.2 For å ivareta heilskapen i transportsystemet og godt samband mellom Grenland hamn, E18 og E134 er Rv. 36 og Rv. 41 svært viktige. Det er positivt at Rv. 36 Skjelbredstrand-Skyggestein og Slåttekås-Årnes og ligger inne som bundne prosjekter i plangrunnlaget. Vidare utvikling av Rv. 36 må prioriteras i planperioden. Rv. 41 Treungen-Vrådal må prioriteras i middels ramme.
2.3 Det er positivt at det er avsett midlar til Nye Veier AS som føresett. Telemark fylkeskommune forventar at vidare planlegging og utbygging av E18 gjennom Telemark prioriteras høgt og ikkje vert forseinka som følgje av etablering av utbyggingsselskapet.

3 Jernbane
3.1 Dobbeltsporparsellen på InterCity-strekingen gjennom Søndre Vestfold må planleggast og ferdigstilles innan 2024.
3.2 Dobbeltspor Porsgrunn-Skien må planlegges og ferdigstilles innen 2027.
3.3 Det må settes av midler til videre planlegging Grenlandsbanen slik at denne planlegges samtidig med ytre InterCity og ferdigstilles i 2027
3.4 Videre utvikling av eksisterende Sørlandsbanen må greias ut. Den bind saman Kongbergregionen, Midt- og Vest-Telemark og Grenland via Bratsberg banen og er viktig for befolkninga langs strekninga helt frem til Kristiansand. Av omsyn til auke både i person- og godstransport på bane er det derfor og viktig for Telemark at eksisterende Sørlandsbane fra Drammen til Kongsberg rustes opp til moderne standard.

4 Byområdet Grenland
4.1 Det er positivt at satsinga på byområda føreslås styrka, og at Grenland er eit av dei 9 prioriterte byområda. Vi føreset at staten bidrar med finansiering av det auka behovet for drift av

kollektivtransport og investeringstiltak i transportsystemet for å nå ambisjonane for næringsutvikling og sysselsetting og samtidig nå nullvekstmålet.
4.2 Telemark fylkeskommune forventar at det prioriteras meir midlar til Grenland gjennom ei bymiljøavtale. Det er viktig at investeringsmidlar til kollektiv, gange og sykkel kan brukast både på statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar slik det er foreslått i plangrunnlaget. Vi har eit behov for 70 mill i årlig tilskot i planperioden for å både oppretthalde og vidareutvikle busstilbodet. Vi er positive til satsing på eit raskt og effektivt samband for syklistar mellom Porsgrunn og Skien, men vi vil påpeike at foreslått ekspressrute må sjåast i samband med standard på øvrig hovedvegnett for sykkel.
4.3 Ved vidareføring av Bypakke Grenland må det prioriteras midlar til:

- Rv 36 med påkobling til E18
- Fv353/356 (foreslått omklassifisert til riksveg) med kobling til hamn og framtidig næringsområde på Frier Vest
- Vidare satsing på kollektivtrafikk (buss og bane) og mjuke trafikantar

5 Fylkeskommunalt transportsystem
5.1 I lys av at vedlikehaldsetterslepet på riksvegane skal takas igjen i planperioden, må fylkeskommunane setjast i stand til å stoppe forfallet og ta igjen etterslepet på fylkesvegane i løpet av same periode. Vegnettet heng saman og må sjåas i ein heilskap.
5.2 Det må løyvast friske, statlege midlar til å dekke kostnader som følgjer av nye krav, til dømes utbetring av tunneler som følgje av nye krav til tunneltryggleik i «Tunnelsikkerhetsforskriften».
5.3 Auka satsing på kollektivtransport, sykkel og gange i heile fylket føreset auka statlege overføringar til fylkeskommunane til drift og investering. For drift av kollektivtransport er forutsigbarhet i finansieringen avgjørende for å gi et godt kollektivtilbud.

6 Ny teknologi
Telemark fylkeskommune sluttar seg til satsinga på ny teknologi og ITS for å nå klimamåla. Dette vil effektivisere transportsystemet både i byane og i fylket forvøvrig. Vi savner konkrete prosjekt i etatens grunnlagsdokument og ønsker å bli peika ut som pilotområde.

7 Hamner og farleier
7.1 Utbedring av innseilinga til Kragerø må ferdigstilles. Utbedring av farvegen i Torsbergrenna er særs viktig for industrien og må tas med i middels ramme.
7.2 Hamner er viktige knutepunkt for gods, jamfør Godsutreiinga, men har ulike rollar. Det er viktig at ny tilskotsordning ikkje gir konkurransevriding.
7.3 Langesund Ferjeterminal som frakter personer og gods må defineras inn blant stamnetthamnene.
7.4 Utanlandskorridoren over Jylland må anerkjennas som ein viktig godskorridor til og frå kontinentet. Grenland hamn og Larvik hamn må inngå som viktige stamnetthamner i denne korridoren.
7.5 Bratsbergbanen er hovedveg for gods til Grenland hamn og viktig for tømmertransporten i fylket.
Vedlikehald av banen må være på ei slikt nivå at trafikken kan aukas utan at kvaliteten på banen hindrar dette.
7.6 Det er positivt at nytt anlegg for samansetting av godstog i Grenland er til vurdering. Denne vurderinga må ta omsyn til den private jernbanen til Herøya med samband til Breviksbanen.

8 Luftfart
8.1 Ikkje-statlege flyplassar som Torp og Notodden spelar ei særs viktig rolle for regionalt og lokalt og næringsliv og sysselsetting. Sandefjord Lufthavn Torp er viktig for store deler av befolkning og for næringsliv i Grenland. Flyplassen på Notodden spiller ei viktig rolle for næringslivet i sin del

av regionen. Staten må sørge for gode og forutsigbare økonomiske rammetilhøve for begge de ikkje-statlege flyplassene, slik at dei kan bidra positivt til lokal og regional utvikling.
8.2 Bygging av 3. rullebane på Gardermoen må vurderas opp mot ein avlastningsstartegi gjennom styrking av dei ikkje-statlege flyplassane i regionen.

9 Mindre investeringar (programområda)
9.1 Mindre investeringsprosjekt (programområda) knytt til både veg, jernbane og kyst/farvegar til sjøs kan gje stor effekt lokalt og regionalt. Det er viktig med forutsigbarhet i løyvingane til dei enkelte prosjekta.
9.2 Telemark fylkeskommune legg til grunn at det vert lagt opp til ein god samarbeidsprosess med transportetatane regionalt om prioritering av slike prosjekt.

10 Totalrammer og samfunnsøkonomi:
Noreg har idag ei høg og stigande arbeidsløyse. Realisering av store samferdsleprosjekt er det einskildtiltak som effektivt vil kunne gjere noko med det. Samstundes er det samfunnsøkonomisk lønnsomt å byggje viktig infrastruktur for framtida nå ein har ledig kapasitet. Ein ber difor om at ein legg til grunn minimum høgaste ramme i NTP».

Vurdering
Seljord kommune bør stille seg bak felles tilråding frå Telemark fylkeskommune og vise til dette i høyringsuttala.
Vidare er det eit punkt som Ordførar har bedt om bli satt på dagsorden i samband med høyringsuttala og det gjeld bane. Seljord kommune meiner jernbane er eit svært effektivt og miljøvenleg verkemiddel for å nå klimamåla, og vil difor sende eige høyringsfråsegn til NTP 2019 – 2029.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret fatte fylgjande vedtak:
Kommunestyret i Seljord kommune stør opp under Telemark fylkeskommune sitt høyringsfråsegn til NTP 2019 – 2029, vidare vil Seljord kommune fremje eige høyringsfråsegn knytt til bane.

- Seljord kommune ser det som viktig med klimavenleg gods- og persontransport framover, spesielt på lange avstandar mellom aust og vest , og sør og nord. Gjennom elektrifisering av store delar av fly-, bil- og trailertrafikk overført til tog, vil dette redusere klimautslepp kraftig og ein kan nå målsetninga i NTP om ein reduksjon av klimautsleppa på minst 40% raskare enn planlagt.
  Som eit konkret tiltak vil Seljord kommune føreslå at det blir bygt ein høghastighetsbane over Haukeli i eit fleirbrukskonsept for person- og godstrafikk mellom Oslo – Bergen, Haugesund og Stavanger. Dette prosjektet vil kutte avstandsulemper drastisk og bety svært mykje for vidare utvikling av nærings- og samfunnslivet samt redusere klimautslepp med 752 000 tonn årleg. Banen vil binde saman Aust- og Vestlandet med svært korte reise- og frakttider og gje eit InterCity-nett mellom Bergen og Stavanger. Med forgreininga Telemarkslinken ved Bø/Notodden, vil Vestlandsbanen òg koplast samen med Grenland, Vestfoldbanen og framtidig Sørlandsbane, samt kunne gi en ringbane Oslo – Drammen – Kongsberg – Notodden – Grenland – Vestfold – Drammen – Oslo.

  Banen viser potensial for heil eller ein stor grad av brukarfinansiering av drift, vedlikehald og utbyggingskostnader av banen. Det må undersøkast om dette kan gje rom for ein rask realisering som eiget prosjekt, med egen prosjektfinansiering.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 233
Saksnr.: 2015/1773-9
Sakshand.: Kåre Groven
Direkte tlf.: 35 06 51 61
Dato: 02.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	72/16	09.06.2016
Kommunestyret	57/16	22.06.2016

Snuplass for bussar ved Ungdomsskulen.

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Situasjonskart 31.05.2016
2 Kart ungd.skulen

Saksutgreiing:

Seljord kommune skal bygge ny avkøyring / snuplass for bussar ved Seljord ungdomsskule. Under detaljplanlegginga visa det det seg at det er litt for lite areal på kommunens eigedom. Det vart difor sendt ein forespørsel til Seljord Indremisjon om å få nyte noko av deira areal for å få snuplass til bussane.

Seljord Indremisjon er positive til forespørselen, men ynskjer som ein del av avtala å få overtaka noko areal på øvre sida av misjonshuset. Der ligg det ei stripe på 8-10 m mellom misjonshuset og tomta til Tussejuv barnehage (høyrer til tomta til ungdomsskulen). Dette arealet ynskjer dei vert lagt til si tomt, som eit makabyte for at kommunen får den delen av tomta som ligg på framsida av Misjonshuset. Indremisjonen må framleis nytte plassen framfor huset til parkering til dei tider det ikkje er trafikk til ungdomsskulen.

Ordføraren ser dette som ei fornuftig løysing. Det er eit stort problem for bussane å få snudd utan at dei må rygge, og dette er ikkje ei god løysing trafikksikkerhetsmessig. Ordføraren vil difor tilrå at foreslege makabyte av areal vert gjennomført.

Rådmannen er inhabil i denne saka, den vert derfor lagt fram utan rådmannen si tilråding.

Ordføraren si tilråding:

Ordføraren vil tilrå formannskapet å gjera fylgjande vedtak:
For å skaffe areal til snuplass for bussane ved Seljord ungdomsskule godkjenner Formannskapet makabyte av areal mellom eigedomane 44/3 og 44/3/1 som visa på vedlagte kart dat. 31.05.16. I tillegg til arealoverføringa har brukarane av Misjonshuset rett til å parkere på framsida av huset til dei tider skulen ikkje er i bruk.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

Ordførar si tilråding samrøystes vedteke med 6 røyster

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 09.06.2016

For å skaffe areal til snuplass for bussane ved Seljord ungdomsskule godkjenner Formannskapet makabyte av areal mellom eigedomane 44/3 og 44/3/1 som visa på vedlagte kart dat. 31.05.16. I tillegg til arealoverføringa har brukarane av Misjonshuset rett til å parkere på framsida av huset til dei tider skulen ikkje er i bruk.

Utskrift til:


Situasjonskart 44/3/1
Grensejustering.
Seljord Indremisjon/Seljord kommune
31.05.2016
Målestokk 1:1000
Seljord kommune, teknisk avdeling
N
Y 478500
Y 478600
X 6594000
X 6593900
X 6593800
43/85
43/166
43/225
43/182
43/173
43/16
43/190
44/3/1
45/198
166153758
166153788
166153077
166153069
166153085
166153522
20455144
8557807
8557116
8559508



Status	Rev.	Endring	Utført	Kontr.	Ansv.	Dato
			NOALST	NOTOMO	NOJOKL	19.04.2016

Seljord kommune

Bussholdeplass Seljord skole

Utkast til situasjonsplan
Sporingskurver for buss - plass 1&2

Målestokk	Format
1:500	A4

Oppdragsleder: Alexander Stettin

Oppdragsnr.: 21717001

SWECO Norge AS
VEKANVEGEN 10, 3840 SELJORD
TLF.: 35 06 44 44 FAX.: 35 05 09 41

Disiplin:	Løpenummer:	Status	Rev:
LARK	BP-01	x	00

p:\222\21717001 busslomme seljord skole\09 tegninger\02 byggeplan\21717001-bp-01.dwg
Plottedato: 19.04.2016

Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2016/1104-1
Sakshand.: Rolf Henning Jensen
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 31.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	58/16	22.06.2016

Ekstraløyving til medisinsk utstyr

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Søknad om tilskudd til legevakt

Saksopplysningar.

Seljord legevakt v/ medisinsk fagleg ansvarleg Kine Jordbakke og dagleg leiar Aud Jonskås har i eit eige skriv gjort greie for legevaktas behov for innkjøp av diverse medisinsk utstyr til bruk på legevakta og legekontoret. Saka vart drøfta og behovet gjort greie for i det siste møte i samarbeidsrådet for legevakta den 28. april d.å. der fagleg og administrativ leiing av tenesta i Kviteseid kommune også var til stade.

Legevakta ynskjer i fylgje den skriftlege søknaden å kjøpe utstyr for til saman 470 000 eks mva. I tillegg vert det signalisert eit behov for kr. 30 000 i kursmidlar for opplæring av personalet, totalt kr. 500 000 eks mva. Det er snakk om eit ultralydapparat, blodgassapparat og oksygenmetningsmålarar til båe vaksne og born. I tillegg ein LP15, eit apparat som kan sende EKG direkte til sjukehus for vurdering.

Etter at den vedlagte søknaden vart skriven, har legevakta fått tilbod om kjøp av ein såkalla LP 20 i staden for ein LP 15. LP 15 er ein mobil eining som kostar kr. 225 000 eks mva. LP 20 er ein stasjonær eining, men kostar berre kr. 50 000 eks mva. Ved å velje denne løysinga vil det vera naudsynt med 2 einingar, ein på legevakta og ein på Nesbukti, men likevel til ein samla kostnad på kr. 100 000, som er kr. 125 000 mindre enn for ein LP 15.

Samla kostnad for utstyret inkl. opplæring med ein slik løysing blir difor kr. 375 000 eks mva.

Seljord legevakt deltek i eit pilotprosjekt saman med Sjukehuset Telemark HF der intensjonen er å leggje til rette for å redusera talet på innleggingar i sjukehus. Prosjektet starta opp primo 2016 og skal vare ut året.

Det er ynskjeleg å kunne prøva ut dette medisinske utstyret som ein del av arbeidet i prosjektet. I samband med oppstart vart det hausten 2015 søkt det regionale helseføretaket i Helse sør-øst om midlar til kjøp av utstyret, men søknaden vart avslått. Etter det er det sendt ny søknad for inneverande år. Utfallet her er førebels uvisst, og det vil venteleg ligge føre eit svar på søknaden innan 1. juli d.å.

I samband med midtevalueringa av pilotprosjektet den 1. juni d.å. vart det drøfta om ikkje sjukehuset som prosjektmedeigar også bør ta sin del av kostnaden til kjøp av utstyr i dette tilfelle. Det vart likevel da presisera at båe partar i prosjektet har det same kravet om å vera oppdatera på relevant utstyr, dersom ein skal ha maksimalt utbytte.

Det vart i møtet elles opplyst at dersom den lokale legevakta skaffar seg dette utstyret, vil det i fleire høve spare enkeltpasientar for å måtte reise til sjukehusets akuttmottak for nærmare undersøkingar. Der er det ofte lang ventetid, noko som er belastande for pasienten. Det å ha utstyret lokalt vil dessutan kunne frigjere unødig bruk av ambulansetenesta.

Samarbeidsrådet for legevakta gav full støtte til at det ville vera positivt om legevakta fekk mogelegheit til å skaffe slikt utstyr. Då utstyret også vil kunne nyttast av legekontorets fastlegar på dagtid, er det ein føresetnad frå Kviteseid si side for å vera med å finansiera utstyret, at ein får til ein utlånsavtale der utstyret kan ambulera mellom kommunane etter ein avtala plan. Dette var det full semje om at ein skulle leggje til rette for.

Kviteseid tok på samarbeidsrådets møte atterhald om det vil vera praktisk mogeleg og tilstrekkeleg naudsynt å skulle behandle denne saka som ei ekstraløyving utanom det ordinære budsjettarbeidet. I ettertid har Kviteseid stadfesta sitt syn på dette, og vil ikkje kunne taka stilling til spørsmålet om å løyve pengar før budsjettet for 2017 skal handsamast til hausten.

Det er nyleg vedteken ein ny akuttmedisinforskrift med auka krav til kompetanse og kvalitet i legevaktsarbeidet, som trer i kraft frå 2017. Fleire nabokommunar har starta arbeidet med å ruste opp sine legevakter og m.a. skaffa seg slikt utstyr det her er snakk om. Det gjeld både Vinje og Notodden kommunar.

I tillegg er det også komen ein ny NOU med forslag til tiltak for å styrke legevakta som ein lokal akuttmedisinsk ressursbase. Dette for å gje innbyggjarane eit betre tilbod lokalt, slik at folk i større grad skal unngå å vente på behandling i sjukehus eller hos spesialist og unngå belastningar ved å måtte reise til sjukehuset.

Behovet for innkjøp av det medisinske utstyret er elles meir utfyllande gjort greie for i vedlegget.

Rådmannen si vurdering.
Det vil utan tvil vera nyttig å skaffe det utstyret som det her er gjort greie for. Grunngjevinga er å kunne nytte utstyret i det pågåande pilotprosjektet mellom legevakta og sjukehuset, i tillegg vil utstyret ha stor nytteverdi også for fastlegane i deira daglege arbeid på legekontoret.

Sjølv om utstyret vil vera nyttig i det pågåande prosjektet, er det ikkje hevda å vera avgjerande viktig for prosjektgjennomføringa. Fordelen ved å skaffe utstyret allereie medan prosjektet gjeng, er likevel at ein vil kunne gjere systematiske undersøkingar på effekten av bruken, data som kan gje interessante perspektiv på praktisk nytte og samfunnsøkonomiske aspekt. Dersom kommunen vel å kjøpe utstyret, vil Kviteseid kommune kunne vera med og dele på kostnaden, gjennom eit eventuelt budsjettvedtak seinare i 2016. Utgiftene bør da fordelast etter den vanlege delingsmodellen i legevaktsamarbeidet, slik at 60 %, om lag kr. 225 000 dekkast av Seljord og om

lag kr. 125 000 av Kviteseid. Ein føresetnad for å forventa at Kviteseid deltek i finansieringa, er at Kviteseid gjennom ein eigen bruksavtale kan dra nytte av utstyret i deira ordinære legearbeid også utover den tida som legevakta er open.

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Seljord kommunestyre godkjenner ein ekstraløyving til kjøp av nytt medisinsk utstyr til Seljord legevakt med inntil kr. 375 000 eks. mva. Beløpet vert dekka av kommunens disposisjonsfond. Dersom Kviteseid kommunestyre seinare i 2016 finn grunnlag for å løyve midlar til delvis dekning av beløpet, vert utgifta delt mellom dei to kommunane etter ordinær delingsmodell 60/40, mot at legetenesta i Kviteseid vert gjeven rett til å nytte utstyret i h.h.t. eigen utlånsavtale.

Eit eventuelt tilskotsbeløp frå Helse sør-øst skal gå til frådrag i det samla beløpet på kr 375 000 eks. mva.

Utskrift til:

Søknad om tilskudd til legevakt/legekontor

Legevakta har på landsbasis blitt nedprioritert i fleire 10-år. Seljord er intet unntak. Det er sagt fra sentrale hold at legevakta er akuttkjedens svakeste ledd. Få eller ingen kommuner har tatt seg råd til å prioritere legevakta. Det er på legevakta det kommer flest klager, og det er på legevakta at det begås flest feil, mulig grunnet tidspress, og det faktum at man ofte ikke kjenner pasientene man har foran seg. I disse samhandlingstider, da kommunene ender opp med å huse og behandle vesentlig flere syke mennesker enn tidligere, er det enda viktigere at kommunene har en trygg legevakt som leverer kvalitet. Vi ser nå prioritetsendringer i nabokommuner vi liker å sammenligne oss med. Blant annet har både legevakta i Vinje og Notodden fått nytt, og mer moderne utstyr som vil øke kvaliteten på legevakttjenestene de leverer. Vi ønsker å følge med i tiden, og vi ønsker å levere gode legevaktstjenester til Seljord og Kviteseids befolkning i lang tid fremover.

Sykehuset Telemark har i flere år signalisert at de ønsker å samhandle, og videreutvikle samarbeidet med Seljord kommune. Dette skal vi være både stolte og glade for. Vi har i dag et svært godt rykte innenfor sykehusets 4 vegger. I tillegg så er Seljord legevakt nå inne i et prosjektår med STHF hvor vi skal fokusere på samhandling og samtrening. Vi skal forsøke å hindre unødvendige innleggelser, og heller forsøke å hjelpe pasientene her de er. Det er flere legevakter i fylket som kunne tenkt seg å være med i dette prosjektet, men sykehuset holder på at de vil prøve ut dette med oss først. Men- da trenger vi utstyr som gjør at vi kan utrede mer her på kontoret, og ta en mer veloverveid avgjørelse .

Det er stort fokus på akuttmedisin og akuttkjeden nå om dagen. I fjor kom den nye akuttforskriften. Denne setter tydeligere krav til kvalitet på tjeneste og personalet somjobber på legevakta, både spl og leger. Høsten 2013 ble det nedsatt et offentlig utvalg (Akuttutvalget) med mandat til å beskrive et helhetlig system som kan ivareta befolkningens behov for hjelp og trygghet ved akutt sykdom og skade. Mandatet munnet ut i rapporten *Først og fremst – et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus* . Her legger de stor vekt på samhandling, samtrening og andre forslag til virkemidler som vil få til en mer helhetlig prehospital akuttmedisinsk kjede.

Utdrag fra rapporten:

- Kommuner og helseforetak må utvikle felles planer for lokal akuttmedisinsk beredskap, inklusive kvalitetsmål med responstidskrav for akuttmedisinske tjenester. Et sammenhengende elektronisk dokumentasjonssystem må snarest innføres.
- Legevaktene må i større grad fungere som en akuttmedisinsk ressurs fremfor å utføre storvolum kveldsbehandling av ofte ikke-akutte tilstander.
- Fastlønn for legevaktleger må foretrekkes, og legevaktarbeid bør inngå i regulert arbeidstid. Legevaktleger må alltid ha tilgang til hjelpepersonell og ikke føle seg utrygge på jobb. Alle legevakter skal ha en godt utstyrt legevaktbil, og som hovedregel bør lege rykke ut med ambulansen ved de fleste «rød respons»-oppdrag.

Det er spennende at vi har vært ute med disse tankene, og satt i gang dette prosjektet med STHF, **FØR** denne NOU'en kommer ut. Men vi kan risikere å sakke akterut dersom vi ikke har det utstyret som kreves.

Vi har satt opp en liste over det vi ser som en liste over utstyr som legevakta i Seljord burde ha. I tillegg vil det komme kursing av personalet.

LP15(som kan sende EKG direkte til sykehus for vurdering): 225.000,-

Ultralydapparat: 175.000,- eks mva

Blodgassapparat: 64200,- eks mva

Oksygenmetningsmålere til voksen og barn: 6000,-

(Overvåkningsutstyr(tilsvarende scoop på sykehus)- mulig å få tak i brukt? Rjukan?)

Div kursing av personalet 30.000,-

Seljord legevakt ber derfor om en tilleggsbevilgning på 500.000kr.

Mvh

Kine Jordbakke

Medisinsk faglig ansvarlig Seljord legevakt

Aud Jonskås

Daglig leder Seljord legevakt

Seljord kommune

Arkiv: L42
Saksnr.: 2014/1615-14
Sakshand.: Kåre Groven
Direkte tlf.: 35 06 51 61
Dato: 10.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	58/16	20.05.2016
Kommunestyret	59/16	22.06.2016

Eventyrøy - Seljord Idrettslag - Flaumvoll mot Vallaråi.

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Førespurnad om flaumsikker voll
2 Situasjonskart 11.05.2016

Saksutgreiing:

I samband med bygging av ny kunstgrasbane på Eventyrøy har Seljord idrettslaget (SIL) kome med søknad til Seljord kommune, kor dei ber kommunen om stønad for å sikre banen mot flaumvatn frå Vallaråi. Dei visar til at tiltaket med flaumvoll er viktig for å sikre at toppdekket ikkje vil flyte bort dersom det kjem rennande vatn på banen frå ein eventuell flaum i Vallaråi. Søkjar grunngjev ynskje om kommunal stønad utifrå kommunens ynskje om endring av toppdekket frå gummigranulat til kork og at dette materiale vil flyte lettare ein gummigranulatet. Lengda på flaumvollen er estimert til ca. 100 m langs åi. Idrettslaget har fått prisoverslag på bygging av ein voll på kr. 540,-/m, dvs. ein samla kostnad på kr. 54 000,- + mva.

Vurdering
Rådmannen kan ikkje sjå at endringa av toppdekke frå gummigranulat til kork skal utløyse eit behov for flaumvoll som kommunen skal dekkje. Dersom det er naudsynt med flaumforbygging for å hindre at vassmengder flyt innover banen, vil gummigranulat utgjere ein mykje større risiko for miljøforureining ved flaum enn det korkgranulat representerer. Rådmannen kan såleis ikkje sjå at ei eventuell endring av toppdekkje skal vere ei grunngjeving for at kommunen skal taka kostnaden ved flaumførebygging.

Det er slik at det er utbyggar og tiltakshavar som er ansvarleg for sikring av byggjegrunn når ein etablerer nye tiltak. Vidare er det i dette tilfellet SIL som er ansvarleg for forureining ved flaum dersom dei kunne hindre dette ved å sikre anlegget betre. Toppdekkje på banen er lagt til kotehøgde 119,5. I Seljord sentrum har ein satt sikker byggjehøgde for flaumstand i Seljordsvatnet til kotehøgde 120. Klimaendringane tilseier hyppigare og større flaumar for vår del av landet, så ein flaumvoll på 0,60 cm nå når banen ligg på kote 119,5 kan vere fornuftig for å sikre anlegget mot 200 års flaum. Seljord kommune har derimot ikkje eit økonomisk ansvar i sikringsarbeidet. Dersom SIL ynskjer å sikre anlegget sitt, må dei dekkje kostnaden for flaumførebygging sjølve, på lik line som andre som skal byggje i kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskap/økonomiutval til å gjera fylgjande vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til ikkje å imøtekome søknaden frå Seljord idrettslag om kommunal stønad til bygging av flaumvoll langs Vallaråi. Dersom Seljord idrettslag sjølv vil koste tiltaket, må dei komme med ein enkel søknad som viser detaljera skisser for tiltaket, og som tek høgde for korleis det skal etablerast flaumvoll som sikrar minimal påverknad på elvekanten til Vallaråi.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 20.05.2016

Framlegg frå Ap., H. og Sp.
Formannskapet rår kommunestyret til å løyve kr. 54 000 til flaumvoll langs Vallaråi.

Framlegget vart vedteke med 6 mot 1 røyst frå MDG.
MDG røysta for rådmannen sitt framlegg.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 20.05.2016

Formannskapet rår kommunestyret til å løyve kr. 54 000 til flaumvoll langs Vallaråi.

Utskrift til:

_TH Seljord Idrettslag Postbox 86, 3840 SELJORD

Fra: Kåre Groven (kare.groven@seljord.kommune.no)
Sendt: 09.05.2016 14:39:02
Til: Post Seljord Kommune
Kopi:

Emne: VS: Nyt idrettsanlegg på Eventyrøy
Vedlegg:

Med helsing

Kåre Groven
Tekn.sjef

Fra: Tellef Solås [mailto:solaas@online.no]
Sendt: 2. mai 2016 14:50
Til: Kåre Groven
Kopi: Olav Kåsa; vidar@tveiten-as.no
Emne: Nyt idrettsanlegg på Eventyrøy

Går til Seljord kommune v/teknisk sjef Kåre Groven.
Viser til befaring Olav Kaasa og underteikna frå prosjekt Eventyrøy hadde saman med deg i dag.
Seljord IL kunne tenke seg nå i samband med forslag om utskifting av gummigranulat med kork og for å hindre vatn i å straume over banen ved flaum, at kommunen ordnar ein flaumsikker voll med stein ,ca 0,6meter høg, tildekka med jord ut mot elva frå brua og rundt 100 meter nedover langs elva. Dette er ønskeleg å få gjort snarast rå før legging av asfalt på banen nå i midten av mai.
Vi ønsker også å flytte resten av jorda som ligg lagra på Eventyrøy snarast rå for bruk seinare til renovering av treningsbanen mm.. Området vi ønsker å flytte jorda til er ned mot Seljordsvatnet som er lett å kome til for seinare bruk av jordmassa.
Mvh
Tellef Solås
Leiar Seljord IL


N
Situasjonskart Eventyrøy.
Forbygning Langs Vallaråi
11.05.2016
Målestokk 1:1000
Seljord kommune, teknisk avdeling
X 6594700
X 6594600
X 6594500
1/1/68
106
107
1/68
1/53
97
8658293
20453581
8663323
8657157
20456272

Seljord kommune

Arkiv: S05
Saksnr.: 2016/1163-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 13.06.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	60/16	22.06.2016

Vedtekter for næringsfond/ konsesjonskraftfond

Saksdokument:

Vedlegg:
1 avtale om disponering av konsesjonskraft
2 vedtekter for kraftfond

Saksutgreiing:

(Denne saksutgreiinga vert nytta dei andre Vest-Telemark kommunane.)

I «avtale om disponering av konsesjonskraft» av 09.12.2009, finn ein føringar for avsetjing til fond. Partar i avtala er Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Hjartdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Seljord kommune, Tinn kommune, Tokke kommune og Vinje kommune.

Avtalas punkt. 4.1. omhandlar fondsstruktur. Av den går det fram at oppnådd gevinst av forvaltinga etter avtalas punkt 2.2 B skal avsetjast til fond etter føljande fordeling:

- Oppnådd gevinst av 112,5 GWh skal tilførast kommunale næringsfond.
- Fordelinga til kommunale næringsfond skjer i høve til konsesjonskraftmengda som utbyggingane i vedkomande kommune gjev utover den mengda som dekkjer forbruket i egen kommune.
- Gevinsten utover det som blir tilført kommunale næringsfond skal setjast av til eit utviklingsfond for Telemark (Telemark utviklingsfond).
- Alle kostnadene ved administrasjonen av konsesjonskrafta skal fordelast i samsvar med den høvesvise fordelinga av dei verdiane som blir tilført dei kommunale næringsfonda og Telemark utviklingsfond.

Punkt 4.3 i avtale omhandlar dei kommunale næringsfonda:

4.3.3. Dei kommunale næringsfonda har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilført fonda på grunnlag av denne avtala, jf. Punkt 4.1.

4.3.4 Fonda skal nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i dei einskilde kommunane.

4.3.5 Dei 8 kommunane som er partar i denne avtala utarbeider felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda.

Vurdering:
Dei 8 kommunane som er partar i avtala har ikkje utarbeida felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda tidlegare. Hjartdal kommune har vedtekter for konsesjonskraftfondet som dei reviderte for nokre år sidan. Hjartdal har eit eige fondsstyre som er delegert mynde til å forvalte fondet.

Det blir no gjort likelydande framlegg til vedtekter i alle dei 8 kommunane:

§ 1 Forvaltning og delegasjon
Næringsfondsmidlane kjem frå inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft». Avtalepartane er Tinn, Hjartdal, Vest-Telemarkkommunane og fylkeskommunen. Kommunestyret i kvar kommune fastsett korleis midlane skal forvaltast.

§ 2 Føremål, prioritering og avgrensingar
Næringsfondsmidlane kan nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og trygge busetnaden i kommunen. Dette omfattar tiltak m.a. tilskots- og investeringsmidlar til viktige fellesoppgåver som felles utviklingsprosjekt, investeringar knytt til næring, stadutvikling og busetting og fellestiltak for næringslivet/lokalsamfunnet.

§ 3 Godkjenning av vedtekter
Det enkelte kommunestyre, som er part i «avtale om disponering av konsesjonskraft» og har overskytande kraft, godkjenner vedtekter for sitt næringsfond. Dersom kommunane ikkje gjer likelydande vedtak må saka opp til ny handsaming

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter slik dei ligg føre.

Utskrift til:

Avtale
om
disponering av konsesjonskraft

TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

FYRESDAL
KOMMUNE

HJARTDAL
KOMMUNE

KVITESEID
KOMMUNE

NISSEDAL
KOMMUNE

SELJORD
KOMMUNE

TINN
KOMMUNE

TOKKE
KOMMUNE

VINJE
KOMMUNE

Avtale om disponering av konsesjonskraft

(forhandla fram 19.12.08)

mellom Telemark fylkeskommune på den eine sida og kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje på den andre sida.

Denne avtala erstattar tidlegare avtaler om disponering av konsesjonskraft frå utbyggingane i dei 8 kommunane. Desse avtalene gjeld for 30 år frå 01.01.1981 til 31.12.2010, og var inngått mellom alle dei 8 kommunane og Telemark fylkeskommune (8-kommunarsavtala og Samarbeidsavtala av 1996 med seinare endringar) og mellom kommunane Vinje og Tokke og Telemark fylkeskommune (2-kommunarsavtala).

Denne avtala gjeld frå 01.01.2011.

1. Føremål

1.1. Partane har ein felles intensjon om at avtala skal vera med på å sikre konsesjonskraftverdiane som avtala omfattar, for samfunnsutviklingsføremål i Telemark i eit langsiktig perspektiv.

1.2. Verdien av konsesjonskrafta som blir regulert av denne avtala skal nyttast til føremål i det geografiske området som utgjer Telemark fylke på det tidspunktet avtala er inngått.

2. Kraftmengda som avtala omfattar

2.1. Partane søkjer i fellesskap om full tildeling av heile den konsesjonskraftmengda som lova fastset frå utbyggingane i dei 8 kommunane som er omfatta av denne avtala.

2.2. Konsesjonskraft blir tildelt for kvar einskild regulering. Denne kraftmengda blir disponert slik:

A. Vedkomande kommunar disponerer den kraftmengda som til ei kvar tid trengst for å dekkje eige behov, til den konsesjonskraftprisen som er fastsett ut frå lov og rettspraksis. Konsesjonskraft som den einskilde kommunen har fått tilgang til utanom denne avtala, derunder den såkalla «særavtalekrafta», blir rekna med i den kraftmengda som den aktuelle kommunen disponerer til å dekkje eige behov.

B. Tildela konsesjonskraft frå vedkomande regulering ut over den mengda som er nemnd under A, er fylkeskommunal konsesjonskraft og blir forvalta av Telemark fylkeskommune. Forvaltinga skal maksimere gevinsten ved omsetnad av konsesjonskrafta.

2.3. Oppnådd gevinst av forvalting etter bokstav B blir avsett til fond, jf punkt 4.

2.4. Den einskilde kommunen skal kvart år innan 1. desember utan oppmoding leggje fram for fylkeskommunen og konsesjonskraftstyret ein prognose for neste års forbruk til allminneleg forsyning i kommunen. Prognosen skal byggje på fjorårets temperaturkorrigerte forbruk og venta forbruksendring. Fylkeskommunen eller konsesjonskraftstyret kan be om nærare grunngjeving og dokumentasjon, derunder eit oversyn over kommunens fordeling av prognosert uttak frå alle konsesjonsrettane til kommunen. Kommunanes kvantum i medhald av punkt 2.2. A skal fastsetjast til det prognostiserte forbruket. Ved slutten av året blir det gjort eit etteroppgjer tufta på det faktiske temperaturkorrigerte forbruket i den einskilde perioden.

3. Forvalting av konsesjonskrafta

3.1. For kraftlevering etter punkt 2.2. A og B gjer fylkeskommunen og kommunen/kommunane i fellesskap særskilde leveringsavtaler med den einskilde konsesjonæren etter at prisen er fastsett, eller leveringsvilkåra er fastsette av departementet i samsvar med Vassdragsreguleringslova § 12, post 15. Avbestilling av kraft må ikkje finne stad utan skriftleg samtykke frå vedkomande kommune/kommunar.

3.2. Den einskilde kommunen kan sjølv forvalte konsesjonskraft etter punkt 2.2. A dersom kommunen ser dette som mest tenleg. Det er partanes intensjon at all konsesjonskraft frå alle utbyggingane i dei åtte kommunane som blir omsett på marknadsmessige vilkår, skal forvaltast samla av konsesjonskraftstyret i Telemark.

3.3. Fylkeskommunen står økonomisk ansvarleg andsynes konsesjonæren for all konsesjonskraft som er tinga etter punkt 3.1. Kommunane er ansvarlege andsynes fylkeskommunen for at kraft levera etter punkt 3.1. blir betalt ved forfall. Kommunen/kommunane står økonomisk ansvarleg andsynes konsesjonæren for all konsesjonskraft som er tinga etter punkt 3.2.

3.4. **Konsesjonskraftstyret**

3.4.3. Det skal vera eit styre, *konsesjonskraftstyret*, som står ansvarleg for forvaltinga av konsesjonskrafta som denne avtala omfattar, med unntak av den konsesjonskrafta som kommunen/kommunane sjølve forvaltar etter punkt 3.2.

3.4.4. Styret blir valt for periodar på 2 år. Styrerepresentantane fungerer fram til årsmøtet (8-kommunarsmøtet).

3.4.5. Styret er på 4 medlemar, 2 frå fylkeskommunen og 2 frå kommunane. Det skal veljast varamedlemar for kommunerepresentantane.

3.4.6. Minst ein av kommunerepresentantane skal vera frå Tokke eller Vinje.

3.4.7. Fylkeskommunen skal vera representert av fylkesordførar og fylkesrådmann.

3.4.8. Årsmøtet vel kommunerepresentantane og personlege varamedlemar. Styret vel sjølv leiaren sin. Valet skjer på fyrste styremøtet i år med ulike tal, fyrste gong i 2011 og gjeld for 2 år. Vervet vekslar kvar gong mellom fylkeskommunen og kommunane.

3.4.9. Kostnadene til styret blir innarbeidde i budsjettet for konsesjonskraftomsetnaden.

3.5. **Mandatet til konsesjonskraftstyret**

3.5.3. Styret skal avgjera pris- og forhandlingsspørsmål i samband med administreringa av konsesjonskraft som blir forhandla i medhald av denne avtala.

3.5.4. Styret har ansvar for å følgje opp spørsmål som har verknad for konsesjonskraftpris og –vilkår, jf punkt 2.2.

3.5.5. Styret skal leggje fram årsmelding og rekneskap til handsaming på årsmøtet. Styret skal handsame andre energisaker som høyrer inn under årsmøtet. Styret handsamar òg budsjett som blir lagt fram for årsmøtet til orientering.

3.5.6. Styret er ansvarleg for at det til ei kvar tid er eit sekretariat med naudsynt kompetanse til å sikre ei best mogleg forvalting av konsesjonskrafta.

4. Avsetjing til fond

4.1. **Fondsstruktur**

Oppnådd gevinst av forvaltinga etter punkt 2.2. B skal avsetjast til fond etter følgjande fordeling:

- Oppnådd gevinst av 112,5 GWh skal tilførast kommunale næringsfond.
- Fordelinga til kommunale næringsfond skjer i høve til den konsesjonskraftmengda som utbyggingane i vedkomande kommune gjev utover den mengda som dekkjer forbruket i eigen kommune.
- Gevinsten ut over det som blir tilført kommunale næringsfond skal setjast av til eit utviklingsfond for Telemark (Telemark utviklingsfond).
- Alle kostnadene ved administrasjonen av konsesjonskrafta skal fordelast i samsvar med den høvesvise fordelinga av dei verdiane som blir tilførde dei kommunale næringsfonda og Telemark utviklingsfond .

4.2. Telemark utviklingsfond

4.2.3. Fondet er tufta på konsesjonskraft frå utbyggingar i dei 8 kommunane som er partar i denne avtala.

4.2.4. Telemark utviklingsfond har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilførde fondet på grunnlag av denne avtala, jf punkt 4.1.

4.2.5. *Verkeområde:* Telemark utviklingsfond skal verke innanfor det geografiske området som utgjer Telemark fylke når avtala blir gjort.

4.2.6. Fondet skal særleg støtte utviklingstiltak i næringssvake kommunar og kommunar med folketalsnedgang.

4.2.7. Fondet skal medverke til ei pårekneleg finansiering av administrasjonskostnadene for det regionale samarbeidet i dei 8 konsesjonskraftkommunane.

4.2.8. *Styre:* Det skal vera eit styre for Telemark utviklingsfond.

4.2.9. Styret er på 5 medlemar og følgjer valperioden for kommunane og fylkeskommunen. Følgjande reglar gjeld for samansetjing og drift:

- 4 medlemar skal oppnemnast av fylkestinget
- 1 medlem skal oppnemnast av dei 8 avtalekommunane
- Det skal veljast personlege varamedlemar
- Leiaren av styret skal veljast av fylkestinget
- Kostnadene for styret skal innarbeidast i budsjettet for Telemark utviklingsfond.
- Styret er ansvarleg for at det til ei kvar tid er eit sekretariat med naudsynt kompetanse i å forvalte Telemark utviklingsfond.

4.2.10. Partane utarbeider i fellesskap vedtekter for Telemark utviklingsfond innafor ramma av denne avtala. Vedtektene skal handsamast av årsmøtet i 8-kommunarsmøtet før endeleg vedtak i Telemark fylkesting.

4.3. Kommunale næringsfond

4.3.3. Dei kommunale næringsfonda har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilført fonda på grunnlag av denne avtala, jf punkt 4.1.

4.3.4. Fonda skal nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i dei einskilde kommunane.

4.3.5. Dei 8 kommunane som er partar i denne avtala utarbeider felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda.

5. Årsmøtet – 8-kommunarsmøtet

5.1. Årsmøtet - 8-kommunarsmøtet - er samansett av dei fungerande ordførarane i kommunane og fylkesordføraren. Kvar av kommunane kan møte med 2 representantar.

5.2. Det ordinære årsmøtet blir halde kvart år innan utgangen av juni månad. Innkallinga skal skje skriftleg med 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når minst to medlemar av anten konsesjonskraftstyret eller styret for Telemark utviklingsfond krev det.

5.3. Årsmøtet er kontrollorgan og samarbeidsorgan for partane i denne avtala og skal handsame og avgjera følgjande saker:

- Årsmelding og årsrekneskap frå konsesjonskraftstyret
- Val av kommunerepresentantane og personlege varamedlemar, og val av revisor til konsesjonskraftstyret
- Årsmelding og rekneskap for Telemark utviklingsfond blir lagt fram for årsmøtet før endeleg avgjerd i fylkestinget
- Val av kommunerepresentant og personleg varamedlem til Telemark utviklingsfond
- Prinsipielle spørsmål om avrekning og fordeling av tildelt konsesjonskraft etter denne avtala
- Andre energisaker av felles interesse for partane

6. Tvisteløysingar

6.1. Tvistar som har utspring i avtala skal løysast ved valdgift etter Valdgiftslova av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av partane krev handsaming ved dei ordinære domstolane.

7. Varigheit

7.1. Kvar av partane kan skriftleg seia opp denne avtala med varsel på minst tre år. Oppseiinga får verknad frå den 1. januar i eit nærare oppgjeve år, likevel tidlegast med verknad frå 1. januar 2026, noko som føreset oppseiing innan 31. desember 2022. Punkt 1 i avtala kan ikkje seiast opp.

Morgedal den 9. desember 2009

Telemark fylkeskommune

Gunn Marit Helgesen
fylkesordførar

Fyresdal kommune

Bjørn Nome
ordførar

Hjartdal kommune

Olav Tho
Ordførar

Kviteseid kommune

Torstein Tveito
ordførar

Nissedal kommune

Anne-Nora Oma Dahle
Ordførar

Seljord kommune

Solveig Sundbø Abrahamsen
ordførar

Tinn kommune

Erik Haatvedt
Ordførar

Tokke kommune

Olav Urbø
ordførar

Vinje kommune

Arne Vinje
ordførar

Vedtekter for næringsfondet/konsesjonskraftfondet

I «avtale om disponering av konsesjonskraft» av 09.12.2009, finn ein føringar for avsetjing til fond. Partar i avtala er Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Hjartdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Seljord kommune, Tinn kommune, Tokke kommune og Vinje kommune.

Avtalas punkt. 4.1. omhandlar fondsstruktur. Av den går det fram at oppnådd gevinst av forvaltinga etter avtalas punkt 2.2 B skal avsetjast til fond etter føljande fordeling:

- Oppnådd gevinst av 112,5 GWh skal tilførast kommunale næringsfond.
- Fordelinga til kommunale næringsfond skjer i høve til konsesjonskraftmengda som utbyggingane i vedkomande kommune gjev utover den mengda som dekkjer forbruket i egen kommune.
- Gevinsten utover det som blir tilført kommunale næringsfond skal setjast av til eit utviklingsfond for Telemark (Telemark utviklingsfond).
- Alle kostnadene ved administrasjonen av konsesjonskrafta skal fordelast i samsvar med den høvesvise fordelinga av dei verdiane som blir tilførd dei kommunale næringsfonda og Telemark utviklingsfond.

Punkt 4.3 i avtale omhandlar dei kommunale næringsfonda:

4.3.3. Dei kommunale næringsfonda har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilført fonda på grunnlag av denne avtala, jf. Punkt 4.1.

4.3.4 Fonda skal nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i dei einskilde kommunane.

4.3.5 Dei 8 kommunane som er partar i denne avtala utarbeider felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda.

Kommunestyret i dei kommunane som er part i avtala har vedteke føljande felles vedtekter:

§ 1 Forvaltning og delegasjon
Næringsfondsmidlane kjem frå inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft». Avtalepartane er Tinn, Hjartdal, Vest-Telemarkkommunane og fylkeskommunen. Kommunestyret i kvar kommune fastsett korleis midlane skal forvaltast.

§ 2 Føremål, prioritering og avgrensingar
Næringsfondsmidlane kan nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og trygge busetnaden i kommunen. Dette omfattar tiltak m.a. tilskots- og investeringsmidlar til viktige fellesoppgåver som felles utviklingsprosjekt, investeringar knytt til næring, stadutvikling og busetting og fellestiltak for næringslivet/lokalsamfunnet.

§ 3 Godkjenning av vedtekter
Det enkelte kommunestyre, som er part i «avtale om disponering av konsesjonskraft» og har overskytande kraft, godkjenner vedtekter for sitt næringsfond. Dersom kommunane ikkje gjer likelydande vedtak må saka opp til ny handsaming.

……
Erik Skjervagen
Ordførar, Fyresdal kommune

……..
Bengt Halvard Odden
Ordførar, Hjartdal kommune

……
Tarjei Gjelstad
Ordførar, Kviteseid kommune
kommune

……..
Halvor Homme
Ordførar, Nissedal

……
Halfdan Haugan
Ordførar, Seljord kommune

……..
Bjørn Sverre Birkeland
Ordførar, Tinn kommune

……
Jarand Felland
Ordførar, Tokke kommune

……..
Jon Rikard Kleven
Ordførar, Vinje kommune

Seljord kommune

Arkiv: 033
Saksnr.: 2016/1029-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 19.05.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Valnemnd	2/16	06.06.2016
Kommunestyret	61/16	22.06.2016

Forliksråd - val av medlemer for perioden 2017 - 2020

Saksdokument:

Vedlegg:
1 brev frå justis og beredsk. dep. ang. val

Saksutgreiing:

I domstollova § 57 heiter det at "Forliksrådsmedlemmer med varamedlemmer velges av kommunestyret selv. Valget foregår innen 15. oktober året etter hvert kommunestyrevalg og gjelder for fire år fra 1. januar det påfølgende år."

Vilkår for å kunne bli valt som forliksrådsmedlem går fram av domstollova §§ 53 og 56.

Kommunestyret fatta fylgjande vedtak i møtet 28.01.2016:

> Kommunestyre vedtek å slå saman forliksrådet i Seljord kommune med forliksrådet i Kviteseid kommune. I det nye forliksrådet har Seljord kommune to faste medlemer (av båe kjønn) pluss 3. vararepresentant, medan Kviteseid har eit fast medlem pluss 1. og 2. vararepresentant.
> I neste valperiode vert det snudd, slik at Seljord har eit fast medlem pluss 1. og 2. vararepresentant og Kviteseid får to faste medlemer og 3. vara.

På bakgrunn av dette skal kommunestyre velje to faste medlemer (av båe kjønn) pluss 3. vararepresentant til felles forliksråd for Kviteseid og Seljord med funksjonstid frå 01.01.2017 til 31.12.2020.

Retningsliner for val av medlemer til forliksråd fylgjer vedlagt.

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram for valnemnda utan tilråding.

Handsaming i Valnemnd - 06.06.2016

Vedteke.

Vedtak i Valnemnd - 06.06.2016

Valnemnda rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak.

Medlem:	Ragnhild Skrede
	Helge Veum
Varamedl.:	Asbjørn Lognvik

Utskrift til:
Dei valte
Fylkesmannen i Telemark

DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kommunene, fylkeskommunene, fylkesmennene

Deres ref.	Vår ref.	Dato
	15/8031 - TEI	21.12.2015

Valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer 2017

Etter høstens kommunevalg skal det avholdes valg av lagrettemedlemmer, meddommere, skjønnsmedlemmer og jordskiftemeddommere. Valget skal foregå innen 15. oktober året etter hvert kommunestyrevalg, og gjelder fra 1. januar det påfølgende året.

Domstoladministrasjonen forestår utsendelse av informasjon om valg av lagrettemedlemmer, lekdommere og jordskiftemedlemmer.

Vedlagt følger en redegjørelse for reglene om valg av forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer, og nærmere om oppgavene til kommunene, fylkeskommunene og fylkesmennene i den forbindelse.

En oversikt over domstolenes ønsker med hensyn til antall skjønnsmedlemmer for kommende periode er innhentet av Domstoladministrasjonen (DA), og departementet har på bakgrunn av innspill fastsatt antall skjønnsmedlemmer, se vedlagt oversikt.

Vi gjør oppmerksom på at flere domstoler overfor DA har uttrykt at de i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med alminnelig kompetanse. De samme domstolene gir uttrykk for at det er viktigere med skjønnsmedlemmer med kompetanse knyttet til ulike sider av bruk og drift av fast eiendom. Et annet felt som er spilt inn, og som anses som viktig, er kompetanse innenfor regnskap.

Ved oversendelse bes angitt hvilket fag det enkelte skjønnsmedlemmet er kyndig i.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon - sentralbord	Sivilavdelingen	Saksbehandler
Postboks 8005 Dep	Gullhaug Torg 4a	22 24 90 90	Telefaks	Trude Sørby Einersen
0030 Oslo	0484 Oslo	Org.nr.: 972 417 831	22 24 27 22	22 24 55 67
				trude.einersen@jd.dep.no

Med vennlig hilsen

Jostein Haug Solberg
avdelingsdirektør

Trude Sørby Einersen
seniorrådgiver

Kopi:
Forliksrådene, Politidirektoratet, Samarbeidsutvalget for forliksråd og namsmenn, Domstoladministrasjonen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

INNHOLDSFORTEGNELSE

1. VALG AV FORLIKSRÅDSMEDLEMMER 3

1.1 Forliksrådets sammensetning mm 3

1.2 Vilkår for å kunne velges til forliksrådsmedlem 3

1.3 Fremgangsmåten ved valget 6

1.3.1 Om valg av forliksrådsmedlemmer og varamedlemmer etter kommunestyrevalget i 2011. 6

1.3.2 Valg av formann – rekkefølgen for de valgte medlemmer 7

1.4 Fylkesmannens oppnevning av de valgte forliksrådsmedlemmer og varamedlemmer 8

1.5 Suppleringsvalg av forliksrådsmedlemmer og midlertidig oppnevning 9

2. VALG AV SKJØNNSMEDLEMMER 10

2.1 Oppnevning til skjønnsmedlemsutvalgene 10

2.1.1 Innledning – skjønnsprosessloven § 14 10

2.1.2 Vilkår for å kunne velges 10

2.1.3 Innledende behandling – domstolenes og kommunenes oppgaver 11

2.1.4 Fylkestingets oppnevning av utvalgene 11

2.2 Ajourføring og sletting i valgperioden – ny oppnevning 12

2.3 Vandelskontroll 12

1. VALG AV FORLIKSRÅDSMEDLEMMER

1.1 Forliksrådets sammensetning mm

Om sammensetningen av forliksrådene bestemmer domstolloven § 27 første til syvende ledd:

"I hver kommune skal det være et forliksråd.

Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevnelsen viser.

Kommunestyret velger et av medlemmene til formann. Har denne forfall, trer den av de andre som er nevnt først i oppnevnelsen og som kan gjøre tjeneste, i dennes sted.

Med samtykke fra departementet kan kommunestyret fastsette at forliksrådet skal ha to eller flere avdelinger. Hver avdeling velges etter annet og tredje ledd. Den ene formannen velges som leder for domstolen. Den andre formannen, eller de andre formennene i den rekkefølge kommunen har fastsatt, er lederens stedfortreder som leder for domstolen.

Arbeids-, skyss- og kostgodtgjørelse til medlemmene og varamedlemmene fastsettes i samsvar med forskrift gitt av Kongen. For bestemte kommuner kan departementet fastsette at formannen og i tilfelle også de øvrige medlemmene skal ha et midlertidig tilsettingsforhold etter tjenestemannsloven.

I lensmannsdistrikter er lensmannen sekretariat for forliksrådet. I namsfogddistrikter er namsfogden sekretariat. I politistasjonsdistrikter med sivile rettspleieoppgaver er politistasjonen sekretariat. Kongen kan ved forskrift gi regler om forholdet mellom forliksrådet og sekretariatet.

Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hver av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og varamedlemmer hver kommune skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant både medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. Felles forliksråd kan opprettes uavhengig av funksjonsperioden etter § 57."

1.2 Vilkår for å kunne velges til forliksrådsmedlem

Forliksrådsmedlemmer er dommere, og domstolloven § 53 gjelder derfor også for dem: forliksrådsmedlemmer må være norske statsborgere – menn eller kvinner – som er vederheftige og som ikke er fradømt stemmerett i offentlige anliggender.

I tillegg oppstiller domstolloven § 56 visse vilkår for å kunne velges til forliksrådsmedlem:

- Vedkommende må ha fylt 25 år
- Vedkommende må være under 70 år ved valgperiodens start, jf. § 70 nr. 1
- Som forliksrådsmedlemmer skal bare velges personer som anses særskilt egnet til oppgaven, og som behersker norsk skriftlig og muntlig godt

Den som ikke bor i kommunen kan nekte å ta i mot valg.

Etter domstolloven § 56 første ledd annet punktum gjelder domstolloven § 71 til § 74 tilsvarende for forliksrådsmedlemmer. Dette innebærer at de som er utelukket til valg som lekdommere, heller ikke kan velges som medlemmer av forliksrådet.

Domstolloven § 71 lyder:

"Utelukket på grunn av stilling er:

1. Stortingets representanter og vararepresentanter

2. statsrådets medlemmer, statssekretærer, statsrådenes personlige politiske rådgivere og ansatte ved Statsministerens kontor

3. fylkesmenn og assisterende fylkesmenn

4. utnevnte og konstituerte dommere og ansatte ved domstolene

5. ansatte ved påtalemyndigheten, i politiet, kriminalomsorgen og personer som er tildelt begrenset politimyndighet

6. ansatte i Justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen og dens styre

7. ansatte og studenter ved Politihøgskolen og Fengselsskolen

8. praktiserende advokater og advokatfullmektiger

9. kommunens administrasjonssjef (medlemmene av kommunerådet i kommuner med et parlamentarisk styringssystem) og andre kommunale tjenestemenn som tar direkte del i forberedelsen eller gjennomføringen av valget."

Merknad:

